

# **Årsrapport 2014**

**Fylkesmannen i Rogaland**

## **Innhold**

<b>I - Fylkesmannens beretning</b>	Side 3
<b>II - Introduksjon til embetets hovedtall</b>	Side 5
<b>III - Årets aktiviteter og resultater</b>	Side 6
<b>IV - Styring og kontroll i embetet</b>	Side 16
<b>V - Vurdering av framtidsutsikter</b>	Side 18

# I - Fylkesmannens beretning

## God oppvekst, reform og feiring

Eg har i 2014 prioritert å styrke dialogen med den einskilde kommunen i Rogaland. Tre overordna mål skal nemnast innleiingsvis:

- Sikre at me forsterkar innsatsen for å gi alle barn i fylket ein god oppvekst.
- Medverke til at barn og unge kjenner til folkestyret og arbeidet bak Grunnlova frå 1814.
- Leggje til rette for gode prosessar i samband med kommunereforma.

I Rogaland var det 1. januar 2015 466.302 innbyggjarar, 6.662 fleire enn året før. Dei siste tala frå SSB viser at Rogaland framleis har høgast del unge under 15 år.

Veksten var prosentvis størst i Finnøy, Gjesdal og Sola. I absolutte tal auka Sandnes mest, 1.724 nye personar busette seg der, deretter kjem Stavanger med 1.348 nye innbyggjarar.

Fem kommunar hadde nedgang i folketalet i fjor, mot ein kommune, Hjelmeland, året før. Forsand vart 34 personar færre, medan Hjelmeland, Sauda, Bokn og Utsira vart reduserte med nokre få personar kvar.

## Næringsliv, arbeid og natur

Rogaland har høg sysselsetjing. Det går likevel 6.030 ledige ved utgangen av 2014, ein auke på 19 prosent frå i 2013.

Rogaland er oljefylket nummer 1. Over 30 prosent av arbeidsstyrken er direkte eller indirekte tilsett i olje- eller gassrelatert verksemd. Folk i Rogaland har såleis stor merksemd på oljepris, aktivitet og konkurranse om oppdrag. Synkande oljepris skaper fort krisestemning i olje- og oljeservice. Dette får følgjer ikkje berre for sysselsetjinga, men også for bustadbygging og oppvekstmiljø. Mange tenkjer heldigvis kreativt og prøver ut nye idear, både innan fornybar energi og andre felt og medverkar såleis til eit breiare spekter av arbeidsplassar.

Rogaland er også matfylke nummer 1. Landbruket i Rogaland er offensivt og stort, men sårbart. Folketilvekst og knappe areal tilseier press på noko av den beste matjorda i landet vårt. Sentralisering av mjølkeproduksjonen og auka krav til kapitalinnsats, får følgjer både for rekrutteringa til landbruket og for busetjinga i delar av fylket. Rogaland er også eit betydeleg havbruksfylke.

Rogaland har politisk vedtekne regionalplanar for areal og transport, landbruk, byggeråstoff, kultur, idrett, friluftsliv m.m. Desse planane er gode grunnlag for kommunane i arbeidet med sine respektive kommuneplanar.

Rogaland har verdfulle natur- og kulturlandskap. Jærstrendene landskapsvernområde er eitt av fleire døme på korleis naturvern på lang sikt gir identitet og tilhøyre – og i samarbeid med lokale instansar fremjar naturglede og folkehelse.

Med fjordar og fjell er gode ferjer, trygge vegar og fastlandssamband viktig for å binde fylket betre saman. Her er mykje arbeid i gang. Den største utfordringa nett no, er å få på plass eit betre kollektivtilbod på Nord-Jæren. Dette vert det arbeidd konstruktivt med i eit samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunane og Statens vegvesen. Første møtet i styringsgruppa for ein bymiljøavtale med stor statleg medverknad, vert halde på nyåret. Vidare utbygging av Jærbanen har mange tilhengrar og vil og bety at folk har større høve til å velje kvar dei vil bu og arbeide.

## Nokre ord om spesielle aktivitetar i 2014

### Samarbeid med kommunane

Det vart ein fin start for meg som ny fylkesmann å vitje alle dei 26 kommunane vårhalvåret 2014.

Avdelingsdirektørane var med og orienterte kort om eigne ansvarsområde. Eitt tema var felles på alle møta: Kva kan vi i lag gjere for å sikre ALLE barn i Rogaland ein god oppvekst? Dette handlar sjølv sagt om heim, barnehage, skule og fritid, men også om korleis me kan spele best mogleg på lag mellom kommunen og Fylkesmannen. Kommunane hadde høve til å melde inn tema på førehand. Alle møta vart såleis ulike. Møta la eit godt grunnlag for eit tett dialog om ulike spørsmål i etterkant.

Me er no godt i gang med ein prosjektplan for God oppvekst, der Sjumilsssteget frå Troms er verktøyet. I løpet av 2014 har 11 kommunar så langt føreteke ein gjennomgang av korleis dei fylger opp FNs barnekonvensjon. Ei arbeidsgruppe med representantar frå alle avdelingane har vurdert korleis heile embetet kan involverast i God oppvekst.

### Grunnlovsjubileet

Eg var leiar i fylkeskomiteen for grunnlovsjubileet, medan fylkeskommunen hadde sekretariatsansvaret. Det gav meg eigne høve til å delta på ulike arrangement over heile fylket. Eg vart beden om å halde innlegg der tema og omstenda var ulike. Det var stort å oppleve det engasjementet som var gjennom heile 2014, ikkje minst for lokalhistorie og folkestyre. Me hadde og ei eiga tilstelling i regi av Fylkesmannen. Der sette me sokelyset på friviljug arbeid i fortid, notid og framtid.

### Kommunereforma

Kommunane har frist til 1. mars 2015 med å melde inn status i kommunereforma. Dei aller fleste er i gang med drøftingar på tvers av eksisterande grenser der tema er korleis tenester, lokaldemokrati og regional utvikling vert handtert no og skal løysast i framtida.

### Ulike samarbeidsfora

Me har hatt to statsetatsmøte med stort frammøte i 2014, der me har orientert kvarandre om aktuelle, felles saker. Tema frå oss har mellom anna vore samordningsprosjektet, God oppvekst og kommunereforma. Det er ikkje til å kome utanom at det er ei viss undring rundt bordet over kor ulike grenser den regionale staten er organisert etter.

Elles deltek eg mellom anna i referansegruppe for Rogfast i lag med fylkesordføraren, ordførarar i involverte kommunar og Statens vegvesen – og referansegruppe for nytt sjukehus med fylkesordførar, ordførarar, Helse Stavanger og Stavanger Universitetssjukehus.

Fylkesmannen var med i komiteen som i lag med andre beredskaps- og samfunnstryggleiksaktørar arrangerte Nasjonal Samfunnstryggleikskonferanse for ellevte gong på Universitetet i Stavanger. Denne gongen var innlegga frå ordførarane i Hå og Suldal døme på korleis klimaendringar gjer det naudsynt å førebu seg på det uventa.

Eg nemner og at det er faste kontaktmøte mellom fylkesordførar, fylkesrådmann og embetsleiinga.

Me har elles hatt todagars-møte med FM sine leiargrupper i Hordaland og Sogn og Fjordane. Leiargruppa ved embetet i Oslo og Akershus har vore på vitjing i Rogaland.

### Situasjonen i embetet

Det er eit privilegium å leie eit embete med så mykje fagkompetanse og så mange dyktige og engasjerte folk som legg ned ein stor innsats for å sikre at rettstryggleik for einskildmenneske og nasjonale interesser på viktige politikkområde vert ivaretakne.

Eg meiner likevel embetet samla kunne gjort ein enda betre jobb om vi hadde hatt noko meir midlar til rådvelde. Lat meg nemne to døme:

- Tilgang på rett og god kompetanse er ein føresetnad for god oppgåveløysing. På utdanningsområdet greier me ikkje å konkurrere med sektoren om folk med skulefagleg kompetanse og forvaltingserfaring. Grunnen er lønnsnivået i staten. Mangelfull kompetanse vil kunne føre til at klagebehandling, tilsyn og rettleiing ikkje har forsvarleg kvalitet, noko som inneber risiko for at me ikkje alltid greier å ivareta rettstryggleiken, mellom anna til barn, unge og vaksne med særlege behov.
- Rogaland er eit fylke med mykje industri og stor aktivitet på samferdselsprosjekt med pionerstatus. På begge desse områda er det behov for tett oppfølging for å hindre ureining. Me skulle gjerne hatt meir ressursar til dette.

Eg viser elles til grundig rapportering under dei ulike kapitla elles i rapporten. Eg er, som de skjønar, eigentleg stolt over å vera fylkesmann i Rogaland.

**Stavanger 27. februar 2015**

*Magnhild Meltveit Kleppa(sign)*

## II - Introduksjon til embetets hovedtall

I korte trekk tolkar Fylkesmannen i Rogaland samfunnsoppdraget slik: Fylkesmannen er statens representant i fylket og skal medverke til å gjennomføre nasjonal politikk lokalt og regionalt, på rettsleg korrekt, heilskapleg og samordna måte. Fylkesmannen har ein særleg viktig funksjon i grenseflata mellom sektorpolitikk og kommunalt sjølvstyre, og mellom kommunane og innbyggjarane. Fylkeamannen skal medverke til å styrke legitimiteten til det lokale sjølvstyre.

Fylkesmannen i Rohaland har visjonen "Vi tar vare opå Rogaland" og har knytt verdiar til visjonen, (Sjå under kapIII). Overordna mål for å kunne ta vatre på Rogaland: Fylkesmannen i Rogaland:

- skal medverke til at nasjonal åpoliyigg blir gjennomført i fylket og skal vere eit aktivt bindeledd mellom stat, kommune og innbyggjarane og arbeide for god samordning i fylket
- arbeider for styrka rettstryggleik og utøver tilsyns- og kontrollfunkjsonar til beste for innbyggjarane og samfunnet
- sla vere ein aktiv støttespelar i fornyings- og utviklingsverksemd i fylket på sine fagområde
- skal vere open, tilgjengeleg og løysingsorientert
- skal vere ein attraktiv arbeidsplass der kompetanse, utvikling og godt arbeidsfellesskap er prioritert

Deesse måla er førande for avdelingane si verksemndsplablegging og mål-og resultatstyreing og .

Embetet har ca. 190 tilsette, er organisert i fem gdfagavdelingar og ei administyrasjonsavdelinga. Avdelingane, med unntak av miljøvernnavdelinga, er delte opp i fleire sjølvstendige lag/einingar, og med eit laiarlag med to eller tre leiarar (avdelingaleiar og nestleiar(ar). Vi har ein stabesfunksjon: Kommunikasjonssjefen. I tillegg er det etablert fleire tverrgående arbeidsgrupper, med deltakarar for alle eller fleire avdelingar.

Over 60% av arbeidstokken er kvinner. Det er lievel litt fleire menn i leiarposisjonar, dersom ein reknar allwe leiarar i embetet. Mellom avdelingsdirektørane er det 50/50.

Fylkesmannen har fleire viktige samarbeidsarener. Dei viktigaste rer truleg kommunane. I denne samanheng er det etablert samarbeidsfora innan kommunikasjon, særleg retta mot kriser og kriseforebygging. Det er vidare etablert samarbeid med sekretariata for kommunale kontrollutval. Vi har også eit godt samarbeid med fylkeskommunen, særskilt når det er snakk om regional- og kommunal planlegging.

Det er etablert samarbeidsfora og nettverk med nabofylkesmennene i vest og sør på fleire fagområde, t.d. helse, utdanning og barnehage. I 2014 tok vi, etter initiativ frå Sogn- og fjordane, opp att felles leiarsamlingar minst ein gong i året. Hovudtemaet i fjer var "ressursfylkesmann". Neste samling bli i juni 2015.

Vi har etablert samarbeidsfora Med KS, NAV, kommunerevisjonane,m-fl.

Fylkesberedskapsrådet møtest to gonger i året. Det sama gjel øvrige statsetatarar ti "statsetatsmøtet". Elles er plasamordninga ein arena for samarbeid både med andre statlege motsegnsstyresmakter.

### III - Årets aktiviteter og resultater

#### Innleiing

Fylkesmannen har i 2014 stort sett løyst oppgåvene og embetsoppdraget. Ressurssituasjonen gjer det likevel nødvendig å prioritere strengt. Generelt sett kan ein seie at lovfesta tilsyns- og rettstryggleiksoppgåver får større og større plass. Dette går ut over rettleiingsoppgåvene.

Fylkesmannen er framleis organisert med ei administrasjonsavdeling og fem fagavdelingar. Budsjettet blir fordelt til fagavdelingane stort sett i samsvar med dei løyvingar som i utgangspunktet er gjevne frå fagdepartementa, etter opphavleg ressursfordelingsmodell. Innafor tildelt ramme har avdelingane stor fridom til å disponere midlane sine. Rogaland fylkesmannsembete er blant dei største i landet på dei fleste fagfelt. Det er likevel klart at innafor miljøvernsektoren er embetet, rekna etter løyvingane, eit middels fylke. Dette samsvarar ikkje med den aktiviteten vi har her og dei utfordringane vi har, særleg når det gjeld å følgje opp stor vekst, press på sentrale jord- og naturverdiar og eit særskilt aktivt næringsliv. Dette viser tydeleg i arbeidet med kommunale planar etter plan- og bygningslova.

Press på lønningar som følgje av konkurransen om arbeidskrafta med både oljeindustrien og anna offentleg forvaltning/kommunane gjer også at budsjettetsituasjonen er vanskeleg. Vi nemner i denne samanheng at embetet i 2014 også brukte 1 mill. (heilårsverknad av eige budsjett til lokale lønsforhandlingar). Vi makta i 2014 ikkje å følgje opp alle tilsyn, særleg gjeld dette hendelsbasert tilsyn i helsesektoren.

Trass i press på ressursane våre, fekk vi eit mindreforbruk på kap. 0525 på 3,8 mill. Dette skuldast ikkje at vi ikkje hadde bruk for midlane, men i hovudsak vakansar i stillingar, som ikkje let seg erstatta umiddelbart, refusjonar frå NAV og eit mindreforbruk frå året før, som vart øyremerka nødvendige investeringar, som av ulike grunnar vart utsette (til dømes utviding av leigeareal for verjemålseininger). Vi lagar no rutinar som sikrar at innsparte midlar ein stad skal kunne brukast til nødvendige tiltak ein annan.

Når det gjeld rapporten kap. III så brukar vi disposisjonen frå tildelingsbrevet 2014 kap. 2 SENTRALE POLITISKE FØRINGAR.

#### 1 Generelle samordningsoppgåver. Modernisering av offentlig sektor

##### Samordning av tilsyn

Fylkesmannen sitt ansvar for samordning på tilsynsområdet er viktig, og det gagnar både statlege tilsyn og kommunane/fylkeskommunen at arbeidet etter kvart gir resultat. Fylkesmannen har etablert ei tilsynsgruppe med representantar frå alle fagavdelingar, som har månadlege møter for å samordne tilsynsaktivitetane våre i tid, utarbeide felles tilsynskalender og dele tilsynserfaringar. Denne erfarringsdelinga gir betre forståing for sektorstyresmaktene sine ulike val av tilsynsmetodiske tilnærmingar. Det blir også jamleg arrangert interne tilsynslunsjar for alle som arbeider med tilsyn i embetet.

Vi samordnar også tilsyna og deler erfaringar med dei andre statlige tilsyna og har tre årlege møter med arbeidstilsynet, kartverket, mattilsynet og statsarkivet. Vi har også hatt tre møter med kontrollutvalssekretariata i fylket. Dette gir betre samordning og informasjonsutveksling mellom de statlege tilsyna og kommunens eigenkontroll.

I kontakten og samordninga med kontrollutvalssekretariata utvekslar vi tilsynsplana slik at embetet og dei andre statlige tilsynsorgana sin tilsynsaktivitet blir betre samordna med kommunen sine interne revisjonar. Denne samordninga er godt motteken i kommunane, men det vil ta noko tid før vi ser konkrete effektar her.

Det er utfordrande for embetet at våre ulike oppdragsdepartement har så ulik metodisk tilnærming til tilsyn med kommunane. Dette kompliserer samordningsarbeidet både internt og med dei andre statlige tilsyna.

I Rogaland har vi utvikla «Spreiingstilsyn» som er ein lærande tilsynsmetode. Vi har fått svært positiv tilbakemelding frå kommunane på denne metoden gjennom fleire år.

På utdanningsområdet blir no felles nasjonalt tilsyn gjennomført med kurs og eigenvurdering før tilsynet kjem, og nabokommunar kan delta gjennom heile tilsynet for å «sope for eiga dør». Vi må sjølvsgått ha mange ulike metodar i tilsynsverktøykassen, men det står att å utvikle meir felles terminologi for det «kvassaste» møtet med kommunane og fylkeskommunane. Her må det samarbeidast betre på nasjonalt nivå.

##### Plansamordning

Fylkesmannen i Rogaland har høg leiarinvolvering og sterkt fokus på intern samodning i planuttalar. Vi har ei tverrfagleg plangruppe med saksbehandlarar frå miljø, landbruk og beredskap og med faste kontaktar på avdelingane for helse og utdanning. Me deltar aktivt og godt internt samordna i regionalt planforum ein gong i månaden. Dei fleste motsegner vert løyst gjennom drøfting på eit lågare nivå, men gjennom mekling der andre statsetatar eller fylkeskommunen har motsegner, skjer det også svært viktig regional samodning i utfordrande saker.

Vi er også med i prosjekt samordning av statlege motsegner. - meir avklarte ansvarsområde med llokket statsetatar med motsegnssret

Grunna stor utbyggingaktivitet i Rogaland er det svært stor saksmengde og reell motstrid mellom ulike nasjonale og regionale viktige hensyn. Dette gjev eit stort arbeidspress der fylkesmannen grunna saksmengde må prioritere ned direkte deltagelse i større planleggingprosjekt som gjeld veg, jernbane osv. Ved å stille oss direkte til dispensasjon i eigne møter m.m., direkte for dei som har ansvar for å utvikla dei ulike planane, sparar vi tid, får gode avklaringer på våre særlege ansvarsområde og bidrar til å halda rollane som planleggar/tiltakshavar og uttaleinstans betre skilt samla sett i staten.

## Kommunebesøk

Fylkesmann Magnhild Meltveit Kleppa gjennomførte, saman med leiargruppa i embetet ein besøksrunde i alle 26 kommunar og formannskap i løpet av våren 2014. Kommunane fekk sjølv melde inn tema som dei ønskte å ta opp under kommunebesøket. Frå Fylkesmannen si side blei det gjennomført ein kort presentasjon av avdelingane sine oppgåver, med fokus på forhold av særleg relevans for dei ulike kommunane. Fagavdelingane gjorde i forkant av alle kommunebesøk ei intern førebuing ved å utarbeide «kommunebilete», som kort gjev ein oppsummert oversikt over fagavdelingane sine opplysningar og kunnskapar av fakta, status og utfordringar i alle dei 26 kommunane i fylket.

## Tilbakemeldingar frå kommunane

Av særlege forhold som kom frem i besøksrunden vil vi nemne dei faglege og økonomiske utfordringane, og vil særleg trekke frem at «krevjande brukarar» har mykje å seie for dei minste kommunen. Nærskuleretten vart også terkt fram av som ei krevjande utfordring av fleire av vekstcommunane. Mange kommunar har opplevd stor vekst i folketal, og dette blei trekt fram i mange kommunar. Stor vekst inneber behov for investeringar og er pressar kommunen økonomisk. I dei fleste kommunane er arealplanlegging eit særslig aktuelt tema, herunder ordninga med samordning av statlige motsegn som embetet er en del av.

## Kommunereform

Fylkesmannen etablerte tidleg i 2014 eit samarbeidet med KS regionalt om kommunereforma og hadde dette som tema både under kommuneøkonomidagen i juni, under haustkonferansen og det årlege kontaktmøtet med ordførarar og rådmenn i desember (Viktoriamøtet). Ved kommunebesøka blei det frå Fylkesmannen informerte kort om embetet si rolle i det kommande arbeidet med kommunereforma. Før sommaren etablerte vi vår interne organisering og etablerte kontakt med regionråda. Regionråda blei brukt som arena for å nå ut med informasjon til kommunane, mellom anna om forventa forankring av arbeidet med kommunereforma i den enkelte kommune. Fylkesmannen besøkte alle regionråda, det vil seie i Dalane, Ryfylke, Jæren og Haugalandet, og gjennomførte eige møte med kommunane på Nord-Jæen/Stavanger-området i løpet av september. Ut over hausten har Fylkesmannen deltatt og gitt informasjon om kommunereforma på alle møte vi har blitt inviterte til i regi av regionråda, i kommunestyre og i andre fora. Frå 1. november var vår prosessrettiar på plass. Vi har seinhaustes sendt ut brev til alle kommunar der vi ber om tilbakemelding på prosessane og framdriftsplaner med frist 1. mars 2015. Fylkesmannen har lova kommunane inntil 100 000 kroner til arbeidet med prosessen.

## Kommuneøkonomi

Fylkesmannen samarbeider godt med KS og NKK og arrangerte også i 2014 to samlingar for kommunane. KOSTRA og anna styringsdata var teama for den eine samlinga og kommuneproposisjonen var hovudtema. Proposisjonen vart gjennomgått av statssekretær Paul Chaffey frå KMD på den andre samlinga.

Den økonomiske situasjonen i kommunane i fylket samla sett er noko betre enn landet. Men inntektsveksten stagnerer og lånegjelda har auka meir enn landet dei seinare åra. Stor folketilvekst gir økonomiske utfordringar, m.a. behov for investeringar, noko som kan forklare gjeldsveksten når inntektene ikkje aukar like mykje. Konjunkturane ser ut til å gjere noko større utslag for kommunane i Rogaland enn landet under eitt, og utviklinga frå siste halvdel av 2014 kan gi grunn til ei viss uro.

I ROBEK (Register over kommunar underlagt betinga kontroll) blei Haugesund meld inn i 2010 på grunn av manglende inndekning av underskot. På bakgrunn av at den økonomiske ubalansen i Haugesund snarare har auka enn minka, har Fylkesmannen i 2014 auka kontrollaktiviteten gjennom hyppigare kontakt med kommunen. Den økonomiske situasjonen var tema ved kommunebesøket i Haugesund, og Fylkesmannen deltok også i formannskapsmøtet 22. oktober 2014. I tillegg har vi hatt to møte med administrasjonen i 2014. Vi har m.a. signalisert at terskelen for lånegodkjenning vil måtta hevast monaleg dersom ubalansen held fram.

## Området og modernisering i kommunane

Fylkesmannen har i 2014 fordelt resten av skjønnssramma for 2014, 8,7. mill kr til 7 kommunar. Vi har etablert eit tettare samarbeid med KS. Det inneber bl.a. at KS blir førelagt søknadene om skjønnsmidlar til innovasjonsprosjekt i kommunar. KS gir si vurdering av desse før vi tar endelig avgjerd. Fylkesmannen har vore med på finansieringa av den nyetablert innovasjonskonferansen i Sola kommune, og fra hausten 2014 deltar vi i planlegginga av neste års konferanse saman med KS, Universitetet i Stavanger, Time og Sola kommune. Dette er ein viktig arena for erfaringsdeling og inspirasjon for kommunane i Rogaland.

## Kompetansesenter

Fylkesmannen sin rolle som kompetansesenter for kommunane blir ivaretake gjennom dagleg kontakt og service, møte, kurs og konferansar. På landbruksområdet blei det i 2014 gjennomført forvaltningskontrollar i 5 kommunar. Føremålet med kontrollane er å kontrollere at kommunane etterlever reglement for økonomistyring i staten og særlovgivinga for tilskotsområda.

## Skole/Utdanning

Som nemnt ovanfor tar kommunane ofte opp utfordringar knytte til nærskoleretten etter § 8-1 i opplæringslova fordi dei ønskjer større rom for å utnytte ledig skolekapasitet enn det opplæringslova gir hove til i dag. Det er behov for å utvide og klargjere det handlingsrommet kommunane har til å gi forskrifter etter første ledd, andre punktum, og vi meiner dette kan gjerast utan at nærskoleretten blir vesentleg svekka.

Ansvaret for opplæringa for barn og unge i barnevern- og helseinstitusjonar ligg i dag hos fylkeskommunane, jf. opplæringslova § 13-2 og 13-3a. Dessutan er ansvaret for barn i fosterheim regulert i kap 18 i forskrift til opplæringslova. Vi får stadig saker om barn som ikkje får den opplæringa dei har rett til, og vi meiner det er avgjerande at regelverket blir vurdert og klargjort på heile dette området. Det må gjerast eit stort arbeid for å informere alle tilsette i barnevernet og i institusjonar både etter barnevern- og helselovgivinga om rett og plikt til opplæring. Dette er elles eitt av dei områda der vi har hatt flest kurs og samlingar i 2014.

Generelt er det likevel vårt syn at eit stadig meir omfattande og detaljert regelverk inneber ei styringsutfordring. Kvar nye regel innskrenkar det lokale handlingsrommet, kravet til forvaltningskompetanse aukar stadig, og berre små endringar til i bemanninga kan gjere ein skoleeigar svært sårbar. Det må spørjast om det er behov for å regulere så mykje for å sikre rettstryggleiken for elevane.

Fylkesmannen har ansvar for informasjon og rettleiing, tilsyn og klagebehandling for heile grunnopplæringa, men vi har dårlegare utgangspunkt for å løyse oppdraget knytt til vidaregåande opplæring enn grunnskolen. dette fordi vi manglar informasjon om vesentlege satsingar og tiltak retta mot vidaregåande opplæring, t.d. Ny Giv/Program for betre gjennomføring. Fylkesmannen har heller ikkje tilgang til VIGO, sjølv om dette er tatt opp mange gonger. Vi har drøfta utfordringane i sørvestsamarbeidet på utdanningsområdet (samarbeid mellom Fylkesmennene på Sør- og Vestlandet), og vi er urolege for situasjonen. For å auke gjennomføring i vidaregåande opplæring er det nødvendig å sjå heile utdanningsløpet i samanheng. Derfor må våre overordna sikre at Fylkesmannen i det minste er informert om alle satsingar som gjeld vidaregåande opplæring. Etter vårt syn er Fylkesmannen godt rusta for å arbeide heilskapleg og medverke til god samanheng mellom helse, barnevern, NAV, barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring.

Vi vil oppmøde om å vurdere trekkordninga og korreksjonsordninga for private skolar. Ei endring der ordninga i større grad er knytt til grupper/klassar i staden for til enkeltelevar, vil truleg gjøre **trekkordninga** meir treffsikker. Vidare meiner vi det bør vurderast å endre **korreksjonsordninga** slik at kommunar med høg del elevar i private skolar, får meir av trekket tilbakeført.

## Fylkesmannen i Rogaland si rolle i samhandlingsreforma

Dette er hos Fylkesmannen i Rogaland organisert som eit regionalt prosjekt. Hovudvekt har vore lagt på deltaking på møteplassar i kommunane og helseføretaka. I tillegg deltek koordinator/prosjektleiar i det nasjonale nettverket for samhandlingsreforma.

Temaet øyeblikkeleg hjelp døgnplassar – organisering, fagleg forsvarlege løysingar og interkommunalt samarbeid har vore diskutert ved fleire høve. Fylkesmannen har i 2014 vitja kommunar som har starta opp slike tilbod. Målet med besøka er rettleiing og å ivareta følgje-med-rolla. Dialog med kommunane og helseføretaka syner at tilboden om akutt døgnplass i kommunane framleis er for lite nytta.

Samhandling på rusfeltet, ikkje minst knytt opp mot kriminalomsorga, er ei særlig utfordring. Fylkesmannen har etablert eit nettverk for fengselshelsetenesta. Nettverket har som mål å tematisere utfordringar i samarbeidet mellom tenestene.

Fleire kommunar rapporterer store utfordringar i behandling av pasientar med kombinert rus, psykisk sjukdom og valdeleg åtferd.

## **Sosiale tenester i NAV**

Talet på klagesaker til Fylkesmannen i Rogaland etter lov om sosiale tenester i Nav viste ein tydeleg auke i 2014. Truleg avspeglar dette trekk i næringsutvikling og økonomi i vårt område, m.a. med aukande arbeidsløyse.

Fylkesmannen observerer at mange kommunar framleis har lite fokus på kvalifiseringsordninga, og tilsyn viser at kommunar framleis ikkje fyller brukarane sin rett til kvalifiseringsprogram.

Utfordringar i det bustadsosiale arbeidet er framleis å skaffe rimelege bustadar til ei differensiert gruppe vanskelegstilte. I tillegg har mange kommunar mykje å gå på i planarbeidet på det bustadsosiale området.

Husbanken, Fylkesmannen og dei statelege aktørane på området har etablert eit bustadsosialt velferdsprogram for vestlandsfylka. Kommunane har fått tilskot til programansvarlege, og 5 kommunar i Rogaland er med. Modellen "Housing First" er under utprøving.

Fylkesmannen og NAV Rogaland mottek tilskot til eit treårig prosjekt «Praksis og kunnskapsutvikling i NAV-kontora.» (FOUprosjektet).

NAV kontora i Haugesund og Karmøy samt Universitetet i Stavanger inngår i prosjektet. Tema i prosjektet er gode modellar for å hindre at unge fell ut av arbeidslivet.

Fylkesmannen avslutta i 2014 eit toårig forsøk med utvida informasjon og rettleiing til søkerar og mottakarar av sosiale tenester i NAV. Ein følgje-evalueringssrapport er under utarbeiding.

## **Folkehelse**

Fylkesmannen har inngått samarbeidavtale med fylkeskommunen om folkehelsearbeidet i fylket for å sikre at folkehelsearbeidet vert fremja i regionen, og at kommunane får råd, rettleiing og auka kompetanse.

I møter med administrativ og politisk leiing vert folkehelse løfta fram som eit satsingsområde. Rogaland har over tid hatt stor næringsaktivitet og folkeauke. Dette ser vi blant anna på eit stadig aukande behov for areal til bustadar, næringsbygg og transport. Det landsomfattande tilsynet med folkehelselova og kommunane sitt oversiktsarbeid vart gjennomført i to kommunar i 2014.

Tilsynet viser at kommunane enno ikkje er i mål med oversiktsarbeidet.

I 2015 følgjer Fylkesmannen opp med eit sjølvmeldingstilsyn i alle kommunane som ikkje fekk tilsyn i 2014.

## **2 Velferd, helse og personleg tenesteyting**

### **Rettstryggleik m.m.**

Fylkesmannen har ei viktig rolle i å sikra rettstryggleiken for brukarar av helse- og velfersdstenester.

Ei særskilt satsing i 2014 har vore på kvalitet og logistikk i dei hendingsbaserte tilsynssakene samt sikring av involvering av pasientar og brukarar i sakene. Trass i fortsatt betydeleg saksauke, har vi makta å bygge ned restansar i løpet av 2014.

I 2014 har vi konsentrert vårt planlagde tilsyn i kommunane om skulehelsetenester, fysio- og ergoterapitenester samt kommunale legevaktstenester.

Samlerapport kva gjeld skulehelsetenesta og fysio- ergoterapi er under utarbeiding.

Kartlegginga av kommunale legevaktstenester er summert opp i ein eigen rapport for heile helseregion vest. Denne syner stor variasjon i organisering og viktige kvalitetsmål kommunane i mellom.

I spesialisthelsetenesta gjennomførte vi i 2014 tilsyn med patologiavdelingar i Stavanger og Haugesund, samt med kardiologisk poliklinikk ved Stavanger universitetssjukehus.

Eit viktig funn i tilsynet er at det er krevjande for sjukehuset å sikra forsvarleg oppfølgjing av pasientar i eit behandlingsløp, samstundes som merksemda mykje dreier seg om å få vurdert ny-henviste pasientar innan fastsett tid.

Svikt i logistikk for utgreiing av kreftsjukdom, er eit tema som har gått igjen i fleire hendingsbaserte saker i spesialisthelsetenesta.

## Folkehelse – alkohollova og alkohollovsnettverket

Fylkesmannen har etablert nettverk for ansvarleg alkoholhandtering. Vi har etablert styringsgruppe med deltaking frå Rogaland politidistrikt og Haugesund politistasjon, KoRus og KS. Det overordna målet for nettverket er: «En styrking og lokal forankring av arbeidet med ansvarlig alkoholhåndtering». Styringsgruppa har hatt to møte i 2014 og har planlagt og gjennomført to samlingar for kommunane, kor og andre aktørar har delteke. Vi har også etablert en ressursgruppe kor representantar også for næringa, skjenkekontrollen og nokre kommunar deltek og bidreg med innspel til tema for dei to nettverkssamlingane vi arrangerte i 2014.

## Verjemålsforvaltninga

Verjemålarbeidet er ei ny og betydeleg oppgåve for Fylkesmannen og vi har hatt stort fokus på å utvikla gode samarbeidsrelasjonar mellom medarbeidarane, for å sikre kvaliteten på saksbehandlinga og forsvarleg saksbehandlingstid. Vi hadde hausten 2014 styringssamtale med SRF og gjorde då greie for embetets styring, organisering og kvalitetsarbeid med fokus på å etablere en velfungerande verjemålsforvaltning i fylket: Vi fekk gode tilbakemeldingar.

## 3 Oppvekst, barnehage og utdanning

### God oppvekst i Rogaland/Sjumilssteget

Fylkesmannen i Rogaland starta i 2014 ei satsing som har fokus på oppvekst- og tenestetilbodet til barn og unge i kommunane i fylket vårt. «Sjumilssteget» byggjer på modellen frå Troms, og vi kallar vår modell for *Sjumilssteget - for god oppvekst i Rogaland*. Satsinga handlar om å konkretisere artiklane i barnekonvensjonen i ordinært arbeid, både internt i embetet og i kommunane. Til no er elleve av kommunane med, men vi legg til rette for at alle kommunane skal delta frå og med 2016. Det er eit mål at kommunane skal bruke barnekonvensjonen når dei planlegg og kvalitetssikrar tenestene og ha eit samordna og tverrfagleg tenestetilbod med fokus på tidleg innsats.

### Tilsyn og rettleiing

Tilsyn og rettleiing er hovudoppgåver på barnehage- og opplæringsområdet. Det er Fylkesmannen sitt syn at markant sterkare vekt på rettleiing i tilsynsarbeidet gir effekt. Felles nasjonalt tilsyn 2014-2017 med elevane sitt utbyte av opplæringa blir gjennomført med kurs og eigenvurdering før kontrollen, og i tillegg blir nabokommunar inviterte med gjennom heile tilsynet (unntatt intervjufasen), slik at dei kan vurdere eigen tilstand og «rydde» der det er nødvendig før det blir deira tur å få tilsyn. Vi får gode tilbakemeldingar både frå tilsynskommunar og «læringskommunar» om opplegget. Vi vil også poengtere at tilsynsavdelinga i Utdanningsdirektoratet legg vinn på å samarbeide med embeta i metodeutviklinga. Vi brukar metodehandboka også i tilsyn etter introduksjonslova, og både kommunar og medarbeidarar ser klare fordelar med det.

Det er konstatert lovbroter og gitt varsel om pålegg ved alle tilsyn i 2014, unntatt ved eitt tilsyn etter barnehagelova. Det er ingen tvil om at kommunane lærer mykje når vi er på tilsyn, men det står altså att å sjå om nye arbeidsmåtar gir betre regelverksetterleving. Vi ser at det i mange kommunar er krevjande å spreie ny kunnskap, og det er også nokre gonger ei utfordring å få kommunen til å forstå kva som må til for å rette lovstridige forhold. Solid skolefagleg kompetanse på kommunenivået er ein kritisk variabel her. Om lag halvdelen av kommunane i fylket har tilsett ny skolefagleg ansvarleg i løpet av dei to siste åra, nokre utan tidlegare erfaring frå tilsvarende stilling. Vi inviterte alle til ein «Bli kjend med Fylkesmannen»-dag hausten 2014, og vi er sjølv sagt særleg opne for informasjon og rettleiing til desse kommunane.

### Spesialundervisning

Fylkesmannen har gjennom fleire år vore kritisk til Rogaland fylkeskommune si forvaltning når det gjeld elevar som har rett til omfattande spesialundervisning. Våren 2014 gjennomførte vi enno eit tilsyn, denne gongen knytt til inntak og spesialundervisning. Det vart gitt i alt sju pålegg, to vart påklaga og til slutt stadfesta av Utdanningsdirektoratet. Vi er glade for å kunne melde at fylkeskommunen etter dette bad om rettleiing, og erno er godt i gang med å rette lovbrota. Vi nemner også at eit hendingsbasert tilsyn i 2013 om bruk av tvang, no blir følgt opp med eit toåring kompetanseutviklingsprosjekt for alle tilsette i vidaregåande skolar med avdelingar for elevar med omfattande hjelpebehov. Fylkesmannen deltar i ei styringsgruppe for prosjektet og i sjølve kompetanseutviklinga.

## Klager

Mange av dei som får klagen behandla hos Fylkesmannen som endeleg klageinstans får medhald, og resultatet av Fylkesmannen sitt arbeid her blir altså at mange får retten sin oppfylt. Men talet på klagesaker går stadig ned. Dette kunne vore eit teikn på betre regelverksetterleving, men det er likevel mykje som tyder på at informasjon om klagerett og klageinstans er til dels svært mangelfull. Vi har nyleg avdekkja at nokre kommunar til og med avviser at det kan klagast (gjeld skoleskyss). Vi vil tru at lojalitet til skolen kan vere medverkande til få klager på spesialundervisning og psykososialt miljø, men mangelfull forvaltning og informasjon om klageretten er nok årsaka til få klager på særskild språkopplæring. Vi er urolege for situasjonen på alle desse områda, som alle altså gjeld rettar for dei som treng mest hjelp. Fylkesmannen får berre sjeldan klager som gjeld vidaregåande opplæring.

## Kvalitet i barnehagen

Både tilsyn og klagebehandling er viktige tiltak for å medverke til god kvalitet i barnehage, grunnopplæring og vaksenopplæring. Men også ulike støttetiltak må til for at kommunane og fylkeskommunane skal løyse oppgåvene sine på forsvarleg vis. I Rogaland er kompetansesituasjonen i barnehagane særleg vanskeleg: Dei siste åra har det vore gitt midlertidig dispensasjon i mest 20 prosent av årsverka til pedagogiske leiarar, noko som inneber at fylket manglar nær 500 heile barnehagelærarstillingar. Førebels tal frå BASIL kan tyde på ei viss betring i 2014, men samstundes gjer folkeveksten at behovet for fleire barnehagelærarar vil auke i tida framover. God kvalitet i barnehagen føreset god kompetanse, og gjeldande pedagognorm er etter vårt syn for defensiv. Nokre få kommunar har heldigvis betre dekning enn det regelverket krev. Vi har arbeidd med rekruttering sidan KD starta rekrutterings-strategien i 2007, men vi må vedgå at vi ikkje fekk særleg gode resultat dei første åra. Frå og med 2013 har vi prøvd meir offensivt gjennom partnarskap med kommunane, og vi finansierer i fellesskap ei prosjektstilling for to år som leier arbeidet. Det er utarbeidd ein eigen GLØD-strategi, og ei rad konkrete tiltak er sette i gang for å styrke kompetansebygginga i barnehagane og auke rekrutteringa til utdanningane. Vi ønskjer likevel å markere at statleg satsing på barnehageområdet er altfor svak, både når det gjeld rekruttering og kompetanseutvikling. Vi kan ikkje sjå at det er mogleg å nå nasjonale mål for barnehagen med den kompetansesituasjonen vi har i dag.

## Grunnopplæringa

For grunnopplæringa er kompetansesituasjonen vesentleg mindre krevjande nett no. Men nasjonale tal viser at det er også svært viktig å arbeide for betre rekruttering til læraryrket.

Samarbeidet i GNIST har vore og er godt og offensivt her i fylket. Vi starta etter initiativ frå Fylkesmannen med eigen prosjektleiar to år før resten av landet, og då statleg finansiering vart slutført, avtalte Fylkesmannen saman med partnarane å vidareføre partnarskapen med ein prosjektleiar i 50% stilling ut 2015. Vi trur ikkje det er mogleg å få kommunane med på slik finansiering vidare.

Det er uråd å måle nokon direkte effekt av innsatsen vår i GLØD og GNIST, men søkeratala til lærarutdanningane har i alle fall ikkje gått ned det siste året, og BASIL viser som nemnt, ein ørliten positiv tendens.

Det er sett i verk ulike støttetiltak retta mot grunnopplæringa dei siste åra, m.a. Vurdering for læring og Ungdomssteg i utvikling, begge med god effekt. Det ser ut til at kollektive strategiar i kompetanseutviklinga gir godt resultat og god implementering, og det er såleis viktig å innrette vidare arbeid etter det. Vi vil tru at det også kan gagne at Fylkesmannen har ei større rolle i slikt arbeid, og vi set pris på meir tydelege oppgåver både når det gjeld rettleiarkorpsa og satsinga Kompetanse for mangfold. Men slikt arbeid krev ein annan kompetanse enn oppgåvane knytte til tilsyn og klagebehandling, og det er nødvendig å styrke Fylkesmannen både med ressursar og kompetanse for å kunne løyse utviklingsoppgåver på tenleg vis.

## Introduksjonslova

Det er gjennomført tilsyn og behandla klagesaker etter introduksjonslova, men arbeidet her er prega av at ansvar

og oppgåver ikkje er tydeleggjort mellom departement og direktorat. Det har vore ei viss betring på slutten av året, men det er ein føresetnad for godt og effektivt arbeid at lovfortolkingsansvar og styringslinje blir avklart. Det er også behov for at dei ulike avdelingane i IMDi samarbeider betre. Det blir t.d. bede om at Fylkesmannen sender inn same opplysningar både til IMDi sentralt og regionalt. Etter Fylkesmannen si erfaring er det stort behov for både informasjon, rettleiing og tilsyn på dette feltet, men det er ikkje stilt rimelege ressursar til rådvelde for Fylkesmannen.

## **Barnevern**

Fylkesmannen førte i 2014 tilsyn med kommunane sin oppfølgjing av barn i fosterheimar. Det er gjennomført systemtilsyn i to kommunar med spreng til fire kommunar. Tilsynet avdekkja manglar i lovpålagt oppfølgjing og generelle manglar med dokumentasjon. Det er særleg dokumentasjon av faglege vurderingar som manglar. Vi fann også at innhaldet i oppfølgingsbesøk i fosterheimane ikkje var fokusert på barnet sin totale omsorgssituasjon, men meir på evner som samvær eller utfordringar på skolen. Styrkingsmidlar til nye stillingar har hatt ein positiv effekt for kommunane. Eit særtrekk for Rogaland er likevel den sterke folkeauken i mange kommunar, og den yngrebølgja dette fører med seg. Totalt sett fører dette til at tilførsel av nye stillingar berre held tritt med oppgåveveksten, og i mindre grad fører med seg ei reell styrking av kapasiteten i barnevernstenestene.

Omstillinga av dei statlege institusjonane har ført til ein reduksjon i talet på institusjonar og avdelingar. Dette har ført til for mange tilsette og usikkerhet over tid, noko som igjen har medverka til ustabilitet i kompetanse i personalgruppene. Vi har sett at kunnskapane om kva som er lovleg tvangsbruk, har vore mangefull. Fleire institusjonar brukar meir tvang enn det som vert dokumentert, og vi har sett fleire eksempel på ulovleg tvang. Ved eitt tilfelle har Fylkesmannen meldt tvangsbruken til politiet. Bebuar har fått medhald i fleire klager på tvangsbruk.

## **Barnefattigdom**

Fylkesmannen bistår Arbeids - og velferdsdirektoratet med å forvalte øyremerka tilskot til styrking av innsatsen mot barnefattigdom. I 2014 blei kr. 3 062 313,- fordelt på 10 kommunar. Det blei informert om ordninga på nettstaden til Fylkesmannen og i direkte kontakt med kommunane.

Fleire NAV kontor er innvilga tilskotsmidlar til arbeidet med å auke barneperspektivet. Det er eit område som er krevjande for NAV å prioritere. Fylkesmannen følger med på dette.

## **God oppvekst i Rogaland**

Som nemnt ovanfor har Fylkesmannen i Rogaland etablert ei gruppe på tvers av avdelingane for å samordne dei ulike oppdragene og satsingane knytt til utsette barn og unge. Det vart arrangert oppvekstkonferanse/inspirasjonskonferanse, "Sjumilssteget- for god oppvekst i Rogaland", kor 24 av kommunane deltok. Det var breidde i deltakinga frå kommunane. Ungdomsråda var representerte. Hovudtema var Barnekonvensjonen og kor viktig det er at kommunane satsar på barn og unge, og at dette er god samfunnsøkonomi. I tillegg har det vore fleire interne fagsamlingar med fokus på å styrke kunnskapane om barnekonvensjonen til tilsette i fylkesmannsembetet. 11 kommunar deltek i første omgang i satsinga og er i gang med å gjennomføre kartlegginga. Alle kommunane har oppnemnt koordinator og det blir halde jamnleg kontakt. Fylkesmannen si samanstilling av kartleggingane skal etter planen vere klar innan mars 2015.

## **4 Arealdisponering, byggjesaker og universell utforming**

### **Arealdisponering generelt**

Fylkesmannen i Rogaland er med både i samordningsprosjekt for statlege motsegner, storbyprosjekt og eige prosjekt «god oppvekst i Rogaland.» Dette har prega prioriteringane og arbeidet med fråsegner til kommunale planar. Som før legg vi og stor vekt på å leve fram fråsegner innan kommunale fristar, god dialog med kommunane og at gjeldande regionalplanar vert følgde. Oppfølgjing av reviderte statlege ATP-retningslinjer har vore sterkt vektlagde i 2014. Det same har samfunntryggleik, jordvern og langsiktig grense mellom byggeområde og LNF-områder, ivaretaking av barn og unge sine interesser i planlegging og eit tverrfagleg folkehelseperspektiv. Fylkesmannen i Rogaland har prioritert sterkt opp arbeidet med å følge opp kommunane innan berekraftig by og tettstadsutvikling.

I høve det nasjonale jordvernållet bør ikkje den årlege omdisponeringa i Rogaland vere meir enn maksimalt 500 daa dyrka jord. I 2013 blei det omdisponert 737 daa, ein auke frå 545 daa frå 2012. Årleg omdisponering dei siste 9 åra i fylket har i snitt vore 1166 daa dyrka jord.

## Byggjesaker

Fylkesmannen har i mange år hatt utfordringar med lang sakshandsamingstid på klagesaker etter plan- og bygningsloven og har nå klart å komme innafor 12 vekers sakshandsamingstid. Målsetninga i 2014 var å stabilisere situasjonen slik at vi klarer å halde 12 vekers sakshandsamingstid i byggesaksklager og for reguleringsklager. Dette målet vi har nådd. Det er sakhandsama 375 byggesaksklager og 46 reguleringsklager. Det er gjennomført faglige møte med fleire kommunar som har meldt behov for dette, for å betre samhandling og gje faglag rettleiing innafor saksfeltet

## Universell utforming

Universell utforming vert vurdert i planuttalar frå Fylkemannen, men samla sett har innsats og fagkunnskap på dette området blitt prioritert ned. Dette ut frå at både kommunane i Rogaland og Fylkeskommunen har høg merksemd på feltet, og for å gje rom for eit større generelt folkehelsefokus i våre planuttalar. Fleire kommunar har eigne kommunedelplanar for universell utforming, og fylkeskommunen har eigen regionalplan om temaet.

## 5 Landbruk, næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

**Auka berekraftig matproduksjon** er sitt overordna mål for landbruket. Og føresetnaden er sjølv sagt at vi både har bønder som vil og at bøndene har nok næringsareal. Husdyrproduksjonane vil framleis dominere i vårt fylke, men det er rom for auke også her. Så er det slik at Rogaland samstundes også må henga med i det som skjer innan endring i kosthaldsvanar og forbrukarpreferansar. Vi skal vere medvitne trendar knytte til kortreist, lokalt/regionalt, sporing, vegetabilsk/animalisk og anna som forbrukarane i aukande grad legg vekt på.

Augneblinksbiletet av landbruket i Rogaland viser stor aktivitet i heile fylket, både i primær- og sekundærleddet. Men biletet har nyansert. Over tid ser vi også nokre negative utviklingstrekk. Heile 46 % av jordbruksarealet i Rogaland er innmarksbeite. Desse beita er, gjennom storfe- og småfeproduksjonane, landbruksfylket Rogaland sin viktigaste ressurs. Samstundes er denne ressursen også truga. Hovudårsaka er at en aukande del av mjølkeproduksjonen i fylket skjer i dei sentrale jordbruksområda. Kostnaden med færre kyr i distrikta blir mindre bruk av utmarskbeite – og kanskje også ein meir ekstensiv bruk av jordbruksarealet i distrikta. Og i dei sentrale jordbruksområda skjer ein aukande del av mjølkeproduksjonen på kraftfør. Auka husdyrhald i dei sentrale områda gir oss også større og meir krevjande utfordringar knyta til miljø og forureining.

Vi har etablert regional landbrukspartnarskap i Rogaland. Regionalplan for landbruket i Rogaland gir partnarskapen dei viktigaste regionale føringar, for primærnæringa spesielt, men også for andre delar av verdikjeda. Planen er også tydeleg på regionale og lokale fortynn. Innovasjon Norge Rogaland leverer godt i høve til regionale strategiar og føringar, sjølv om vi ønsker større investeringsvilje i distrikta. Rogaland fylkeskommune kan bli betre på landbruk og vi etterlyser spesielt eit større engasjement på politisk nivå. I 2014 blei det søkt om ei Arena-landbruk satsing gjennom *Arenaprogrammet*. Søknaden gjekk ikkje gjennom, men prosessen førte m.a. til utvida interesse for primærlandbruket sine utfordringar spesielt, ved at t.d. industrien kom tydelegare på banen. Andre viktige landbruksarenaer for oss er m.a. VRI Rogaland, Handlingsprogram næring, regionstyret Innovasjon Norge Rogaland, Forum for reiselivsnæringen i Rogaland og ulike skognæringsfora. Så har vi godt samarbeid med faglaga og bransjeorganisasjonane i landbruket.

Landbruket i Rogaland er volumorientert og omfanget av m.a. lokale matspesialitetar er moderat. Men vi er i siget også innan lokalmat. Mellom anna blei *MatSmiå* arrangert for første gang i 2014. 70 deltakarar fekk inspirasjon og påfyll av kompetanse. Matfylket i Rogaland er i realiteten husdyrfylket. Rogaland har no også ambisjonar om å auke produksjonen av frukt og grønt. I 2014 starta vi ein offensiv innan fruktproduksjon gjennom etablering av ei eiga satsing. I dag har fylket 3,5 % av den totale fruktproduksjonen i landet. Vi har også fått etablert ei eiga investeringsordning for auka fruktproduksjon gjennom Innovasjon Norge Rogaland. Når det gjeld produksjon av frilandsgrønsaker står husdyrfylket for 13 % av totalproduksjonen i landet. I 2014 starta vi ein prosess med å få etablert eit bedriftsnettverk mellom dei etablerte grønsaksbøndene. Hovudmåla er nye marknadsmuligheter og vekst for dei deltagande bedriftene.

Stoda for *Inn på tunet* i Rogaland er ikkje god. I fleire kommunar har talet på IPT-gardar gått ned. Rett nok er det variasjon mellom kommunane. Men vi arbeider aktivt gjennom mobilisering og informasjonsarbeid. På skogområdet er hovudutfordringane (1) lite kompetanse og ressursar i kommunane, (2) nedbygging av skogressursane (for låg forynging) og (3) manglande infrastruktur – både vegar og utskipingsterminalar. I arbeidet med å auke tresatsinga i fylket har prosjektet *Tredrivvar* vore det viktigaste. Bioenergi i form av flis har stor konkurranse i Rogaland. Men gjennom årelang mobilisering trur vi på auka bruken av flis i Rogaland dei komande åra. Rogaland har eit godt utgangspunkt og ressursgrunnlag for produksjon av biogass. I 2014 blei det etablert eit konsortium for etablering av eit biogass/rågassnett på Jæren, der målet er å få til ei felles

oppgraderingseining, og der kometangassen vidare kan nyttast som drivstoff. I konsortiet inngår m.a. Rogaland fylkeskommune, IVAR og Lyse. Etablering av første pilotanlegg basert på husdyrgjødsel er venta i 2015.

## Naturressursforvaltning og miljøvern

### Klima

I tråd med prioritering i tildelingsbrevet, har Fylkesmannen i Rogaland lagt stor vekt på både reduserte klimautslepp og klimatilpassing i våre planfråsegner, gjennom å følgje opp reviderte ATP-retningslinjer, berekraftig by og tettstadutvikling og klimatilpassing i form av samfunntryggleiksvurderingar som ras, flaum og havnivå. Klimautslepp er også lagt vekt på i utsleppsløyver og vi samarbeider tett og godt med NVE i saker som gjeld energiutbygging, for å få til utbygging utan uakseptabel skade på naturmangfald og andre naturverdiar.

### Heilskapleg vassforvaltning

Å følgje opp Rogaland Fylkeskommune sitt arbeid med regionale planar for vassressursane har vore høgt prioritert i lang tid både hos Fylkesmannen. Vassplanarbeidet er i rute i Rogaland. Det er godt, men til tider utfordrande samarbeid mellom statsetatane som er involverte. Dette kan vere krevjande både for oss og fylkeskommunen som vassregionmynde. (kryptisk?)

### Frivillig skogvern

Arbeidet med frivillig skogvern går bra i Rogaland, men burde truleg vore nok meir omfattande ut frå at klimaksgrensa for eikeskog går gjennom Rogaland, at store delar av fylket vårt er avskoga og berre har restbestandar av stadeigen skog. Dessutan er den opphavlege furuskogen i Rogaland på vikande front. Restbestand av lauvskog/beiteprega skog er også under press både frå eit aktivt landbruk og frå skogplanting.

### Oppfølging av rovviltforliket

Etter at arbeidet med rovviltnemnda i vår region vart flytta frå Rogaland til Sogn og Fjordane, er dette arbeidet sjølv sagt mindre omfattande hos Fylkesmannen i Rogaland. Men vi har gode samarbeidsrelasjonar med beiteinteressene i forhold til dei oppgåvane som er att hos oss, t.d. skadefelliingsløyver og erstatningar til sannsynlege tap grunna rovvilt. Vi har særstalt godt samarbeid internt i embetet på dette feltet.

### Opprydding av forureina grunn ved skipsverft

I 2014 har vi gjennomført følgjande tiltak for å styrke kommunane sitt arbeid:

- To tilskotssamlingar (januar og august) med desse tema; erfaring med forvaltningskontrollar, rollen som kommunal landbruksbyråkrat, krav til miljøplan, driftsfellesskap, avkorting og informasjon om ny forskrift om produksjonstilskot som kjem 1. januar 2015.
- To dialogmøte (mai og oktober) med desse tema; erfaring med SMIL i kommunane, vassdirektivet, kommunane sitt ansvar innan skogbruket, avlingsskadesaker, gjengroing av jordbruksareal, inngrep langs vassdrag, skjøtselsplaner etter naturmangfaldlova og utgreiingskravet i naturmangfaldlova.
- Gjennomført kurs i bruk av Ar5
- To skogsamlingar for de som har ansvar for skogordningane i kommunen
- Orienteringsmøte for nytilsette i communal landbruksforvaltning
- Møte om bruk av tilgjengeleg landbruksstatistikk
- Arbeidsmøte om bruk av fagsystema i landbruksforvaltninga

I tillegg til desse opplæringstiltaka blir det laga eit informasjonsskriv som heiter «Land og bruk» som er sendt ut fire gonger i løpet av 2014. Her blir det informert om nye ordningar, kurs og ulike faglege problemstillingar blir presentert. Dette blir sendt ut til landbruksforvaltninga og det blir lagt ut på heimesida. Det blir også gitt rettleiing og oppfølging som blir tilpassa den einskilde kommunen ved behov.

**I 2014 har det vore eit møte mellom KS og Fylkesmannen sin landbruksavdeling der ein oppdaterte kvarandre og hadde ein dialog om ulike landbruksaker. I tillegg har KS vore med i programkomiteen til landbrukskonferansen 2014.**

#### **Bruk av ev. midlar over kap. 1144 post 77 Regionale og lokale tiltak i landbruket til kommuneretta arbeid**

Rogaland fekk i 2014 ei rammetildeling på kr 115.000 over kap. 1144 post 77. Av dette er kr 99 475 nytta til kommuneretta tiltak og kr 15 525 til tiltak innafor rammedirektivet for

I Rogaland prioriterer vi å bruke dei kommuneretta midlane til kurs, møte og samlingar for dei tilsette i communal landbruksforvaltning. Sjølv om potten ikkje er så stor, så bidreg den til at vi kan tilby kommunane fleire kompetansehevingstiltak på landbruksområdet. Tilbakemeldinga frå kommunane er at dei har stor nytte av dei kursa og møta som blir arrangert.

#### **Oversikt over bruk av midlane til kommuneretta tiltak**

Planleggingsmøte om Landbrukskonferansen 2014	1 267,-
Møte med Forsand kommune om tilskotssaker	158,-
Dialogmøte med kommunane 24.10.2014	17 402,-
Diskusjonsmøte om PT-forskrifta før høyring	1 580,-
Kurs i E-stil for kommunane	2 211,-
Kurs for kommunane i bruk av tilgjengeleg statistikk	1 794,-
Skogsamling for kommunane	5 331,-

Landbrukskonferansen 2014	39 280,
Kurs om skogbruksplan for kommunane	553,-
Tilskotsamling 22. januar	5 540,-
Info-møte med nytilsette i kommunane	1 660,-
Fagsamling skog for kommunane	1 782,-
Dialogmøte m kommunane 21.05.2014	7 226,-
Kurs i bruk av Ar5	1 205,-
Møte om Levande lynghei	569,-
<u>Tilskotssamling 21. august</u>	<u>11 916,-</u>
	99 475,-

### Oversikt over bruk av midlane til tiltak innanfor rammedirektivet for vatn

Studietur til Trøndelag om oppfølging av vassforskrifta	10 525,-
<u>Infobrosjyre om Siloslått, lagring/håndtering</u>	<u>5 000,-</u>
	15 525,-

### Arbeidet i Regionale bygdeutviklingsprogram i tråd med føringar gitt i tilskotsbrev om næringsutvikling

I 2014 blei det Regionale bygdeutviklingsprogram ikkje revidert og versjonen som blei utarbeidet i 2013 er gjeldande. Revidering av det Regionale Bygdeutviklingsprogram skal bli gjort i 2015.

### Samarbeidet med regionale aktørar innan næringsutvikling og miljøarbeid

I 2014 heldt samarbeidet i det regionale partnarskap fram for fullt. Aktørane i partnarskapet (Fylkesmannen, fylkeskommune og Innovasjon Noreg) brukte Handlingsprogram næring (HPN) 2014 som utgangspunkt for samarbeid og prioritering. HPN, som var i sitt andre år, er eit handlingsprogram for Regionalplan Landbruk, Regionalplan for næringsutvikling og den næringsrelaterte delen av Regionalplan for energi og klima. De planlagde aktivitetane blei delt inn under kapitla «Innovasjon og innovasjonsstruktur», «Rekruttering og kompetanse», «Internasjonalisering» og «Naturressurser og infrastruktur».

HPN 2014 inneheld mange tiltak som retta seg mot aktuelle problemstillingar innanfor berekraftig næringsverksemd. Søknader om støtte frå partnarskapen blir registrert i portalen regionalforvaltning.no. Partnarskapet drøfter desse prosjekt i lag og dei mest aktuelle prosjekt i henhold til målsetjinga frå HPN blir prioritert. I 2014 blei 52 % av våre Utrednings- og tilretteleggingsmidlar brukt på HPN-saker. Vi har fått tilbakemeldingar frå søkerar at portalen er vanskelig å bruka. I tillegg ser vi ei utfordring i rutinane kring løyvingar, noko som har ført til både misforståing og dobbeltarbeid. Vi har ein ambisjon å gjere noko med dette, men tidligare forsøk har vist at det kan være vanskelig.

2014 var og året da revidering av HPN blei satt i gang. Partnarskapet og ikkje minst faglagane blei inkludert i arbeidet. I prosessen kom det mange innspel frå blant anna kommunane og vekstselskap i fylket. Vi ser på det som et tegn på engasjement i regionen. Den reviderte HPN blei einstemmig vedteken i Fylkestinget 21. oktober 2014.

Men samarbeidet mellom oss, fylkeskommune og Innovasjon Noreg Rogaland skjer også utanom HPN. En del arbeidet finn sted i formelle arenaer som VRU (FoU og Innovasjon), NCE og jordbruksavtalen. Elles jobbar vi tett kring konkrete landbruksrelaterte problemstillingar som t.d. rekruttering, kompetanse, bedriftsnettverksordning, miljø, landskap og næringsverksemd mfl.

I 2013 kom oppdraget for utforming av Regional Bygdeutviklingsprogram. Det regionale partnarskap og faglaga blei einige om å ta utgangspunkt i at vi allereie har ein vedteken strategisk plan for landbruk; Regionalplan for landbruk. I tillegg var Handlingsplan for skogbruket i Rogaland og Strategi med handlingsplan for skogbasert bioenergi i Rogaland på plass. Prioriteringar for landbruksbasert næringsverksemd blei gjort gjennom Handlingsprogram for Næring, som teke utgangspunkt i dei nemnte planane. Strategisk samarbeid kring landbruk i Rogaland med mål om utløsing av regionale fortinn og potensial var med dette allereie til stede. Derfor blei det

Regional Bygdeutviklingsprogram ikkje det incentivet til slike prosesser, som det var tenkt, men heller eit skriv som synliggjorde eksisterande samanheng mellom forskjellige program i Rogaland. Strategiske val og samarbeid innanfor landbruket var tross allereie etablert. I 2014 vart det ikkje jobba med Regionale Bygdeutviklingsprogram; det er planlagt å revidera det i løpet av 2015.

Oppdragsbrevet for strategisk bruk av dei bedriftsretta BU midlar til Innovasjon Noreg blir utarbeidd i partnarskapen kvert år. Målet er langsiktig lønsam verdiskaping, samt busetting i heile fylket med utgangspunkt i landbruket sine ressursar generelt og landbrukseigedommen spesielt. Det blei poengtert at det er viktig å oppretthalde fokus på det tradisjonelle landbruket, for å kunne klare ei tilstrekkeleg stor landbruksproduksjon.

Hovudtrekk i brevet er:

- Minimum 75% av tilskotsmidlar og 85 % av rentestøttemidlar til tradisjonelt landbruk
- Prioritering av distrikta, fordeling 30/70 av bedriftsretta BU-midlar mellom Jæren og distrikta
- Prioritering av saker knytt til dei grovförbaserte produksjonane
- Prioritering av investeringsprosjekt til driftsbygningar i tre
- Utviklingstiltak i foredlingsbedrifter innan lokalmat og reiseliv er eit prioritert satsingsområde
- Etablering av biogassanlegg og bruk av biogass er prioritert

### **Oversikt over tal årsverk i landbruksforvaltninga i kommunane per 1.1.2014**

1. januar 2013 – 52,31 årsverk

1. januar 2014 – 51,56 årsverk

Det var ein reduksjon på totalt 0,75 årsverk frå 2013 til 2014.

**Oversikt over utvikling i tal årsverk i Fylkesmannens landbruksavdeling i 2014** Fylkesmannens landbruksavdeling har relativt stabilt årsverkstal på om lag 22 årsverk. Det var same årsverkstal i 2013

## **22.5 Ei livskraftig reindrift**

## **Resultatområde 23 Økt verdiskaping**

### **23.1 Næringsutvikling innen jordbruk og bygdenæringer**

#### **Bruken av Utrednings- og tilretteleggingsmidlar (UTM) i 2014**

Den totale innvilgingsfullmakta for våre UTM i 2014 var kr 5 250 000. Grunnen til at ramma låg på dette nivået var at midlane frå handlingsplan for økologisk landbruk gjekk «inn» i UTM-ramma. Totalt blei det dratt inn kr 167 104 og kr 31 827 var overført frå 2013. Dette gjorde at Fylkesmannen hadde kr 5 448 931 disponibel i 2014 til utrednings- og tilretteleggingstiltak samt økologiske prosjekt. Fylkesmannen brukte 52 % av UTM-midlane på HPN-prosjekter. Dette er større prosjekt som går over lengre tid og som blir finansiert med midlar frå fleire i det regionale partnarskap. De heter HPN- midlar fordi retningslinjer for bruk av disse finnes i Handlingsprogram Næring.

Oversikten over støtte til prosjekt, delt inn etter tema. Prosent av totalen i hhv. 2014 og 2013 står og nemt

Energi, skog og klima	kr 770 000	14,2 %	17,6 %
-----------------------	------------	--------	--------

Reiseliv	kr 0	0,0 %	1,5 %
----------	------	-------	-------

Økologisk	kr 515 000	9,5 %	4,2 %
-----------	------------	-------	-------

Miljø, jord og kulturlandskap	kr 364 500	6,7 %	5,9 %
-------------------------------	------------	-------	-------

Mat, beite	kr 455 000	8,4 %	8,8 %
Kunnskap, forsking, formidling	kr 1 275 000	23,6 %	21,1 %
Rekruttering	kr 630 000	11,7 %	7,3 %
Arbeidsmiljø i landbruket	kr 70 000	1,3 %	3,9 %
Bygdemobilisering	kr 60 000	1,1 %	3,8 %
Beredskap og truslar	kr 100 000	1,8 %	7,5 %
Mat	kr 815 485	15,1 %	8,7 %
Diverse	kr 352 500	6,5 %	9,7 %

**Totalt kr 5 407 485**

I 2014 gjekk mesteparten av midlane til prosjekt innan Kunnskap, forsking og formidling. Målet med slike typar prosjekt er kompetanseheving retta mot bønder og andre som er knytt til primærnæringa. Det blei gitt støtte til blant anna eit rettleiingsverktøy for riktig gjødsling innan potet samt til ei utredning av Dekk- og diesellandbruket. Av HPN-prosjekt i denne kategorien kan vi nemna VRI mat og NCE Culinology. I forhold til mjølkeproduksjon blei det gitt støtte til 2 utredningsprosjekt; eitt som gjekk på økonomi og eitt på bærekraftig drift av denne produksjonen.

Inn forbi skog og klima har vi støtta prosjekt til forbetrинг av infrastrukturen i kystskogbruket og til koordinering av investeringsprosjekt for oppgradering av Søndenåneset tømmerkai i Vindafjord. Dei fleiråige prosjekta Trebasert bioenergi og Tredrivar blei vidareført i 2014 og fekk støtte frå våre UTM-midlar.

I 2014 var ingen nye prosjekt innan beite og grovförbasert produksjon som fekk støtte. Kr 455 000 blei gitt til tre vidareføringsprosjekt, blant dei Storfesatsing i Rogaland. Dette bonderetta rettleiingsprosjekt går nå for full maskin og det er stadig fleire produsentar som vender seg til oss for å få hjelp ved utbygging på garden.

8 økologiske prosjekt fik totalt kr 515 000 i støtte; det er kr 75 000 over det som tidlegare var ramma for handlingsplan økologisk landbruk. I 2014 ble det også gitt støtte til prosjekt innan rekruttering til landbruket; kr 485 000 innan skogbruk og kr 145 000 innan birøkt.

Prosjektet «Til for bonden» fekk i år også støtte for å vidareføra sitt arbeid overfor bønder som sliter psykisk. Dermed håpar vi at fleire menneskelige og dyrtragediar kan bli unngått.

I forhold til matsikkerhet blei det i år også gitt støtte til prosjektet «Smittebeskyttelse av sauebesetningar». Resistente parasitter har vist seg til å være en stor utfordring i vår region og dette tiltaket hjelper individuelle bønder å førebygge smitte på garden. Vi innser at matsikkerhet er enormt viktig og vi har ambisjonar om å auke vår støtte til tiltak på dette området i 2015.

Prosjekta i kategori mat var mangfaldige men vil trekke fram to prosjekt: Det første er Matsmia som er en samling som skal inspirere til nytablering, større produktmangfold og auka kompetanse omkring lokalmat. Det andre er Fruktsatsing i Rogaland. Dette prosjektet ble starta opp for å bidra til å dekke den aukande etterspørselen etter norsk frukt.

Under posten diverse blir prosjektet for utvikling av Rogaland Landbrukspark, og etablerartiltak Skape ført vidare. Sist nemnte prosjekt er i sitt siste år.

I år var det ingen prosjekt innanfor (landbruksbasert) reiseliv, medan bygdemobilisering bare hadde eitt prosjekt som fekk støtte (Bygdedagene i Heskestadbygda).

**Innovasjon Noreg sine BU-midlar**

I 2014 løyvde Innovasjon Noreg kr 40 355 500 i investeringstilskot gjennom BU-ordninga. Heile ramma inkludert inndregne midlar blei brukt opp (99,9%). I 2014 blei det gitt kr 102 754 000 i rentestøtte til landbruksrelaterte investeringar og satsingar. Låneramme for rentestøtte vart 25 mill. kr. høgare for 2014 enn tildelinga ved starten av 2014 grunna overføring mellom fylka. Nesten heile denne ramma blei brukt opp (94,3%) medan 6 363 483 blei overført til neste år.

Tilskota blei gitt til 109 prosjekt medan rentestøtte til 45 prosjekt. Fordelinga mellom sentral strøk og distriktet

var 40% versus 60 % for BU- tilskota; for rentestøtta var det 52% som gjekk til Jæren og 48 % til distriktet. Viss vi ser på fordeling tradisjonell næring og bygdenæringer, så gjekk det aller meste til tradisjonelt landbruk; 92,2% av tilskota og 98 % av rentestøtte. At det gjekk så lite til bygdenæringer skyldast mangel på relevante prosjekt på det området.

## **Tiltak for økt satsing innan landbruksbasert vare- og tenesteproduksjon innanfor Regionalt næringsprogram**

Distriktskonsulenten i Ryfylke har hjulpet 30 etablerarar innanfor landbruksbasert næring med å starte opp sin verksem. Arbeidet med rettleiing, næringsfaglege vurderingar og kontakt med andre organisasjonar som kan hjelpe dei vidare (t.d. Innovasjon Noreg, Inkubator) har hjelpt rekord mange etablerarar i 2014. I tillegg arrangerte hun opplevelingsturisme, kvinnesamling Hjelmeland, Web-kurs mfl. Alt saman vert 440 personer med på arrangement i regi av Bygdeutvikling i Ryfylke.

### **Aktiviteter knytt til matkontaktar under Utviklingsprogrammet for Lokal mat og Grønt reiseliv**

Fylkesmannen har ein tett dialog og eit godt samarbeid med kompetanseaktørar innan lokalmat så som Kompetansenettverket, Innovasjon Norge, Rogaland fylkeskommune, Måltidets Hus, Mat- og naturinkubatoren og næringshagane. Vi planlegg, fordeler oppgåver og aktivitetar og lager spleiselas saman med kompetanseaktørane. Kompetansenettverket Sør har vi saman med Agder, og matprodusentar/foredlarar i alle tre fylka mottar invitasjonar til arrangementa. Samhandlinga med Agder har blitt noko mindre dei siste to åra, samstundes som kontakten mot Hordaland og Sogn og Fjordane har blitt forsterka.

Våre fire distriktskonsulentar arbeidar aktiv med etablereroppfølging og rådgiving for søknader til Innovasjon Norge.

MatSmiå blei for første gang arrangert mars 2014, og dette var eit samarbeid mellom Komptansenettverket for lokalmat Sør, Fylkesmannen og Karmsund vgs fagdagar innan lokalmat og grønt reiseliv. Heile 70 deltakarar fekk inspirasjons- og kompetansepåfyll. Eitt av måla var å få med nye produsentar/aktørar for å auke mangfaldet av tilbod av mat og tenester. Me trur fagdagane vil gi ønska effekt på sikt og at fleire vil satse og etablere seg med eigne verksemder.

«Smaken av Vikingland» er eit resultat av mellom anna Matsmiå. Dette produsentnettverket på Haugalandet starta opp i 2014 og fekk BU-midlar til fase 1.

Sommaren 2014 ble det bygt heilt nytt kjøkken, produksjonslokalar, klimarom og butikk på Teig i Sauda. Butikken opna i september og det er stor etterspurnad etter produkta til Ryfylke-mat AS. Drivkrafa er ønskje om å kunne tilby lokalprodusert mat og eigaren vidareforedlar lokalt kjøt frå bønder i Sauda. Ryfylke-mat tilbyr spekemat, heimelaga pølser i mange variantar, pålegg og andre kjøtprodukt frå lam, frilandsgris og storfe, samt catering.

Skattkammeret på Nes er ei ny verksemd på Nesflaten som driv med innlandsfiske og leverer lokale produkt som fersk fjellaure, foredra produkt som røykelaks og aure m.m.

Ryfylke Bryggeri og Ysteri SA vart etablert mars 2014. Sidan har dei opna utsal i det gamle meieribygget på Sand i Suldal. Sel eigeprodusert øl. Held kurs i brygging og har andre aktivitetar knytt til brygging og ysting.

Energihotellet på Nesflaten i Suldal opna eit nytt annek med 12 soverom i 2014. Fylkesmannen sin bygdeutviklar har vore med på oppstart av dette hotellet og er i tett dialog om utviklinga vidare.

Ropeid ferie er i sluttfasen på ei ny luksushytta med 10 soverom i utleigegrenda si. Dei har no til saman 34 sengeplassar på garden.

I tillegg til møte, samlingar, studieturar og etablerarrettleiing er det arbeidd i prosjekta: LUK-prosjektet i Lysefjorden ”Legg dei pengar att”, «Lysefjorden Rundt» og «Strandadagene».

Arbeidet med å styrke samarbeidet mellom matbedrifter og reiselivsnæringa går sakte framover. Vi har to matnettverk; Rymat og Smaken av Vikingland (under etablering). Det er ikkje etablert nokon form for nettverk som driv med sal og logistikk.

Fylkesmannen tok initiativ til ei fruktsatsing i samarbeid med Ryfylke IKS. Alt frå fruktsafari til innovasjonsdialog har blitt gjennomført med stor oppslutning. Saman med Innovasjon Norge har vi utarbeida eit kriteriedokument for investeringssaker. Denne mobiliseringa har ført til at to unge frukttdyrkarar har fått investeringsstøtte. Ein dyrkar har fått støtte via VRI til utvikling av gjødsel/vatningssystem, og ein annan driv innovasjon på juice. I tillegg har vi løyvd BU-midlar til eit kompetanseløft for næringa.

Fylkesmannen har og initiert ei grønt-satsing og i løpet av hausten 2014 gjennomførte vi tre møte med næringa. Målsettinga er å ta tak i utfordringane til næringa og sjå på moglege løysingar. Vi arbeider og med produktutvikling hos produsentar (to VRI-prosjekt). Oppfølging skjer via Kompetansenettverket og IN.

Geomat er eit matprosjekt i regi av Magma Geopark i Dalane og blei starta opp i 2014. Midlane kjem frå KreaNord. Målet er å auke bruken av lokale råvarer i regionen. Fylkesmannen er delaktig i dette prosjektet gjennom dialogmøte og produsentoppfølging. Nokre produsentar er i prosess for etablering av verksemd og eller investere i produksjonsanlegg.

Fylkesmannen var bidragsytar på «Beitebiff frå Dalane», ein innovasjonsdialog i regi av VRI. Vi arbeider med å etablere beitelag av storfe i gjengrodde område, og eit bedriftsnettverk med mål om auka kjøtproduksjon på ein berekraftig måte.

Ymse kurs og konferansar:

Den Jærske matkonferansen, Brød og fisk, økologisk matkurs for tilsette i barnehage og SFO

### **Tverrsektorielt samarbeid og resultat i arbeidet med Inn på tunet generelt og Inn på tunet-løftet i kommunane spesielt**

Det er framleis stor variasjon i kommunane sin bruk av Inn på tunet tilbod, og interessa har ikkje vore den vi kunne ønskje. I fleire kommunar har talet på IPT-gardar gått ned. Kommunar som klarer å involvere fleire fagetatar og jobbar tverrfagleg lukkast best.

Når det gjeld Inn på tunet løftet, har vi berre hatt med 2 kommunar i Rogaland, Karmøy og Hjelmeland. Prosjektet i Karmøy kommune har fokusert på garden som pedagogisk ressurs. Bøtoppen gard har i denne samanhengen vore kommunen sin viktigaste samarbeidspartnar i prosjektet, som i ”løft”-perioden har blitt vidareutvikla som undervisningsarena. Resultatet av IPT-løftet i Karmøy kan oppsummerast med at kommunen har medverka til å profesjonalisere ein av IPT-gardane, men avvikla sine avtalar med fleire av dei andre tilbydarane.

Hjelmeland sitt IPT-løft-prosjekt har satsa på generell utvikling av Inn på tunet tilbodet i kommunen, men utan at prosjektet har lukkas med det. Tilskotet til prosjektet i Hjelmeland er no trekt tilbake frå Innovasjon Noreg.

Internt hos Fylkesmannen er det i all hovudsak landbruksavdelinga som arbeider med IPT, men folk frå utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga har og vore involvert i arbeidet. I tillegg til samarbeidsforum for Inn på tunet hos Fylkesmannen har vi også ein tverrfagleg ressursgruppe på fylkesnivå, der NAV, Bufetat, KS, faglaga i landbruket m.fl. deltar. Denne gruppa er også med i prosessen i høve til utarbeiding av Handlingsplan for Inn på tunet i Rogaland.

Vi har sett det som viktig i 2014 å fortsetje arbeidet med kvalitetssikring i samarbeid med næringa, og medverke til at godkjenningssystemet blir tatt i bruk av flest mogleg.

Vi har vidare i 2014 og fortsett informasjonsarbeidet mot kommunane, m.fl på bestiller/kjøparsida, og parallelt jobbet for å stimulere til nyrekrytting av tilbydarar.

Det har også, i samarbeid med Inn på tunet – Rogaland, vært jobbet mot kompetansemiljøene ift til demensområdet, for å se på mulighetene for å få etablert et eller flere Inn på tunet dagtilbud til hjemmeboende demente.

---

## **23.2 Skogbruk**

### ***Utviklinga i skogbruket***

#### ***Hogst***

Ny rekordhogst med 136 000 m<sup>3</sup>. Førstehandsverdien er på 41 mill. kroner. Hogst dei siste 5 år:

- 2010 → 96 000 m<sup>3</sup>
- 2011 → 97 000 m<sup>3</sup>
- 2012 → 85 000 m<sup>3</sup>
- 2013 → 130 000 m<sup>3</sup>

Gran utgjer over 80 % av all innrapportert hogst. Hovudtyngda av hogsten skjer i hogstklasse fire. Granskogen i fylket blir framleis kraftig overavverka, jf. ny fylkestakst.

Hogst av ung granskog er ei stor utfordring av fleire grunnar: 1) lønnsemada for skogeigar blir unormalt låg fordi både kvalitet og kvantum blir langt under det optimale. 2) verdiskapinga for samfunnet blir unormalt låg, 3) framtidig hogstkvantum vil måtta reduserast dramatisk og 4) binding og lagring av CO<sub>2</sub> blir svært låg i forhold til det optimale.

Fylkesmannen har hatt fokus på å få ut informasjon og rettleiing rundt økonomiske konsekvensar av tidleg hogst til både skogeigarar, næring og forvalting gjennom ulike kanalar. Det er blant anna laga ei brosjyre/infopakke i samarbeid med Rogaland skognæringsforum retta mot skogeigarar med lite kunnskap om forvaltning av eigen skog.

Juletrefylket Rogaland har hatt ein aktivitet med i alt 44 000 juletre innrapportert til VSOP. Den låge aktiviteten samanlikna med få år tilbake skuldast i stor grad store klimaskadar hos mange av dei største produsentane. Førstehandsverdien utgjer 9 mill kroner.

### *Skogkultur*

Skogkulturinvesteringane er redusert til 2,1 mill kroner. Ser ein vekk frå den store gjødslingsaktiviteten i 2013, er dette ein nedgang i skogkulturinvesteringane på om lag 30 % samanlikna med fjordåret. Etterslepet på både planting og ungskogpleie aukar difor kraftig.

Planteaktiviteten gjekk ned i 2014 til 700 dekar mot 1050 dekar året før. Dette er den lågaste noteringa på 10 år og trenden dei siste 5 åra er fallande. Estimert hogstareal i 2014 var på 3700 daa. For den siste 5 årsperioden er årleg estimert hogstareal (gran- og furuhogst) på 3000 daa. Nedbygging av skogressursane og dei beste skogareala held fram i relativt stort tempo. Etter mange år med underinvesteringar i planting etter barskoghogst, burde planteaktiviteten vore vesentleg høgare i ein periode.

Fylkesmannen har på fleire vis har prøvd å snu utviklinga, med bl.a. stort fokus på kontroll og eige skriftleg opplegg for oppfølging. Sjølv om det er laga eit eige ferdigsydd opplegg for handheving av foryngingsplikta, er det så godt som ingen kommunar som så langt har teke dette aktivt i bruk. I tillegg har Fylkesmannen hatt fokus på å få opp aktiviteten på skogkultur gjennom prosjektretta arbeid – aksjon skogkultur.

Ei nøktern vurdering av plantebehovet gitt dagens hogstnivå, inkl. etterslep, tilsvarer ei årleg total planteinvestering på 4000 daa dei første tre til fem åra. Tal frå landskogtakseringa viser eit foryngingsbehov på over 40 000 daa. 12 000 av desse 40 000 daa er areal med bonitet G17 eller betre, med andre ord høgproduktive skogareal som står utan foryngingstiltak .

Ungskogpleieinvesteringar er meir enn halvert frå 2200 (2013) til 1000 dekar. Aktiviteten burde vore på minimum 3000 – 4000 daa for å sikre rimeleg kvalitet, produksjon og CO<sub>2</sub>-binding, inkludert etterslepet som er bygd opp over mange år.

Dei få kommunane som både har kompetanse og prioriterer arbeidet på skogområdet, viser også svært godt igjen på statistikken. Langs kysten er næringsorganisasjonane svake og driv i liten grad motivering og mobiliseringsarbeid for å få opp investeringane. Det betyr at vi er heilt avhengig av ei førsteline som fungerer for å sikre planter i jorda og oppfølging med skjøtsel i etterkant. Fleire kommunar har kompetanse, men prioriterte ikkje arbeid på skogområdet.

### *Planting siste 5 år:*

- 2010 → 1480 daa
- 2011 → 1210 daa
- 2012 → 1170 daa
- 2013 → 1050 daa
- 2014 → 700 daa

Ungskogpleie siste 5 år:

- 2010 → 1800 daa
- 2011 → 700 daa
- 2012 → 1400 daa
- 2013 → 2200 daa

### *Skogsvegbygging*

Vegbyggingsaktiviteten er om lag uendra med totalt 18 km skogsveg ferdigstilt i 2014 (både bil- og traktorveg). Den reelle vegbyggingsaktiviteten er noko lågare fordi det i statistikken for 2014 ligg inne ein del ferdigstilt vedlikehald av skogsvegar i samband med dei ekstraordinære løvvingane til vedlikehald i 2011 og 2012. I eit fylke der skognæringa er under oppbygging, er det langt att til eit forsvarleg utbygd vegnett.

Manglande rettleiingsapparat/mobiliseringskapasitet og kompetanse innan vegplanlegging er hemmende på investeringslysta, og for framdrifta i ein del prosjekt der det allereie er sett av midlar. Fylkesmannen har fokus på framdrift og mobilisering av vegprosjekt ut mot kommunane jamleg. Dette har ført til at vi har fått ferdigstilt fleire veganlegg.

Vegbygging siste 5 år

- 2010 → 16 km
- 2011 → 11 km
- 2012 → 9 km
- 2013 → 19 km
- 2014 → 18 km

Med mange små skogeigedommar er det ei stor oppgåve å mobilisere og få fram gode fellesvegprosjekt. Vi registerer at det er liten kapasitet til å ta tak i større vegprosjekt, og mange kommunar dels kvir seg for å ta tak i større arbeidskrevjande fellesvegprosjekt. Dette betyr at vi ikkje alltid får fram dei beste vegløysningane. Samarbeid om vegplanleggjar med Hordaland og Sogn og fjordane gjennom Skogselskapet i Bergen og Hordaland skal bøte litt på manglande mobilisering, men sluttføring av hovudplan for skogsvegar har hatt førsteprioritet.

Hovudplan for skogsvegar har også hatt høg prioritet i 2014, der vi m.a. har brukta mykje ressursar på oppfølging og påminningar ut mot kommunane for å sikre framdrift. Men kapasitet, kompetanse og prioritering av arbeidet ute i kommunane er hovudårsaka til at vi ennå ikkje er i mål. Sjølv om Fylkesmannen har kjøpt inn ekstra ressursar og kapasitet for å bistå kommunane, så har ikkje dette vore tilstrekkelig for å sikre framdrift. Vi ligg langt etter tidsplanen, og ser at vi også treng 2015 for å få på plass hovudplan skogsveg i dei fleste skogkommunane.

### *Taubane og hest*

Det er tatt ut 3300 m<sup>3</sup> med taubane i 2014. Totalt er det utbetalt 450 000 kroner i tilskot.

Taubane siste 5 år:

- 2010 → 390 000 kr → 2500 m<sup>3</sup>
- 2011 → 240 000 kr → 2200 m<sup>3</sup>
- 2012 → 350 000 kr → 3500 m<sup>3</sup>
- 2013 → 450 000 kr → 5700 m<sup>3</sup>
- 2014 → 450 000 kr → 3300 m<sup>3</sup>

### *Miljøtiltak i Skog*

Det er ikkje utbetalt tilskot til miljøtiltak i 2014.

### *Skogbruksplanlegging og miljøtiltak i skog*

Skogbruksplanlegging og miljøtiltak i skog er rapportert gjennom Skog og landskap si nettbaserte rapporteringsløsing -TSKOG. Skogbruksplanlegginga følger hovudplan for skogbruksplanlegging i fylket frå 1999. Arbeidet med revisjon av hovudplan for skogbruksplanlegging har av ressursmessige årsaker heller ikkje blitt prioritert i 2014.

### *Andre tiltak i skogbruket*

For å bøte på manglande oppfølging frå kommunane har vi hatt fokus på skogkultur og direkte kontakt ut mot skogeigarane. For å løfte aktiviteten har vi oppfordra kommunane til å prøve å hente inn lokale ressurspersonar med skogkompetanse. To av dei største skogkommunane har fått tak i kompetente og flinke folk, der blant anna to av tre er Aktiv skogbruks-instruktørar i kombinasjon som gardbrukarar. Utfordringa med desse har vore å få dei til å prioritere arbeidet mellom mange andre arbeidsoppgåver. Det vi likevel ser er at desse ressurspersonane er kostnadseffektive/genererer mykje aktivitet målt mot ressursbruk. Vi skulle gjerne hatt fleire slike ressurspersonar med god skogkompetanse å spele på, men dessverre er dette i stor grad mangelvare i store delar av vårt område.

### *Kystskogbruket og spesielle midlar til kystskogbruket*

Ordninga har fungert godt, og dei fylkestildelte midlane har vore viktige for oppfølging av fellesprosjekta og spesielle utfordringar lokalt. For å få effekt av fellesprosjekta har desse midlane gjort oss i stand til å følgje opp/støtte opp lokalt i fylket. Svært mykje av optimismen og det positive som har skjedd langs kysten siste åra, skuldast nettopp høve til å bruka denne type midlar spissa og kostnadseffektivt der skoen trykkjer mest.

Fylkesmannen synest difor det er svært uheldig at desse midlane blei redusert kraftig i 2014 og tekne heilt bort for 2015. Dette får blant anna store konsekvensar for informasjonsarbeidet vårt. Eit døme er at bladet Rog-Skog som etter 25 årgangar no er lagt ned på grunn av manglande finansiering.

Det som er bygd opp gjennom arbeidet i kystskogbruket, og som er grunnlaget for gjennomføring av viktige tiltak for skogbruket i kystregionen, er med bortfallet av denne ordninga lokalt kraftig svekka.

Den gamle ordninga med midlar til korte kurs og informasjon og midlane til oppfølging av kystskogmeldinga utgjer ein liten kronesum, men er svært viktige for skogreisningsfylke med lite rentemidlar frå skogfondet.

Kystskogmidlane er som kjent samansett av gamle og nye midlar. Når løyvinga no blir nulla ut på fylkesnivå, forsvinn ei minst 40 år gammal ordning med støtte til område med lite rentemidlar av skogfondet og med ei umoden virkesomsetning, ofte kalla skogreisningsområda. Samstundes med bortfallet av denne avgjerande viktige støtta, blir også den mangeårige støtta til abonnement på tidskriftet Norsk Skogbruk tatt bort. Også dette ei støtte til skogreisningsområda grunna lite rentemidlar, men med eit stor informasjonsbehov.

Behovet for informasjon, og behovet for å sikre trygg omsetning av tømmer, har truleg aldri vore større enn i dag i vårt fylke. Endringane det siste året i fordeling av tilskotsmidlar og bruk av nasjonale rentemidlar gir eit klart svekka skogbruk i vår landsdel.

### Bruk i 2014

Med ei tildeling på berre 220 000,- kroner i 2014 har vi måttा prioritera pågåande prosjekt og satsingar med ei tanke på ei mjukast mogleg sluttføring. Midlane har gått til oppfølging av lokale initiativ i kjølvatnet av fellesprosjekta som i år er finansiert av ein sentral pott. For 2014 har midlane gått til følgjande tiltak:

### **Regionale tiltak:**

- kr 160 000 til Klimaskogprosjekt
- kr 15 000 til Skogsveg- og virkesterminalprosjekt
- kr 45 000 til Korte distriktskurs, skogdagar, informasjonsarbeid mv.

### Sum regionale tiltak: 220 000 kroner

### *Kontroll*

Kontroll med skogbrukstiltaka skjer m.a. gjennom den godt innarbeida miljø og resultatkontrollen for skogkultur, vegbygging og skogbruksplanlegging.

### *Resultatkontroll av forynging og miljø*

Vi ser ein trend at stadig fleire kommunar let vere å gjennomføre dei lovpålagde kontrolloppgåvene knytt til den ordinære og faste resultatkontrollen av forynging og miljø. Dette er også likt for den ekstraordinære kontrollen. Samanlikna med 2013 har likevel nokre fleire kommunar gjennomført både den ordinære og ekstraordinære kontrollen i 2014.

For den faste og ordinære resultatkontrollen for skogbruk og miljø er 88 % (36 av 41 hogstfelt) av alle kontrollflater kontrollert. For den ekstraordinære kontrollen er 83 % (24 av 29 hogstfelt) følgt opp på ein eller annen måta. I tillegg har vi eit stort etterslep, der mange kommunar etter fleire purringar, ikkje har levert kontrollane for 2013, 2012 og 2011.

Resultata frå kontrollen har avdekkja alarmerande lite forynging av hogstflatene, og stadfestar i stor grad at næringa driv avskoging av den beste skogen på høg bonitet. Resultata frå den ordinære kontrollen viser også at hovudtyngda av granskogen blir hogd lenge før den er hogstmoden (60 % i hogstklasse 4).

Kommunane sender gjennomgåande lite skriftleg dokumentasjon ut til skogeigarane. Det meste går på munnleg informasjon, og det ser ut til å vere liten vilje til å ta tak i saker der kommunen må bruke lovverket aktivt. Så langt har ingen kommunar brukt skogbrukslova aktivt etter at foryngingsplikta blei innskjerpa. Med så lite skriftleg dokumentasjon blir det og vanskeleg å følgje opp dette i tråd med regelverket; jf. tilrådingane til Landbruksdirektoratet.

#### *Resultatkontroll av skogsvegar med tilskot*

Resultatkontrollen på skogsvegar har vore ei oppgåve kommunane stort sett tek på alvor. Det er i 2014 funne eit større avvik på skogsveganlegg etter at Fylkesmannen har vore ute på kontroll av to større veganlegg. Årsaka til avviket er først og fremst manglande planlegging av veganlegga og oppfølging under vefs. Byggjeplan manglar. I tillegg fører manglande kompetanse i kommunane til redusert kvalitet på arbeidet og ei stor utfordring når tiltaka skal ferdiggodkjennast.

Vi har heller ikkje i 2014 hatt kapasitet til å gjennomføre vedlikehaldskontroll av skogsvegar, eller kontroll med oppfylling av hogstvilkår i samband med tilskot til vegbygging.

#### *Hovudutfordringar*

1. **Lite kompetanse og ressursar i kommunane:** Den største flaskehalsen for gjennomføring av nasjonal og regional skogpolitikk er manglande kompetanse og ressursar i kommunane.
2. **Nedbygging av skogressursane:** Store hogstareal blir ikkje lagt til rette med ny skog. Utviklinga vi ser er ikkje berekraftig med tanke på optimal verdiskaping og størst mogleg CO<sub>2</sub>- binding, og er i motstrid til miljø- og skogpolitikken.
3. **Manglande infrastruktur – private og offentlege vesar og utskipingsterminalar:** Investeringar i skogsvegar er svært låg. Vi er avhengige av gode vegløysingar for moderne og økonomisk drift av skogareala frå stubbe til industri.

Desse hovudutfordringane er godt forankra gjennom ei rekke regionale planar, men det manglar i stor grad eit apparat som i praksis kan følgje opp.

## **Resultatområde 24 Bærekraftig landbruk**

### **24.1 Jordvern og kulturlandskap**

#### **Status i omdisponering av dyrka og dyrkbar jord i fylket**

Rogaland omdisponerte 737 dekar dyrka jord i 2013, ei auka frå 545 dekar i 2012. Omfanget er lågare enn ein snittet dei siste åra, men framleis høgst av alle fylke i landet.

I tillegg vart 160 dekar dyrkbar jord omdisponert i Rogaland i 2013.

Jfr det nasjonale jordvernmalet (auka matproduksjon og mindre enn 6000 dekar årleg omdisponering av dyrka jord), bør ikkje den årlege omdisponeringa i Rogaland vere meir enn maksimalt 500 daa dyrka jord.

Årleg omdisponering dei siste 9 åra i Rogaland har i snitt vore 1166 dekar dyrka jord. I tillegg til kjem vesentlege areal med dyrkbar jord som blir omdisponert. Om lag 2/3 av den totale årlige nedbygging av matjord i Rogaland skjer på Jæren.

## Aktivitet og utfordringar i dialogen med kommunane for å nå de nasjonale måla om å ivareta jord- og kulturlandskapsressursane

### Fylkesmannen si dialog skjer ved:

- Rettleiing gjennom enkeltpamar, temarettleiring og fagsamlingar
- Formidling av nasjonale og regionale forventningar til kommunalt nivå
- Deltaking på oppstartsmøte ved kommuneplanrevisjonar
- Deltaking i Regionalt planforum
- Deltaking i regionalt planarbeid i saman med kommunar og fylkeskommune, Statens Vegvesen, Jernbaneverket m.m.
- Deltaking i samarbeidsgrupper for større samferdsleprosjekt, tidleg i planprosessar
- Motsegn og faglege råd i plansaker på høyring
- Mekling og drøftingsmøte for plansaker
- Påklage dispensasjonsvedtak i kommunen når det er nødvendig
- Kontakt med media og aktiv bruk av Fylkesmannen si nettside

Krav om planprogram og konsekvensutgreiing i plan- og bygningslova skal sikre ei betre vurdering og dokumentasjon av landbruksinteresser i samfunnsplanlegginga. Dette blir i varierande grad følgt opp lokalt. I Rogaland er det framleis ein vesentleg veg å gå når det gjeld kvalitet og innhald av jordvern- og landbruksvurderingar i konsekvensutgreiingar og andre viktige plandokument.

Skog og landskap har prioritert fullføring av jordsmonnkartlegging på Jæren dei siste åra. Denne kunnskapen er framleis diverre lite brukt av kommunane i konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova, og generelt i saksbehandling av tiltak i LNF-område. Fullføring av kartlegginga på Jæren og meir kartlegging i Rogaland elles, samt eit nasjonalt krav til kommunane om bruk av jordsmonndata i relevante plansaker, vil vere viktige tiltak.

### Sentrals utviklingstrekk for jordvernet i fylket og hovudutfordringar i virkemiddelbruk og tiltak (her iblant omdisponering av dyrka og dyrkbar jord)

Kampen om areala er stor i Rogaland, og det er eit stadig press på omdisponering av LNF areal, både gjennom overordna planar og ved einskildsaker etter plan og bygningslova.

Rogaland har lang erfaring med bruk av Regionalplan (fylkesdelplanar) for byutvikling, areal og transport. Effekten av vedtekne Regionalplanar er avhengig av at Fylkesmannen tar ei aktiv rolle i å sikre gjennomføring av planane.

Alle 10 kommunar på Jæren i planområdet for Regionalplan Jæren har nå detaljavklart langsiktig grense landbruk kring by- og tettstader. Regionalplan Jæren frå 2001 lukka ikkje den langsiktig grense landbruk i aust ved mange av stasjonsbyane på Jæren. Dette er nå gjort, seinast i kommuneplan for Hå i 2013 etter god dialog mellom Fylkesmannen og kommunen.

Revidert fylkesdelplan for Jæren - nå Regionalplan Jæren, vart vedteken oktober 2013. Arealdelen – langsiktig grense landbruk og kjerneområde landbruk, var ikkje gjenstand for revisjon og står fast. Men krefter i regionen arbeidar for revisjon av arealdelen. Det er avgjerande for det nasjonale jordvernet og andre nasjonale verneinteresser, at langsiktig grense landbruk står fast og er ei varig grense.

### Kompetanse og gjennomføringskapasitet i forvaltninga

#### Kommune

Faglig kompetanse og kapasitet, og vilje i kommunane til faktisk å prioritera jordvern og landbruksomsyn er avgjerande for gjennomføring av den nasjonale jordvernpolitikken. Den lokale landbruksforvaltinga også i Rogaland er under press når det gjeld kapasitet og kompetanse. Fokus på den kommunale forvaltninga er difor viktig.

Gjennomføringskapasitet i kommunane er ein avgjerande suksessfaktor for å kunne nå dei regionale og nasjonale mål for areal og ressursforvaltninga i landbruksområda. Redusert kvalitet og kapasitet på planarbeid og landbruksinteresser, gir eit auka press på kapasiteten hjå f. eks, Fylkesmannen. Varierande kvalitet på kommunalt nivå er ein risiko i høve rettstryggleik, og næringsinteressene for landbruket risikerer å ikkje bli ivaretatt lokalt.

#### Fylkesmannen

Nasjonal jordvernpolitikk krev gjennomføringskapasitet hjå Fylkesmannen. Kommunar og andre statlege

sektorstyremakter definerer ikkje i same grad eige ansvar for jordvernpolitikken.

### Konkrete planer – samferdsleprosjekt – samordning regional stat

Utanom byveksten som truar mange gode jordbruksområde, er store samferdselsprosjekt ei av dei største utfordringane for jordvernet og landbruket sitt ressursgrunnlag i Rogaland. Det er planlagt fleire større prosjekt i ”Kjerneområde landbruk”, som er i konflikt med nasjonale jordverninteresser og viktige kulturlandskapseriar:

- Utviding og omlegging av ny 4 felts veg for E 39 sørover frå Sandnes til Ålgård
- Ny tverrforbindelse mellom Jæren og Ålgård/E 39
- Ny fv 505 nord -sør, Foss-Eikeland til Kverneland, aust for Bybåndet sør
- Transportkorridor vest gjennom Sola, Stavanger og Randaberg kommune
- Utviding av E39 frå 2 til 4 felt gjennom Randaberg og Stavanger nord
- Omkjøringsveg rundt Åkra i Karmøy kommune
- Omlegging av E 39 ved Vikeså i Bjerkreim
- Sykkelstamveg Stavanger – Forus Sandnes
- Omlegging av E 134 i Tysvær og Vindafjord
- Doppeltspor på Jæren vil krevje areal
- Aukande krav om tosidig tilbud gangveg og sykkelveg og separerte anlegg for gåande og syklande

Statens Vegvesen sin vegnormer, utan grundige og differensierte nok interesseavvegingar, til dømes i jordbruksområde av nasjonal verdi, er framleis ei utfordring i Rogaland. Vi opplever samstundes ei konstruktiv dialog mellom Fylkesmannen og Statens Vegvesen.

### Spreidde tiltak i LNFområde – dispensasjon frå plan

Det er framleis eit vesentleg omfang av dispensasjoner og spreidde tiltak i LNF-område og kjerneområde landbruk i Rogaland.

2014 syner ei auke i dispensasjoner etter plan og bygningslova innanfor LNF-områda (tal for dispensasjoner i strandsona og verna område kjem i tillegg). 198 saker til uttale til Fylkesmannen i 2014, mot 155 saker i 2013.

26 av kommunen sine ja-vedtak blei påklaga av Fylkesmannen i Rogaland, ein nedgang frå 32 i 2013. Dette er vedtak i kommunen vurdert av oss til å vere tydeleg i konflikt med nasjonale interesser. 13 % av dispensasjonssakene som vart hørt til Fylkesmannen vart påklaga i 2014. Årlig snitt for perioden 2007-2014 er 189 saker til uttaler – og 30 påklaga av Fylkesmannen (16 %).

Nokre av desse klagane blir teke til følgje av kommunane, men hovuddelen endar hjå settefylkesmannen til endeleg avgjerd. Det er framleis mange saker der settefylkesmannen i klagebehandlinga opphevar kommunen sitt vedtak. Ei hovudårsak til dette er mangelfull eller feil saksbehandling i kommunen.

Dispensasjoner i LNF-område etter § 19-2 i plan og bygningslova (utanom strandsona og verneområde) og tal saker der kommunen sitt vedtak om dispensasjon er påklaga etter

### § 19 i PBL:

- **2014:** 198 saker – 26 påklaga
- **2013:** 155 saker – 32 påklaga
- **2012:** 210 saker – 29 påklaga
- **2011:** 193 saker – 37 påklaga
- **2010:** 169 saker – 15 påklaga
- **2009:** 173 saker – 21 påklaga
- **2008:** 178 saker – 42 påklaga
- **2007:** 237 saker – 39 påklaga

### Erfaringer og resultater med iverksetting av tiltak for områda som inngår i utvalgte kulturlandskap i jordbruket

Dei utvalde kulturlandskapa i Rogaland består av 3 separate områdar i Rennesøy kommune. 16 grunneigarar har 10-årige skjøtselsavtalar med Staten. Skjøtselsavtalene dekker ca. 4600 dekar kystlynghei, ca. 260 dekar utmark med verdifullt biologisk mangfold, - og 650 dekar innmark som må drives ekstensivt for å ivareta verdifulle plantar. Innanfor eit avgrensa område er det registrert over 480 ulike planteslag inkl. mange raudlista arter. 5 plantearter er berre å finna på Rennesøy.

Ei god fagleg oppfølging av grunneigarar på skjøtselstiltak er viktig. Dette har forvaltninga ikkje ressursar til. Grunneigarane meiner at den gode oppfølginga dei får frå innleigde fagfolk er motiverande samstundes som dei er tryggare på at deira innsats har effekt. Dei viktigaste tiltaka mot attgroing er styrt beitetrykk, fjerning av småbjørk, einer og frøspreidd sitkagran. I kystlynghei er styrt brenning òg eit sentralt skjøtselstiltak. Her er god kontakt med brannvesen viktig.

Samfunnssnytten av eit flott turområde er vurdert mot belastninga turgårarar har på eit område med sårbart, høgt og verdifult biologisk mangfald. Auken i trafikken av turgårarar har ført til stor slitasje på og langs turstiane. På fleire parti med svært gjørmete turstiar har turgårarar laga «nye» tråkk langs stien. Difor må eit omfattande vedlikehaldsarbeid på turstiane framover prioriteras.

Det er betre å sjå mulighetene for næringsutvikling i eksisterande lokale næringsliv framfor å etablera noko nytt. Røsslyngen beitelag består av 3 grunneigarar med skjøtselsavtale. Dei kombinerer landbruksdrift og skjøtsel med ei satsing på sal av eigne produkt direkte til kundar. Dei styrer sjølv prosessen frå slakt til sal av ymse kvalitetsprodukt frå deira utvalde område. I deira kundekrins ligg mellom anna lokalt reiseliv som til dømes Sjøberg Ferie og Hanasand gard & kafé.

Hanasand gard & kjøkken driv ein gard i tillegg til gardsutsal og gardskafé. Dei har ord på seg til å leve kvalitetsprodukt av høg standard. I 2014 blei dei som næringsutviklarar, med i satsinga på Utvalde kulturlandskap. Dei foredar eigenproduserte råvarer og råvarer frå lokale leverandørar som Røsslyngen beitelag.

Den lokale reiselivsbedrifta Sjøberg Ferie har mellom anna brukte lokale råvarer i sitt kjøkken for servering til overnattingsgjester og div selskap i mange år. Røsslyngen beitelag er blant deira leverandørar. I 2015 opna dei for eit betre samarbeid for å marknadsføre Utvalde kulturlandskap i deira restaurant. Vi meiner at vi på tross av mykje konkurranse om kundar er vi på ein god kurs til å kombinere skjøtsel, aktiv landbruksdrift med avsetning og sal av produkt og opplevelingar.

Eit av måla framover er å folk til å vitja Hanasand gard & kjøkken og/eller Sjøberg ferie når dei først har eller skal nyte seg av turstiane.

Grunneigarane er med på planlegginga av ein open bygdekveld om utvalde kulturlandskap. Dette finner stad i kommunens kulturhus i mars 2015. Dette er eit resultat av eit grunneigarmøtet i desember 2014 der Oscar Puschman presenterte resultatet av refotograferinga i dei utvalde områda. Grunneigarane fekk på dette møtet eit heilt nytt og positivt syn på deira historie, og korleis dei og deira forgjengarar faktisk har forma dette kulturlandskapet. Grunneigarane i lag med det lokale landbrukskontoret sjølv, teke ansvar for planlegging og marknadsføringa av denne bygdekvelden.

Endringar på tilsette i kommunal landbruksforvaltning kan forsinke planlagde prosjekt. Dette ligg til grunn for at etableringa av ein styringsgruppe endelig kom i hamn. Styringsgruppa leias av UKL-koordinator hjå Fylkesmannen og er samansett av 3 grunneigarar, 1 tilsett i kommunal landbrukskontor, 1 representant frå kulturminnemyndigheter, en lokal politikar og 1 frå miljøvernnavdelinga hjå fylkesmannen. Styringsgruppa skal mellom anna være med på å planlegge og sikre god framdrift i planlagde prosjekt, motivere til innsats og elles bidra til å få god kontinuitet i arbeidet som skal gjeras.

## Bruken av motsegn knytt til landbruk i saker etter plan- og bygningsloven

Fylkesmannen har i 2014 fremja motsegn knytt til landbruk i 14 saker etter plan- og bygningslova. Desse fordeler seg på 7 kommuneplanar, 1 kommunedelplan og 4 reguleringsplanar.

Når det gjeld kommuneplanane er ein løyst ved drøfting, to løyst ved mekling og fire planar er fortsatt i prosess. Kommunedelplanen det er fremja motsegn til gjeld E39 Ålgård-Hove i Sandnes og Gjesdal kommunar. Denne saka er sendt Kommunal- og Regionaldepartementet til avgjerd. For reguleringsplanane er ein løyst ved mekling, ei motsegn er tatt til følgje av kommunen, og to er fortsatt i prosess. Grunngjevingane for motsegnene er i hovudsak arealdisponeringar i strid med nasjonale og regionalt viktige jordverninteresser.

## 24.2 Samfunnssplanlegging

### Hovudtrekk i arealbruksutviklinga og aktivitet for å sikre at landbrukets arealinteresser i samfunnssplanlegginga

Delar av det som er rapportert under sentrale utviklingstrekk for jordvernet vil vere av interesse her/delvis overlappande.

Det er stor planaktivitet og utbyggingspress i Rogaland. Dialog og oppfølging av kommunane sitt arbeid med kommuneplanar, og deltaking i regionalt planarbeid er høgt prioritert. Aktiv deltaking og tidleg tydeleg formidling av nasjonale og regionale målsettingar for jordvern, kulturlandskap og den samla areal og ressursforvaltninga, har høg merksemd i arbeidet vårt.

Her følgjer ein oversikt over pågående overordna og regionalt planarbeid der representantar frå landbruksavdelinga deltok i 2014:

- Avslutning revisjon av Fylkesdelplan for langsigkt byutvikling på Jæren
- Revisjon av Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet
- Kommuneplan Sandnes medrekna arbeidet med langsigkt utviklingsretning Sandnes Øst,
- Kommunedelplan – Tverrforbindelse Ny Rv505 Jæren – E 39. Sandnes – Time – Klepp – Gjesdal kommune
- Kommunedelplan ny E 39 i Gjesdal og Sandnes, Ålgård – Hove
- Regionalanalplan for areal og transport i Ryfylke
- Regionalplan for massehandtering på Jæren

### Erfaringar i arbeidet med verneplaner, energisaker og konsekvensutredninger

Det har ikkje vore planarbeid knytt til større vernesaker eller energisaker med landbruksinteresser i Rogaland i 2014. Når det gjeld konsekvensutgreiingar i plansaker generelt ser vi ein tendens til at konsekvensane for landbruket ofte er mangelfult utgreia frå kommunen eller forslagstillars si side.

### Status i samordnings- og koordineringsarbeidet innanfor samfunnssikkerhet på landbruks- og matområdet

Landbruksdirektøren møter i Fylkesberedskapsrådet. Elles er tre medarbeidarar frå landbruksavdelinga med som ressurspersonar i Fylkesmannens kriseorganisasjon. Dersom det oppstår utbrot av plante- eller dyresjukdomar i eit område, blir fagpersonar hos Fylkesmannen raskt inviterte til møte i regi av Mattilsynet for oppdatering. Ellers er personar frå landbruksavdelinga med på alle kriseøvelser der landbruks- og matområdet blir berørt.

Karttema relevant for landbruk og beredskap er tilgjengelig i temakartportalen, og det er utarbeidd eit eige hendingeskort for «Dyrehelse» i Plan for Ekstraordinære situasjoner, kriseledelse og samordningsansvar.

I Regionalplan for landbruk i Rogaland er det og eit eige kapittel om beredskap. Her er det mellom anna fokus på at vurdering av risiko og handtering av dyre- og plantesjukdomar må inn i kommuneplanar.

## 24.3 Klimautfordringene

### Skogbruksplanlegging med miljøregistreringer og tilskot til miljøtiltak i skogbruket gjennom fagsystemet TSKOG

Skogbruksplanlegging og miljøtiltak i skog er rapportert gjennom Skog og landskap si nettbaserte rapporteringsløysing -TSKOG. Skogbruksplanlegginga følger hovudplan for skogbruksplanlegging i fylket frå 1999. Arbeidet med revisjon av hovudplan for skogbruksplanlegging har av ressursmessige årsaker heller ikkje blitt prioritert i 2014.

### Aktiviteten knytt til økt avverking, økt bruk av trevirke og satsing på bioenergi, samt gjør rede for status og utfordringer på området

#### Aktivitetar

Aktivitetar på dette feltet må også for 2014 sjåast i samanheng med anna arbeid på skogområdet. Arbeidet med å sikre tilplanting med kvalitetsskog etter hogst er såleis også eit godt klimatiltak. Fylkesmannen motiverer kommunane både skriftleg og ved møte og kurs for at kommunane i større grad skal vere med å sikre eit meir stabilt klima.

Fylkesmannen har medverka til ei viss koordinering av arbeidet for auka bruk av tre og bioenergi, men både kompetanse og særleg ressurstilgang set klare grenser. Det alt vesentlege av motiveringsarbeid, rettleiing og oppfølging av operative aktørar skjer difor gjennom prosjektretta utviklings- og tilretteleggingsarbeid.

Rogaland fylkeskommune har vedtatt strategi og handlingsplan for skogbasert bioenergi der både fylkeskommunen og Fylkesmannen har påtatt seg eit ansvar. Trass dette er det utfordrande å finna ressursar til denne type aktivitet. Prosjekt Tredrivar for Rogaland er eit godt eksempel på at der det brukast litt offentlege

ressursar, der blir det også utløyst ressursar i næringa; jf. Rogaland treforum.

## Tresatsing

Rogaland har få foredlingsbedrifter for skogsvirke. Det aller meste av tømmeret blir difor sendt uforedla ut av fylket. Og stadig meir blir eksportert. Det gjer at vi mister störstedelen av verdiskapinga som dette skogsvirket kunne gi. Og vi mister også delar av klimagevinsten ved bruk av kortreist trelast. Rogaland har nemleg ein stor tremekanisk industri (storleiksorden 1500 årsverk) og importerer difor store mengder trelast frå inn- og utland.

Fylkesmannen har for tida ikkje ressursar å setje inn i arbeidet for å auka tresatsinga i fylket, men vi er aktivt med i prosjektretta arbeid. Viktigast for tresatsinga er prosjekt Tredrivar i Rogaland, med engasjert tredrivar i cirka 30 % stilling. Prosjektet vil bli avslutta medio 2015.

Utvikling av nettverket Rogaland Treforum er ein vesentleg del av tredrivaren si oppgåve. Forumet arrangerer uformelle samlingar på ettermiddags- og kveldstid tre gonger i året. Arkitektar, ansvarlege for bygdesager, treindustri og byggmeistrar mfl. møter til fagforedrag og felles utfordringar. Dette har så langt fungert veldig bra, og interessa for bruk av tre synest aukande. I slike forum vil vi også kunna få i tale urbane utbyggjarar med tanke på bruk av tre. Det er i regi av Rogaland Treforum utvikla ein nettportal, byggitre.no, for å vidareutvikla nettverket.

Utfordringa er framleis å auka lokal foredling av tømmeret. Større del av innsatsen må setjast inn på dette feltet. Eit eksempel på slik satsing er Rogaland Massivtre AS som satsar på bygg innan landbruket. Mangel på bufferkapital gir lågare vekstakt enn forventa. Fylkesmannen vurderer det som lite sannsynleg at Rogaland Treforum vil makta å vidareføra den positive utviklinga utan tredrivar som medhjelpar.

## Bioenergi

Bioenergi i form av flis har framleis stor konkurranse i Rogaland. Dette gjeld kanskje spesielt energikjelder som olje, fossil gass og elektrisitet. Lite kompetanse og små ressursar til motivering og anna informasjonsarbeid er også ei medverkande årsak.

Fylkesmannen har gjennom ei årrekke initiert og vore med i ulike prosjekt knytt til produksjon og bruk av bioenergi. Prosjektet Bioenergi Rogaland starta september 2013, men måtte avsluttast våren 2014 grunna manglende finansiering. Prosjektet hadde som oppgåve å mobilisere både offentlege og private utbyggjarar for bruk av bioenergi. Trass i kort virketid fekk prosjektet kontakt med minst 15 private utbyggjarar og tre-fire kommunar. Det blei produsert fleire artiklar både i fagtidsskrift og i avisene. Fleire regionale fagdagar for landbruket og eit seminar i regi av Rogaland skognæringsforum med godt oppmøte viser at det er interesse for bioenergi.

Av offentlege er det frå før Eigersund og Hjelmeland kommunar og Rogaland fylkeskommune som har vist størst interesse for bioenergi. I det siste har Sandnes kommune, og til dels Karmøy kommune, meldt stor interesse. I Sandnes er det no dels under realisering og dels utgreiing heile seks prosjekt. To av desse er i samarbeid med fylkeskommunen. Det er også eit titals private prosjekt under utgreiing, og eit par er under utbygging.

Aktørane er klare på at det framleis er heilt avgjerande med ressursar til ei pådrivarrolle som kan driva proaktiv innsats både overfor private og offentlege utbyggjarar. Det lukkast likevel ikkje å finansiera ei vidareføring av bioenergisatsinga i 2014.

## **Hovudutfordringar**

- Storparten av tømmeret frå Rogaland går ut av fylket for vidareforedling. Det er ei utfordring for tresatsinga. Det reduserer interessa både for skogbruk og lokalt trevirke til byggjeri. Samstundes er det stor import til fylket av trelast. Dessutan står betongnæringa svært sterkt i Rogaland, og storparten av byggjeaktiviteten er urban. Prosjektretta innsats har likevel vist at interessa for bruk av tre til byggjeri kan stimulerast. Største utfordringa er for tida finansiering av proaktive pådrivarar som kan vidareføra satsinga.
- Bioenergi har stor konkurransen i energifylket Rogaland, med lett tilgang til olje, fossil gass og billeg konsesjonskraft. Ei svak skognæring slit framleis med å få praktisk gjennomslag for bruk av bioenergi trass i ambisiøse mål i regionale planar. Prosjektretta nettverksarbeid har vist at det kan skapast både interesse og gjerast lønnsame investeringar også i Rogaland. Største utfordringa er for tida finansiering av proaktive pådrivarar som kan vidareføra satsinga.
- Fellesnemnaren for desse utfordringane er altså manglende finansiering av ei vidareføring av nettverksbygging og pådrivarrollar. Dessverre vil dette også redusera effekten av det arbeidet som alt er lagt ned på dette området. Skognæringa sjølv er enno for svak til å kunna ta på seg eit finansielt ansvar for slik

felles innsats.

## Oppfølging av arbeidet med biogassanlegg

Fylkesmannen har delteke i møter med Biogass Rogaland, delteke i ei 2 dagars konferanse om biogass i Rogaland og sendt innspel i samband med høyringa av ny forskrift tilskot for levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg. Fylkesmannen følgjer med i utviklinga av biogassanlegg til IVAR.

Potensialet for biogassproduksjon basert på husdyrgjødsel er stort i Rogaland. Det er korte avstandar mellom husdyrbruk, stor tilgang på husdyrgjødsel, ein allereie etablert infrastruktur for distribusjon av gass, kunnskap og teknologi om biogass og ein klar interesse for å for å produsere biogass. Ein innsats for å styrke biogassen sin konkurranseskyld overfor andre energikjelder er det mange interesserte biogassaktørar i Rogaland venter på nå.

Planlegginga av det første gardsbaserte biogassanlegget i Rogaland er likevel i gang nå. Dette anlegget vil vere i drift i løpet av våren/sumaren 2015.

## Tiltak og virkemidlar over RMP med effekt på klimagassutslepp og ammoniakkutslepp, og om muleg også effekt av tiltaka

Rogaland hadde same tilskotsområde og krav til miljøvenleg gjødselspreiing i 2014 som i 2013. ved innføring av ordninga i RMP skjerpa vi inn krava til at gjødslingsutstyret må brukast ved alle gjødslingane med husdyrgjødsel på omsøkt areal. Effekten per dekar med dei nye reglane er klart større enn i pilotordninga der det var nok å bruke utstyret berre ein gong (vanlegvis på våren) og for å få tilskot. Tidspunkt for bruk av husdyrgjødsel i Rogaland er normalt vår, etter 1. slått og etter 2. slått.

I val av tilskotsområde er nedslagsfelt til sårbarer vassdrag prioritert. Sjølv om spreieteknikk først og fremst påverkar nitrogentapet, vil også effekten på fosfortap vere positiv. Gjødsla kjem raskare i kontakt med jord, og faren for overflateavrenning minskar. I ordninga er siste spreiefrist 1. august. Det er klart positivt for vassdraga. Totalt søker 227 føretak om tilskot til miljøvenleg gjødselspreiing. Utstyr til nedlegging/nedfelling er brukt på 53 823 dekar. På om lag halvparten av arealet blir det i tillegg brukt tilføringsslangar (27 220 dekar). 7 752 dekar er omsøkt tilskot til rask nedmolding.

## 24.4 Produksjon av miljøgoder og reduksjon av forurensninger

### Måloppnåelse for virkemidlane i regionalt miljøprogram.

Rogaland har ein relativt detaljert RMP. Vi meiner det gir høgare miljøeffekt per tilskotskrone. Oppslutninga omkring ordningane er relativt lik i 2014 som i 2013. Kulturlandskapsordningane utgjer hovuddelen av RMP (34 % av midlane). Vi har tilskot i avgrensa område som er valt ut frå omsyn til turisme og friluftsliv. Generelle ordningar er tilskot til bratt areal og ekstensive beitedyr. Tilskot til utegangarsau blei tatt bort i 2014.

Søknadsomfanget er relativt stabilt. Relativt høge tilskot i avgrensa område har klart effekt. Effekten av tilskot til bratt areal er vanskelegare å talfeste. Problema med attgroing og därleg vedlikehald er aukande, og då er det dei tungdrevne areala som først går ut. Vi meiner difor det er rett å kompensere driftsulempene i RMP.

Oppslutninga om ordningane under biologisk mangfold er aukande. Vi opplever t.d. god interesse for å ta i bruk kystlynghei, naturbeitemark og skjøtte stettingstre. Ordningane under biologisk mangfold og kulturminne gir eit positivt samspill med desse sektorane. Interessa for å få kartlagt miljøtilstanden og kulturminne aukar klart med desse tilskota. Ordningane bidreg også til å dempe konfliktnivået mellom omsyn til miljø og landbruk. Saman med miljøvernnavdelinga valte vi i fjar å gå på synfaring på areal omsøkt tilskot til fuglerike biotop og kystlynghei. Vårt inntrykk frå synfaringane er at skjøtselen er i tråd med intensjonen i regelverket vårt.

Vi ønskjer å bruke meir av midlane til tiltak mot avrenning. Rogaland har stadvis store utfordringar med vasskvaliteten. Eit av tiltaka er miljøavtaler. Vi har no 5 vassdrag der vi har desse frivillige avtalane.

Oppslutninga har vore god der grasproduksjonen er dominerande. Tidlegare gjødslingsregime i Rogaland var bruk av fosforhaldende mineralgjødsel i tillegg til husdyrgjødsel. Vi anslår at det her blei det tilført ca 4,7 kg fosfor/dekar. Avtalene sett tak på 3 kg P/dekar, og med 28 152 dekar med i avtalane gir det ein estimert reduksjon i tilført fosfor på 47,9 tonn. Avtalane gjer også at gjødsla blir brukt tidlegare i vekstsesongen. Det er klart positivt at gjødsel ikkje blir spreidd på hausten då det normalt er store nedbørsmengder. Prosjektgruppa for RMP blei i 2014 samde om å inkludere eit nyt område, Tverråna – eit sidevassdrag til Håelva med frå 2015.

Der problematikken i hovudsak er knytt til grønsaks/potet- dyrking ser vi at miljøavtalane får liten oppslutning. Vi arbeider her i tillegg med mindre erosjonsførebyggande tiltak finansiert via SMIL. Det er no fokus på lokale hydrotekniske tiltak som kan fange opp erosjon fra open åker.

## Hovedprioriteringar for bruk av SMIL-midlar i 2014

- Tiltak og skjøtsel i område med ekstra fokus etter naturmangfoldlova.
- Tiltak innan ureining og vassforskrifta.
- Tiltak for å fremja, ivareta, utvikle og synleggjere heilskapen i kulturlandskapet.
- Stimulere til samarbeid på tiltak på tvers av grunneigedomar.
- Sjå bruken av SMIL-midlar i samanheng med regionale målsettingar i RMP.

### Oversikt over tilgjengelege midlar og bruken av desse

Rogaland fekk i 2014 tildelt ei årsramme for SMIL på 10,5 millionar. Unytta SMIL-midlar overført frå 2013 var på 5,36 millionar. Inndratte midlar i 2014 på tiltak som ikkje vert realisert eller hadde utgått frist 1,88 millionar. Rogaland hadde då 17,75 millionar til disposisjon etter SMIL-ordninga i 2014. Løyvingane til SMIL-tiltak i 2014 fordelt på 233 søkjavar var på 16,47 millionar. Unytta midlar som blei overført til 2015 var på 1,28 millionar.

### Fordeling av løyvd SMIL-tilskot til tiltak (2011 til 2014) var slik:

	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>
Tal søkjavar	224	207	207	233
Kulturlandskap	9 197 000	9 419 000	9 496 000	12 711 000
Miljøtiltak (tidl IMT)	1 355 000	1 810 000	1 833 000	1 619 000
Planlegging	1 048 000	905 000	1 049 000	2 139 000
<b>Sum</b>	<b>11 570 000</b>	<b>12 134 000</b>	<b>12 338 000</b>	<b>16 470 000</b>

### Bruken av SMIL-midlane i 2014

Miljøverdiane i eit kulturlandskap og vilje til vedlikehald desse verdiane, skal vere utløysande for å få løyvd tilskot. Oppslutninga kring SMIL-ordninga i 2014 er den høgaste noensinne. 233 søkjavar fekk løyvd til saman 16,47 millionar, mot 12,33 millionar i 2013. Den høge aktiviteten skuldas i hovudsak auke i kostnadsnivå, større tiltak og mykje aktivitet på restaurering av bygningar. Det har vore mest aktivitet på kulturlandskap medan aktiviteten på ureining var lågare enn forventa.

SMIL-tilskotet til kulturlandskapstiltak: 12,71 millionar (77,2 %)

46,1 % til bygningar og kulturminnar. Vedlikehald av steingarder har fortsatt stor oppslutning på Jæren. Det var ekstra høg aktivitet på restaurering på freda og verneverdig bygg i 2014, - noko som kan skuldas utsiktane om at på restaurering av gamle bygg var foreslått tatt ut av SMIL-ordninga i 2015. Eit godt samarbeid mellom kulturminnemyndigheitar og forvaltning i Rogaland gjer at bygningar med høg samfunnsmessig kulturhistorisk verdi har blivne ivaretakne.

18,7 % til kulturlandskapstiltak. Fylkesmannen har stimulert til auka innsats for ivaretaking av kystlynghei, gamal kulturmark og biologisk mangfold etter naturmangfoldlova. Dette visas att i at SMIL-løyvingar til brenning og skjøtsel av kystlynghei no er spreidd over heile Rogaland. Mange har fått løyvd tilskot til inngjerding av kystlynghei og gamal kulturmark. Ein klar grense mot innmarka hindrar ei stegvis oppgjødsling av område med verdifult biologisk mangfold.

Kommunane er meir konsekvente på å handsama søknader etter føremålet med SMIL-ordninga og . det er ei klar reduksjon i sakar som er i grenseland av kva SMIL-forskrifta opnar for. Dei er mykje betre i å avslå søknadar tilskot til rydding av attgrodd innmark som berre har beiteverdi og som fell inn under "vanleg landbruksdrift".

11,8 % til tiltak på opplevelingar/ferdsel. Det etableras fortsatt nye turstiar i fylket og det er ein auke i kommunal satsing på turstiar i pressområdar. Fleire etablerte turstiar i pressområdar er så verdifulle for fleire samfunnsgrupper at det er motstand mot at areal kring turstiar blir omdisponert til utbygging. Turstiar langs

strandsonen er eit godt middel mot stor grad av privatisering av strandsonen. 5 kommunar fekk løyvd SMIL-midlar på til saman 125 gjerdeklyvarar i 2014. Desse blir etter søknad frå grunneigararar, sett ut langs etablerte turstiar på inn- og utmark. Auka trafikk av turgåarar frå fjern og nær er til direkte gunst for reiselivsnæringa samstundes som verdien av landbrukets innsats i kulturlandskap kjem klart fram.

SMIL-tilskot til miljøtiltak: 1,61 millionar (9,8 %)

12 nye reinseparkar ble etablert i Rogaland mot 14 i 2013. Vi så gjerne at fleire bønder i dei mest landbruksintensive områda i Rogaland nyttar seg av SMIL-midlar til bygging av reinseparkar for å redusere nærings- og partikkelavrenning frå landbruksareal. Iverksetjinga av handlingsplan for vassforvaltning gjorde at Fylkesmannen har oppmoda kommunane og landbruksnæringa til ein auka innsats på tiltak som reduserer avrenning av næring og jordpartiklar til vassdrag.

SMIL-tilskot til planlegging og tilrettelegging: 2,13 millionar (13 %)

Fleire kommunar har over fleire år bidrige til overordna planlegging og tilrettelegging av tiltak på tvers av grunneigedomar. Dei løyvde SMIL-midlane nyttast til oppsett av skjøtselsplanar, kart over turstiar, ferdsels- og informasjonstiltak, - og planlegging av reinseparkar.

I 2014 ble det til dømes løyvd SMIL-midlar til utarbeiding av ein ny plan for ureiningstiltak langs heile Stangelandsåna i Sandnes kommune. Dette gjer at vi kan vente fleire individuelle søknadar på ureiningstiltak i Sandnes kommune i 2015.

Kommunane vore med på å planleggja og leggja til rette for det heilsapelege nettverket av turstiar på tvers av grunneigedomar som no er å finna mange stader i Rogaland. Tiltak for å synleggjere kulturminnar, utsiktsrydding, oppsett av gjerdeklyvarar og at traseane vert lagt med omsyn til sårbare arter (flora og fauna) er blant positive tiltak som følger med etableringa av desse turstiane.

Fylkesmannen opplever ein relativt god kopling mellom SMIL og RMP

RMP verkar å vere utløysande for SMIL-tiltak, og omvendt. Krav til skjøtsel i RMP sørger for at turstiar på innmark (over 500 km) og utmark, og andre viktige element i kulturlandskapet vert ivaretakne og vedlikehalde. Gjennom tilskot til drift av kystlynghei i RMP opplever vi at mange motiveras til ein kontinuerlig innsats for å ivareta kystlyngheia.

Det er ein auka interesse for å søkja på SMIL-midlar til tiltak mot ureining på landbruksjord langs innsjøar og vassdrag i dei områda som er prioriterte nedslagsfeltet i RMP. Ordninga i RMP med tilskot til miljøvennlig spreiing av husdyrgjødsel og gjødslingsfrie randsoner er i 2015, utvida til å gjelde for fleire landbruksintensive områdar i Rogaland. Heile Vindafjord kommune ligg til dømes, frå 2015 av, i RMP-ordninga med tilskot til miljøvennlig spreiing av husdyrgjødsel og gjødslings-frie randsoner. Denne ordninga er også utvida til å gjelde for fleire landbruksintensive områdar i Rogaland. Vi ventar difor fleire søknadar på tiltak mot ureining gjennom SMIL-ordninga.

Fylkesmannen har søkt å rettleie og motivere kommunane på SMIL gjennom dialogmøtar, tilpassa administrasjonsverktøy, e-post, og telefon. Det er mange bønder som er positive til å gjere ein ekstra innsats på ureining og kulturlandskap i Rogaland. Med enda betre informasjon ut, god fagleg oppfølging og samarbeid med rådgivningsinstansar og god kontakt med faglag i landbruket kan forvaltninga sikre ein betre og meir målretta innsats etter formåla i SMIL-ordninga. Dette opnar også for at fleire vil søkja på RMP-midlar framover.

## SMIL i 2015

Ei styringsgruppe for SMIL-ordninga er etablert i Rogaland. Styringsgruppa skal i hovudsak bidra med innspel og idear til betre målretting og heilsakapleg bruk av SMIL-midlar, og vere eit bindeledd mellom forvaltninga, fagorganisasjonar og fagfolk i landbruket. Dette ligg til grunn for at styringsgruppa er satt saman av tilsette hjå Fylkesmannens landbruks- og miljøvernnavdeling, tilsette i kommunale landbrukskontor, Bondelag, Bonde- og småbrukarlag og Norsk Landbruksrådgiving.

Fylkesmannen vil kjøre 5 desentraliserte SMIL-samlingar for tilsette i kommunane våren 2015. Desse samlingane finner stad på Jæren, Nord-jæren, Dalane, Ryfylke og Nordfylket. Målet med desse samlingane er å informere og rettleie kommunane om endringar av SMIL-forskrifta, medverke til at kommunane i sine nye SMIL-strategiar prioritatar tiltak som har best effekt på miljø og å ta opp problemstillingar kommunane er opptekne av i samband med forvaltning av SMIL-ordninga.

## Tilstanden og utviklinga av biologisk mangfold og kulturminner i jordbruket og bruken av virkemidlar i

## forhold til målsetninga

Det som kjem inn under Regionalt miljøprogram er ikkje omtalt her. I Naturbasen (miljødirektoratet) ligg naturtilstand angitt på registrert dato. Basen er ikkje meint til å gi oversikt over årleg utvikling. Vi ser at det er ein del overlapp mellom jordbruksareal og ulike naturtema. Vi antar at fleire av områdeavgrensingane i Naturbasen er unøyaktige. Vi manglar difor verktøy for å gi ein eksakt omtale av årleg utvikling på dette området. Vi veit at i einskilde område i fylke er attgroing eit problem. For dei naturtypane som krev beiting og skjøtsel er utfordringa her å få interesse i næringa til å utnytte ekstensive område. Her er RMP- tilskota og utmarksbeitetilskotet i produksjonstilskot essensielt.

## Tilstand og utvikling for forureining frå landbruket i vassområder som er valt ut i første planperiode

Figgjovassdraget er valt ut som vassdrag i første planperiode etter vassdirektivet i vårt fylke. Vassdraget er i moderat tilstand. Situasjonen kring landbrukspåverknad er relativt uforandra frå 2013. I Regionalt miljøprogram kan landbruksføretak i nedslagsfeltet til Figgjovassdraget søkje tilskot til alle avrenningstiltak med unnatak av miljøavtalar som berre gjeld Skas Heigre (nedre del av Figgjovassdraget). Resultat frå vassprøvemålingane i Skas Heigre for 2014 er nettopp gjort kjend. Dei viser dei lågaste målingane for fosforinnhald ( $\mu\text{g/l}$ ) sidan målingane starta i 2004. Resultata på nitrogen ( $\text{mg/l}$ ) er ikkje like oppløftande. Det blir fortsatt brukt for mykje nitrogen. Dei gode prøveresultata har nok samanheng med den gode vekstsesongen i 2014. Nærmore forklaringsar på prøveresultata vil komme i årsrapporten til Jæren vannområde, og er per skrivande stund ikkje tilgjengelege.

## Status og behov for oppfølgingstiltak frå forvaltninga si side i miljøplanarbeidet.

Fylkesmannen i Rogaland hadde i 2013 ein omfattande kontroll av miljøplan. Vi såg at etter 10 år med miljøplan var det absolutt behov for å løfte fram temaet, og kontrollen blei følgd opp med ulike møte med landbruksrådgjevinga, møte med kommunane og artikkel i Bondevennen om gjødslingsplanlegging. Vårt inntrykk er at denne «runden» heilt klart har auka fokuset på gjødslingsplan. NLR Rogaland har etter dette gitt uttykk for at dei heilt er slutta med å lage fleirårige gjødslingsplanar som tidlegare var vanleg. Vi ser at med dei store mengdene med husdyrgjødsel som vi har i Rogaland er det nødvendig med ein plan som viser korleis denne blir fordelt mellom dei ulike teigane. God fordeling er viktig for å hindre oppbygging av fosfortal i jord som igjen kan vere uheldig for vasskvaliteten. Ei utfordring her er at normala i programmet Skifteplan ikkje er oppdaterte. I tillegg har mange opne lagerløysningar der tal kubikk gjødsel varierer med nedbøren. I ein kontrollsituasjon er det difor vanskeleg å bedømme om total kubikk gjødsel som er oppgitt fordelt i gjødselplanen stemmer med forventa produksjon av husdyrgjødsel.

Vi ser heilt klart behov for nye normalar når det gjeld både produksjon/dyr og næringsinnhald. I Danmark blir desse utgitt årleg, og vi ber om at det same blir gjort her. Forskrift om organisk har lenge vært under revisjon, og vi ber om at det snarleg kjem ei avklaring. Kommunane har i varierande grad kompetanse til å vurdere det faglege innhaldet i ein gjødslingsplan. Det er her nødvendig med gode rundskriv på tema, og oppfølging frå FM. Vi understreker også at det er viktig med god dialog med rådgivinga om kva forvaltninga vurderer som ”fagleg forsvarleg”. Forskrift om gjødslingsplanlegging er signalisert revidert. Vi ber her om at skiftenoteringar som skiftevis viser når det er gjødsla og kva det er gjødsla med (gjødslingsjournal) blir tatt inn som eit krav i forskrifta.

## Måloppnåing for tilskot til drenering

Rogaland fekk i 2014 tildelt ei årsramme på dreneringstilskot på 5,1 millionar. Unytta midlar overført frå 2013 var på 1,77 millionar. Rogaland hadde då 6,87 millionar til disposisjon for dreneringstiltak i 2014. Totalt 177 søkjrar fekk løyvd til saman 2,93 millionar til å drenere 2 470 dekar fulldyrka areal og 27 630 meter avskjæringsgrøftar/grøfter til punktdrenering. Da står det att 3,93 millionar som overførast til 2015.

Rogaland har ikkje oppnådd måla om å bruke opp løyvd dreneringstilskot for 2014. Satsinga på fagheftet «*Drenering, teori og praksis*» var meint å motivera bønder til en naudsynt innsats for å oppretthalde produktiviteten på landbruksjord framover. Fylkesmannen har informert om ordninga gjennom sine heimesida, fagtidskrift i landbruket, faglaga i landbruket, landbruksrådgiving og kommunale landbrukskontor. Til saman 94 (53 %) av dei 177 som fekk løyvd dreneringstilskot kom frå kommunane Hå, Bjerkreim, Vindafjord og Tysvær.

Hausten 2013 var det eit samarbeid med kulturminnemyndigheitene på korleis en kan handsame søknadar på drenering på ein rask og effektiv måte. Konklusjonen som òg blei formidla til kommunale landbrukskontor var at berre sakar med stor moglegheit for konflikt med automatisk freda kulturminnar skulle sendas inn til vurdering hjå kulturminnemyndighetene.

Landbruksnæringa har signalisert at kravet om at kulturminnemyndigheitene sin uttale i samband med søknadar på

drenering er hovudorsaka til at så få gardbrukarar søkte om drenerings-tilskot i 2014. Etter deira meinинг er det bortkasta at kulturminnemyndigheter skal uttale seg på ny, på fulldyrka jord som tidlegare har vært drenert. Dei ser ikkje hensikta med dette kravet når dei ved å drenere ny utan tilskot, «slepp unna» kravet om vurdering av kulturminnar. Mange bønder i heile Rogaland held difor i 2014 fram, med å drenere utan å søkja tilskot. Da kan dei utføra denne jobben etter eige ønskje og til den tida som eignar seg best for å utføre jobben..

Med omsyn på mål om auka matproduksjon der omsyn til klima og miljø blir ivaretake, er det viktig at gjødsla innmark jamt over, har ein god dreneringstilstand. Dette minskar behovet for sterk gjødsling, fører til generelt sett til dei gode prosessane i jord som gir minst utslepp av klimagassar og gir betre driftsforhold som er mindre avhengig av været. Fylkesmannen vil vidareføre satsinga på å motivera gardbrukarar til å syta for ein god dreneringstilstand i jorda, med eller utan dreneringstilskot.

#### **Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2014 etter søknadsomgang 2013 - kroner utbetalt til hovedområder**

Embeter	Kulturlandskap	Biologisk mangfold	Kulturmiljøer og kulturminner	Friluftsliv og tilgjengelighet	Avrenning til vassdrag og kyst	Utslipp til luft	Plantevernmidde	Andre miljøtiltak
FMRO	10875650	6029530	994750	4665525	3567398	5461854	0	0
<b>Sum</b>	<b>10875650</b>	<b>6029530</b>	<b>994750</b>	<b>4665525</b>	<b>3567398</b>	<b>5461854</b>		

## **24.5 Økologisk landbruk**

### **Status**

Tal økologisk godkjende gardsbruk har minka sidan 2010. Største utfordringa i Rogaland er å snu den negative trenden. Tal frå Debio viser at 50 verksemder hadde økologisk primærproduksjon i 2013 (54 i 2012) og 50 verksemder er godkjende for foredling/import og omsetnad (59 i 2012). I 2013 er 6 959 daa landbruksareal godkjent økologisk eller under karens (7 484 daa i 2012). Det er ein reduksjon av økologisk og karens areal på rund 7 % sidan 2012. Den same utviklinga ser vi for hele Norge: her gikk det økologiske og karensarealet tilbake om 6,4 % frå 2012 til 2013. Økologisk og karensareal samla ligg på 0,7 % av landbruksarealet i Rogaland, medan i Noreg totalt ligg det på 5,3 % av landbruksarealet. For meir detaljar viser vi til statistikkhefte frå Debio.

### **Marknadssituasjonen**

Forbrukarane har blitt meir bevisst på rene råvarer. Det har blitt en trend å kjøpte råvara rett frå bonden og lage mat frå botn. Det har blitt enklare å få tak i økologiske produkt i kjedebutikkane i de siste årene med unntak kjøt. Omsetnad av økologiske produkt på landsbasis har auka med hele 31,7 % frå 1 halvår 2013 til 1.halvår 2014, målt i verdi. Det føreliggjer ikkje egne tal for Rogaland. Den store veksten kan delvis men ikkje bare skyldas prisauke. Spesielt grønsaker, frukt og mjølk opplevde en sterk omsetnadsauke.

Etterspørselen etter økologiske norske produkt kunne i mange tilfella ikkje dekkes. Utviklinga på både økologisk areal og tall produsentar med økologisk drift har vore negative i fleire år på rekke i både Rogaland og Noreg, medan situasjonen i marknaden har vært omvendt. Aukande etterspørsel fører til meir import frå andre land.

Regionale aktørar er samd om at direkte sal frå garden har auka i 2014. Diverre er det ingen statistikk om kor mykje. Fleire og fleire økologiske garder har begynt å ta tilbake kjøtet frå slakteriet for så å selje det direkte til forbrukarane. Sosiale mediar speler en stor rolle for å spreie informasjon og marknadsføring av produkt. Dette gjelder kjøt spesielt, fylgt av grønt og egg.

Eitt i Rogaland nytt fenomen er andelslandbruk. Fylkesmannen har arrangert informasjonsmøte i samarbeid med Oikos med stor oppslutning. 2 garder i Rogaland kjem til å starte opp til våren med andelslandbruk. Det bekreftar trenden at forbrukar har blitt meir opptatt av kor maten kjem frå og av rene råvarer.

### **Foredlingsleddet**

Frå 1. januar 2014 blei tillegget for økologisk mjølk sett ned frå 75 til 65 øre per liter levert mjølk.

Sterk auke i kostnader for grovfôr og på andre sida redusert tillegg for økologisk mjølk gjer det økonomisk vanskelig å drive med økologisk mjølkeproduksjon. Tilbakemeldinga frå produsentar er at viss tillegget skulle bli enda mindre er det ikkje grunnlag for økologisk mjølkeproduksjon lenger.

Situasjonen i foredlingsleddet har vore uendra i Rogaland i fleire år: Tine inngår ikkje nye avtalar om levering. Nortura tek i mot berre om lag 40 % av bondens kjøtproduksjon som økologisk. Fatland AS tek i mot økologisk

kjøt, men er ikkje aktiv i marknadsføringa av produkta i Rogaland.

## **Midlar frå Fylkesmannen sine BU-midlar til økologiske prosjekt**

Overgang frå Handlingsplan for økologisk landbruk til BU-midlar gjekk utan store problem. Det føras tilbake til kommunikasjon til det økologiske miljøet om forandringane i forkant og godt samarbeid internt hos Fylkesmannen om prosjekta.

I 2014 fikk 6 prosjekt støtte av BU-midlar på totalt kr 515.000. Det utgjer 9,5 prosent av BU-midlane i Rogaland løyvd av Fylkesmannen. Eit prosjekt fikk avslag.

Det ble ikkje hold møte i referansegruppe for økologisk landbruk i 2014. Det skal holdas av møtet i 2015 for å halde fast i en møte- og utvekslingsarena for aktørane.

### **Tiltak**

De viktigaste tiltak gjennomført av Fylkesmannen i Rogaland dels i samarbeid med andre:

- Fag- og inspirasjonssamling for økologisk landbruk retta mot bønder, rådgiving og tilsette i landbruksforvaltning i Haugesund. 2 dagar, 36 deltakarar
- «Marked i Sentrum» i Stavanger, vi har samla 5 økologiske bodar 13.sept
- Informasjonsmøte om andelslandbruk i Stavanger, om lag 70 deltakara
- Tilknytingsprosjekt føregangsfylke om auka del økologisk mat i storhushald,

3 informasjonsmøter og 3 matkurs derav eit i samarbeid med Nofima. Oppretta samarbeid med 2 føregangsbarnehagar som kan ta imot rettleiingsoppdrag.

- Markdagar i samarbeid med føregangsfylka for jordliv og grønsaker

Viktige samarbeidspartnarar for nokon av arrangementa var Øko-økning på Nord-Jæren (vidareføring av Økoløft), Norsk Landbruksrådgiving og Oikos Rogaland og ikkje minst eit lite men dyktig produsentmiljø.

### **Rekruttering**

Utfordring med rekrutteringa er uendra. Det er ikkje forsvarleg å ráde til omlegging til økologisk mjølk- eller kjøtproduksjon så lenge foredlingsleddet ikkje inngår nye avtalar.

Låge økologisk tillegg på areal med grovförproduksjon, låg meirpris frå foredlingsleddet og butikk-kjeda og få bønder med erfaring frå økologiske driftsmetodar har vore og er framleis dei største flaskehalsene for auka omlegging til tradisjonell økologisk landbruk i Rogaland.

Men det kan sjåas en utvikling med noen nye produsentar som ser sin moglegheit i nisjeproduksjon. Det kan være økologisk andelslandbruk, grøn omsorg i kombinasjon med grønsaksdyrkning og direktesal på marknader og levering av kjøt på døra til forbrukarar.

## **Ressursrapportering**

### **Resultatområde Kapittel 0525 Fagdep.**

Oppgaver under LMD kr 13 733 535,50 kr 0,00

Sum: kr 13 733 535,00 kr 0,00

## **Kunnskapsdepartementet**

## **Resultatområde 31 Forvaltningsoppgaver - barnehagen og grunnopplæringen**

Rapportering følgjer nedanfor.

### 31.1 Tilsyn

FMRO har ført stadlege tilsyn i fem kommunar med hovudtema kommunen som barnehagemynde, delt i desse emna

- kommunen som barnehagemynde, barnehagelova § 8
- kommunen si godkjenning av barnehagar, barnehagelova § 10
- kommunen sitt tilsyn med barnehagane, barnehagelova § 16
- i ein av kommunane vart det i tillegg ført tilsyn med kommunen si forvaltning av retten til spesialpedagogisk hjelp, opplæringslova § 5-7.

Tilsyna er også i 2014 gjennomførte på bakgrunn av risiko og vesentlegvurdering og i samsvar med metodehandboka frå Udir. Vi har vald kommunar som har hatt lite barnehagefagleg kompetanse på kommunenivå og/eller som har hatt skifte av personale. Dette er også kommunar som ikkje har hatt tilsyn dei siste åra. Endelege val av tilsynsobjekt er gjort etter samordning med dei andre avdelingane i embetet, og det er også tatt eit visst omsyn til andre statlege tilsynsmynde.

I ein av kommunane er det ikkje gitt pålegg. Tilsynet konkluderer med at kommunen fyller rolla og oppgåvene som lokal barnehagemynde og har ei forståing av regelverket som er i samsvar med lovverket. Kommunen har gode rutinar for godkjenning av barnehagar og for å føre tilsyn med barnehagane.

I dei fire andre kommunane er det varsle pålegg på alle områda; kommunen som barnehagemynde, kommunen si godkjenning av barnehagane og kommunen sitt tilsyn med barnehagane. Det er totalt varsle 12 pålegg i dei endelege rapportane i desse tilsyna. Tilsyna er ikkje avslutta, alle kommunane har frist for tilbakemelding om retting av varsle lovbro i februar/mars 2015. Den eine kommunen har vanskar med å rette pålegga, og det er gitt utvida frist. Det blir gitt rettleiing frå Fylkesmannen.

I tilsynet etter opplæringslova § 5-7 er det også gitt varsel om pålegg; kommunen skal fatte vedtak om spesialpedagogisk hjelp i samsvar med reglane for sakshandsaming i opplæringslova kap. 5. Fylkesmannen konkluderer med at kommunen sine vedtak ikkje grunngir avvik frå sakkunnig vurdering, ikkje inneheld krav til kompetanse, individuelle mål for barnet og informasjon om innhald og organisering av tilbodet. Vidare at dei sakkunnige vurderingane i nokre tilfelle har for lang varigheit og er mangelfulle når det gjeld individuelle mål for barnet. Saksbehandlingstida er også i nokre tilfelle for lang etter krava i forvaltningslova.

I årsrapporten for 2013 var vår vurdering at det var ei positiv utvikling i kommunane si etterleving av regelverket på tilsynsområda det året. Vi viste til at kommunane i større grad oppfyller krava til å føre kontroll og tilsyn med barnehagane, og at dei også i større grad følgjer norma for pedagogisk bemanning og behandlar søknader om dispensasjoner i tråd med reglane. Når vi i 2014 har valt nye tilsynsområde, ser vi at varsle pålegg aukar kraftig. Vi ser at kommunane i for liten grad har ei forståing av rolla og oppgåvene som lokal barnehagemynde, og at nokre av kommunane ikkje har tilstrekkeleg barnehagefagleg kompetanse eller forvaltningskompetanse for oppgåveløysinga. Vi har vidare konkludert med at kommunane si lovforståing er mangefull også når det gjeld godkjenning av og tilsyn med barnehagane slik at rutinar og praksis ikkje sikrar at barnehagane driv i samsvar med regelverket.

Vi har i regelverksamling med kommunane hausten 2014 hatt ein gjennomgang av erfaringane frå tilsyna og innlegg frå rådgivarar frå Utdanningsdirektoratet om kommunen si rolle og sine oppgåver som lokal barnehagemynde. Vi vil følgje opp desse områda i rettleiing, samlingar og deltaking i nettverk med kommunane. Dette tema er også vidareført i tilsyna i 2015.

Vi har i 2014 meld inn eit eigeninitiert tilsyn med ein kommune etter § 18 i barnehagelova som gjaldt dispensasjon frå norma om pedagogisk bemanning. Dette var ei oppfølging etter kontroll av BASIL-rapporteringa per 15.12.2013. Tilsynet er ikkje gjennomført fordi praksis blei retta etter at vi hadde møte og rettleiing med kommunen.

Tilsyna med kommunane og fylkeskommunen etter opplæringslova med tilhøyrande forskrifter er gjennomførte i samsvar med aktivitetskrava for 2014, sjølv om det har vore vakansar knytte til fødselspermisjonar og eit par langvarige sjukmeldingar. Vår vurdering er at alle desse tilsyna er gjennomførte etter gjeldande metodehandbok og instruks, slik at tilsynsobjekta er sikra likebehandling og einsarta tilsynspraksis.

Val av tilsynsobjekt blir gjort med utgangspunkt i systematisk områdeovervaking og risikovurdering. Elles blir det endelege valet av tilsynsobjekt gjort etter samordning med dei andre avdelingane i embetet, og det er også tatt eit visst omsyn til andre statlege tilsynsmynde. Samla sett inneber dette at det ikkje alltid er råd å «få» dei

kommunane vi meiner har størst risiko på våre felt. Vi er likevel trygge på at utval av tilsynsobjekt er forsvarleg også dette året. Vår vurdering er at tilsynsverksemda i høg grad er basert på systematisk områdeovervaking og risikovurdering.

FMRO har i 2014 gjennomført det nye felles nasjonale tilsynet i tre kommunar. Kommunane var valde ut etter risikovurderinger med bakgrunn i resultat frå Elevundersøkinga og kjennskapen Fylkesmannen hadde til kommunane gjennom klagesaksbehandlinga knytt til standpunktakarakterar. I samband med tilsyna har tilsynskommunane fått tilbod om rettleiing på førehand, og andre kommunar har fått høve til å hospitere under tilsyna. Dette er ei ordning som har blitt svært godt mottatt i kommunane. Vi vil her også nemne at FMRO har vore bidragsytar på rettleiingssamling for private skular i regi av Utdanningsdirektoratet, hatt ei eiga rettleiingssamling for ein av dei private vidaregåande skulane i fylket, og rettleiingssamling for eit nettverk av indremisjonsforbundsskular på sørvestlandet.

FMRO har gjennomført eigeninitierte tilsyn i fleire kommunar. Kommunane var valde ut med bakgrunn i klagesaker og anna informasjon som gav FMRO grunn til å vere uroleg for om elevane sine rettar etter opplæringslova blei ivaretatt. I Stavanger var tilsynet knytt til vaksne sin rett til opplæring, i Klepp var det tilsyn med retten til å høyre til eiga elevgruppe etter målform, og i Finnøy gjennomførte FMRO tilsyn med skulane sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø. Inntrykket vårt er at kommunane og skulane ønskjer å rette dei påleggaa Fylkesmannen varsler og eventuelt gir, dei ønskjer å følgje lov og forskrift.

FMRO varsla i 2013 tilsyn med fylkeskommunen når det galldt spesialundervisning, kompetansekrav, ansvarsomfang og inntak. Sjølve tilsynet blei gjennomført i 2014. Tilsynet var krevjande, og det synte at fylkeskommunen har ein praksis på desse områda som ikkje er i samsvar med lov og forskrift. Fylkeskommunen klaga på to av påleggaa som Fylkesmannen gav, men Utdanningsdirektoratet gav ikkje fylkeskommunen medhald i klagen. Tilsynet er ikkje avslutta.

FMRO har i 2014 gjennomført eit hendingsbasert tilsyn med to kommunar si forvaltning knytt til ein fosterheimspllassert elev. Fylkesmannen såg gjennom tilsynet at regelverket er utfordrande for kommunane, både det å kjenne til regelverket og å «navigere» rett i forhold til det. Manglande kunnskap om og praktisering av regelverket kan få konsekvensar for sikringa av rettstryggleiken for fosterheimsplasserte elevar. Det burde vore gjennomført hendingsbasert tilsyn også ved eit par andre tilfelle knytt til opplæringssituasjonen for enkeltelevar, men det vart av kapasitetsmessige årsaker ikkje mogleg. I staden hadde vi møte med kommunen, der vi både fekk informasjon og gav rettleiing.

I dei fleste tilsyna knytt til opplæringslova har det vore tre medarbeidarar pr. tilsynslag, sjølv om det er ressurskrevjande. Men med høg turn-over i avdelinga er dette likevel blitt vurdert som nødvendig av omsyn til kompetanseutvikling på tilsynsfeltet. Vi har hatt særleg merksemd mot felles nasjonalt tilsyn, slik at vi skal kunne klare å nå målet om at minst 60% av kommunane skal få tilsyn her. Det er også ei sikring for å minimere risiko for at tilsyn ikkje skal bli gjennomførte, til dømes på grunn av sjukdom. Fylkesmannen meiner at vi samla sett har forsvarleg måloppnåing på resultatområdet sett i lys av ressursar, kompetanse, metodikk og andre relevante forhold i fylket.

## 31.2 Klagesaksbehandling

### 1. Klager etter opplæringslova

Det har vore ein liten nedgang i talet på klager i 2014 samanlikna med 2013. Hovudsakleg gjeld nedgangen klager på standpunktakarakter. På dei andre områda er det berre mindre endringar.

#### **Spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning**

Fylkesmannen behandla i 2014 9 klager som gjaldt spesialpedagogisk hjelp. 5 av desse kom frå Stavanger kommune. Klagene gjaldt mellom anna reduksjon i timane med spesialpedagog. På bakgrunn av klagane og nokre andre meldingar frå foreldre har vi varsle tilsyn med kommunen. Tilsynet blir gjennomført våren 2015.

Talet på klagesaker som gjeld spesialundervisning er det same som i 2013, d.v.s. 21 klager ferdig behandla i 2014. Sakane har stort sett blitt behandla innanfor eit tidsrom på 3-4 veker. Ved lengre tid til saksbehandling har

dette bakgrunn i innhenting av informasjon, blant anna for tilstrekkeleg utgreiing av saka ved PPT. I nokre saker er det eit problem at den totale tida til sakshandsaming (hos oss og i kommunane) blir for lang, slik at eleven/barnet ikkje får endeleg vedtak før langt ut i skuleåret/barnehageåret.

## Andre klager etter opplæringslova

Talet på klager på standpunktakarakterar i fag har halde seg jamt i perioden 2008-2012. Frå 2012 til 2013 har det vore ein liten nedgang, frå 137 til 122 klager, og i 2014 har det falle til 94. Tala for alle typar klager på standpunktakarakterar er innafor det som må reknast som normalt for fylket. I 67 % (61 % i 2013) av tilfella oppheva vi karakteren og sende saka tilbake til skolen for ny vurdering, medan 33 % av klagarane fekk avslag. Av dei som fekk medhald skuldast det manglande vurdering etter kompetanseområda eller vurderingskriteria i 60 % av tilfella, medan 16 % skuldast for smalt vurderingsgrunnlag og 6 % ikkje hadde individuell vurdering. I 18 % av sakene hadde skolen allereie gitt klagar medhald.

Fylkesmannen mottok i 2010 berre ei klagesak etter opplæringslova §9a-3. I 2011 mottok vi 7 klager på dette området, og i 2012 fekk vi 8 klager. I 2013 auka talet på klager markant til 21, medan talet fall til 13 i 2014. I tillegg til dei klagene vi har behandla har det vore ein auke i klager som er sende direkte til oss.

Vi vil spesielt nemne ei klage vi fekk etter § 9a-2. Denne tok lang tid å behandle grunna behov for meir opplysninger. Vi har samarbeidd med helsavdelinga vår og med arbeidstilsynet, og vi har vore på befaring på skolen. På befaringa stilte kommunen med representantar frå oppvekst, helse og eigedom, Fylkesmannen stilte med utdanningsavdeling og helseavdeling. Som observatørar på befaringa stilte klagarane med representantar frå FAU i tillegg til arbeidstilsynet. Klagarane fekk medhald, det er fatta nytt vedtak som er påklaga. Saka held altså fram i 2015.

Utanom desse områda er det flest klagesaker som gjeld skoleplassering og skoleskyss. På begge desse områda har det vore ein auke i klager frå 2013 til 2014. Når det gjeld klager på skoleskyss, er tala for 2014 dei same som for 2012.

I tillegg har Fylkesmannen i 2014 mottatt klager som gjeld mellom anna minoritetsspråklege elevar sin rett til særskilt språkopplæring, elevpermisjon, bortvising, inntak til eit 5. år i vidaregåande skole, voksenopplæring m.m.

Generelt ser Fylkesmannen at enkelte kommunar har behov for meir forvaltningskompetanse.

Det er ei prioritert oppgåve å behandle klagesakene på utdanningsfeltet så raskt som råd, sidan desse sakene mest alltid gjeld individuelle rettar. Det blir ofta sendt førebels forvaltningsmelding i saker der vi trur saksbehandlingstida kan ta meir enn 1 månad. Fylkesmannen har behandla alle klagesakene, bortsett frå 6, innan 3 månader. Dei sakene som har tatt lengre tid, skuldast i hovudsak behov for å innhente utfyllande opplysningar eller meir utgreiing.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid varierer frå omlag ei veke for standpunktakarklager til omlag ein månad for saker knytte til psykososialt miljø, spesialundervisning, skyss og skoleplassering. 6 av sakene har teke fleire månader grunna behov for meir informasjon eller utgreiing. Vi har vore i kontakt med klagarane undervegs.

Det som kanskje er like interessant, er tida den enkelte saksbehandlar bruker på kvar klage. Dette varierer frå 1-2 timer for standpunktaklager til eit snitt på om lag tre dagsverk i saker knytte til psykososialt miljø. I andre saker er snittet om lag 1 dagsverk pr sak.

I nokre tilfelle har klagar vend seg til Fylkesmannen på ny etter at skoleeigar ikkje har følgt opp vedtaket frå Fylkesmannen. Desse sakene gjeld spesialundervisning. Fylkesmannen er ikkje kjend med saker der vedtaket vårt ikke er følgt opp på annan måte, til dømes gjennom media.

Dei siste åra har nokre medarbeidarar slutta og nye medarbeidarar er tilsette. Det tar tid å utvikle kompetansen hos nye medarbeidarar. I tillegg har utdanningsdirektøren vore langtidssjukemeldt, noko som har gjort at ein har hatt mindre ressursar til disposisjon for klagebehandling. Vi meiner likevel at vi har klart å gjennomføre ei fagleg god saksbehandling av innkomne klagesaker i 2014. Saksbehandlingstida har også vore klart innafor det forsvarlege heile året, og sakene er i hovudsak behandla innan 3 månader. Vi vurderer såleis måloppninga vår på resultatområdet som god. Trass i sjukefråvær og stor utskifting av medarbeidarar dei siste åra har vi klart å oppretthalde rimelig god kompetanse i avdelinga.

## 2. Klager økonomisk likeverdig behandling

Saksbehandlingstida i saker om likeverdig behandling var i gjennomsnitt 5,5 månadar for dei 10 sakene vi fekk i 2013, og som vart ferdigbehandla i 2014. For dei 5 sakene vi fekk i 2014 var saksbehandlingstida 2,4 månader, dvs. under kravet på tre månadar. Nedgangen skuldast m.a. ei nedgang i klagesaker. Det har berre kome inn 2 nye saker hausten 2014.

Lang saksbehandlingstid skuldast både kompleksiteten i sakene og behov for innhenting av fleire opplysningar. Kommunane si saksbehandling er ved fleire høve svak i forhold til krava i forvaltningslova, m.a. kravet om at ei sak skal være så godt opplyst som mogleg. Lang saksbehandlingstid skuldast også at saksbehandlarar på området har hatt mange andre oppgåver.

Fylkesmannen har gjort vedtak i 15 saker om økonomisk likeverdig behandling i 2014, 10 av desse kom inn i 2013. Klagene fordeler seg på 6 kommunar. For resultat av sakene viser vi til tabellen. 2 av sakene som vi mottok i 2014, ligg over til behandling i 2015. Ein gjengangar i klagene var påstandar om for mange barn i forhold til godkjend leike-, og opphaldsareal, for lågt tal pedagogar i forhold til tal barn og ulovleg barnehagedrift etter andre reglar. Fylkesmannen har ikkje gitt klagar medhald ut frå desse klagetema, men vist til at dette ikkje er ein del av klagen etter forskrifter og forvaltningslova. Andre tema har m.a. vore feil i kostnadsgrunnlag, manglende dokumentasjon, feil i foreldrebetalning og kostpengar, brot på eigne retningsliner og utrekning av pensjon. Fokus har derfor vore sjølve tilskotsutrekninga.

Det er ein tydeleg nedgang i talet på klagesaker, spesielt på hausten 2014. Årsaka til nedgangen kan være at dei fleste moglege klagegrunner er forsøkt og avklart, og at tilskotet gradvis har auka og derfor i større grad dekkjer behovet til dei private barnehagane. Vi trur også at overgangen til to år gamle regneskap frå 2015 kan ha medverka til nedgangen fordi barnehagane ser ei løysing for tida framover.

### **Andre klager på barnehagefeltet**

Fylkesmannen har i 2014 ikkje mottatt andre klager innafor barnehagelova med forskrifter.

Saker om skyss og om spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder går fram av oversikta for grunnskulen.

### **Måloppnåing**

Det er som i 2013, hovudsakleg to tilsette som har behandla klagesakene om økonomisk likeverdig behandling, ein økonom/pedagog og ein jurist. Sakene er framleis krevjande både i forhold til tidsbruk og innhald og inneber mykje intern drøfting og i nokre høve avklaring med Utdanningsdirektoratet. Sakene har sterkt økonomisk og i mindre grad juridisk innhald, noko som gjer det ekstra utfordrande fordi utdanningsavdelinga hos fylkesmannen tradisjonelt ikkje er rusta med slik økonomisk kompetanse.

Fylkesmannen i Rogaland har ein representant i faggruppa i Utdanningsdirektoratet saman med andre fylkesmenn. Faggruppa har hatt to ordinære møte og eitt "spontanmøte" i 2014, og gruppa har vore særleg engasjert i samband med endringar i reglane. I tillegg til møtet i faggruppa er det etter avtale utveksla mange synspunkt via e-post, og Fylkesmennene sine representantar har trekt andre Fylkesmenn i sine regionar med i dette arbeidet.

Fylkesmannen har eit samarbeid innafor sin region (Sør Vest) på dette området. Det har vore to møte i gruppa for likeverdig behandling i dette samarbeidet. Fylkesmannen sin representant i faggruppa med direktoratet og i gruppa regionalt er den same, og den regionale gruppa har vore nytta aktivt for innspel til direktoratet. Hausten 2014 gjennomgikk Fylkesmannen sin representant dei nye reglane frå 2015 på samlingar for kommunane i Vest Agder, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Saksbehandlingstida er framleis for lang, men er grunngitt med kompleksiteten i sakene og det at vi i nokre tilfelle har valt å utgreie sakene utover dei spørsmåla som er reiste av klagar. Vi har hatt fokus på å få ned saksbehandlingstida, og for dei sakene som vi fekk i 2014 ligg saksbehandlingstida godt under direktoratet sitt krav. Nokre av kommunane har lang saksbehandlingstid av klagene hos seg sjølve, og dette fører til at saksbehandlingstida i nokre saker samla sett vert svært lang. Fylkesmannen er ikkje kjend med at kommunar ikkje har følgd opp dei vedtaka vi har gjort overfor barnehagen som har klagt, verken gjennom media eller på annan måte.

### **Merknad til tabellen**

Talet på klager som er registrerte ovanfor, er dei klagene vi har behandla. Tabellen viser ikkje dei klagene som er mottatt, men ikkje behandla. Vi mottok 7 klager etter forskrift om likeverdig behandling i 2014. 5 av desse vart behandla, 2 klager ligg over til behandling i 2015. 10 av sakene som vi fekk i 2013, vart behandla i 2014. I alt har

I 5 av dei 6 klagene i oversikta over under rubrikken «Medhold / delvis medhold» er sakene delvis ei oppheving av kommunen sitt vedtak og delvis medhald til klagar. Det er ikkje mogleg å få dette fram i tabellen, og det hadde vore ein fordel om rubrikkane var betre logisk oppdelte.

Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0	
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0	
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0	
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0	
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0	
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0	
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0	
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0	
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0	
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0	
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0	
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	1	0	0	
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	1	0	0	
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	1	0	0	
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	1	0	0	
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	1	0	0	
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	1	0	0	
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	1	0	0	
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	1	0	0	

Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	1	0	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	1	0	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	1	0	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	1	0	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	1	0	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	1	0	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	1	0	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0

Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	1	0	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	0	1
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	1	0	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	1	0	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	1	0	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	1	0	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	1	0	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0

Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0
Skyss, § 7-1	1	1	0	0	0
Skyss, § 7-1	1	1	0	0	0
Skyss, § 7-1	1	1	0	0	0
Skyss, § 7-1	1	1	0	0	0
Skyss, § 7-1	1	1	0	0	0
Skyss, § 7-1	1	1	0	0	0
Skyss, § 7-1	1	1	0	0	0
Skyss, § 7-1	1	1	0	0	0
Skyss, § 7-1	1	1	0	0	0
Skyss, § 7-1	1	1	0	0	0
Skyss, § 7-1	1	1	0	0	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	1	0	1	0
Skyss, § 7-1	1	1	0	0	0
Skyss, § 7-1	1	1	0	0	0
Skyss, § 7-1	1	1	0	0	0
Skyss, § 7-1	1	1	0	0	0
Skyss, § 7-1	1	1	0	0	0
Skyss, § 7-1	1	1	0	0	0
Skyss, § 7-1	1	1	0	0	0
Skyss, § 7-1	1	1	0	0	0
Skyss, § 7-1	1	0	1	0	0
Skyss, § 7-1	1	0	1	0	0
Skyss, § 7-1	1	0	0	1	0
Skoleplassering, § 8-1	1	0	1	0	0
Skoleplassering, § 8-1	1	0	1	0	0
Skoleplassering, § 8-1	1	0	1	0	0
Skoleplassering, § 8-1	1	0	1	0	0
Skoleplassering, § 8-1	1	0	1	0	0
Skoleplassering, § 8-1	1	0	1	0	0
Skoleplassering, § 8-1	1	0	1	0	0
Skoleplassering, § 8-1	1	0	1	0	0
Skoleplassering, § 8-1	1	0	1	0	0

Skoleplassering, § 8-1	1	0	1	0	0
Skoleplassering, § 8-1	1	0	1	0	0
Skoleplassering, § 8-1	1	1	0	0	0
Skoleplassering, § 8-1	1	1	0	0	0
Skoleplassering, § 8-1	1	1	0	0	0
Skoleplassering, § 8-1	1	0	0	0	1
Skoleplassering, § 8-1	1	0	0	0	1
Skoleplassering, § 8-1	1	0	0	0	1
Skoleplassering, § 8-1	1	0	0	0	1
Skoleplassering, § 8-1	1	0	0	0	1
Spesialundervisning, § 5-1	1	1	0	0	0
Spesialundervisning, § 5-1	1	1	0	0	0
Spesialundervisning, § 5-1	1	1	0	0	0
Spesialundervisning, § 5-1	1	1	0	0	0
Spesialundervisning, § 5-1	1	1	0	0	0
Spesialundervisning, § 5-1	1	1	0	0	0
Spesialundervisning, § 5-1	1	0	1	0	0
Spesialundervisning, § 5-1	1	0	1	0	0
Spesialundervisning, § 5-1	1	0	1	0	0
Spesialundervisning, § 5-1	1	0	0	1	0
Spesialundervisning, § 5-1	1	0	0	1	0
Spesialundervisning, § 5-1	1	0	0	1	0
Spesialundervisning, § 5-1	1	0	0	1	0
Særskilt					

**Arsrapport 2014 Fylkesmannen i Rogaland - Innhold:**

språkopplæring, § 2- 8	1	0	1	0	0
Særskilt språkopplæring, § 2- 8	1	0	0	0	1
Bortvisning, § 2-10	1	0	1	0	0
Lokalt gitt muntlig eksamen	1	0	1	0	0
Permisjon fra opplæringen, § 2-11	1	0	1	0	0
Grunnskoleopplæring for voksne, § 4A-1	1	0	1	0	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	1	0	0	0
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	1	1	0	0	0
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	2	1	0	1	0
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	1	1	0	0	0
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	1	1	0	0	0
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	1	0	1	0	0
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	1	0	1	0	0
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	1	0	0	0	0
Skyss, § 7-1	1	1	0	0	0
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	1	0	1	0	0
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	1	0	1	0	0
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	1	1	0	0	0
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	1	0	1	0	0
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	1	1	0	0	0
Skyss, § 7-1	0	0	0	0	0
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	1	1	0	0	0
Fysisk skolemiljø, § 9a-2	1	1	0	0	0
Sum	170	37	53	73	

Klage i videregående opplæring (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist	Kommentar
Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	1	0	1	0	0	
Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	1	0	1	0	0	
Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	1	0	1	0	0	
Videregående						

**Årsrapport 2014 Fylkesmannen i Rogaland - Innhold:**

opplæring for voksne, § 4A-3	1	0	1	0	0
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	1	0	1	0	0
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	1	0	1	0	0
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	1	0	1	0	0
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	1	0	1	0	0
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	1	0	1	0	0
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	1	0	1	0	0
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	1	0	1	0	0
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	1	0	1	0	0
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	1	0	1	0	0
Sum	11	0	11	0	

**Klage i private grunnskoler (privatskoleloven med forskrifter)**

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	1	0	0	1	0	
Spesialundervisning, § 3-6	1	1	0	0	0	
Spesialundervisning, § 3-6	1	0	1	0	0	
Spesialundervisning, § 3-6	1	0	0	1	0	
Sum	4	1	1	2		

**Klage i private videregående skoler (privatskoleloven med forskrifter)**

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Psykososialt skolemiljø, § 2-4, jf oppl § 9a-3	1	1	0	0	0	
Sum	1	1	0	0		

**Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)**

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	1	0	0	1	0	
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	1	1	0	0	0	
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	1	1	0	0	0	
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	1	0	0	1	0	
Tegnspråkopplæring, § 2-6 tredje ledd	1	0	0	1	0	
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	1	0	1	0	0	

Sum

6

2

1

3

Type Klage	Medhold/delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist	Sum
Barnehageloven § 10	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 16	0	0	0	0	0
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0	0	0
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd	6	9	0	0	15
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak fra utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0	0	0	0	0
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0	0	0	0	0
Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikke-kommunale barnehager § 6	0	0	0	0	0

### 31.3 Statistikk og kvalitetsvurdering

#### Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

Vi har følgt opp kommunar og private skolar med rettleiing og tildeling av passord i innsamlingsperioden.

Deretter har vi hatt ein omfattande revisjon av tala, der kvar skole er gjennomgått. Vi har undersøkt tal som har vore tilsynelatande urimelege, men i tillegg hatt særleg fokus på konsistent rapportering i spesialundervisninga, opplæringa for språklege minoritetar, timetalsfordelinga, og forholdet mellom timer til kontaktlærarfunksjonen og assistenter opp mot talet på kontaktlærarar og assistenter. Omlegginga av leksehjelp har ført til at nye skolar har rapportert (skolar med ungdomstrinn), dette har medført ein del feil. Denne omlegginga har også gjort det umogleg å kontrollere om større kommunar tilbyr elevane nok timer.

Revisjonsrunden førte til 215 tilbakemeldingar til skolane, mot 300 i fjor. Grundig revisjon av tala dei siste åra har truleg ført til høgre bevisstheit knytt til tala, og med det betre tal. Men den automatiske omrekninga frå årstimar til årsverk for assistenter er nok den viktigaste enkelt-årsaka. Reviderte tal er lagde inn i GSI. Utdanningsdirektoratet og SSB sine revisjonsrundar ga oss få punkt til oppfølging, noko vi tar som ei stadfesting på at vår revisjonsrunde var god.

Vi har medverka til vidareutvikling ved å samarbeide med Sørvestgruppa om utviklinga av GSI. Vi har sendt inn forslag og vurdert arbeidsgruppa sine forslag til endringar og forbeteringar. I innsamlingsperioden har vi fortløpande meldt inn feil og forslag til nye kontrollar. I fleire år har vi hatt ønske om at talet på 9A-3 vedtak skal samlast inn i GSI, men til vår og dei største kommunane sin frustrasjon, har vi ikkje fått gjennomslag for dette i år heller.

I 2014 hadde vi to samlingar med skoleeigarar der vi gjekk gjennom GSI-skjemaet, i tillegg til møte med alle kulturskolerektorane og alle rektorane i den største kommunen (Stavanger). Dei fleste kommunane og private skolar var representerte, og vi har fått gode tilbakemeldingar på samlingane. Vi vil halde fram med to samlingar for skoleeigarar og private skolar, men ønskjer også å stille opp for enkeltkommunar når dette er etterspurt og det er praktisk mogleg for oss. Trass samlingane har vi hatt stor pågang på telefon og e-post i innsamlingsperioden. Men vi ser at samlingane er særleg viktige for å informere om endringar i skjema. Dei siste åra er det etablert mange nye privatskolar i Rogaland. For dei fleste går rapporteringa greitt, utfordringane er for det meste knytte til internasjonale § 2-12 skular. GSI-skjema samsvarar i liten grad med skolane si verksemrd, og dei får ei rekke feilmeldingar og advarslar.

Utval av tala for Rogaland er presenterte på nettsidene våre, og lokalmedia har publisert delar av dette materialet. Tal og analysar frå GSI er nytta aktivt som grunnlag for tilsynsarbeidet og blir sett i samanheng med talmaterialet som er tilgjengelig i Skoleporten, KOSTRA og i andre informasjonskjelder. Analysar av GSI-tala ligg til grunn for utveljing av kommunar for tilsyn, val av skolar i tilsynet, samt i den kontinuerlege områdeovervakinga. Vi arbeider aktivt med å vurdere indikatorar og identifisere risikofaktorar. Vi har etablert eit GSI-nettverk i Sørvest, noko som bidrar til konsistent rapportering i fylka, og vi møtest årleg for å oppsummere og evaluere innsamlinga.

På oppmading frå Samfunnssavdelinga i embetet kontrollerer vi kommunar som har oppgitt ekstra klassar på grunn av språkdeling, og som Fylkesmannen bereknar skjønnstilskott for. Det har vore litt støy knytt til dette, då nokre kommunar søker om tilskott for fleire grupper enn dei som følgjer av Udir rundskriv 11-2005. Vi har etterspurt grunnlagsdokumentasjon frå skolar kontrollert mot GSI på dette området, og dette har utløyst tilsyn

med ein kommune i 2014.

Vi har følgd opp og hatt oversyn med dei private skolane si rapportering. Som i fjor brukte vi mye tid på purring på kommunane. Dei private skolane synest å ha betre rutine på denne rapporteringa enn kommunane. Dette er ein kontroll av fødselsnummer og bustadadresser, og vi finn det underleg at vi i skjema blir bedne om å godkjenne tala og bekrefte at data er korrekte. Dette er sjølv sagt ikkje noko Fylkesmannen har oversikt over.

Avdelinga har god statistikk-kompetanse, og det blir arbeidd mykje for å betre kvaliteten på GSI-tala og for å fremje bruken av tala internt i avdelinga og lokalt i kommunane. Kompetansen i kommunane er sårbar på dette feltet, og vi opplever at endringar i organisering og/eller bemanning gjer at rettleiingsoppgåva er krevjande for oss. Vi vurderer jamt nytten av å gjennomføre samling med kommunane opp mot behovet for rettleiing per tlf og e-post, men vi har valt å halde på årlege samlingar. Vi har hatt kontinuitet i kompetansen på dette området, noe som har gjort kvalitetssikringa meir effektiv og langt grundigare. Dette betrar og kvaliteten i informasjonsarbeidet og kontakten med kommunane.

Det er nytta om lag 50 dagsverk til arbeidet med GSI i 2014, noko som vi vurderer som tilstrekkeleg ressursinnsats. Vi meiner at ressursinnsatsen vår både er forsvarleg og effektiv, og at samla måloppnåing for resultatområdet er god.

## BASIL

### Årsmelding

Fylkesmannen har kontrollert og godkjend årsmeldingane per 15.12.2013. Med eitt unntak blei alle barnehagane godkjende innan fristen 14.02.2014, den siste blei godkjent 17.02.2014.

Fire saksbehandlarar har kontrollert årsmeldingane. Innrapporterte data er sett i forhold til årsmeldingane frå året før og i nokre tilfelle i forhold til vedtak om godkjenning etter barnehagelova. Men vår hovudkontroll baserer seg likevel på logiske bristar i rapporteringa. I dei fleste årsmeldingane som blei avviste, var det feil i årsmeldinga punkt 3 *Barnehagens organisering* og punkt 8 *Opplysningar om stillingar og personale*. Fylkesmannen har gitt fagleg rettleiing til både barnehagenivå og kommunenivå, særleg i forhold til utfylling av punkt 3 og 8. Vi sendte evaluering/inngespel av årsmeldingsskjemaet til Utdanningsdirektoratet i februar. Dei nye felta i årsmeldingsskjemaet er godt teknike i mot av kommunane, men har ført til ein del misforståingar. Dette gjeld særleg samanblanding av dispensasjon frå utdanningskrav og dispensasjon frå norm om bemanning. Det at mange kommunar ikkje har fanga opp dette i sin kontroll av årsmeldingane, er urovekkande og viser truleg at mange kommunar stoler vel mye på Fylkesmannen si kontroll.

Vi har deltatt på Utdanningsdirektoratet si samling om BASIL. I november arrangerte vi ei samling for dei BASIL-ansvarlege i kommunane, der vi gjekk gjennom årsmeldingsskjemaet per 15.12.14. Vi har framleis ein representant i fagguppa BASIL og har på denne måten medverka til vidareutvikling av BASIL. Vi har også ein representant i KOSTRA-barnehagar si arbeidsgruppe.

Vi har svært god kontinuitet og høg kompetanse på dette området. Det er brukt 30 dagsverk til dette arbeidet i 2014, og vi vurderer både ressursinnsatsen og måloppnåinga som god.

### Årsrekneskap

Frå og med 2014 blei innrapporteringa flytta frå våren til hausten. Kommunane hadde frist til å godkjenne skjema innan 10. oktober. Fylkesmannen sende påminning til kommunar som ikkje hadde starta arbeidet med å godkjenne den 6. oktober. Ved kontroll den 13. oktober hadde dei ikkje-kommunale barnehagane i 15 kommunar levert årsrekneskap som var godkjent på kommunenivå. Fylkesmannen purra på 4 kommunar der ikkje alle barnehagane hadde levert/kommunen ikkje hadde godkjent alle årsrekneskapa. Siste purring frå Fylkesmannen blei sendt 21.10.14. Innan utgangen av oktober månad var alle årsrekneskapa innrapporterte og godkjende av kommunen. Ein barnehage hadde rapportert samla for to organisasjonsnummer. Fylkesmannen orienterte SSB, som forkasta denne årsrekneskapen. Kommunen/barnehagen blei informerte. 7 kommunar hadde berre kommunale barnehagar.

I tillegg til purring har vi gitt rettleiing og svart på nokre spørsmål frå barnehagar og /eller kommunar. Nokre spørsmål blei avklara i kontakt med SSB.

Det er brukt 3 dagsverk til dette arbeidet i 2014, og vi reknar ressursinnsatsen vår som forsvarleg og samla måloppnåing for resultatområdet som god.

## Skoleporten og UBAS

Vi har gitt brukarstøtte og rettleiing per telefon og e-post. Ved publisering av resultat frå nasjonale prøvar og elevundersøkinga er det stor aktivitet i Skoleporten, og vi har i den perioden større pågang for rettleiing og informasjon.

Data frå Skoleporten, og frå datakjelder direkte, blir brukte systematisk i samband med tilsyn. Vi informerer også om slike data ved førespurnad frå media og andre som vil vite noko om skolemiljø og resultat.

Når nytt talmateriale ligg føre i Skoleporten, blir dette analysert og tatt inn i systemet for områdeovertakning. Analysane blir presenterte og gjort tilgjengelege for alle tilsette i avdelinga og aktuelle tema blir publiserte på nettsidene våre. I tillegg blir tala brukte til embetet sitt verktøy Kommunebilder, og blir på den måten gjort tilgjengelege for embetsleiing og andre tilsette som har kontakt med kommunane.

Vi har deltatt på UDIR si samling om Skoleporten. Det kjem ikkje mange spørsmål om rettleiing til Skoleporten og om utarbeiding av tilstandsrapporten. Inntrykket vårt er at kommunane jamt over brukar både informasjon frå Skoleporten og direkte frå GSI og andre statistikkbasar i arbeidet med tilstandsvurderinga.

Vi har fått mange spørsmål knytte til UBAS og brukartilgang. Når det er skolar som ringer, bruker vi å vise til kommunen. Det fører oftast til at kommunen ringer for å be om hjelp. Vi er fleire som kjenner UBAS godt, og er godt rusta til å ta i mot telefonane som kjem når BASIL frå 2015 og skal administrerast via UBAS.

Vi har ikkje hatt samling for kommunane i bruk av tilgjengelege statistikkverktøy, fordi vi ønskte å ta dette saman med presentasjon av den nye Statistikkportalen. Då lanseringa blei utsett, valde vi å vente med samling. Vårt inntrykk er at det er minst kompetanse i dei mindre kommunane, samtidig som fleire av dei heller ikkje er interesserte i ei samling. På grunn av høgt sjukefråver dette året har vi heller ikkje hatt kapasitet til å følge opp skoleeigarane sin bruk av Skoleporten i lokalt kvalitetsvurderingsarbeid. Alle resultatkrava er såleis ikkje innfridde.

Oppgåvene er løyste kompetent og effektivt, men på grunn av høgt sjukefråver vart det ikkje råd å innfri alle resultatmåla. Vi melder derfor avvik på dette resultatområdet.

## 31.4 Informasjon, veiledning og kunnskapsinnhenting

### BARNEHAGE

Fylkesmannen skal informere og rettleie lokal barnehagemyne, barnehageeigar og aktuelle målgrupper om innhald, prinsipp og nasjonale mål på barnehageområdet. Informasjons- og rettleiingsoppdraget er delt mellom planlagde tiltak og førespurnader utanfrå. Fylkesmannen har i 2014 hatt jamlege møte med kommunane som barnehagemynde og arrangert regelverksamling for kommunale barnehageeigarar. Fylkesmannen brukar nettsidene aktivt til å spreie informasjon og gi rettleiing. Førespurnader per telefon og epost blir prioriterte for å medverke til at regelverket blir kjend og følgd. Det kjem spørsmål frå så vel foreldregruppa som frå kommunane, og det har også i 2014 vore mykke kontakt direkte frå foreldra.

Fylkesmannen har hatt særleg fokus på informasjon og rettleiing om kommunen sitt ansvar som barnehagemynde. God informasjon og dialog mellom kommunane som barnehagemynde og dei ikkje-kommunale barnehageeigarane er etter Fylkesmannen si meining vesentleg for å sikre god implementering av regelverket.

### Nettverk

I Rogaland samarbeider kommunane i tre nettverk på barnehageområdet. Fylkesmannen deltar i alle halvdagsmøte i kvart nettverk, og desse møta i nettverka er, i tillegg til informasjon via nettside, på epost og telefon, vår viktigaste kontaktarena. Her informerer vi om nasjonale prioriteringar og om regelverket. Møta har "låg terskel" for å ta opp saker og emne begge vegar, kommunane får rettleiing på eit tidleg stadium i forhold til utfordringar dei jobbar med og i høve til regelverket. Samstundes blir Fylkesmannen jamt oppdatert om utfordringar og status på barnehageområdet.

Det er Fylkesmannen si oppfatning at nettverka er ein sentral arena for kontakt og samhandling både med kommunane og mellom kommunane. Mange av kommunane i Rogaland er små, og det har også i år vore stor utskifting av barnehagefagleg ansvarlege. Nokre av dei barnehagefagleg ansvarlege har dessutan mangefull systemkompetanse, og nokre kommunar har ikkje barnehagefagleg kompetanse i kommunaleddet i det heile. Den

hyppige møtefrekvensen gjer at Fylkesmannen kan komme tidleg inn med informasjon og rettleiing.

Fylkesmannen har også gitt tilbod om spesiell rettleiing og oppfølging til kommunar som har hatt store utfordringar i forhold til barnehagefaglege saker.

Når det gjeld informasjon og rettleiing knytt til barn med særskilte behov, har Fylkesmannen deltatt i kommunane sitt nettverk for styrka barnehagetilbod. Nettverket har møte 3-4 gonger i året. Her drøftar ein dei formelle sidene ved tildeling av spesialpedagogisk hjelp. Kommunane har ansvar for agendaen, og Fylkesmannen bidrar med innlegg, generell informasjon og tolking/svar på juridiske spørsmål. Elles nemner vi at embeta i Sørvest har eit eige nettverk på barnehageområdet. På møtet i februar var temaet Embetsoppdraget og Høyringskonferanse for forslag til rammeplan. Nettverket møtest fysisk ein gong årleg, men medarbeidarane i embeta brukar kvarandre også til uformell kontakt og samarbeid undervegs i året.

## **Økonomisk likeverdig behandling**

Det har vore spørsmål frå kommunane om reglane for tilskot til private barnehagar jamt gjennom året. Dei fleste spørsmåla gjaldt reglane til og med 2014. Det er også aukande kontakt med dei andre Fylkesmennene, særleg innafor samarbeidet i Sørvest. Det har vore to møte i samarbeidet i Sørvest i 2014. Tema har vore både klagesaker, rettleiing og tilsyn utanom status i arbeidet med nye forskrifter. Gjennom samarbeidet nyttar vi i større grad kvarandre sin kompetanse både i rettleiing og klagesaksbehandling, og har nytte av at vi har ein representant i faggruppa med Utdanningsdirektoratet. Vi er einige i regionen om at overgangen frå budsjett til rekneskap som grunnlag for tilskott blir ei forenkling.

## **Samlingar**

I oktober hadde Fylkesmannen ei samling for barnehagefagleg ansvarlege ein heil dag med desse emna: Kommunen som barnehagemynde, myndighetsrolla og lovkrav. To kommunar la fram sine erfaringar med tilsyn, og Yngvild Fløgstad og Tone Ørbom frå Utanningsdirektoratet hadde ein gjennomgang av innhaldet i rolla som barnehagemynde og kommunen si rolle knytt til §§ 8, 10 og 16 i barnehagelova.

Den årlege barnehagekonferansen, som Fylkesmannen arrangerer i samarbeid med Universitetet i Stavanger og Utdanningsforbundet, hadde i 2014 fokus på "Vennskap". Konferansen er godt etablert i fagmiljøet og er særskilt godt besøkt. Tilbakemelding frå deltakarane viser at dei er svært godt nøgde med konferansen, og at dei ønsker fleire samlingar med liknande tema. Det var nærmare 400 deltakarar på konferansen 13. mai på Universitetet i Stavanger.

I november 2014 hadde vi felles samling for om lag 30 deltakarar frå kommunane og 20 deltakarar frå dei private barnehagane. Tema var økonomiforskrifta for dei private barnehagane frå 1.1.2013 og dei nye reglane om tilskot frå 1.1.2015. Det var mykje god tilbakemelding på samlinga. Vi vart spurta om å bidra på tilsvarande samlingar arrangerte av Fylkesmannen i Hordaland, Vest Agder og Sogn og Fjordane i november - desember. På dei fleste samlingane var det gode tilbakemeldingar på gjennomgang av tema og den forenklinga som dei nye reglane for tilskot frå 1.1.2015 inneber.

Vi viser elles til rapporteringa på resultatområde 32.2 "Kompetanseutvikling og rekruttering".

## **Måloppnåing**

Fylkesmannen meiner at måloppnåinga på dette området har vore god. Embetet har brukt mykje ressursar på dei kommunale nettverka som fungerer godt, og vi ser aktiv deltaking i nettverka som ein tenleg arbeidsmåte for å formidle informasjon og rettleiing.

Kontakten med direktoratet gjennom faggruppa for likeverdig behandling og tilsvarande kontakt mellom embeta i Sørvest, gir godt grunnlag for korrekt rettleiing til kommunane. Bruk av nettsidene har også i år vore prioritert, og utdanningsavdelinga er mellom dei mest aktive i å publisere artiklar på nettsida.

## **GRUNNOPPLÆRINGA**

Informasjons- og rettleiingsoppdraget utgjer ein stor del av det daglege arbeidet for medarbeidarane i avdelinga. Arbeidet med dette er todelt, og skjer dels som rettleiing via e-post og telefon som svar på spørsmål frå sektor og privatpersonar, og dels ved at vi arrangerer ei rekke samlingar for ulike grupper innafor utdanningsfeltet. Talet på førespurnader på epost og telefon om regelverk og lovforståing frå enkeltpersonar, er høgt. Det er stort spenn i behova til dei som vender seg til oss, frå ønskje om rettleiing og opplysningar i enkeltsaker, til informasjon om

regelverk og råd i kompliserte saker som krev arbeid over tid. Vi opplever at representantar frå kommunar og skoleleiarar er svært opne, og at dei har tillit til at vi ønskjer å bidra med hjelp til å løyse saker som av og til er særleg vanskelege og alvorlege.

## **Samlingar og arrangement**

På bakgrunn av embetsoppdrag og funn frå områdeovertakning og tilsyn, arrangerer vi regelverksamlingar på utvalde lovområde. Vi blir også ofte bedne om å delta på samlingar i regi av kommunar og av andre statlege etatar.

Kvar haust arrangerer avdelinga ein utdanningskonferanse, dei siste åra saman med KS for å auke deltakinga frå kommunalpolitisk nivå. Dette siste har til no ikkje gitt særleg resultat. Hovudtema for konferansane blir drøfta med skoleeigarane, og temaet for konferansen i 2014 var "Framtidas skole", med undertittelen "Vil vi bygge borgarar eller brukarar?". Konferansen hadde om lag 220 deltakarar, og tilbakemeldingane var svært positive.

Avdelinga har som tidlegare, arrangert samlingar for skoleeigarar, rektorar og andre med ansvar for eksamen og elevvurdering både nord og sør i fylket. Samla deltok omlag 150. Ein stor del av desse samlingane er vigde regelverket om vurdering og konkrete eksempel på korleis god vurderingspraksis kan implementerast i skolekvardagen. Informasjon om sentralt og lokalt gitt eksamen i grunnskolen og bruk av PAS og informasjon om PAS 2 har også vore tema her. I 2014 deltok også representantar frå Utdanningsdirektoratet for å formidle korleis prøver utvikla nasjonalt kan brukast for å tilpasse undervisninga.

På vurderingsfeltet har vi arrangert ei samling om lokalt læreplanarbeid på vegne av Udir, med særleg vekt på læreplanlogikk og endringar i nasjonale prøver. Her deltok vel 200.

I samband med felles nasjonalt tilsyn 2014-17 har vi gjennomført tre større informasjonsdagar med tilsynskommunane og kringliggende kommunar som er gitt høve til å hospitere. Desse samlingane har hatt god oppslutning frå skoleeigar og -leiarnivå, og har blitt svært godt mottatt i kommunane. Vi vil her også nemne at FMRO har vore bidragsytar på rettleiingssamling for private skular i regi av Utdanningsdirektoratet, hatt ei eiga rettleiingssamling for ein av dei private vidaregåande skulane i fylket, og rettleiingssamling for eit nettverk av indremisjons forbundsskulane på sørvestlandet.

Som nemnt under 31.6, har vi i samband med satsinga "Sjumils-steget", arrangert ei større samling for politikarar og ulike grupper som arbeider med barn og deira rettar. Her deltok omlag 200. Vi har også i samarbeid med helse- og sosialavdelinga hatt faste samlingar for koordinatorane i deltagarkommunane.

Etterutdanningskurs for norsklærarar og grunnskolelærarar for vaksne vart gjennomført 24.9.2014 i Stavanger med i alt 260 deltakarar. Av desse var 165 norsklærarar, 36 grunnskulelærarar for vaksne, 34 lærarar som underviste for begge gruppene og 25 leiarar og andre. Det var ny deltarrekord, og tilbakemeldingane på tema var til dels svært gode. Den gode deltakinga kan skuldast samarbeidet mellom Fylkesmannen og representantar frå vaksenopplæringa når det gjeld utval av tema og forelesarar. Lærarane får i større grad enn tidlegare dei emna dei treng og ønskjer.

Tildelinga frå Vox har i fleire år vore for lita til å dekkje utgiftene med etterutdanningskurs over to dagar, og for høg til berre eindagskurs. Tidlegare år vart dette nokre gonger løyst med at einingane betalte ein eigendel for sine lærarar. Som i 2013 vart tildelinga frå Vox til norsklærarar og grunnskulelærarar sett i samanheng. I 2014 var det ei endring i opplæringa for norsklærarane, og det var derfor usikkert korleis dette ville slå ut økonomisk. Det viste seg på hausten at vi fekk pengar igjen. Etter avtale med Vox vart desse midla nytta til mellom anna til to andre kurs arrangert dette året som var relevante både for norsklærararar og grunnskolelærarar. Arrangør var vaksenopplæringseiningane som fekk midlar til å dekke utgiftene til kursa. Vi har elles løpende samarbeid med Vaksenopplæringsforbundet, fylkeskommunen og andre aktørar på vaksenopplæringsfeltet, og vi arrangerte ei samling for desse med omlag 40 deltakarar i forkant av etterutdanningskurset. Vi har gjennom fleire år også samarbeidd om ein vaksenopplæringskonferanse, men i 2014 var påmeldinga så dårleg at konferansen vart avlyst.

Før jul gjennomførte vi ein fagdag om rett til eit godt psykososialt miljø og arbeid med dette på eigen skole for 12 utvalde kommunar som har hatt særleg høge mobbetal over tid (inkludert kommunen som fekk tilbod om særskilt rettleiing frå Utdanningsdirektoratet sitt korps), sjå også 32.2.

Ein annan viktig arena når det gjeld å informere og rettleie om regelverk og lovforståing, er samlingar der vi blir inviterte til å ha innlegg. Dette har i 2014 særleg vore på vurderingsfeltet i tillegg til spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Elles nemner vi at vi i dei fleste samlingane i avdelinga sin regi, også tar føre oss relevante forvaltningsrettslege reglar.

I verksamdsplanen vår for 2014 hadde vi planlagt fleire regelverksamlingar, m.a. om generell forvaltningsrett, om bruk av alternativ opplæringsarenaer og om val av målform i grunnskolen. På grunn av høgt sjukefråver i store delar av året vart det nødvendig å prioritere hardt, og det vart såleis ikkje råd å gjennomføre alle planlagde samlingar. Det var også planen å ha ei ny samling om nasjonale prøvar hausten 2014, men læreplansamlinga nemnt ovanfor dekte også ny informasjon om nasjonale prøvar, så dermed let vi eiga samling gå ut. Også ei eiga samling for private skolar var planlagt, men vart av kapasitetsmessige årsaker ikkje gjennomført.

Så tar vi med at mange kommunar har tatt opp utfordringar knytte til nærskoleretten etter § 8-1 i opplæringslova fordi dei ønskjer større rom for å utnytte ledig skolekapasitet enn det opplæringslova gir hove til i dag. I løpet av dei siste to-tre åra har vi hatt møte med fleire kommunar om dette for å gi rettleiing om lovforståinga. Vi har også tatt opp dette med Utdanningsdirektoratet i styringsmøtet hausten 2014. Her peika vi også på at det er behov for å sjå på regelverket knytt til opplæring for barn i barnevernet og i institusjonar etter helselovsgivinga.

## Deltaking i nettverk

Fylkesmannen møter fast i Skoleigarforum og i Skoleeigarforum sitt arbeidsutval saman med ein representant for KS Rogaland. I tillegg har utdanningsdirektøren månadlege møte med KS sin ansvarlege på barnehage og utdanningsområdet. Utdanningsdirektøren deltar også i ei arbeidsgruppe knytt til rettleiing for nyutdanna saman med m.a. UiS, HSH, kommunane, fylkeskommunen, Utdanningsforbundet og KS.

Ein av medarbeidarane i avdelinga er med i Fagleg råd for vaksenopplæring saman med representantar frå fylkeskommunen og ulike kurstilbydarar, i tillegg til å vere med i Fagnettverk for grunnskoleopplæring for vaksne.

Fylkesmannen prioriterer sjølv sagt deltaking i GNISTpartnarskapen, dette er nærmere omtalt under resultatområde 32.2. Også denne arenaen blir tidvis brukt til informasjon og rettleiing.

Så nemner vi sørvestnettverka, eit avtalebasert samarbeid mellom dei fem embeta i sørvest. Her har vi etablert eigne nettverk i tillegg til at direktørane møtest fast, dei ulike nettverka møtest til vanleg ein gong årleg med ein medarbeidar frå kvart embete:

- Faste nettverk på barnehageområdet: Tilsyn/klagebehandling, kvalitet og kompetanse, økonomisk likeverdig behandling
- Faste nettverk på skoleområdet: GSI, elevvurdering, spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning, kapittel 9A
- Introduksjonslova

Vi har dessutan valt å halde fram med halvårlege kontaktmøte med lærarorganisasjonane for gjensidig informasjon, men av kapasitetsmessige årsaker vart det ikkje gjennomført møte i 2014.

## Internasjonalisering

Fylkesmannen arrangerte søkjarseminar til Ersamus+ 18. november i samarbeid med SIU og Rogaland Fylkeskommune.

## Dronning Sonjas skolepris

Fylkesmannen har informert om prisen, og vi kontakta også dette året nokre skolar og oppmoda dei om å søkje, men dei valde å avstå. Vi har ikkje hatt nominasjonar frå Rogaland dei tre siste åra, og vi har meldt tilbake til UDIR kvifor denne nominajonsprosessen er vanskeleg og kva som ev. kan gjerast.

## Informasjon på nettet

Alle skolefagleg- og barnehagefagleg ansvarlege og rektorane i private skolar abонnerer på nyheiter frå nettstaden vår. Fylkesmannen tar i større og større grad i bruk heimesida vår for å informere om innhald, mål og prinsipp i den nasjonale utdanningspolitikken. Vi har rutinar for kva som SKAL publiseras på nett, m.a. informasjon om statlege strategiar og satsingar, nasjonale føringar, regelverk og lovtolkingar. I tillegg publiserer vi infoartiklar om diverse emne. Vi legg vinn på å skrive eit klart, enkelt og godt språk i artiklane våre slik at informasjon frå oss er tydeleg, målretta og effektiv. Fylkesmannen har ei eiga side på Facebook. Her har innbyggjarane hove til å melde direkte tilbake til oss om korleis nasjonalt regelverk og satsingar blir oppfatta, og vi i avdelinga nyttar denne informasjonskanalen for å kommunisere med publikum og informere om regelverk og aktuelle saker.

Vi har utarbeidd informasjonshefte om reviderte reglar knytte til eksamen og klagebehandling på standpunktcharakter, med eiga utgåve for minoritetsspråklege ("Til deg på 10. trinn"), og eit hefte om saksbehandling for klager på standpunktcharakterar retta mot skoleleiarar og lærarar.

Vi har for tida ingen elevar med samisk som førstespråk i Rogaland, men på førespurnad rettleier og informerer saksbehandlarane i avdelinga både skolar, føresette og elevar om rettane som gjeld opplæring i og på samisk i grunnopplæringa. Elevane som får opplæring i samisk, får denne via fjernundervisning. Vi kontaktar skoleeigarar som rapporterer om samiske elevar i GSI. Desse får tilsendt søknadsskjema om opplæring i og på samisk, og blir informerte om elevane sine rettar og regelverket elles. Vi formidlar kontakt med embetet i Finnmark som har særleg kompetanse på dette området.

Vi informerer jamleg om nettressursane som følgjer *Betre læringsmiljø*, og om satsinga *Vurdering for læring*.

I tillegg informerer vi jamleg om retningslinjer for NKVS og dei verktøya som er tilgjengelege, og korleis dei kan nyttast til forbetring av kvalitet.

Vi har mange faste abonnementar og mange treff på nettsidene våre - samanlikna med andre embetet har FMRO har eit høgt tal leserar. Utdanningsavdelinga er den avdelinga med flest produserte nettsaker i embetet og er ofte på statistikken over dei mest leste sakene på FMRO. Vi må likevel erkjenne at vi av kapasitetsmessioge årsaker i 2014 ikkje har brukt nettsidene våre så aktivt som vi hadde planlagt. Det var planen å publisere nettartiklar etter emne systematisk gjennom året, men dette måtte vi prioritere ned på grunn av høgt sjukefråver og foreldrepermisjonar.

## Måloppnåing

Samla sett meiner vi at resultatkrava er innfridd på dette området, sjølv om vi av kapasitetsårsaker ikkje har nådd eigne mål dette året.

## 31.5 Eksamens, nasjonale prøver og kartleggingsprøver

I 2014 har Fylkesmannen hatt ansvaret for å organisere sensurering av til saman 56 020 eksamensvar i PAS og har engasjert 495 sensorar til sensureringa.

### Eksamens

Tre medarbeidarar har delteke på Utdanningsdirektoratet sine ulike eksamens- og prøvemøte. Via telefon og e-post har vi mykje kontakt med sektoren om regelverket og gjennomføringa av alle typar nasjonale prøvar. Mykje av kontakten gjeld eksamen.

### Eksamens i grunnskolen

Vi har gjennomført møte om eksamen både sør og nord i fylket. Her deltok til saman 134 skoleleiarar, inklusiv deltakarar frå private grunnskolar. På desse møta fekk vi diskutert og komme til ei felles forståing av ny forskrift for munnleg eksamen og rundskrivet kring denne. Eit anna tema var dei reviderte læreplanane for eksamensfaga og endringar rundt sentralt gitt eksamen. Desse møta er med på å sikre ei god og samordna eksamensavvikling for grunnskolen i Rogaland.

Våren 2014 hadde Fylkesmannen ansvaret for sensureringa av grunnskoleeksamen i matematikk for begge Agderfylka og Rogaland. 3327 kandidatar var påmeldte til eksamen, og 51 sensorar blei engasjerte. I juni blei det i samarbeid med fagansvarleg i Utdanningsdirektoratet gjennomført sensorskolerig i matematikk for alle sensorane. For nokre sensorar kolliderte skoleriga med lokalt gitt eksamen. Fellessensurmøtet for grunnskolen blei gjennomført i juni. PAS fungerte tilfredsstillande denne dagen.

Ordninga med oppmenn, som har gjort unna sitt vurderingsarbeid dagen før, fungerer særslig godt. Både oppmenn, sensorar og Fylkesmannen i Rogaland var svært nøgde med fellessensuren i matematikk. Oppmennene hadde med støtte av Fylkesmannen ein solid fagleg gjennomgang før endeleg karaktersetjing tok til. Sensorane tok seg god tid til å vurdere tvilstilfelle opp mot kompetanse- og rettleiarar. Kvart sensorpar skreiv og ein rapport tilbake til dei ulike skolane der dei oppsummerte partiets gjennomgåande styrkar og svakheiter. På denne måten får dei aktuelle lærarane ei god tilbakemelding på eiga undervisningspraksis. Vi ønskjer denne ordninga også for sensureringa i vidaregående opplæring. Dette fordi vi ser kvalitetsforskjellar på sensurarbeidet hos dei som har

ordninga med oppmannsgrupper og dei som ikkje har det.

Fylkesmannen har gjennomført eksamensarbeidet i samsvar med embetsoppdraget og fått gode tilbakemeldingar på koordineringa, både frå skoleeigarar, skoleleiarar og sensorar.

Vi har løyst problemstillingar som har oppstått fortløpende. Vi har utarbeidd årshjul for eksamensarbeidet. Vi vurderer måloppnåinga vår på dette resultatområdet som god.

### **Eksamensarbeidet**

Fylkesmannen har hatt innlegg på eksamensmøte arrangert av fylkeskommunen for å informere og rettleie om gjennomføringa av sentralt gitt eksamen. Dei private vidaregåande skolane deltok også på møtet. Vi får nyttig informasjon frå sektoren, og dei eksamensansvarlege på skolane melder at terskelen for å ta kontakt med Fylkesmannen blir lågare. I kjølvatnet av samlinga får vi ein del spørsmål og problemstillingar.

Fylkesmannen gjennomførte i samarbeid med fagansvarleg i Utdanningsdirektoratet sensorskolering i hovudmål og sidemål i Stavanger.

Våren 2014 hadde vi ansvaret for sensureringa av til saman 30 456 eksamensvar i 18 fagkodar i norsk, matematikk, biologi, fysikk, kjemi og sosialkunnskap. 318 sensorar var engasjerte til sensureringa. Vi fordele fagkodane over to fellessensurdagar. Både talet på sensorar og papirbaserte svar i realfag gjer at arbeidsbelastninga er størst den eine dagen. PAS fungerte tilfredsstillande begge dagane.

Hausten 2014 hadde vi ansvaret for 12493 eksamensvar i seks fagkodar i matematikk, praktisk og teoretisk. 5. januar 2015 var 126 sensorane i 1P, 2P og 2PY samla til møte der retningslinjene for sensuren blei gjennomgått av Fylkesmannen. Vidare har dei ulike fagkodane kvart sitt møte der spesielle tilhøve ved eksamensoppgåvene og besvarelser blir tatt opp. I vgo blir oppmennene oppnemnt av Udir. Vi opplever at kvaliteten varierer mykje hos desse.

Trass ei viss betring, har vi framleis ei utfordring med at nokre sensorar ikkje les informasjonen som blir sendt ut pr. e-post grundig. Vi får difor mange telefonar og brukar ein del tid på å svare på spørsmål om forhold som vi allereie har informert om skriftleg. For å forsøke å endre dette, bad vi dei fagansvarlege i Utdanningsdirektoratet, som gjennomfører sensorskolering, om å be sensorane lese informasjonen frå Fylkesmannen grundig. Dette ser ut til å hjelpe sidan vi ser at informasjonen blir betre lesen om våren.

I samband med haustsensuren 2014 var det nokre besvarelser som ikkje var blitt retta eller feilretta då sensorane kom til fellessensuren 5. januar. Nokre privatistkontor og skolar hadde levert ut feil eksamensoppgåve på eksamensdagen. Det er viktig at alle privatistkontor, Fylkesmenn og skolar får oppdatert informasjon frå Udir om korleis ein skal handtere slike «uregelmessigheter». Nokre sensorar hadde ikkje tatt kontakt med verken Fylkesmannen, avsendarskolen eller medsensor.

Fleire skolar og eksamenskontor prøvde seg også på digitalavvikling av deler av matematikkeksamen. Her blei det avslørt feil i opplasting, dobbel opplasting, fråvær av deler av besvarelser, forsøk på fusk og mangefull kandidatmerking. For ein del av desse kandidatane var det viktig å få den nye eksamenskarakteren. Annulering var ikkje ei ønskjeleg løysing for desse. Til hausteksamen 2014 opplevde vi ei lita auke i talet på eksamensvar, noko som gjorde at vi måtte ha 13 fleire sensorar enn hausten 2013.

Ein medarbeidar la inn ei hastemelding i PAS-hjelpsystemet på fellessensurdagen. Denne blei ikkje følgd opp.

Tilbakemeldinga vi har fått frå fylkeskommunen, eksamensansvarlege på dei vidaregåande skolane og sensorane, er at gjennomføringa av eksamen og sensurering er godt teken vare på.

Hausten 2014 skulle andre og siste år av forsøk med sommarundervisning med sentralt gitt eksamen i fagkodane MAT1015 og MAT1005 i Troms fylkeskommune gjennomførast. Fylkesmannen i Rogaland hadde ansvaret for sensureringa. Fellessensur blei arrangert i Stavanger. Tre sensorar blei engasjerte til sensurarbeidet. Arrangementet var uproblematisk å gjennomføre.

### **Klagesensur**

Ansvaret for klagesensuren i vidaregåande opplæring har veksla kvart fjerde år mellom Fylkesmannen i Hordaland og Fylkesmannen i Rogaland. Rogaland får tilbake klagesensuren etter våreksamen 2015. Ein medarbeidar frå Rogaland deltok ved gjennomføringa av hurtigklagesensuren i Bergen også i 2014. Etter avtale med FMHO vil frekensen frå nå av bli treårig.

Frå hausten 2013 har ein medarbeidar deltatt i to ulike arbeidsgrupper med utgangspunkt i Utdanningsdirektoratet sitt arbeid med eksamen og PAS. Den eine gruppa ser på eksamensoppdraget, medan den andre gruppa bidrar i utviklinga av den komande versjonen av PAS. Representanten frå Fylkesmannen i Rogaland saknar oppfølgingsmøte om eksamensoppdraget som skulle vore i haust. PAS2-gruppa hadde fleire møte i løpet av våren 2014. Hausten 2014 blei det ny prosjektleiing, og gruppa blei lagt på is fram til årsskifte 2014/15.

Samla sett vurderer vi ressursbruken vår som effektiv og måloppnåinga vår som god.

### Rettkjennung av vitnemål

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje fått spørsmål om rettkjennung av vitnemål i 2014.

### Nasjonale prøvar

Det blei informert om gjennomføring av nasjonale prøver etter retningslinene på skoleleiarmøte i nord- og sørfylket i 2014. I tillegg har vi informasjon på våre nettsider.

Vi hadde to søknader om å utsetje nasjonale prøver. Søknadane vart innvilga.

Vi får jamleg spørsmål frå skolar om å lage fiktive fødselsnummer til bruk i PAS.

Det er ingen større avvik mellom Rogaland og landssnittet når det gjeld fritak frå nasjonale prøver. Likevel ser vi at prosentvis fritak/ikkje delteke har auka i Rogaland dei siste åra.

Vi har sjekka at særleg dei private skolane har meldt på elevar til nasjonale prøvar, og har i samband med dette tatt kontakt med to private skolar.

Nokre skolar har også meldt til oss at dei, av ulike årsaker, ikkje fikk regeistret resultat før fristen.

Vi har ikkje sjekka at skolane har gjennomført obligatoriske kartleggingsprøver og ikkje følgd opp skolar med høg fritaksprosent.

Med bakgrunn i bemanningssituasjon og sjukefråver har vi ikkje følgd opp kommunar med høg fritaksprosent i 2014. Måloppnåinga vår i år er difor ikkje god nok og vi må melde avvik på dette området. Vi har tru på meir stabilitet i 2015 og rekner difor med at vi skal klare å gjennomøre oppdraget utan avvik i 2015.

### Fylkesmannen i Rogaland

Særskild Rapportering	Spesifiser dersom avvik fra lands-gjennomsnittet totalt eller på enkelprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleeiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleeiere med høy andel elever med fritak
Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltagelse på nasjonale prøver	Det er ingen større avvik mellom Rogaland og landssnittet. Likevel ser ein at prosentvis fritak/ikkje delteke har auka i Rogaland dei siste åra.	Sauda kommune har høg fritaks- prosent i år (opp mot 13%). Lund kommune og Finnøy kommune har også relativ høg fritaksprosent (10%). Desse tre kommunane skil seg ut negativt i høve til dei andre kommunane. Desse tre kommunane har ikkje tidlegare skild seg negativt ut med høg fritaksprosent.	Vi har informert om reglane for fritak og høve til å ta prøva seinare ved sjukdom på vår nettstad. Grunna sjukefråver hjå oss, har vi ikkje følgd opp kommunar med høg fritaksprosent i 2014.	Ingen tiltak i år.

### **31.6 Tiltak innenfor tilpasset opplæring, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning**

I 2014 har Fylkesmannen i Rogaland har hatt hovudfokus på tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats gjennom "Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland". Satsinga har som mål å stimulere til samarbeid og samordning på tvers av etatar og fagområde, både internt hos Fylkesmannen og eksternt mot kommunane.

Satsinga har sokjelys på embetet sitt interne arbeid i saker som handlar om barn, oppvekst og opplæring i lys av barnekonvensjonen. Kvar avdeling har sett seg inn i aktuelle artiklar i barnekonvensjonen og drøfta kva dei betyr i for oss i arbeidet vårt. Vi er blitt betre kjende med dei ulike oppdraga, og vi arbeider no meir på tvers av avdelingane i konkrete saker. I 2014 gjennomførte vi to interne fagdagar for alle tilsette hos Fylkesmannen. Tema på samlingane var Sjumilssteget- for god oppvekst i Rogaland, ei orientering om satsinga med juridisk forankring, og ein fagdag om barnekonvensjonen og utfordringar knytte til tverrfagleg samarbeid. Vi deltok også på den nasjonale nettverkssamlinga i september, der vi fekk og gav informasjon om satsinga.

Arbeidet i 2014 var konsentrert om å informere og inspirere kommunane i fylket til å vere med på satsinga Sjumilssteget – for god oppvekst i Rogaland. I mai arrangerte vi ein «Kick-off- konferanse der alle kommunane var inviterte. Rett etter konferansen fekk kommunane formell invitasjon til å delta på satsinga, og 11 av 26 kommunar melde seg på. Desse kommunane gjennomførte så ei kartlegging over tenestene knytte til barn og unge, tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats. Resultatet av kartlegginga vart send til Fylkesmannen rundt årsskiftet 2014/2015. Når Fylkesmannen har samanstilt resultata frå kommunane, vil det gi Fylkesmannen godt oversyn over blant anna kommunale tiltak og utviklingsarbeid innanfor spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning, inkludert arbeidet knytt til PPT. Kartlegginga vil også gi oss oversikt over kva utfordringar dei ulike kommunane har.

Kvar deltakarkommune har oppnemnd ein koordinator som er kontaktperson i kommunen. Koordinatorane har samlingar 4 gonger i året, og første samling hadde vi i november. Vi bruker ein dialogmodell i samlingane, der vi drøftar vanskeområde knytte til satsinga og får innblikk i korleis arbeidet går. Fylkesmannen har som mål å følgje med og bidra til tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og gode tenester i kommunane. Kommunar som ikkje er med, vil bli inviterte på ny i 2015.

Med dette prosjektet meiner vi at resultatkravet om å sjå sektoroppdraget overfor barn og unge med samansette problem i samanheng, er ivaretatt. Sjølv om prosjektet framleis er i ein startfase er det godt forankra internt, og det er sett av mykje ressursar til arbeidet. Eit godt arbeid her vil, etter vår vurdering, også kunne medverke til auka gjennomføring i vidaregåande opplæring.

Innan barnehageområdet er det eit mål at Fylkesmannen skal bidra til at lokal barnehagemyndigkeit, barnehageeigarar og skoleeigarar tar i vare målet om tidleg innsats slik at barn og unge med særskilte behov får naudsynt og tidleg hjelp. Fylkesmannen i Rogaland med i kommunane sitt nettverk Styrka barnehagetilbod, som gjeld tilrettelegging for barn med særskilde behov. Nettverket har møte 1-2 gonger per semester, og saker knytte til § 5-7 er alltid tema. Fylkesmannen gir rettleiing om lov og regelverk i desse møta. I nettverket deltar representantar frå kommunane som fattar enkeltvedtak og som organiserer arbeidet med tilsette som gir hjelpa. Vi meiner at deltaking i dette nettverket er ein tenleg strategi for å medverke til betre forankring av den spesialpedagogiske hjelpa i kvar barnehage. Med den nye rettleiaren for spesialpedagogisk hjelp, ser vi behov for ny gjennomgang av regelverket. Det er stort skifte i personale som forvaltar rutinar og vedtak innan dette området, og forvaltningskompetansen er ikkje alltid like høg. Fylkesmannen har også gjennomført eit tilsyn i ein kommune med tema kommunen si forvaltning av retten til spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova § 5-7, jf 31.1. Det er planlagt tilsyn i to nye kommunar på området i 2015.

Fylkesmannen har i 2014 gjennomført to omfattande tilsyn der tema er knytt til resultatområdet 31.6. Med bakgrunn i temaet er dette omtalt her i tillegg til resultatområdet 31.1: I tilsynet med Rogaland fylkeskommune hadde Fylkesmannen hovudfokus på spesialundervisning for elevar i gruppene "Hverdagslivstrening", "Arbeidstrening" og "Utvidet praksis" ved tre skolar. Tilsynet avdekkja omfattande lovbot på området. Det blei gitt sju pålegg, og to av dei vart påklaga og oversendt Utdanningsdirektoratet. Fylkeskommunen fekk ikkje medhald i klagen. Det blei vidare gjennomført eit hendingsbasert tilsyn knytt til eit fosterbarn med stort behov for spesialundervisning, der eleven også var innlagt på psykiatrisk avdeling. Tre kommunar og fylkeskommunen var involverte i tilsynet. Også i dette tilsynet vart det avdekkja mange lovbroter. Erfaringar fra dette tilsynet er brukt i liknande saker og i rettleiing på samlingar for PPT og skoleeigarar.

Strategien for etter- og vidareutdanning for PP-tenesta, SEVU, er i gang. I Rogaland har fire PP-leiarar starta vidareutdanning i 2014. Temaet er fleirspråklegheit og fleirkulturalitet. I 2014 har fem kommunar fått SEVU-midlar til sine prosjekt. Nokre av etterutdanningsmidla for 2013 vart våren 2014 brukte til ein studietur til Canada for leiarane i PP-tenesta i fylket. Tema var knytt til elevar med særskilte behov og til utfordringar knytte til minoritetselevar. Fylkesmannen deltok på studieturen og hadde ansvaret for ein fagdag knytt til regelverket i løpet av turen.

Fylkesmannen i Rogaland har dette året deltatt på nettverksamlingar med PPT. I tillegg har vi hatt innlegg på samlingar om barn med særskilde behov, t.d. fosterheimsbarn og barn med stort skolefråver. Vi nemner tverrfagleg konferanse om skolefråver (ca 100 deltarar), etterutdanning i regi av Pedverket (ca25

deltakarar), sørvestsamling (5 fylke) med tema spesialundervisning, samling med Statped (UH-FMRO-FMHO-FMSF, skoleeigarar og PPT), kveldssamling for foreldre til ME- elevar (25 deltararar), Fagleg forum PPT (200 deltararar), Leiarforum PPT Rogaland (18 deltararar), samling for PPT i Sandnes og Stavanger - tema skolefråver (20 deltararar), utdanningskonferanse med bl.a. tema ASK (200 deltararar), samling for foreldre i Norsk Forbund for Utviklingshemmede (25 deltararar), samling Statped-FMRO-FMHO-FMSF.

Vi nemner også den tverretatlege satsinga «Inn på tunet», der nasjonal strategi og handlingsplan og arbeidet med ny rettleiar frå Kunnskapsdepartementet og Landbruksdepartementet har vore tema både på møte internt og på møte med tilbydarane i kommunane.

Samla sett har det vore stor aktivitet på dette resultatområdet også i 2014. Behovet for informasjon om forvaltninga på området er framleis stort. I ulike samlingar har vi i tillegg til gjennomgang av forvaltningslova og opplæringslova knytt til kap. 5, også tatt med gjennomgang av erfaringar og funn gjorde i tilsyn på området.

Der vi har møtt den enkelte kommune/region, har vi spesielt tatt utgangspunkt i dei utfordringane vi har sett lokalt, og vi er bevisst på å formidle positive funn. PP-tenesta er ei viktig målgruppe for arbeidet vårt innan dette området, og vi opplever at det er særslig låg terskel for å ta kontakt med Fylkesmannen. Mange ber om rettleiing i prinsipielle saker, og vi blir inviterte til å halde innlegg på ulike samlingar i større omfang enn det vi greier å innfri.

Etter vårt skjønn er dette eit område som krev at vi har brei kompetanse. Saman med spesialpedagogisk kompetanse må solid kjennskap til sektoren og til barnehage- og skolekvardagen vere på plass for å kunne løyse oppdraget på ein god måte. Vi har slik kompetanse no, men rekrutteringssituasjonen er krevjande også på dette området. Feltet er høgt prioritert i avdelinga både når det gjeld ressursar og kompetanse. Etter eiga vurdering er resultatkrava innfridde og måloppnåinga god.

## **31.7 Tilskuddsforvaltning**

### **Barnehageområdet**

#### **Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn**

I Rogaland var det 3837 minoritetsspråklege barn i barnehage per 15.12.13, mot 3213 året før. Utdanningsdirektoratet har utbetalt om lag 13,2 mill mot 11,4 mill i 2013. Dette utgjer ein auke på 624 barn og om lag 1,8 mill frå 2013 til 2014.

Vi fann ikkje avvik mellom oversikta frå Utdanningsdirektoratet over minoritetsspråklege barn per 15.12.13 og tal frå kommunane, jf. brev om kontroll frå Udir av 27.02.14.

Vi har gjennomført stikkprøvekontroll i 3 kommunar. Det er sendt brev med spørsmål om rutinar for tildeling av tilskott, oversikt over vedtak fatta for 2014 m.m. Resultata frå stikkprøvekontrollen går fram av tilleggsrapportering til rapporteringa for 3. tertial 2014.

Fylkesmannen har sendt alle rapportane som går fram av embetsoppdraget innan fristane. Fylkesmannen meiner at måloppnåinga på tilskottsområdet i 2014 er god.

### **Grunnskoleområdet**

Fylkesmannen forvaltar to tilskottsordningar på grunnskoleområdet: Kap 225 post 64 Grunnskoleopplæring for barn og unge i asylmottak og kap 225 post 66 Leirskoleopplæring. I tillegg har Fylkesmannen kontrolloppgåver når det gjeld kap 225 post 60 Tilskott til landsliner, post 63 Tilskott til samisk i vidaregående opplæring, post 67 Tilskott til opplæring i finsk i vidaregående opplæring og kap 253 post 70 Tilskott til folkehøgskolar.

### **Grunnskoleopplæring for barn og unge i asylmottak**

Fylkesmannen har i 2014 utbetalt tilskott til grunnskoleopplæring for 206 barn og unge i asylmottak mot 219 i 2013. Elevane i 2014 hadde 727 månader i opplæring mot 791 året før; ein reduksjon på 64 månader eller 8,1 %. Det er i alt utbetalt omlag 5,7 mill kr i tilskott mot 6 mill kr året før. Gjennomsnittleg tal på månader i opplæring per elev er redusert frå om lag 3,6 i 2013 til 3,5. Reduksjonen i talet på elevar/månader i opplæring/tilskott er i gruppa 16-18 år.

Fylkesmannen har gjort formalia- og rimelegkontroll av søkerne om tilskott frå kommunane. Det er henta inn skolelister frå UDI over tal på barn i asylmottak som kjem inn under kategorien grunnskoleopplæring. Søkerne er samanhaldne med listene, men samanlikninga er vanskeleg då listene frå UDI ikkje er lagde til rette for slik kontroll.

Det er ikkje gjennomført stikkprøvekontroll, men grundig kontroll utført i samband med behandling av søkerne ført til fleire korrekjonar. Både satsar og tal på månader i opplæring var feil i fleire søkerne. Vi har også undersøkt nokre tilfelle direkte med UDI då listene frå UDI ikkje opplyser om barn har endra status frå asylsøkjar til busett, sjøv om barn fortsett bur på mottak. Samenlikning av søker og skoleliste ført også til at ein kommune måtte sende ny søker då det ikkje var blitt søkt om tilskott for barn som hadde fått opplæring. Ingen kommunar har fått avslag.

Vi har lenge bedt regionkontoret vårt om elektroniske skolelister som kan sorterast per kommune. Saka blei løyst i januar 2015 med kryptert fil i 7-zip.

Det er justerte retningslinjer og nytt søkersskjema frå og med hausten 2014. For å sikre at tilskottsordninga fungerer etter hensikt og retningslinjer ønskjer vi at direktoratet gjennomgår ordninga for embeta i 2015.

## **Leirskole**

Det var i alt 4694 elevar på leirskole i 2014 mot 4651 året før. Talet på elevar som reiser på leirskole auka såleis med 43 elevar eller 0,9 %. Elevane var i 2014 organiserte i 277 grupper mot 267 året før. Det blei utbetalt 3,6 mill kr i tilskott i 2014 mot 3,4 mill i 2013. 7,8 % av elevane i Rogaland var på leirskole i 2014. Dette er same del elevar på leirskole som i 2013.

Søkerne frå kommunane er gjennomgått, og feil er retta før vedtak om utbetaling av tilskott. Det er henta inn faktura/dokumentasjon frå fleire kommunar på gjennomført leirskoleoppdrag. Fleire søkerne er korrigerte når det gjeld tal på grupper og undervisningstimer. Det er utført tre stikkprøvekontrollar og funne eit avvik. Ingen kommunar har fått avslag.

## **Landslinjer**

Rogaland har seks landslinjer ved tre vidaregåande skolar. Fylkesmannen har kontrollert at tala i "Oppsummering av elevlistene" frå kvar skole har vore i samsvar med elevlistene. Dokumenta er så blitt sende til Utdanningsdirektoratet for vidare behandling.

## **Samisk og finsk i vidaregående opplæring**

Vi har hatt noko rettleiing når det gjeld samisk, men ikkje hatt noko arbeid med finsk. Fylkesmannen har kontrollert ein søker fra Rogaland fylkeskommune om tilskott til samisk, og sendt den vidare til Utdanningsdirektoratet for behandling.

## **Folkehøgskolar**

Fylkesmannen har kontrollert årsoppgjaret for 2013 for dei fire folkehøgskulane i Rogaland. Alle skulane leverte rekneskapen innan fristen. Dei samla inntektene frå folkehøgskulane vart redusert med noko over 3 % frå 2012-2013, mot ei auke på om lag 5 % året før. Årsresultatet auka marginalt med i alt kr 210.000, mot ein reduksjon på kr 364.000 året før. Ein av tre folkehøgskular hadde underskot i 2013, men det samla resultatet var likevel på 1,67 mill.kr. Eigenkapital i prosent av sum egedelar og gjeld (soliditet) auka med 1,2 %, og den har no i fleire år vore 33 – 34 %. Likviditeten er om lag på same nivå som året før. Samla sett er det ingen store endringar i økonomien i folkehøgskulane i Rogaland i 2013.

## **Tertiairrapportering**

Det var krevjande å få fram korrekte rekneskapstal i samband med tertiairrapporteringa til Utdanningsdirektoratet. Bakgrunnen var ei betydeleg omlegging av tildeling og bokføring på eksamensområdet, endra kapittel og post for fleire andre tildelingar og på Fylkesmannen si drift. Dette oppdaga vi ikkje før godt ut i året. I tillegg gjorde vi feil i rapportar i økonomisystemet slik at det var vanskeleg å avstemme bokføringa. Vi har bede direktoratet om at dei

for framtida opplyser spesielt når det er omlegging av tildeling på kapittel og post.

## Måloppnåing

Det var sett av i alt 29 dagsverk til dette området i 2014 mot 26 dagsverk året før. Vi nytta 31 dagsverk m.a. fordi vi trengte meir tid til tertialrapportering til Utdanningsdirektoratet. Vi meiner at oppdraget er fullført på ein god måte innafor desse ressursane. Arbeidet er utført av 2 personar med naudsynt kompetanse innafor forvaltning og økonomi. Ein person med økonomikompetanse har hatt ansvaret for tertialrapporteringa. Vi har arbeidd aktivt for å nå dei fristane som var satt. Vi har prøvd å sjå til at reglar og retningslinjer for dei ulike tilskotsordningane er følgde, utan at vi kan seie at vi har brukt nokon særskild metodikk. Etter dette konkluderer vi med at måloppnåinga vår er god på dette området.

## Resultatområde 32 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen og grunnopplæringen

Rapportering følgjer nedanfor.

### 32.2 Kompetanseutvikling og rekryttering

Fylkesmannen arbeider med kvalitetsutvikling i barnehagesektoren gjennom tiltak knyttte til kompetansestrategien, kompetansemidla og prosjektmidla. Målsettingane og forventningane til kommunane er vektlagde på saksbehandlingssamlingar og nettverksmøte med kommunane.

Rogaland mottok kr 3 807 000 i kompetansemidlar i 2014, og 205 000 var øyremerkte midlar over kap 231 post 21 for å arbeide med oppfølging av Likestilling 2014- regjeringa sin handlingsplan for likestilling mellom kjønna. 24 barnehagar starta opp med prosjektet "Leikeressurs i barnehagen" i 2013, og alle har deltatt også i 2014. Midla er tildelte direkte til barnehagane, og Fylkesmannen vil arrangere ei samling i løpet av våren 2015 som avsluttar det økonomiske samarbeidet. Fleire av barnehagane har rapportert at dei vil fortsette med prosjektet sjølv om Fylkesmannen ikkje tildeler midlar. Likestillingsteamet deltok på Likestillingkonferansen i Trondheim hausten 2014.

Alle dei 26 kommunane i Rogaland har søkt om kompetansemidlar, og tildelinga vart gjort etter søknad med framlagt kompetanseplan for barnehageområdet i kommunen. Midla vart som før tildelte etter ein fordelingsnøkkel (talet på barnehagar og antal barn i barnehagen). Frå innsendte kompetanseplanar ser vi at kommunane prioriterer med utgangspunkt i "Kompetanse for framtidens barnehage". Rapportar og tilbakemeldingar fra nettverka viser at både kommunale- og private barnehagar deltar i kompetansehevingstiltaka, og at dei aller fleste yrkesgruppene har deltatt på tiltaka som kommunen har arrangert.

#### Kvalitetsutvikling i barnehagen

Rogaland mottok kr 540 000 over kap. 231 Barnehagar post 21. Midla er m.a. nytta til nettverk og to samlingar med dei barnehagefagleg ansvarlege i kommunane, ei samling med temaet Likeverdig behandling, og ei samling med temaet Barnehagemyndigheitsrolla. På den siste samlinga hadde to personar frå juridisk avdeling i Utdanningsdirektoratet foredrag. Det er framleis vår vurdering at kvalitetsmidla er svært viktige for å ivareta pådrivarrolla og initiere utviklingstiltak i barnehagesektoren. I Rogaland er det ei stor utfordring at vi har stor mangel på barnehagelærarar, og det burde etter vårt syn vere retta større innsats mot å rekryttere til utdanning og yrke. Vi har såleis også brukt nokre av midla i GLØD Rogaland.

Barnehagekonferansen 2014 vart arrangert 13. mai med temaet "Størst av alt er vennskap". Vi valde dette temaet fordi barnehagen er ein viktig arena for etablering av vennskap, og fordi alle barn har rett på ein god start i livet. Styrar og pedagogisk leiar har ei nøkk爾olle i dette arbeidet og for å lykkast, må vi heve kompetansen slik at alle bidrar og tar sitt ansvar.

Konferansen er eit årleg arrangement og eit samarbeid mellom Fylkesmannen, UiS og Utdanningsforbundet i Rogaland. Det var ca 400 deltakarar på konferansen, og tilbakemeldingane var svært gode. Målgruppa var barnehagelærarar, og dei fleste var frå barnehagane, men også frå administrasjonen, frå PPT m.m.

#### Kompetanse for assistentar - KOMPASS

I samarbeid med UiS og UiS EVU har vi utarbeidd ein emneplan for kompetaneheving av assistentar med fleirspråkleg bakgrunn. Det var 22 søkerar til studiet, og alle blei tatt inn. Studentane var både frå kommunal og

privat barnehage.

Det er totalt gjennomført tre KOMPASS-kurs i sørfylket etter at vi starta opp dette tiltaket. I nordfylket har vi gjennomført to kurs, det tredje blei avlyst på grunn av lita påmelding. På bakgrunn av dette fekk vi eit restbeløp, og vi ba Utdanningsdirektoratet i eigen søknad om å vurdere omfordeling av midla internt. Utdanningsdirektoratet invilga søknaden med krav om at midla skulle nyttast til å auke antal assistenter som fekk tilbod om å ta fagbrev i barne- og ungdomsfaget (sjå punkt om tildeling av midlar til fagbrev).

### Basiskurs for assistenter

I samarbeid med Åkrahamn vidaregåande skole og Dalane vidaregående skole har vi medverka til å arrangere Basiskurs for barnehageassistentar. Totalt har 45 assistenter fått tilbod om Basiskurs, og Fylkesmannen har tildelt midlar til undervisning, lærebøker og enkel servering på kursdagane. Det er framleis ei svak overvekt av deltakarar frå dei private barnehagane når det gjeld slike kurs.

### Tilrettelegging for fagbrev som barne- og ungdomsarbeidrarar

Fylkesmannen har prioritert støtte til kommunar som legg til rette for at assistenter i barnehagane får gjennomført fagbrev. Per 15.12.13 er 23,7 % av assistentane i barnehagane i Rogaland fagarbeidrarar i barne- og ungdomsarbeidararfaget. Det er gitt støtte til 4 kommunar i 2014, 6 kommunar fekk støtte i 2013. Foreløpige tal frå BASIL pr 15.12.14 viser at tilsette med fagbrev er auka til 27,4 %. Fylkesmannen ser på dette tiltaket som eit viktig bidrag til å heve kompetansen og kvaliteten i barnehagane. Vi vil framover prioritere støtte til nye kommunar som set i gang tiltak, men ser at det også er rom for å støtte kommunar som startar opp nye klassar. Vi vil oppmøde mindre kommunar om å samarbeide. Dei større kommunane gjennomfører undervisninga sjølv, og klarar å utdanne ein klasse med elevar relativt rimeleg. Dei mindre kommunane samarbeider med AOF, og kostnadene per elev blir då høgare. Tildelinga til desse kommunane blei gjort like før jul, av dei omdisponerte midla frå prosjektnummer 21020. Undervisninga for desse assistentane vil derfor ikkje starte opp før våren 2015. I tabellen har vi oppgitt det deltakartalet som det er søkt om midlar til.

### Vidareutvikling av og rekruttering til PUB-studium ved UiS

Fylkesmannen har samarbeid med universitetet i Stavanger og kommunar i Rogaland for å rekruttere studentar til studiet Pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen. Studiet er også utvikla slik at innhaldet fell saman med eit av tiltaka i Kompetansestrategien frå Kunnskapsdepartementet, barnehagebasert kompetanseutvikling. Studiet er for pedagogiske leiarar i arbeid, og målsettinga er at heile personalet i barnehagen blir involvert i det pedagogiske utviklingsarbeidet. Søknaden til PUB-studiet ved UiS har gått ned dei siste åra, men hausten 2014 starta 21 studentar frå 5 kommunar opp. Studiet skal gå over 3 semester, og planen er at nytt studium skal starte opp våren 2016. Fylkesmannen har støtta kvar student med kr 10 000-.

### Rekruttering og GLØD-arbeid

Fylkesmannen har saman med alle kommunane i Rogaland, UiS og HSH etablert ein partnerskap for GLØD Rogaland. Prosjektkoordinator for GLØD blei tilsett hausten 2013, prosjektpérioden er til 1. august 2015. GLØD-koordinatoren planlegg og prioritærer tiltak i tett kontakt med rekrutteringsnettverket (AU).

Hovudmåla i 2014 har vore

- Auka rekruttering til barnehagelærarutdanninga og til barnehagane
- Auka kompetanse for tilsette i barnehagane
- Auka status for arbeid i barnehagane

Arbeidet med rekruttering, kompetanse, status og omdømme må sjåast i samanheng. Skal ein gjera noko med dei store utfordringane i barnehagesektoren, må alle partane engasjerast. GLØD-koordinator har dette året prioritert møte med dei som har innflytelse på områda.

Barnehagane og dei tilsette er dei som kan gjere mest med utfordringane knytte til status og omdømme. GLØD Rogaland har derfor deltatt i møte med styrarar og barnehagelærarar i kommunane, og studentar og praksislærarar på UiS og HSH. Tema i desse møta har vore status og omdømmebygging.

Barnehagemynde og barnehageeigarar er viktige for å få barnehage på dagsorden når dei lokale prioriteringane skal gjerast. Tiltak for auka rekruttering og auka kompetanse krev vilje og økonomiske midlar. GLØD Rogaland har møtt rådmannsutvalet og fylkesstyret i KS, og koordinator har også hatt innlegg på den årlege samlinga for alle ordførarane og rådmennene i fylket.

Vi ser på informasjon om utdanning og yrke til ungdom som særskilt viktig. I dialog med rådgivarar fekk vi profilert rekrutteringskampanjen «Verdens fineste stilling ledig» ved at barnehagebarn besøkte 11 vidaregåande skolar. Barna delte ut aviser og fekk god kontakt med elevane. Besøka fekk brei dekning i NRK Rogaland og i 7 ulike lokalaviser og regionsaviser. GLØD Rogaland har også deltatt på utdanningsmesser for elevar i ungdomsskolar og vidaregåande skolar.

GLØD-koordinator har etablert og hatt ansvar for Facebook-sida vår: <https://www.facebook.com/glodrogaland>. Sida har på eit år hatt 762 følgjarar. Nokre saker har hatt over 10 000 treff, og den har blitt ein viktig kanal for å spreie fagstoff og informasjon.

Andelen tilsette med barnehagelærarutdanning er auka frå 32,9 % til 33,7 % frå 2013 til 2014. Andelen årsverk på dispensasjon for styrarar og pedagogisk leiarar har gått ned frå 17,6 % til 12,2 % i Rogaland (førebelts tal frå BASIL). 23,7% av dei tilsette er barne- og ungdomsarbeidarar, 48 % er utan barnefagleg utdanning. Fleire barnehagelærarar og fleire barne- og ungdomsarbeidarar i barnehagane bør framleis vere ei høgt prioritert oppgåve for Rogaland. Vi har grunn til å tru at andelen med barnehagelærarutdanning også vil auke dei neste åra. Deltidsutdanningane ved UiS og HSH har fulle klassar, og dei fleste studentane arbeider deltid som assistenter i barnehagar. UiS har årlege opptak og uteksaminerer studentar kvart år. Det er eit mål at HSH får opptak til deltidsutdanninga annakvart år. Dei har no hatt kvart fjerde år.

Arbeidsmarknaden i Rogaland er i endring med ein oljesektor som har nedgang. Vi vil i GLØD Rogaland ta kontakt med partar i arbeidslivet for å få synleggjort barnehagelæraryrket som framtidas yrke, både for ungdom og for dei som treng ei ny retning i yrkeslivet. Å halde nødvendig fokus på utfordringar og tiltak krev ressursar. Det er framleis behov for ein pådrivar og nettverksbyggjar som kan vidareføre det samarbeidet som er etablert. Fylkesmannen i Rogaland vil arbeide for å få til ei vidareføring av koordinatorstillinga for GLØD ut året 2015.

### RogalandsGNISTen

Rekrutteringsarbeidet i GNIST-partnarskapen er ikkje omtalt i embetsoppdraget for 2014. Vi vil likevel rapportere om det lokale Gnist-arbeidet i Rogaland. Etter at GNIST-perioden var avslutta frå KD, valde partnarskapen i Rogaland å vidareføre arbeidet, og alle partnarane medverka med midlar slik at vi gjennom eit spleislag og stønad frå KD kunne vidareføre ei prosjektleiastilling i 50% for RogalandsGNISTen ut 2015. Fylkesmannen påtok seg å samle inn midla og overføre desse til Sandnes kommune, som er arbeidgjevar for prosjektleiaren.

I RogalandsGNISTen sin handlingsplan er rekruttering og omdømmebyggjing vektlagt. AU har faste møte for å planlegge og å gjennomføre tiltaka i handlingsplanen. Fire gonger i året har vi partnarskapsmøte med aktuelle saker og drøftingar. Prosjektleiaren deltar fast på Skoleeigarforum i Rogaland med informasjon om arbeidet og erfaringsutveksling med skoleeigarane. Vi ser dette som eit særskilt vellukka tiltak og er glade for at kommunane i Rogaland står saman om arbeidet.

### Kompetanse for kvalitet i skolen

Deltakinga i videreutdanning har auka mykje. Spesielt har deltakinga frå Rogaland fylkeskommune hatt stor auke. I 2014 deltok 354 lærarar på vidareutdanning, det er flest deltakarar i heile landet. To lærarar har av personlege årsaker avslutta studia før dei var ferdige. Mange lærarar fekk også dette året avslag på søknad om vidareutdanning.

Vi har utbetalt og kontrollert bruken av midlar, og vi har rapportert i samsvar med det som er Fylkesmannen si oppgåve og rolle i strategien. Vi har også gitt ei skriftleg kvalitativ vurdering av arbeidet med kompetanseutvikling til UDIR.

### Etter - og vidareutdanning PPT

Strategien for etter- og vidareutdanning for PP-tenesta, SEVU, er i gang. I Rogaland har fire PP-leiarar starta vidareutdanning i 2014, og midla er utbetalte. Temaet er fleirspråklegheit og fleirkulturalitet. I 2014 har fem kommunar fått SEVU-midlar til sine prosjekt.

Etterutdanning: Vi fekk inn 7 søknader og innvilga 5 av desse. Dei innvilga søknadene var i hovudsak knytte til organisasjonsutvikling og endringsarbeid i PPT. Alle disponibele midlar vart brukte. Nokre av etterutdanningsmidla for 2013 vart våren 2014 brukte til ein studietur til Canada for leiarane i PP-tenesta i fylket. Tema var knytt til elevar med særskilte behov og til utfordringar knytte til minoritetselevar. Fylkesmannen deltok på studieturen, og hadde ansvaret for ein fagdag knytt til regelverket i løpet av turen. Det er sendt eigen rapport til UDIR om bruk av midla i 2013.

## Rektor - og styrarskolen

Vi har informert om vidareutdanninga for rektorer og styrarar, men har ikkje oversyn over korleis deltakinga er frå Rogaland.

## Ungdomstrinn i utvikling

Vi har hatt god dialog med utviklingsrettleiarane og prosjektleiaren i GNIST både om arbeidet og om oppstart av nye puljar. Midlar til ressurslærarar og utviklingsrettleiarar er utdelte.

## Rettleiarkorps

Vi har informert om søknad om rettleiing for skoleeigar og utlysing av oppdrag som rettleiar. Fylkesmannen har deltatt på skoleeigarsamling og på rettleiarsamling som UDIR har arrangert. Rogaland har to kommunar med i år: Hjelmeland og Utsira. Fylkesmannen vil følge opp Hjelmeland kommune etter at rettleiarkorpset er ferdig.

## Betre læringsmiljø

Fylkesmannen informerer jamnleg om dei nettressursane som er tilgjengelege. Vi informerte kommunane om utlyste midlar (kr 205 000,-) for særskilt satsing og arbeid med det psykososiale miljøet, og fekk fleire søknader. Etter grundig vurdering valde vi å gi heile beløpet til ein kommune, og kommunen samarbeider no tett med NSLA (Læringsmiljøsenteret) med implementering og kompetanseheving.

## Rettleiing av nyutdanna lærarar og barnehagelærarar

Vi deltar i ei referansegruppe som er leia av UIS og arbeider etter eit eige årshjul. Gruppa har medlemmer frå UiS, HSH, kommunane og fylkeskommunen, KS, Utdanningsforbundet og Fylkesmannen.

## Handlingsplan for likestilling

Fylkesmannen har eit likestillingsteam på barnehageområdet med representantar frå dei ulike nettverka som jamleg har møte og arrangerer samlingar. Vi har hatt fokus på prosjektet "Leikeressurs i barnehagen" og deltatt på ein nasjonal konferanse om likestilling i Trondheim.

## Lokalt arbeid med læreplanar

Vi arrangerte læreplansamling i november på vegne av Utdanningsdirektoratet. Den hadde i overkant av 200 deltagarar frå både kommunar og fylkeskommunen.

## Vurdering for læring.

Rogaland har med 3 kommunar og 5 private skolar i pulje 5, og ein kommune i pulje 6 som startar i byrjinga av 2015. Deltakarane er aktive og etterspørjande, og for deltagarane i pulje 5 meiner vi at det er råd å sjå effekt i samband med klagebehandlinga på standpunktcharakterar. Omlag halvparten av kommunane og fylkeskommunen har deltatt i satsinga sidan starten med pulje 1 i 2010.

## Kompetanse for mangfold

Oppdraget startar først i 2015, men avdelinga gjennomførte ein del førebuande arbeid i 2014. Vi oppretta kontaktpunkt med UiS og hadde fleire møte med dei om korleis arbeid med utviklingsprosessar i den einskilde eininga kan inrettast, og vi kartla kompetansebehov både i UH-sektoren og i kommunane. Vi deltok på samling i Oslo der vi fekk innblikk i erfaringane andre fylke har gjort seg. Vi informerte kommunane i Rogaland om "Kompetanse for mangfold", og 9 kommunar sökte om deltaking.

## Sensorskolering

I juni arrangerte vi i samarbeid med fagansvarlege i Utdanningsdirektoratet sensorskolering i matematikk for sensorar i grunnskolen og norskskolering for sensorane i vidaregåande. Sjå fleire kommentarar under resultatområde 31.5.

## Prosjekt Implementering av regelverket

Utdanningsdirektøren har deltatt på samlingane i prosjektet, men prosjektet er på grunn av langvarig sjukefråver ikkje systematisk følgt opp internt i eiga avdeling enno. Det vil bli prioritert våren 2015.

## Læringsmiljøprosjektet

Som nemnt under 31.4, har vi også arrangert fagdag for kommunar med vedvarande høge mobbetall, inkludert den kommunen som startar opp med særskilt rettleiing.

Ein kommune i Rogaland fekk rettleiing frå rettleiarkorpset i første pulje. Undervegs i arbeidet har Fylkesmannen deltatt i ulike samlingar og møte i regi av Udir, og det er gjennomført fleire møte med kommunen.

Avdelinga har hatt ei grundig vurdering av kommunar som kunne vere aktuelle for prosjektet frå 2015 med utgangspunkt i tal frå Elevundersøkinga og erfaringar avdelinga har med kommunane frå tilsyn, klagesaker m.m. Ein kommune fekk tilbod og takka ja.

## Måloppnåing

Vi meiner at vi har innfridd resultatkrava i det første kulepunktet. I høve til andre kulepunktet har vi etter beste evne medverka til auka kvalitet i sektoren gjennom informasjons- og rettleatingsarbeidet vårt. Vi vil tru at kompetansesatsinga påverkar både kvalitet og kapasitet ved at fleie får auka kompetanse. For skolane er vi redd for at kapasiteten og kvaliteten på kort sikt kan bli lågare når så mange lærarar må erstattast av vikarar, men på lengre sikt vil fleire lærarar med høgare kompetanse bidra til auka kvalitet og kapasitet. For barnehagane gjeld tilsvarende. Det er likevel uråd for oss å vurdere om dette har gitt konkrete effektar for kvaliteten og kapasiteten på dette feltet i kommunane, i fylkeskommunen og i private barnehagar og skolar her i fylket dette året. Vi kan heller ikkje seie om innsatsen vår har ført til at nasjonale sektormål er nådde. Slike vurderingar krev forsking.

Samla sett er det likevel vårt syn at måloppnåinga vår er forsvarleg også dette året.

## 32.6 Urfolk og nasjonale minoriteter

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje oppgåver på dette området.

## Ressursrapportering

Sammenlikna med 2013 viser tala i ressursrapporteringa for 2014 ein reduksjon i forbruk knytt til kap 0525 på kr. 1 400 000,- og ein liten auke i ressursbruk på "fagdep."

Det er uklårt for oss kva grunnen til reduksjonen på kap 0525 skuldast. Avdelinga har hatt omlag same ramme, same bemanning og lik dagleg drift i 2014 som i 2013. 2014 var eit år der avdelinga hadde unormalt mange langvarige sjuke- og svangerskapspermisjonar. Summert opp utgjer desse permisjonane omlag to årsverk.

Auken i ressurbruk på fagdepartement kan i hovudsak forklarast med at vi har engasjert fleire sensorar knytt til sensoroppdraget vårt, sjå rapporteringa under 31.5 for detaljar. I tillegg har Utdanningsdirektoratet lagt noko meir midlar inn i oppgåver knytte til oppdraget for "økt kvalitet i barnehage og grunnopplæringen".

Fylkesmannen i Rogaland vil også dette året nytte høvet til å kommentere at vi meiner at oppdraget frå BLD knytt til tilsyn med introduksjonsordninga er underfinansiert.

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
31.1 Tilsyn	kr 2 881 724,51	kr 0,00
31.9 Annet tilsyn og forv. på utd.omr. (rest 31)	kr 4 423 414,95	kr 14 254 460,33
Økt kvalitet i barnehage og grunnopplæringen	kr 175 792,63	kr 991 354,22
36 Landsdekkende oppgaver KD	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 7 480 932,00	kr 15 245 814,00

## Statens Helsetilsyn

### Resultatområde 41 Tilsyn og klagesaksbehandling etter barnevernloven

Sjå punkta under

## 41.1 Hendelsesbasert tilsyn

Omfang: Det framgår av NESTOR at vi har påpeika 38 lovbroter av 94 vurderte føresegner. Fordi dette er det første året vi brukar Nestor heile året, kan ikkje talla samanliknas med talla frå årsrapport i 2013. Det er likevel ei auke i antall handsama hendelsesbaserte saker.

Utviklingstrekk:

*Vi har byrja å få inn saker som er retta mot Bufetat og har opna tilsyn i fleire av desse. Dette gir tilsynet eit meir heilskap bilete av barnevernet, og vi ser det som ei positiv utvikling.*

*Særtrekk med Rogaland er at det er betydeleg fleire barn under omsorg enn i andre fylker. Vi ser ikkje på dette med stor bekymring. Rogaland har den raskaste aukande barnebefolkinga i landet, eit aktivt barnevern og dette er barn som har fått saka si handsama i fylkesnemnd og domstol. Vi vil følje med på utviklinga. Det er fokus på å utvikle gode hjelpetiltak og system for å fange opp tidlig.*

Utfordringer:

*Vi handsamar ofte saker kvar det er forvaltningsmessige utfordringar, som teiepliktføresegn, partsrettar og innsyn, som er generelle utfordringar for kommunene.*

*Barnevernet vert ofte utforda i møte med foreldre fordi samarbeidet kan bli konfliktfylt. Mange saker fra foreldre, og i nokre tilfeller frå fosterforeldre, handler om oppleving av å ha blitt dårlig handsama. Våre funn viser mangler i sakshandsaminga i enkelte saker.*

*Mange saker er i skillet mellom barnevernlov og barnelov, der det er foreldrekonflikt i bunn.*

*Barneverntjenesten handsamer fleire slike saker, dei har økt kompetanse på området, men sakene er krevjande. Å få ein god relasjon med familien blir ofte ei utfordring fordi partane opplever at barnevernet tar parti med den eine parten.*

## 41.2 Planlagt tilsyn

Når det gjeld omfang av tilsyn med barneverninstitasjonar, sentre for foreldre og barn og omsorgssentre for mindreårige visar vi til egen årsrapport sendt til institusjonane og Statens helsetilsyn:

### FYLKESMANNEN Si VURDERING AV SITUASJONEN I INSTITUSJONANE

Omstillinga av dei statlege institusjonane har ført til ein reduksjon i antall institusjonar og avdelinger. Dette har ført til overfullhet for dei tilsette og usikkerhet over tid, noko som igjen har medverka til ustabilitet i kompetanse i personalgruppene. Vi har sett at kompetansen om kva som er legal tvangsbruk har vært for dårlig. Fleire institusjonar brukar meir tvang enn det som vert dokumentert, og vi har sett fleire eksemplar av ulovleg tvang. Ved eitt tilfelle har fylkesmannen politianmeldt tvangsbruken. Beboer har fått medhald i fleire klager på tvangsbruk.

Beboerane har gjerne mange og sammensette behov. Det blir stilt store krav til styring og kontroll for å drive ein barneverninstitusjon på ein slik måte at alle beboarane får god omsorg og behandling. Det er tilsynet si vurdering at kvaliteten varierer mellom institusjonar og over tid i samme institusjon. Det har i 2014 vært tilfeller av uforsvarleg behandling/tvangsbruk i noen institusjonar.

### SYSTEMTILSYN I BARNEVERNINSTITUSJONANE

Det er gjennomført tilsyn i fire institusjonar med tema "Oppfølging av skole og opplæringstilbud". Det blei ikkje gitt avvik, men merknader til manglar i internkontrollen. Dette er funn som går igjen i anna tilsynsverksemd og i klagesaker knytt til bruk av tvang.

### SYSTEMTILSYN I KOMMUNAR

Det er gjennomført systemtilsyn i to kommunar med spreiing til fire kommunar, om kommunen sin oppfølging av barn i kommunale fosterheimar. Dette er ein del av det landsomfattende tilsynet. Vi fant avvik i begge kommunane og i tilbakemedlinga frå kommunane som gjennomførte eigenvurdering framkom og avvik på området.

Hovedfunn: Tilsynet avdekket mangler i lovpålagt oppfølging og generelle mangler med dokumentasjon. Det er særleg dokumentasjon av faglege vurderinger som manglar.

Vi fant og at innhaldet i oppfølgingsbesøk i fosterheimane ikke var fokusert på barnet sin totale omsorgssituasjon, men meir på emner som samvaer eller utfordringar på skole.

Våre funn syner at barneverntenesta i kommunane ennå ikke har god nok kapasitet. Styrkinga av den kommunale barneverntenesta har ikke vært tilstrekkeleg til å dekkje auke i sakar samt vekst i befolkninga.

I Stavanger kommune er det gjennomført stikkprøvekontroll med henlagte meldinger og undersøkingar i barneverntenesta. Oppfølging av kontrollen vidareføres i 2015.

### 41.3 Klagesaker

Omfang, resultat og saksbehandlingstid i klagesaker kjem framav NESTOR.

Vi får, som tidlegare år, kun få klager etter bvl § 6-5.

Vi får fleire klager på tvangsbruk i barneverninstitusjonar enn for nokre år sidan, og det kan skuldast at institusjonane er flinkare til å informere om klageretten enn før. Det er ikke grunnlag for å seie at blir nytta meir tvang.

Vi har sett at kompetansen på dette området har vært for dårlig. Fleire institusjonar gjennomfører meir tvang enn det som blir dokumentert, og vi har sett fleire eksempel av ulovlig tvang. Ved eit tilfelle har fylkesmannen politianmeldt tvangsbruken. Beboer har fått medhald i fleire klager på tvangsbruk.

### 41.9 Andre oppdrag

Det er ikke ilagt mulkt til kommunar i 2014. Det har vært oppfølging etter rapportering med åtte kommunar. Oppfølginga har i det vesentlige omhandla fristbrot, men og høy henleggelsesprosent og manglar i saksbehandlinga. Det har vært oppfølging av driftsmessige utfordringar på grunn av stor turnover og manglande kompetanse.

*Kommunane har i det vesentlige sett inn tiltak og har fått kontroll på fristbrot. I Stavanger kommune har fleire tiltak ikke ført fram og vi følgjer denne kommune vidare i 2015.*

#### KARTLEGGING

Akuttberedskap i barnevernet kommunene ble kartlagt. Oppfølging av kartlegginga vidareføres i 2015.

## Resultatområde 73.1 Klager på individuelle tjenester etter lov om sosiale tjenester i N

Fylkesmannen mottok 266 klagesaker etter lov om sosiale tjenester i Nav i 2014. Dette er ei vesentleg auking frå 2013, då mottok vi 186 klager. Fylkesmannen behandla 230 klagesaker, der 83 % blei stadfesta, 13 % blei endra heilt eller delvis og 4 % blei oppheva. I 2013 blei ca. 91 % av sakene stadfesta.

88 % av sakene blei behandla innan 3 md.

Det er gitt opplæring i sosialtenestelova til nytilsette i Nav.

## Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i Nav

Sjå punkta under

### 74.1 Hendelsesbasert tilsyn

Det har ikkje vore nokre hendelsebaserte tilsynssaker. Når brukarar har tatt kontakt og klaga på Nav har Fylkesmannen gitt råd og rettleiing skriftleg eller munnleg, og vi har også kontakta Nav-kontoret når dette har vore nødvendig.

### 74.2 Planlagt tilsyn

Fylkesmannen gjennomførte i 2014 planlagde tilsyn i 5 kommunar med temaet "om kommunen sikrar forsvarleg tildeling og gjennomføring av kvalifiseringsprogram. Følgjande kommunar fekk tilsyn: Vindafjord, Sandnes, Randaberg, Tysvær og Time kommune. Det blei funne avvik i alle kommunane. Endeleg tilsynsrapport er utarbeidd for 4 av kommunane, og det er sendt førebels rapport til Tysvær kommune.

Tilsynet med Time kommune blei utført som eit "spreiingstilsyn", med Hå, Klepp, Sola og Gjesdal som "spreiingskommunar".

### 74.9 Andre oppdrag

Fylkesmannen har i 2014 ikkje utført noko kartlegging inn mot sosiale tenester i NAV.

Vi held løpende oversikt over nav-tenestene i fylket gjennom systematisk områdeovervaking, der hendingar og erfaringar vert samla til intern drøfting og risikovurdering før tilsyn.

Rogaland er eit av tre fylke som er med i AD-prosjektet med styrka rettleiarrolle inn mot Nav, og i denne samanhengen har vi i 2014 arbeidd med å systematisera alle kontaktar frå brukarar og tilsette i Nav. Dette arbeidet vil gi betre grunnlag for systematisk oversikt over dei sosiale tenestene i NAV

## Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling som gjelder helse- og omsorgstjenes

Fylkesmannen har i 2014 opplevd ein vidare suke i saksmengda på dette området, og vi handsamer no langt fleire saker enn det som var førsetnaden då krav til mediantid vart sett. Vi har ikkje fått auka ressursar til å hadtere denne saksauken.

Vi har i 2014 dermed ikkje klart å halde sakshandsamingsfristar gitt av Statens Helsetilsyn.

Størst auke har det vore i dei hendingsbaserte tilsynssakene.

Trass i saksauka har vi i 2014 makta å handsame betydeleg fleire saker enn vi fekk inn. Dermed er restansesituasjonen hos oss klart betre ved inngangen av 2015, enn han var ved førre årsskifte.

Sjå elles rapportering på punkta under og særskilt rapportering til Statens Helsetilsyn i Nestor.

### 82.1 Hendelsesbasert tilsyn

#### Handsaming av tilsynssaker

I 2014 handsama Fylkesmanen 268 tilsynssaker frå helse- og omsorgstenesta. Median for sakhandsamingstid var 8,4 månader. Det kom inn 228 tilsynssaker i 2014. Restanse pr. 31.12.2014 var 150 saker.

#### Varselordning og undersøking i spesialisthelsetenesta

Statens helsetilsyn har rutine messig teke kontakt med Fylkesmannen for vurdering av varselsaker etter spesialisthelsetenesteloven § 3-3a. Det er meldt 20 slike saker kor desse vart drøfta i telefonmøte. Meldingane gjeld i all hovudsak Helse Stavanger. Meldefrekvensen er noko mindre samanlikna med andre helseføretak.

## Politisaker.

Fylkesmannen fekk i 2014 ti saker frå politiet for tilråding om etterforsking. I åtte av desse tilrådde Fylkesmannen ikkje vidare etterforsking. To saker vart etterforska og sendt over til Statens helsetilsyn for vurdering av spørsmålet om påtale etter helsepersonellova § 67.

Fylkesmannen har i 2014 ikkje bedt politiet etterforske saker utan at politiet først har teke kontakt om saken.

## 82.2 Planlagt tilsyn

Sjå eiga rapportering til Helsetilsynet pr 20.01.2015

## 82.3 Klager på helse- og omsorgstjenester etter pasient- og brukerrettighetsloven m.fl.

I 2014 handsama Fylkesmannen i Rogaland 145 klagesaker etter lov om pasient- og brukerrettar. Talet på saker fordelte seg slik:

Kategori	Antal	Innan 3 md
Naudsynt helsehjelp	24	75 %
Sjuketransoprt	45	84 %
Helse/omsorg forøvrig	76	54 %

Fylkesmannen i Rogaland fekk i 2014 inn totalt 208 vedtak om bruk av tvang etter lov om pasient- og brukarrettar kapittel 4A. Embetet har i følgje Nestor behandla 206 vedtak i 2014. Vi har framleis knappe ressursar på embetet til å ta i vare oppgåvane våre på saksfeltet. Vi har likevel halde ei saksbehandlingstid på 4-5 månadar etter initialt vedtak for 3 månadersgjennomgang av vedtak. Saksbehandlingstida på første gjennomgang er på om lag 0,5 månad.

Etter ein gjennomgang av vedtaka i samsvar med retningslinjene frå Statens helsetilsyn ser vi framleis at vi ikkje har fått inn vedtak frå alle kommunar i Rogaland, få vedtak frå enkelte kommunar og få vedtak frå spesialisthelsetenesta. Dette kan tyde på at det framleis blir brukt meir tvang enn det som blir rapportert. Vi ser også at mange av vedtaka er mangelfulle og vi bruker mykje tid på å etterspørje tilleggsopplysningar frå verksemndene. Dette har nok skyld i mangelfull kunnskapen om lovverket hos helsepersonellet. I følgje *helsetilsynloven* har vi ei plikt til å ha oversikt over helsetenestene i fylket. Vi har i 2014 ikkje hatt ressursar på embetet til å sørge for systematisk opplæring eller tilsyn på området.

Sakene blir fortløpende ført i NESTOR

## 82.9 Andre oppdrag

### Håndtering av varsel fra helseinstitusjon om innleggelse med hjemmel i helse- og omsorgstjenesteloven § 10-2 og § 10-3.

Fylkesmannen mottok i 2014 20 meldingar på dette saksområdet. 12 av desse var med heimel i § 10-2 og 6 var med heimel i § 10-3.

### Oppgaver etter lov om alternativ behandling av sykdom mv.

Fylkesmannen har ikkje hatt saker på dette saksområdet i 2014.

## Resultatområde 83 Folkehelse

Sjå under

### 83.2 Planlagt tilsyn

#### Resultatområde 83 Folkehelse

##### 83.2 Planlagt tilsyn

I 2014 vart det gjennomført tilsyn med folkehelsearbeidet i to kommunar. Det eine vart sluttført i januar 2015 på grunn av tilhøve i kommuneorganisasjonen. Tilsynet som vart gjennomført avdekkja at kommunen ikkje var kome igang med det jamlege oversiktsarbeidet. Dei hadde identifisert oppgåva men ikkje definert kven i organisasjonen som skulle ha ansvar for og oppgåva med iverksetting av arbeidet.

I embetet vart det satt saman eit tverrfagleg tilsynsteam med deltagarar frå embetsleiinga, helse- og sosialavdelinga samt miljøvernnavdelinga, som koordinerer planarbeidet hos oss. Erfaringane frå tilsynet vil bli fulgt breitt opp i dei ulike fagfora som tilsynslaget har kontakt med, både internt og eksternt.

### 83.3 Klagesaker

Vi ferdigbehandlet i 2014 kun en klagesak etter folkehelseloven kapittel 3. Saksbehandlingstiden varmindre enn tre måneder.

## Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

### Resultatområde 42 Familierett

Dette er det gjort nærmare greie om nedanfor.

### 42.1 Ekteskapsloven

Talet på skilsmisseløyve gjeve av Fylkesmannen i Rogaland i 2014 var 836, ein nedgang på 10 prosent frå året før. Talet på separasjonsløyve var 1107, ei auke på 5 prosent frå året før. Fylkesmannen erfarar at det nå er fleirer krevjande ekteskapssaker knytt til utlandske statsborgarar.

## 42.2 Anerkjennelsesloven

Fylkesmannen tok i mot 137 saker etter anerkjenningslova. Av desse gjaldt 8 saker skiftefritak aleine.

94 søknader om godkjenning av utanlandsk skilsmisse vart godkjend og 5 vart avvist.

30 saker er framleis under handsaming då det mangler dokumentasjon.

5 søknader om skiftefritak vart godkjend og 2 vart avvist. Ei sak er til avgjerd i departementet.

Dette er eit fagfelt kor talet på saker aukar for kvart år. Fylkesmannen handsamar desse sakene så fort det lar seg gjere, då det ofte er tidspress grunna at den eine parten har avgrensa opphaldsløyve i Noreg. Desse sakene krev mykje tid. Vi har mykje kommunikasjon med partane under handsaminga, både telefonar, epost og frammøte på kontoret. Det kan ofte ta tid å skaffe naudsynt dokumentasjon.

## 42.3 Barneloven

Fylkesmannen har motteke og behandla 5 saker etter barnelova i 2014. I tillegg har vi behandla 1 sak som kom inn i 2013.

Sakene som har vore behandla gjaldt stadfesting av avtalar om foreldreansvar, dagleg omsorg og samvær etter barnelova § 55.

Avtalar om foreldreansvar, dagleg omsorg og samvær, inneholder frå tid til annan føresegner som Fylkesmannen er usikre på om det er høve til å stadfesta etter barnelova § 55, og som er mogleg/praktisk å tvangsgjennomföra. Fylkesmannen har mottatt flerie slike saker siste året. Fylkesmannen har teke nokre av desse problemstillingane opp med BLD. Dette gjeld mellom anna føresegner som tek sikte på å hindra flytting ut av kommune/skulekrets.

Vidare har rutinane for stadfesting av avtalar vore diskutert, mellom anna behov for å ha møter med foreldra, til dømes i de tilfella det er tale om delt bustad for små born.













s. Fylkesmannen har retta henvending til om tolkning av avtalar om flytting.

#### **42.4 Veiledning og informasjon**

Fylkesmannen gir dagleg råd og rettleiing til privatpersonar, advokatar med fleire, som ynskjer informasjon og rettleiing om barnelova. Dette gjeld særskilt informasjon om samvær og reisekostnadar ved samvær.

Vi ser at vi dekkjer eit viktig behov ved denne verksemda. Mange som tek kontakt har snakka med andre offentlege etatar først, men desse har ikkje hatt den nødvendige oversikta over feltet til å gi hensiktsmessig rettleiing.

Rettleiinga utgjer ein stor del av arbeidet med barnelova.

#### **Resultatområde 43 Føre tilsyn med kommunenes plikt til å sørge for et krisesentertilb**

Fylkesmannen har beslutta å gjennomføre ei kartlegging av krisesentra sine rutiner for melding til barnevernet i løpet av 2015. Ingen aktivitet i 2014.

#### **Resultatområde 44 Føre tilsyn med familievernkontor**

Det er ikkje gjennomført tilsyn i 2014. Gjennomføring av tilsyn skjer normalt kvart tredje år, det blir ført tilsyn i 2015.

I 2014 tok Fylkesmannen kontakt med Buf.dir/buf.etat og føreslo eit samarbeid der vi blir varsle dersom det kjem inn klagar på familievernkontora. Vi tok dette initiativet då vi opplev at når vi ikkje elles er klageinstans for familievernkontora, får vi i liten grad kjennskap til forhold som kan varsle om behov for tilsyn utover det faste tilsynet kvart tredje år.

Vi vurderer nå om vi i framtida bør krevje innsyn i klagar i samband med tilsynsoppgåva utover dei planlagde tilsyna.

#### **Resultatområde 45 Barn og unge**

Fylkesmannen i Rogaland starta i 2014 ei satsing som har fokus på oppvekst- og tenestetilbodet til barn og unge i kommunane i fylket vårt. Sjumilssteget byggjer på modellen frå Troms, og vi kallar vår modell for *Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland*. Satsinga handlar om å konkretisere artiklane i barnekonvensjonen i ordinært arbeid, både internt i embetet og i kommunane. Til no er elleve av kommunane med, men vi legg til rette for at alle kommunane skal delta etterkvart. Det er eit mål at kommunane skal bruke barnekonvensjonen når dei planlegg og kvalitetssikrar tenestene og ha eit samordna og tverrfagleg tenestetilbod med fokus på tidleg innsats.

Sjå elles rapportering på punkta under

## 45.1 Informasjonsvirksomhet og samordning

- Vi informerer og rettleier barneverntilsette om lovar, forskrifter og handlingsplanar, herunder rundskrivet om teieplikta og opplysningsretten i barnevernet.

Fylkesmannen gir og dagleg råd og rettleiing til privatpersonar, advokatar med fleire, som ynskjer informasjon og rettleiing om barnevernlova.

Rettleiinga utgjer ein viktig del av arbeidet med barnevernlova.

- Vi følger opp kommunane sitt arbeid med etablering av internkontroll og styrking av rutinar og prosedyrer med grunnlag i internkontrollforskrifta og rettleiarar i samband med systemtilsyn i kommuane og i samling for barnevernleiarar.

Fylkesmannen i Rogaland har etablert ei gruppe på tvers av avdelingane for å samordne dei ulike oppdragene og satsingane knytt til utsette barn og unge.

- Det vart arrangert oppvekstkonferanse/inspirasjonskonferanse, "Sjumilssteget- for god oppvekst i Rogaland", kor 24 av kommunane deltok. Det var breidde i deltakinga frå kommunane. Ungdomsråd var representert. Hovudtema var Barnekonvensjonen og betydinga av at kommunane satsar på barn og unge og at dette er god samfunnsøkonomi. I tillegg har det vore fleire interne fagsamlingar med fokus på å auke kompetansen om barnekonvensjonen til tilsette på embetet.

11 kommunar deltek i satsinga sjumilssteget og er igang med å gjennomføra kartlegginga. Alle kommunane har oppnemnt koordinator og det blir heldt jamnleg kontakt. Fylkesmannen si samanstilling av kartleggingane skal etter planen vere klar innan mars 2015.

## 45.2 Fritak for taushetsplikt

Fylkesmannen gjev ein fellesrapport for alle sakane om fritak for teiepliktplikt. Det sorterast ikkje mellom kva departement sakane sorterer under.

Fylkesmannen behandla totalt 47 saker om fritak frå forvaltningsmessig teieplikt i 2014.

Mange av sakene har kome inn same veke som saka skal opp for retten, ofte same dag som fritaket er nødvendig. Dette skuldast som oftast at søker ikkje er merksam på at det er behov for fritak for teieplikt i saka, eller at det er gløymt å søkje om fritak. Vidare er det stadig mange søkerarar som er svært usikre på kva som skal stå i ein søknad om fritak for teieplikt. Hovuddelen av Fylkesmannens assistanse på dette saksfeltet består av saksbehandling og rettleiing til advokatar eller vanlege personar over telefon om lovane og søknadsprosessen.

## 45.4 Biologisk opphav

Fylkesmannen i Rogaland mottok 23 søknader frå adopterte som ynskjer opplysningar om dei biologiske foreldra sine i 2014.

## 45.5 Nasjonalt opplæringstilbud i undersøkelsessaker

Fylkesmannen hadde felles opplæring for relevante faggrupper i kommunane, inklusive barneverntilsette om å samtale med barn om vald og seksuelle overgrep 19. og 20. november 2015. RVTS ved Reidun Dybsland var ansvarleg for innhaldet denne dagen.

Den kommunale barneverntenesta fekk og opplæring ihandsaming av undersøkingar i barnevernet. Regional samling var 13. november 2014 i regi av RKBU Vest. Opplæringa blei arragert i samarbeid med Fylkesmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane.

## 45.7 Tilskudd til kommunalt barnevern

Vi har tildelt 13,5 stilling til kommunane i 2014. Totalt har vi tildelt 76.6 stilling frå 2011 til 2014. Vår erfaring er at det enno ikkje er god nok kapasitet i einskilde kommunar. Antall sakar har auka i takt med at det er tilsett fleire sakshandsamere og Rogaland er det fylke som har størst auke i talet på barn under 18 år. Ei barnevernsak er kompleks og fordrar særleg kompetanse, stabilitet og god styring.

Av dei 10 millionar kroner som var sett av til kompetanse- og samhandlingstiltak, fekk Rogaland kr 400 000. Desse pengane fekk Sandes kommune til eit interkommunalt opplæringprogram for tilsette i barnevernt.

## Resultatområde 46 Universell utforming

Universell utforming er tema i Fylkesmannen sine fråsegner til kommunale planar. Dette området er likevel ikkje høgt prioritert, fordi både kommunane og fylkeskommunen har høg merksemrd på dette temaet. Fleie kommunar har eigne kommunedelplanar for universell utfoprming og har eigne prosjekt på gang, til dømes Bokn og Time. Fylkeskommunen har også eigen regionalplan for universell utforming, som skal vere retningsgjevande for både kommunar og regionale statsetatar.

## Resultatområde 47 Integrering av innvandrere

Busetjingen av flyktningar har vore tema i Boligsosialt velferdsprogram der F I 2014 har me og hatt samarbeid med IMDI for å understøtte deira arbeid med i

### 47.1 Statsborgerseremonier

Fylkesmannen arrangerte ein statsborgarseremoni i 2014.

250 nye statsborgarar vart inviterte. 60 meldte seg på og 50 møtte. Det vil seie 20%.

Det har ikkje vore auke i tal som har delteke på seremoniane dei siste åra.

Hovudtalarar på seremonien var Barne-, likestillings- og inkluderingsminister Solveig Horne. Leiar av innvandrarádet i Sandnes og ordførar i Strand kommune holdt helsingstaler. Ein har valt å involvera ordførarane i større grad i gjennomføringa av seremonien, bl.a. ved å delta i sjølve utdellinga av gåveboka og at ein ordførar frå ein av kommuane i Rogaland gjev ein helsingstale under sjølve seremonien.

**Statsborgeremonier**

<b>Embeter</b>	<b>Antall seremonier</b>	<b>Prosent nye statsborgere som har deltatt</b>
FMRO	1	20
<b>Sum</b>	<b>1</b>	

**47.2 Bosetting av flyktninger**

Sjå hovudres.omr. 47.

**47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)****47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrarar (introduksjonsloven)**

Fylkesmannen har i 2014 behandla 8 klager frå 6 kommunar, mot 12 klager frå 7 kommunar i 2013. Det er gitt medhald i to saker, ikkje medhald i 6 saker. Alle klagesakene hadde ei saksbehandlingstid på mindre enn to månadar. Vi har ved fleire høve hatt kontakt med IMDi, som har vidareformidla problemstillingar til departementet når det har vore naudsyst for å få avklart rett lovforståing i klagesaker.

Vi mottar spørsmål frå kommunar eller publikum kvar veke med ønskje om informasjon og rettleiing. Det ser ut til at kommunane i aukande grad har "oppdaga" Fylkesmannen som rettleiar. Dette kan m.a. skuldast at vi gjennomførte ei større samling med kommunane før vi starta opp det nye tilsynet.

Klagesaker, statleg tilsyn og spørsmål om rettleiing har gitt Fylkesmannen oversikt over stoda i sektoren og samstundes auka Fylkesmannen sin kompetanse om reglane i introduksjonslova. Etter vår vurdering er det markant behov i sektoren for rettleiing og tilsyn framover, og vi reknar med at det vil kome fleire klager.

Vi meiner måloppnåinga vår på dette resultatområdet er god.

**47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere**

I 2014 var føringane for bruk av dei tildelte midla at lærarane skulle få opplæring i munnleg vurdering i samband med dei nye norskprøvene. Dette førte til at det vanlege etterutdanningskurset på hausten vart gjennomført på ein dag, i staden for to. Som for 2013 vart kurset for norsklærarar for innvandrarar og asylsøkjarar sett i samanheng med kurs for grunnskolelærarar for vaksne.

Kursa i munnleg vurdering vart gjennomført av vaksenopplæringseiningane etter avtale med Fylkesmannen. I løpet av våren 2014 gjennomførte einingane i alt 14 kursdagar med i alt 217 deltararar. Forelesarar på desse kursa var lærarar som hadde delteke på opplæringskonferansen i regi av Vox i januar 2014. Fylkesmannen dekte utgiftene til desse kursa med pengar frå tildelinga frå Vox etter rekning frå vaksenopplæringseiningane.

Etter utdanningskurset vart gjennomført 24.9.2014 i Stavanger med i alt 260 påmelde deltararar. Av desse var 165 norsklærarar, 36 grunnskolelærarar for vaksne, 34 lærarar som underviste for begge gruppene og 25 leiarar og andre. Det var ny deltarrekord, og tilbakemeldingane på tema var til dels svært gode. Den gode deltakinga kan skuldast det gode samarbeidet mellom Fylkesmannen og representantar frå vaksenopplæringa når det gjeld utval av tema og forelesarar. Lærarane får i større grad enn tidlegare dei emna dei treng og ønskjer.

Tildelinga frå Vox har i fleire år vore for lita til å dekkje utgiftene med etterutdanningskurs over to dagar. Tidlegare år vart dette nokre gonger løyst med at einingane betalte ein eigendel for deira lærarar. Som i 2013 vart tildelinga frå Vox til norsklærar og grunnskolelærarar sett i samanheng. I 2014 hadde vi opplæring i munnleg vurdering på våren og eindagskurs på hausten. Det var usikkert korleis dette ville slå ut økonomisk, men det viste seg at vi fekk pengar igjen. Etter avtale med Vox vart desse midla nytta til ekstra kurs i munnleg vurdering hausten 2014 og til to andre relevante kurs arrangerte dette året. Arrangør var vaksenopplæringseiningane som fekk midlar til å dekke utgiftene til kursa.

Vi opplever at det vert lagt stadig fleire oppgåver til dette området, og at området er for dårleg spesifisert i

embetsoppdraget. Arbeidet på området har utvikla seg frå ei gjennomføring av kurs lokalt som var lagt til rette frå Vox sentralt, til gjennomføring av lokalt tilpassa kurs med stor grad av valfridom. Området slik det står fram i 2014 har såleis vokse til eit omfattande samarbeid mellom Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk (Vox), Fylkesmannen og vaksenopplæringseiningane i fylket. Oppgåva med etterutdanningskurs må haldast varm heile året fordi det inneheld alt frå planlegging, samarbeid, gjennomføring, økonomistyring, rapportering og evaluering av kursa. Den inneholder også ein del reising og deltaking på møter med Vox sentralt. Fylkesmannen er fornøgd med at kursa er vellukka, men meiner at embetsoppdraget ikkje er dekkjande for arbeidet på området. Vi synest også det er rart at dette arbeidet verken er med i resultatkrava eller krava til rapportering i embetsoppdraget.

I embetsoppdraget er det vist til at arbeidet på området skal finansierast frå Fylkesmannen sitt ordinære driftskapittel og med særlege midlar frå BLD. Dette er etter Fylkesmannen sin vurdering ikkje tilstrekkeleg for finansiering av arbeidet på området. Omfanget av arbeidet er om lag det same i 2014 som året før; 33 arbeidsdagar.

Trass i manglande ressursar har vi prioritert desse oppgåvene, og vi meiner måloppnåinga vår på dette resultatområdet er god.

## **47.5 Tilsyn med kommunenes gjennomføring av introduksjonsloven**

### **47.5 Tilsyn med kommunane si gjennomføring av introduksjonslova**

#### **Gjennomført tilsyn, tilsynsobjekt og tilsynstema**

Oppdraget for 2014 inneber, som for 2013, at Fylkesmannen skal føre tilsyn med om kommunane tilbyr heilårleg og fulltids introduksjonsprogram. Tilsynet med Gjesdal og Sola kommune vart gjennomført in løpet av hausten, men det vart ikkje råd å avslutte tilsynet i 2014. Bakgrunnen var fleire spørsmål til lovgrunnlaget som IMDi ikkje kunne svare på, og som derfor vart sende til departementet til avklaring. I det vi skulle sende ut førebels tilsynsrapport, fekk vi informasjon frå IMDi om at ny lovtolking frå BLD var på veg. Denne tolkinga innebar så stor endring av «fulltids-kravet» etter introduksjonslova § 4 at vi vurderte det som lite tenleg å sende ut førebels tilsynsrapport basert på den gamle lovtolkinga. Kommunane vart raskt varsle om at endra lovtolking ville komme, og ny tolkinga vart sendt over til Gjesdal og Sola kommune med frist ut januar 2015 til å legge fram ytterlegare kommentarar eller dokumentasjon. Vi har no starta arbeidet med å endre førebels rapportar baserte på den nye avklaringa frå departementet, og dei vil bli sende ut så snart dei er klare. Alle tilsyn frå 2013 er avslutta. I 2015 skal vi føre tilsyn med kommunane Hjelmeland og Randaberg.

#### **Nettverkssamarbeidet mellom embeta i Sør-vest**

Med bakgrunn i tilsynsoppdraget på introduksjonslova sitt område har vi sett i verk eit nettverkssamarbeid mellom embeta i Sør-Vest. I 2014 har vi hatt eit møte i Stavanger, der vi drøfta erfaringar med rettleiing for kommunane, klagesaker og gjennomføring av tilsynet. Gruppa har også hyppig kontakt gjennom e-post når det gjeld spørsmål på introduksjonslova sitt område. Både det årlege møtet og kontakten gjennom heile året blir opplevd som nyttig.

#### **Samarbeidet mellom BLD, IMDi juridisk og Fylkesmannen**

I løpet av år 2014 har IMDi juridisk blitt etablert, og IMDi er no meir synleg for fylkesmannsembeta, spesielt på tilsynsområdet. Fylkesmannen i Rogaland har nytta seg av IMDi juridisk både ved avklaring av lovgrunnlaget for tilsynstemaet og i enkelte klagesakar.

Fylkesmannen i Rogaland har på bakgrunn av uttale frå IMDi juridisk via e-post, gjort om eit vedtak i ei klagesak på innhald i deltar sin individuelle plan. Den lovforståinga vi la til grunn ved behandlinga av klagen, var ikkje den same som IMDi juridisk la til grunn i uttalen sin. IMDi juridisk har ikkje vedtaksmyndigkeit, men i rolla som lovtolkingsmyndigkeit får slike uttalar konsekvens for Fylkesmannen sine vedtak. Fylkesmannen i Rogaland vonar at IMDi juridisk er klar over desse konsekvensane når dei uttalar seg i enkeltsaker.

#### **Ressursar for å gjennomføre tilsyn etter introduksjonslova**

Fylkesmannen meiner framleis at det ikkje er stilt nok ressursar til disposisjon for å gjennomføre tilsyn etter introduksjonslova. Vi kan dokumentere at vi brukte om lag 12 dagsverk til forvalting av tilskotsordningane i 2012, altså dei ressurane som BLD meiner vart frigitte ved overføring av denne oppgåva til IMDi. I 2013 brukte vi 44 dagsverk til tilsyn, i 2014 har vi på grunn av lagvarig sjukemelding, brukt noko mindre. Men dette skuldast altså ikkje mindre arbeidsmengde - arbeidet må takast att i 2015. Vi nemner også at oppgåvene med

etterutdanning for lærarar er nesten tredobla, jf. omtale på resultatområde 47.4.

Fylkesmannen i Rogaland vil enno ein gong markere at BLD må sikre forsvarleg ressurstilgang til tilsynsoppdraget. Dette er ei viktig oppgåve, noko som vart stadfesta gjennom den nasjonale tilsynssamlinga i Oslo 28 og 29. januar 2015.

Trass manglande ressursar har vi prioritert denne oppgåva, og vi meiner måloppnåinga vår på dette resultatområdet er god.

## Resultatområde 48 Fremme likestilling og motvirke diskriminering

Fylkesmannen har ikkje informert om lovpålagte plikter på dette feltet i ordinære møte med kommunane, inkludert spørsmål om likestilling ved gjennomføring av tilsyn, eller gitt råd om korleis kommunane kan integrere eit likestillingsperspektiv i planarbeidet sitt. Likestilling og diskriminering ligg likevel som delmål i fleire av dei fagområde Fylkesmannen arbeider med.

### Barnehage og utdanning

På barnehageområdet fekk Fylkesmannen tildelt kr 3 807 000 i kompetansemidlar i 2014, og 205 000 var øyremerkte midlar over kap 231 post 21 for å arbeide med oppfølging av Likestilling 2014- regjeringa sin handlingsplan for likestilling mellom kjønna. 24 barnehagar starta opp med prosjektet "Leikeressurs i barnehagen" i 2013, og alle har deltatt også i 2014. Midla er tildelte direkte til barnehagane, og Fylkesmannen vil arrangere ei samling i løpet av våren 2015 som avsluttar det økonomiske samarbeidet. Fleire av barnehagane har rapportert at dei vil fortsette med prosjektet sjølv om Fylkesmannen ikkje tildeler midlar. Likestillingsteamet deltok på Likestillingskonferansen i Trondheim hausten 2014.

Samarbeidet i GLØD-partnarskapen som vart starta i 2013, held fram. Målet med GLØD er å sikre god kompetanse i barnehagen. Fleire menn i barnehagen er eit av delmåla i strategi-og handlingsplanen. Sjå elles resultatområde 32.2.

Det felles nasjonale tilsynet i grunnopplæringa som starta i 2014, er retta mot elevane sitt utbytte av opplæringa. Felles del av tilsynet gjeld alle elevanr, men det som er kalla forvaltningsdelen i tilsynet undersøkjer om elevar med ulike behov, t.d. spesialundervisning, særskilt språkopplæring, teiknspråk- og punktskriftopplæring, får det dei har rett på. På denne måten blir også forhold som kan ha med diskrimining å gjere, også omfatta av tilsynet. Det blir også gjennomført samtalar med elevar og/eller brukt spørrsjeskjema, og både jenter og gutter er med i utvalet. Vi har god tilgang til statistikk om faglege resultat til gutter og jenter i grunnopplæringa. Denne statistikken brukar vi m.a. som ein del av grunnlaget for å velge ut skoleeigarar som skal få tilsyn.

Også gjennom klagebehandling på desse områda medverkar vi til at rettstryggleiken til grupper som treng ekstra oppfølging for å vere deltagarar i samfunnet, blir ivaretatt. Det same gjeld for oppgåvene våre knytte til introduksjonslova.

### Universell utforming

Universell utforming vert vurdert i planuttalar frå Fylkemannen, men samla sett har innsats og fagkunnskap på dette området blitt prioritert ned. Dette ut frå at både kommunane i Rogaland og Fylkeskommunen har høg merksemd på feltet, og for å gje rom for eit større generelt folkehelsefokus i våre planuttalar. Fleire kommunar har eigne kommunedelplanar for universell utforming og har eigne prosjekt gåande innan området td Bokn og Time. Fylkeskommunen har også eigen regionalplan om Universell Utforming som skal vera retningsgjevande for både kommunar og regionale statsetatar.

### Landbruk

Landbruket i Rogaland er mannsdominert. Berre 15% av gardbrukarane i fylket er kvinner, sjølv om undersøkingar viser at kvinnene utgjer kring 25% av arbeidsinnsatsen i næringa. Kvinnene er dårlegast representerte på Jæren. Fylkesmannen fokuserer på dette. Vi meiner auka deltaking frå kvinner, både gjennom eigarskap og arbeidsinnsats, er viktig for utviklinga av landbruket. Mann og kvonne representerer ulik kompetanse, og i så måte. Kvinner gir gjennom si deltaking landbruket meir verdiar. Vi ser dette førdt og fremst gjennom etablering av nye næringar, som lokal mat og inn på tunet. Men også der kvinner har ei noko meir tilbakehalden rolle på det tradisjonelle gardsbruket, meinmer vi effekten er god. Det er eit ønskje at Fylkesmannen

støttar opp om spesifikke kvinneengasjement. Her gjer vi fleire ting, men truleg har vi best erfaring med kvinnelege faggrupper. Dette er grupper danna av engasjerte kvinner som ønskjer å utvikle garden sin unnafor det tradisjonelle landbruket. mange av desse kvinnene utviklar seg som gode satsarar, som investerer stort og som går inn fullt og heilt. Fylkesmannen er i direkte dialog med desse faggruppene, og vi gir tilskot (BU-midlar) til slike grupper.

## Ressursrapportering

Fylkesmannen i Rogaland vil også dette året nytte høvet til å kommentere at oppdraget knytt til tilsyn med introduksjonsordninga er underfinansiert.

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 0525</b>	<b>Fagdep.</b>
Tilsyn og klagebeh. etter barnevernloven	kr 2 922 538,81	kr 1 089 184,56
42 Familierett	kr 1 306 031,80	kr 0,00
43.1 Tilsyn med kommunale krisesentertiltak	kr 0,00	kr 0,00
43.9 Andre krisetiltak	kr 0,00	kr 0,00
44 Tilsyn med familievernkontor	kr 0,00	kr 0,00
45 Barnevern	kr 173 675,78	kr 104 132,32
47 Integrering av innvandrere	kr 305 531,09	kr 0,00
47.5 Tilsyn med introduksjonsloven	kr 152 495,22	kr 0,00
Andre oppgaver under BLD	kr 57 608,11	kr 0,00
Sum:	kr 4 917 880,00	kr 1 193 316,00

## Justis- og beredskapsdepartementet

### **Resultatområde 51 Siviladministrasjon**

Dette er det gjort nærmere greie om nedanfor.

#### **51.2 Vergemålsloven og utlendingsloven kap. 11 A**

Overordna resultatmål for 2014 var at Fylkesmannen skulle ha ei vel fungerande verjemålsforvaltning i fyrste instans. 2014 har vore eit krevjande år. Vi har jobba jamt og trutt for å utvikle gode prosedyrar og finne fram til dei beste måtane å jobbe på. Arbeidet er i god utvikling, noko som spesielt kjem til syne i ei auka fagleg tryggleik ved behandling av sakene. Behandla klagesaker publiserte av Statens sivilrettsforvaltning (SRF) har vore til god hjelp.

Rapporteringa under vil gå direkte på dei seks styringsparametrane i fullmaktsbrev frå Justis- og vernebuingsdepartementet dagsett 3. februar 2014.

##### SP 1: Ei forsvarleg ordning for hasteoppnemningar av verjer og representantar

Vi har 5-6 personar i Stavanger som kan ta verje, setjeverje og representantoppdrag på kort varsel. Når det gjeld setjeverjeoppdrag for mindreårige, som skal i politi- eller dommaravhøy og der verjer er inhabile, har vi i tillegg to personar hos Fylkesmannen ved andre avdelingar, som tek slike oppdrag på kort varsel. Barnehuset, der dei fleste slike avhøy skjer, ligg også i Statens Hus. Vi har opplevt å måtte stille med setjeverje på berre eit par timars varsel. Då er det nødvendig å ha tilgjengelege personar på huset.

I tillegg har eit par av dei faste verjene sagt at vi kan ringe dei i feriar og helgar dersom det oppstår noko akutt. Vi passar også på å ha god oversikt over når dei faste verjene tek ferie på sommaren, slik at vi veit kven som kan vere tilgjengelege for oppdrag.

Ordninga skildra over er forsvarleg, men likevel sårbar. Den er ingen garanti for at vi alltid i alle situasjonar vil kunne klare å finne ei verje eller representant raskt nok. Til det måtte vi hatt ei betalt vaktordning. Men så langt har vi klart å løyse dei hasteoppdraga som har kome inn til oss så raskt som det har vore nødvendig.

##### SP 2: Ei trygg kapitalforvaltning

Dette er eit stort område der vi i 2014 har hatt spesielt fokus på følgjande:

- Lik og god behandling av søknader om bruk av kapital
- Lik og god behandling av søknader om Fylkesmannens godkjenning av større disposisjonar
- Registrere økonomisk status, opprette konti og få overførde finansielle eidegar som skal vere til forvaltning hos Fylkesmannen
- Frigje midlar under 2G som blei overført til Fylkesmannen ved inngangen til reforma
- Vere i rute med avstemming av rekneskapen i Agresso
- Få til ei feilfri remittering i Agresso
- Gjennomføre ein tilfredsstillande kontroll av 15 prosent av verjerekneskapane med tilhøyrande oppfølging av verjene
- Etablere gode rutinar for frigiving av midlar til 18-åringane
- Få oversikt over verdipapir til oppbevaring hos Fylkesmannen og følgje med på foreldingsfristar

For nemnde aktivitetar er det no etablert gode rutinar. Risikoën for at det skal gjerast feil eller oppstå manglar blir vurdert som låg.

### SP 3 Ei tilfredsstillande tilgjenge overfor brukarane

Vi har telefonid mellom kl.12 – 14. I dette tidsrommet tek alle saksbehandlarar på fagfelte imot telefonar. Spesielt meiner advokatar og faste verjer at dei bør ha eit høve til å kome direkte fram til oss uavhengig av telefontida. På grunn av stor pågang på telefon og lang saksbehandlingstida på fleire felt, har vi likevel sett oss nøydd til å skjerme saksbehandlarane for å auke produksjonen. Vi jobbar aktivt for å få ned saksbehandlingstida, og forventar at talet telefonar då også vil reduserast.

Vi tek imot alle som vender seg til Fylkesmannen for rettleiing og hjelp i kontortida. Ved hovudresepsjonen i Statens Hus har vi fått innreitt eit eigna samtalerom til formålet.

Vi er opptekne av å ha god informasjon om verjemål og aktuelle tema på heimesidene våre.

### SP4 Ei tilfredsstillande handtering av godtgjering og utgiftsdekning til verjer og representantar

Vi har laga ein detaljert prosedyre for behandling av søknader om verjegodtgjering og utgiftsdekning. Vi fekk tidleg i 2014 ein del klagesaker på feltet og har endra våre rutiner for å betre våre rutinar.

Vi har i løpet av året jobba oss ned frå 3 månaders saksbehandlingstid, til 1-2 månaders saksbehandlingstid.

### SP5 Ei sikring av at verjemålsapplikasjonen ARVE inneheld relevant og riktig informasjon

Dette er eit kontinuerleg arbeid men der vi i 2014 spesielt har fokusert på følgjande:

- Melde i frå om feil til SRF
- Rydde opp i doble saksid'ar
- Vurdere søknader om fritak for rekneskapsplikt og få registrert dette riktig i ARVE

Vi har i tillegg følgt opp dei oppryddingsaktivitetane som Statens sivilrettsforvaltning har bedt oss om å gjere.

### SP6 Ei vidareutvikling av den lokal verjemålsstyresmakta, medrekna sikre nødvendig kompetanse, etablere formålstenlege rutinar for arbeidet og effektiv styring.

Vi har etablert ein god møtestruktur, med lagsmøte og fagmøte på verjemål ca.1 gong i månaden. I tillegg er det etablert ei rekke mindre aktivitetsgrupper som har møte ved behov, og som arbeider spesielt med utvikling av interne rutinar, prosedyrar, nye brevmalar etc.

For å følgje med på saksbehandlinga har vi i tillegg til dei moglegheitene som ligg på hjelpesenteret i ARVE, laga

eigne støtteark.

Verjemål har ein eigen kompetanseplan. Vi har hatt solid deltaking på nasjonale og regionale fagsamlingar innan verjemålfeltet i 2014, og var sjølv arrangør for ei større regional fagsamling hausten 2014.

#### Anna

I tillegg er det i fullmaktsbrevet minnet om overgangsføresegnene § 101 nr.2 og 3. Vi har oversikt over kva personar i fylket som er umyndiggjorde etter lov 28. november 1898 om Umyndiggjørelse.

Ved utgangen av 2014 hadde vi langt på veg avvikla forvaltning av midlar etter verjemålslova § 101 nr.4. Vi har ikkje frigjeve midlar der det kunne vere ein særleg grunn for at midlar også under den fastsette grensa burde vore forvalta av Fylkesmannen.

Per 31.12.2014 var 7 personar heilt fråtekne rettsleg handleevne og 1 person delvis fråteke rettsleg handleevne (på det økonomiske området). Vi har i 2014 berre fremja to saker for tingretten.

Det har vore til god hjelp at bankane, som følgje av brev frå SRF, har gjort oss merksame på konti med midlar tilhøyrande overformynderiet. Overformynderirekneskapane frå kommunane for 1. halvår 2013 var av varierande kvalitet, og i ein del tilfelle gav dei oss ikkje tilstrekkeleg informasjon til å kontrollere om alle midlane var overførde til ny ordning. Supplerande informasjon frå kommunane har ikkje alltid vore mogeleg å skaffe.

Til slutt ønskjer vi å nemne at vi har hatt og vil fortsetje å ha eit ekstra fokus på å gjere vedtaka våre i samsvar med Barnekonvensjonen, spesielt artikkel 3, 12 og 13. Det betyr blant anna at vi er merksame på å innhente samtykkje frå mindreårige, og sørger for at dei blir spurde og involvert der det er aktuelt. Dette er i tråd med Fylkesmannen sitt prosjekt *Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland*.

#### Oppgaver etter vergemålsloven

Embeter	Antall saker	Antall tilsyn
FMRO	0	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### 51.3 Forliksrådene

Det kom inn 2 klager/tilsynssaker i 2014.

Vidare har Fylkesmannen behandla 2 klager/tilsynssaker som innkom i 2013.

Klagene har mellom anna gått på forliksrådets domskompetanse, og tolkning av tvisteloven med omsyn til avvisning av elektronisk forliksklage.

Det er behandla 4 saker om oppnevning av stedfortredar i 2014.

Vidare er det behandla 1 sak om oppnevning av nytt fast medlem.

Fylkesmannen har elles påbegynt arbeid med å utvikla rutinar/nettsider til hjelp for kommunane ved neste val. Fylkesmannen opplevde mangelfulle oversendingar/manglante opplysningar ved sist val, noko som medførte betydeleg ekstraarbeid i samband med Fylkesmannen si oppnemning.

Fylkesmannen får og ein god del telefonhenvendigar/epostar frå forliksråda knyta til verksemda. Dette gjeld ofte spørsmål om moglege løysingar når forliksrådet ikkje kan møte fulltallig, men gjeld også spørsmål om habilitet og anna.

### 51.5 Tomtefesteloven

Fylkesmannen har ikkje hatt saker innanfor dette feltet i 2014.

### Resultatområde 52 Borgerrettigheter

Dette er det gjort nærmare greie om nedanfor.

## 52.1 Fri rettshjelp

Fylkesmannen handsama i 2014, 1040 saker i samband med fritt rettsråd. Det blei i tillegg handsama 178 tolkesaker og 193 saker frå Kontrollkommisjonen og andre saker om fri sakførsel.

I 2014 blei det betalt ut kr 7 906 108,00 som fri rettshjelp.

Vi hadde møter med tolkebyråa Hero og Semantix, og telefonmøte med Noricom. Dette for å lage betre rutinar for innsending av tolkeoppgåver.

Vi har hatt utstrekkt rettleiing av advokatar og andre som ynskjer fri rettshjelp. Hovudsakleg gjennom telefonsamtalar, men også rettleiing av klientar som vender seg personleg til Fylkesmannen med spørsmål. Det er også gjort tiltak for å få fleire advokatar til å nytte elektronisk skjemaløysing.

Fylkesmannen har hatt fleire vanskelege saker som gjeld asyl, og omgjering av vedtak frå UNE. I fleire saker gjeld det barn, og om det er brot med barnekonvensjonen å senda dei ut av Norge.

## 52.3 Navneloven

Fylkesmannen mottok 4 saker i 2014, i tillegg blei det behandla 2 saker som innkom i 2013.

1 sak vart omgjort, 4 saker vart stadfesta. I ei sak hadde Fylkesmannen først stadfesta Skatt vest sitt avslag, det innkom deretter ny søknad med dokumentasjon på påbegynt hormonbehandling i samband med kjønnsskifte. Denne saka vart difor sendt til Skatt vest for ny behandling i 1. instans.

Fylkesmannen avventar vidare ein dom om foreldreansvar i ei sak mottatt i 2013, denne navnesaka er difor førebels ikkje avgjort.

## Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet

Talet på årsverk som jobba med samfunnstryggleik og beredskap i 2014 var 5,50. I tillegg kjem 0,50 årsverk i samband med vår oppgåve som klareringsmyndighet. Det er 8 personar som deler på dei 6 årsverka.

DSB hadde styringsdialogmøte med Fylkesmannen i Rogaland 3. april 2014. Det formulerte to oppfølgjingspunkt:

1) "DSB anbefaler FMRO å være besvisst på hvordan fylkesROS benyttes som verktøy i det regionale forebyggende- og konsekvensreduserende samfunnssikkerhet og beredskapsarbeidet. Det er viktig å sikre god eierskap til dokumentet blant kommunene og hos regionale aktører som er ansvarlige for gjennomføringen av risiko- og sårbarhetsreduserende tiltak som er identifisert i fylkesROS"

Fylkesmannen er merksam på dette og vi har eit særleg fokus på når vi i desse dagar jobber med ein ny helsefylkesROS. Vi vil også gjere konkrete tiltak for å følge opp funna i fylkesROS frå 2013.

2) "DSB forventer at FMRO i løpet av 2014 har på plass en robust og øvet beredskapsorganisasjon med oppdatert planverk"

Fylkesmannen sin beredskapsorganisasjon blei øvd 17. september 2014. Det har i tillegg vore fleire mindre CIM-øvingar for å trena organisasjonen på bruk av CIM. Kriseplanen til Fylkesmannen blei oppdatert i 2014. I 2015 er det planlagd ein meir omfattande revisjon.

## 53.1 Oversikt over risiko og sårbarhet

- FylkesROS blei sist revidert i 2013.
- ROS-analysen inneheld ei tiltaksliste der det går fram kven som har ansvar.

c) Tiltaka er lagd fram i møter med fylkesberedskapsråd og eit møte med alle kommunane. Fylkesmannen har ikkje hatt direkte kontakt med eksterne etater om omfølging. Fylkesmannen har ikkje god nok oversikt over status for dei tiltaka som analysen trekk fram.

d) FylkesROS har vore tema i fylkesberedskapsrådet fleire gonger, seinast når analysen var ferdig. Fleire av meldemmene av fylkesberedskapsrådet var involvert i arbeidet med å komme med faglege innspel.

e) Fylkesmannen har henta informasjon frå sentrale etatar som Meteorologisk Institutt, NVE, Statens Strålevern og DSB gjennom epost korrespondanse og telefonsamtalar.

f) FylkesROS er kjend hos medlemmen av fylkesberedskapsråd og kommunar. Det blir brukt som eit grunnlagsdokument for deira ROS-analyser. Alle øvingar for Fylkesmannen og regionale øvingar for nødetatar og kommunar tek utgangspunkt i eit scenario som er henta frå fylkesROS

I 2014 starta vi eit arbeid med å lage ein HelsefylkesROS i embete. Her er begge helseføretaka og 3 kommunelegar involvert i arbeidet. DSB sin rettleiar for fylkesROS blir fulgt så langt den passar.

### 53.3 Samfunnsplanlegging

a) I 2014 har me hatt 4 motsegner til kommuneplan og 6 til reguleringsplan innen samfunnstryggleik.

Kommuneplannivå:

- Klepp: føresegner på overvann, manglende oppfølging av ROS i arealplan.
- Karmøy: generell motsegn til manglende ROS
- Bjerkreim: manglende flaumvurderingar i områder som ikkje er dekka av NVE sine flaumsonekart
- Sentrumsplan Sandnes: føresegner om havnivåauke

Reguleringsplan:

- Årstadøyno, Sokndal: manglende ROS
- Tveit reiselivsanlegg Tysvær: manglende føresegner og sikringsklasse for båthamn
- Skadberg camping, Eigersund: krav om brannsikring mellom byggverk
- Bustadfelt Resahagen, Strand: manglende omsyn til flaum- og overvatn i ROS-analyse, føresegner og plankart
- Bustadområde Barkved, Strand: mangelfull ROS-analyse og manglende oppfølging av kjente risikofaktorar som skred, flaum, overvatn, havnivåauke.
- Jørpeland, Strand: fortetting i boligområde, manglende hensyn til overvann og ekstremregn.

b) Alle kommunane i Rogaland har mål og strategiar for oppfølging av samfunnstryggleik i kommuneplanens samfunnsdel. Nokre kommunar har eigne strategidokument for beredskap. Mellom anna har dei fire kommunane på Nord-Jæren ingått ein beredskapsavtale der dei forpliktar seg til å samarbeide om konkrete tema.

c) Utvalde delar av forskrifta om kommunal beredskapsplikt har vore tema på ei beredskapssamling med alle kommunane i Haugesund juni 2014. Fylkesmannen har rettleia alle kommunane som har ønska rettleiing. I hovudsak har rettleiinga vore å gi uttale eller råd til mellombelse analysar som er sendte oss til uttale eller høyring. Nokre kommunar har fått munnleg rettleiing i telefonsamtaler eller eigne møter.

d) Planverk for atomberedskap var tema ved den årlege nettverkssamlinga for kommunanes beredskapskontaktar og informasjonsmedarbeidarar. I møtet deltok også represenatntar for politidistrikta, helseføretaka, interkommunalt brannvesen, sivilforsvaret og forsvaret. Kommunanes krisplanverk blir vurdert ved tilsyn.

### 53.4 Tilsyn

Fylkesmannen har hatt tilsyn med kommunal beredskapsplikt i 7 av 26 kommunar i 2014. Tilsyna er gjennomførte i samsvar med rettleiarene til DSB. Tilsynskommunane er stort sett valde ut frå risikovurderingar og kven som står for tur. I tillegg har vi justere val av kommune i samband med intern og ekstern samordning av kommuneretta tilsyn og forvaltningskontrollaktivitet. I og med at vi har lagt mest vekt på risikovurdering, har nokre kommunar fått oftare tilsyn enn kvart fjerde år. Haugesund og Karmøy skulle ha tilsyn i 2014 sidan det då var fire års sidan sist. Dei får tilsyn våren 2015. Vi har gjort denne vurderinga ut frå at detasta meir å få kontrollert nokre av dei andre kommunane.

Fylkesmannen har tatt for seg heile forskrifta i tilsyna i 2014. Vi har arbeidd aktivt med å betre måten vi fører tilsyn på, og ikkje minst korleis vi formidlar resultata frå tilsyna. Også når det gjeld oppfølging og rettleiing i samband med tilsynet har vi intensivert dette arbeidet. Dette er noko vi vil arbeide vidare med i 2015.

Alle tilsyna er lagde inn i SAMBAS.

## Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser

Dette er det gjort nærmere greie om nedanfor.

### 54.1 Beredskapsforberedelser og regional samordning

a) I det årlege nettverksmøte for kommunale beredskapskontaktar ber vi dei kommunar i Rogaland, som har opplevd ekstraordinære situasjonar orientere om korleis handteringa har vore. I 2014 inviterte vi fylkesberedskapssjef Haavard Stensvand, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og representant frå Lærdal kommune til å fortelle om erfaringane i samband med brannen i Lærdal.

Kommunar som har fått avvik på beredskapsplan i tilsyn sender ofte revidert plan til Fylkesmannen for uttale før den blir endeleg godkjent av kommunestyret.

b) Rundt 8 kommuner er forholdsvis passive i bruk av CIM. Det er Bjerkreim, Finnøy, Hjelmeland, Kvitsøy, Lund, Rennesøy, Tysvær, Utsira. Det vil si at dei gjerne har kurs, men ikkje aktive hendelser i normalmodus. Dei kan ikkje bruke CIM ved krise.

c) Kraftforsyninga sin distriktsjef heldt innlegg på møte i fylkesberedskapsrådet i desember 2014. Vi har hatt fleire møter med kraftforsyninga i samband med plansaker der bustader er planlagd for tett inntil viktige objekter for kraftforsyninga. Vi har hatt tett samarbeid med kraftforsyning før og under ekstreme verforhold. Vi deltatt på møter med kraftselskap i samband med møter om kraftsystemutgreingar.

d) Fylkesmannen deltok på Naudnetdagane 2014 og de to samlingane som DNK hadde for fylkesberedskapssjefar. Vi har også deltatt på regionale samlingar for både Helse Stavanger og Helse Fonna områda.

e) Fylkesmannen har lage ei oversikt over kva område og kommunar som bør få forsterka ekom i samsvar med retniningslinene som kom. Oversikta blei send til Post- og teletilsynet og DSB innan fristen 30. april 2014.

### 54.2 Fylkesmannens beredskapsarbeid

a) Fylkesmannen har ein oppdatert beredskapsplan. Etter at nettstanden atomberedskap.no ble lagd ned har vår atomberedskapsplan ikkje blitt revidert. Vi planlegg å integrere atomberedskapsplanen i den generelle beredskapsplanen i 2015.

b) Fylkesmannen har ikkje fått nytt gradert samband, vi har dessverre fremleis ikkje fått laga den dokumentasjon som er nødvendig for å bli godkjend av Forsvaret.

c) Fylkesmannen har tilstrekkeleg kompetanse til å ta i mot beredskapstiltak i SBS. Det kom ein revidert utgåve av SBS i desember 2014. Denne utgåva må vi bruke tid i 2015 på å sette oss inn i.

d) Fylkesmannen bruker CIM regelmessig i samband med varsling av kommunar, vekerapportart og situasjonsrapportar til DSB og til loggføring når det er ekstraordinære situasjonar der Fylkesmannen skal lage eit situasjonsbilete og samordne hendinga. Det blir også gjennomført enkle CIM-øvingar for heile krisstabben 4 gonger per år for å trenre på innlogging, loggføring og rapportering.

e) Vekerapporter i CIM er send DSB

f) Fylkesmannen kører framleis det gamle kryptokonseptet. Vi vil få installerte det nye sambandskonseptet i løpet av 2015. Vi opnar og lukkar sambandet kvar dag.

g) Fylkesmannen har informert Kystverket om to personar som skal vere miljøfaglege rådgivarar i forureiningssåørsmål. Dei er og rådgiverar i dei regionale utvala for akutt forureining (IUA). Det er Vegard Ankarstrand og Einar Haualand.

## 54.4 Øvelser

- a) Fylkesmannen har ein oppdatert øvingsplan.
- b) Fylkesmannen planla og gjennførte seks øvingane for kommunane i 2014: kommunane Finnøy, Gjesdal, og Hjelmeland fekk table-top øvingar. Hå kommune: Speløving, Samvirke. Haugesund og Vindafjord blei øva i fullskala samvirkeøvingar. Fylkesmannens kriseorganisasjon blei øvd.
- c) FylkesROS og Kommunanes ROSanalysar legges til grunn for valg av scenario. ROS analysa blir vurder opp mot dei seinaste øvingane til kommunane og hvilke øvingsmål kommunen oppgir er viktigst. Nivået for øvinga blir vurdert i felleskap ut frå kommunens behov. Fylkesmannen har saman med samvirkeetatane i øvingsutvalet for Rogaland politidistrikt utarbeid ei håndbok for øvingsplanlegging som blir fulgt.
- d) Mange ulike læringspunkt i kommunane. Desse blir fulgt opp i de enkelte kommunane og vurdert ved tilsyn. Felles læringspunkt som blir fulgt opp i øvingsutvala er opplæring av liasoner og etablering av EPS.
- e) Fylkesmannen sin beredskapsorganisasjon øvar årleg. Sist øvelse var september 2014.
- f) Fylkesberedskapsrådet øvde sist saman med beredskapsorganisasjonen til Fylkesmannen i samband med "Øvelse Orkan" 27. november 2012.

## Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

Dette er det gjort nærmere greie om nedanfor.

### 55.1 Håndtering av uønskede hendelser

Det har ikkje vore nokon hendingar i 2014 kor Fylkesmannen har tatt initiativ til ei samordna evaluering. De mest omfattande hendingane som har vore er Melding om auka terrortrugsel 24. juli, flaum på Vigrestad i Hå kommune 7. august og ekstremværet Lena 9. august. Alt innan en periode på omlag to veker.

#### 1) Auka terrortrugsel

- a) Nasjonal hending der Rogaland var ein liten del av det heile. Fylkesmannen har vel framleis ikkje heilt oversikt over årsak og omfang på trugsmål.
- b) Alle kommunane blei råka. Kommunar med flyplass, trafikkknutepunkt og festivalar med mykje folk til stade fekk særskild merkemd frå politiet.
- c) Vi informerte kommunane om det vi fekk vite frå politiet, DSB og Hdir. På oppmoding frå Hdir ba vi alle kommunane gjennomgå sine beredskapsplanar og vurdere sin eigen ressurssituasjon i ljós av at det var midt i somarferien. Vi rapporte om status til Hdir og DSB fleire gonger.
- d) Fylkesberedskapsrådet blei ikkje involvert.

e) Fylkesmannen har gitt inspel til nasjonal evaluering i regi av Hdir. Det har ikkje kome tilsvarenade evaluering frå JD eller DSB. Regionalt har det vore ei evaluering i regi av Rogaland politidistrikt som Fylkesmannen har delteke i. Læringspunkene var i hovedsak at politiet venta for lenge med å informere Fylkesmannen.

#### 2) Flaum på Vigrestad i Hå kommune

- a) Lokalt mykje regn førte til lokal flaum på Vigrestad og Brusand.

- b) Berre Hå kommune.
- c) Fylkesmannen hadde kontakt med kommunen frå vi blei merksom på flaumen gjennom media. Det var sendt ut eit obs-varsel frå Met, men desse varsla blei ikkje vidaresendt til kommunane. Det blei sendt situasjonsrapporater til DSB.
- d) Nei
- e) Fylkesmannen var til stades når Hå kommune evaluerte hendinga om lag ei veke etterpå. Læringspunktet var mellom anna at kommunen må revidere sin beredskapplan og etablere kriseleninga raskere enn dei gjorde under hendinga. Det var og forbetringspunkt når det gjelder krisinformasjon.
- 3) Ekstremveret Lena
- a) Met sende ut varsel om sterkt vind, ekstremveret Lena 9. august.
- b) Varselet gjaldt for heile Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.
- c) Vi videresendte varselet til kommunane og utvalde medlem av fylkesberedskrådet, vi etablerte tett dialog med politiet, kraftselskap, Telenor, Vegvesen. Vi innhenta rapportar frå kommunar og relevante etatar som grunnlag for vår rapportering til DSB i CIM. Vi heva eigen beredskap og hadde to personar på jobb heile laurdag den 9. august.
- d) Fylkesberedskapsrådet blei ikkje samla
- e) Lena førte ikkje til store konsekvensar utover det vanlege når det bles mykje. At trær fell ned, straum og telekom blir borte nokre stader, fergetrafikk råka, bruer stengde, må vi rekna med. Det mest alvorlege som skjedde var i samband med to festivalar. To musikkfestivalar der det var satt opp telt heilt ute langs kysten; Vistestanda i Randaberg kommune og Borestranda i Klepp kommune. Der tok vinden tak i telta og politiet stansa festivalne pga. vind og ga ordre om evakuering av dei som var til stades. Ingen kommunar etablerte kriselening eller meldte frå om større problem. Fylkesmannen har derfor ikkje teke initiativ til evaluering.

## Ressursrapportering

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 0525</b>	<b>Fagdep.</b>
51.2 Vergemålsloven	kr -119 347,98	kr 11 563 595,26
51.9 Annen siviladministrasjon (rest 51)	kr 58 615,42	kr 0,00
52.1 Fri rettshjelp	kr 1 206 753,84	kr 53 974,77
53 Forebyggende samfunnssikkerhet	kr 2 413 491,04	kr 0,00
54 Beredskapsforberedelser	kr 1 150 947,89	kr 0,00
55 Regional og kommunal krisehåndtering	kr 388 090,82	kr 0,00
Andre oppgaver under JD	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 5 098 551,00	kr 11 617 570,00

## Kommunal- og moderniseringsdepartementet

### **Resultatområde 60 Ledelse, virksomhetsstyring og administrasjon**

Sjå nedanfor.

#### **60.1 Helhetlig ledelse og virksomhetsstyring**

Sjå kap III og IV

## 60.2 Mangfold og likeverd

### Lønn

	2014	Kjønnsbalanse			Lønn	
		m%	k%	Totalt(N)	m (kr/%)	k (kr/%)
Embetsledelse/direktør	2014	56,0	44,0	100	100	98,0
	2013	56,0	44,0	100	100	98,0
Seksjonssjef/ass. direktør	2014	62,4	37,6	101	100	100,0
	2013	50,0	50,0	100	100	95,0
Saksbehandler I	2014	47,0	53,0	100	100	98,0
	2013	50,0	50,0	100	100	92,0
Saksbeandler II	2014	28,0	72,0	100	100	91,0
	2013	34,0	66,0	100	100	94,0
Kontorstillinger	2014	21,0	79,0	100	100	106,0
	2013	15,0	85,0	100	100	114,0
Fagarbeiderstillinger	2014	0,0	0,0	0	100	0,0
	2013	0,0	0,0	0	100	0,0
Unge arb.takere inkl lærlinger	2014	0,0	100,0	1	100	0,0
	2013	0,0	100,0	100	100	0,0
Totalt i embetet	2014	42,8	57,2	502	100	98,4
	2013	34,2	65,8	600	100	74,8

### Deltid

	Deltid		Midlertidig		Foreldreperm.		Legemeldt fravær	
	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt i virksomheten	2014	17,0	83,0	26,0	74,0	36,0	64,0	17,0
	2013	27,0	73,0	43,0	57,0	41,0	59,0	25,0

### Ansatte

2014	Ledere med personalansvar		Totalt	Medarbeidere		Totalt	Lønn	
	M%	K%		M%	K%		M%	K/M i %
FMRO	53,0	47,0	100	36,0	64,0	100	100	170,3

## 60.3 Informasjonssikkerhet og IKT

### Informasjonstryggleiken:

Embetet har eit vel etablert sikkerhetsutval som består av representantar frå alle avdelingane. Gruppa møtes jamnleg for å diskutera eventuelle informasjonssikkerhetsutfordringar og for å evaluera den gjeldande informasjonssikkerhetspolicyen. Gruppa jobbar også med å gjere policyen kjent internt i embetet.

### Lisensteljing:

Lisensteljinga for 2014 var en vanlig teljing og ble innrapportert innan fristen som var satt.

## 60.4 Embetsspesifikke oppdrag på IKT-området

Ingen slike

## Resultatområde 61 Samordning og modernisering i kommunene

Sjå nedanfro.

## 61.1 Kommunerettet samordning

### Samordnande samarbeid med KS

Fylkesmannen og KS samarbeider om programmet og arrangerar ein årleg konferanse for ordførarane og rådmennene i fylket. I år var kommunereforma og barnekonvensjonen hovudtema for konferansen.

Fylkesmannen har generelt eit godt samarbeid med KS i Rogaland og vi arrangerer fagmøte om KOSTRA og Kommuneøkonomidag i samarbeid med KS og NKK årleg, sjå under pkt 62.2.

Fylkesmannen har og fått koma til møte i rådmannsutvalet for å få ytterlegare innspel i vårt arbeid for å betre dialogen me

Vi tek også KS med i prosessen når vi vurderer dei kommunale søknadene om

innovasjonstilskot slik at KS sin kommunekjennskap blir nytta i tillegg til vår eigen kommskap om kommunane.

### Samordning av tilsyn

Fylkesmannen har etablert intern samoringsgruppe, me dein koordinator. Tilsynskoordinator utviklar saman med representantar for fagavdleingane arbeidet med samordning av tilsyn internt og eksternt. Det er gjommonført tre samordningsmøter med Mattilsynet, Kartverket, Arbedistilsynet og Statsarkivet og tre samordningsmøter med kontrollutvalgssekreteriatene i fylke. Tilsynsaktiviteten blir samordna i tid, og vi lagar tilsynskalender som viser den samla tilsynsaktiviteten overfor kommunane så langt det metodisk lar seg gjere.

### Møte med lederne for dei regionale statsetatane

Fylkesmannen har i 2014 avholdt to møte med lederne for de regionale statsetatane og temaene under desse møta har vært God oppvekst i Rogaland - sjumilsteget og orientering om Fylkesmannen sitt arbeid med kommunereformen.

### Samordning gjennom planarbeid etter plan og bygningslova

Fylkesmannen i Rogaland har høg leiarinvolvering og sterkt fokus på intern samodning i planuttalar. Vi har ei tverrfagleg plangruppe med saksbehandlarar frå miljø, landbruk og beredskap og med faste kontaktar på avdelingane for helse og utdanning. Me deltar aktivt og godt internt samordna i regionalt planforum ein gong i månaden. Dei fleste motsegner vert løyst gjennom drøfting på eit lågare nivå, men gjennom mekling der andre statsetatar eller fylkeskommunen har motsegner, skjer det også svært viktig regional samodning i utfordrande saker.

Vi er også med i prosjekt samordning av statlege motsegner. Det er eit krevande og spanande prosjekt som allerede har gitt gode resultat i form av

- meir avklarte ansvarsområde medllom statsetatar med motsegrsrett
- meir samordna begrepsbruk i planuttalar
- bevisstgjering hos statsetatar på sin eigen motsegrsrett
- klargjering av ulike rollar internt i etatane
- eit behov for å få inkludert fylkeskommunen sine ansvarsområder.

Grunna stor utbyggingaktivitet i Rogland er det svært stor saksmengde og reell motstrid mellom ulike nasjonale og regionale viktige hensyn. Dette gjev eit stort arbeidspress der fylkesmannen grunna saksmengde må prioritere ned direkte deltagelse i større planleggingprosjekt som gjeld veg, jernbane osv. Ved å stille oss direkte til dispensasjon i eigne møter m.m., direkte for dei som har ansvar for å utvikla dei ulike planane, sparar vi tid, får gode avklaringer på våre særlige ansvarsområde og bidrar til å halda rollane som planleggar/tiltakshavar og uttaleinstans betre skilt samla sett i staten.

## 61.2 Modernisering i kommunene

Fylkesmannen ser på arbeidet med innovasjon og utvikling i kommunane som ei viktig oppgåve. Dei fleste kommunane har stor folketilvekst og dette krev stadige tilpassingar og nye løysingar. Vi har m.a. eigne nettsider for dette temaet (under [Fylkesmannen.no/Rogaland/ kommunal styring](#)). Vi arrangerte også KOSTRA-samling for kommunane om våren, med over 70 deltakrar.

Viktigaste aktiviteten på dette området er fordeling av skjønsmidlar til innovasjons- og fornyingsprosjekt i kommunane og oppfølging av desse. 11 kommunar fekk i alt kr 5 530 000 til 19 prosjekt i 2014. Dette er ein vesentleg auke frå året før då tildelinga var kr 2 524 000. Seks av desse prosjekta var samarbeidsprosjekt mellom fleire kommunar.

Vi er nøyne med at prosjekta har klart fokus på tenesteutvikling, særleg av ”tunge” tenester, i tråd med retningslinjene frå departementet. Oppfølging skjer mest gjennom kontakt knytt til framdrift og rapportering og kontakt gjennom fagavdelingane. Systematisk evaluering av effektar har vi ikkje føretatt, utover rapporteringa frå kommunane og det vi registrerer av tiltak og endringar.

Formidling av erfaringar skjer m.a. gjennom at vi legg ut rapportar og presentasjonar for gjennomførte prosjekt på nettsidene våre. I ein del tilfelle har vi hatt presentasjonar på seminar o.l. vi arrangerer. M.a var KOSTRA-seminaret i fjor bygd opp rundt eit prosjekt Strand og Suldal har fått midlar til, om kvalitetsutvikling og styringsinformasjon.

Av prosjekt som særskilt kan trekkjast fram er Time og Sola som har fått midlar for å driva med innovasjon på brei basis og å skapa ein innovasjonskultur i kommunane. Sola har dei siste to åra arrangert ein [innovasjonskonferanse](#) for kommunane i fylket som vi har støtta gjennom midlar. Gjennom dette arbeidet har ein fått eit forum for utveksling av idear og erfaringar. Det har også vore arrangert workshop som ledd i dette.

## 61.3 Samordning av statlig tilsyn

Fylkesmannen sin tilsynskoordinator utvikler saman med representantar for fagavdelingane(tilsynslaget) arbeidet med samordning av tilsyn internt og eksternt.

I 2014 hadde Fylkesmannen mellom anna denne aktivitetane:

- Faste møte i tilsynslaget, omrent ein gong i månaden. Vi utvekslar erfaringar og informasjon og tar opp utfordringar i desse møta. I tillegg har vi ekstra møte i samband med praktisk samordning, og når me skal planlegge større møte.
- Samordning av den kommuneretta tilsynsaktiviteten internt.
- Samordning av den planlagde kommuneretta tilsynsaktiviteten eksternt. Vi samordnar aktiviteten med Mattilsynet, Arbeidstilsynet, Statsarkivet og Kartverket. Brev og ein kalender (oversyn) over planlagde tilsyn blei sende til kommunane/fylkeskommunen i januar 2014. Kopi av dette blei sendt til andre tilsynsetatar, kontrollutvalsekretariata og kommunerevisjonane i fylket. Det er også lagt ut på nettstaden vår.
- Gjennomført tre kontaktmøte med Mattilsynet, Arbeidstilsynet, Statsarkivet og Kartverket (eit tidleg i januar, eit på hausten og eit i desember). På desse møta har vi utveksla erfaringar, samordna tilsynsaktiviteten og utvikla samordninga vidare. Statsarkivet er no aktivt med. I tillegg fekk vi ut brev og oversikt over tilsyn i 2015 allereie i desember 2014.
- Gjennomført to møte med dei tre kontrollutvalssekretariata i fylket. Eit i mai kor rolleavklaring og utveksling av planar for tilsyn og kontroll stod på programmet. I tillegg eit møte i desember kor me samordna vår tilsynsaktivitet med planane om forvaltningskontroll.
- Kontinuerleg kontakt med dei andre statlege tilsyna og kontrollutvalsekretariata om endringar, eventuelle større pålegg og informasjon elles per telefon/e-post.
- Gjennomført årleg kontaktmøte med Rogaland revisjon som er den største kommunerevisjonen i fylket vårt. Tema var samordning av tilsyn.
- Gjennomført to tilsynslunsjer internt, ein vår og ein haust. Målgruppa alle som driv med tilsyn internt hos Fylkesmannen, men og andre som er interesserte i dette var velkomne. Tok opp tema som læring av tilsyn, nye signal om samordning, rapport frå riksrevisjonen, i tillegg til Arbeidstilsynet sitt arbeid med arbeidslivskriminalitet.

- Vidareutvikling av nettsidene om tilsyn. Vi har og laga vår egen tilsynskalender på nettsida vår.
- Vi hadde planlagt å ha ein tilsynskonferanse. I samarbeid med KS Rogaland har vi utsett dette. No er det så sterkt fokus på kommunereformen at vi ser at det ikkje er rett tid for å ha fokusere på tilsyn i tillegg.

Kva fungerer/fungerer ikkje?

- Tilsynslaget fungerer stadig betre. Vi har fin flyt mellom avdelingane og dialogen er god. Utfordringa er at vi har ulike sentrale statlege signal. Noko som gjer det vanskelig å samordne når det gjeld metode og utval. Vi har derfor lagt vekt på at alle som driv med tilsyn hos Fylkesmannen skal vite om dei andre tilsyna hos oss, og korleis desse blir gjennomførde. Dei skal vite at det er ulik praksis frå fagområde til fagområde, slik at vi kan svare kommunane dersom det kjem spørsmål om dette. Vi ønskjer meir læring av tilsyna og ser at fleire av tilsyna vi gjennomfører har meir fokus på dette, jamfør fleire spreiingstilsyn.
- Samordninga internt fungerer og betre. Det er god dialog, tidsfristar blir haldne og alle ønskjer å bidra til å få kalenderen på plass.
- Tilsynssamordninga eksternt er og vidareutvikla. Statsarkivet er nå kome med i den praktiske samordninga. Utfordringa er her den same som i den interne samordninga. Det er ikkje samordning av tilsyna sentralt. Dette gjer det vanskeleg å få til ein kalender som og omfattar Arbeidstilsynet. Dei har ein annan syklus når det gjeld planlegging. Vi har løyst dette med å ha meir detaljert informasjon om Arbeidstilsynet sine tilsyn i tilsynsbrevet. Vi har og fått sendt ut oversikt over tilsynsaktiviteten allereie i desember. Dette for at kommunane tidlegast mogleg skal vite kva som skjer neste år. I tillegg gjer dette det mogleg for oss å varsle tilsyn tidlegare på året. Dette har me snakke med kontrollutvalsekretariata om, og dei er særstak positive. Vi har også samordna med deira aktivitet før brevet blei sendt.
- Vi har laga ein eigen tilsynskalender på nettsida vår, og vi ønskjer å få meir synleg plassering for tilsyn på nettsidene. No er det tilsyn under kvart tilsynsområde, og samordning av tilsyn har vore fråverande i malen, men vi har laga vårt eige tilsynsområde.
- Vi ønskjer å ha meir fokus på læring, og har dette oppe som tema både internt og eksternt.

Særlege utfordringar

- Det er ei særleg utfordring at dei ulike fagområda ikkje er samordna når det gjeld tilsyn på sentralt hald. Det blir gjort endringar på dei ulike tilsynsområda både når det gjeld forventingar, omfang, utval og metode utan at dette blir samordna med dei andre tilsynsområda.
- Fylkesmannen brukar mykje ressursar på tilsyn og kontroll. Det er lite forskingsmateriale om kva effekt tilsyn har framfor andre virkemiddel for å fremje statens politikk. Vi etterlyser derfor dette. I tillegg ønskjer vi gode arenaer for diskusjon av omgrepene "læring". Kva ligg i dette, og kor langt kan tilsynet gå i retning av rettleiing?
- Vi ønskjer framleis at departementet legg til rette for erfaringsutveksling mellom Fylkesmennene og formidling av gode eksempel på samordningsrutinar og ikkje minst læring av tilsyn.

## Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

Dette er det gjort nærmere greie om nedanfor.

### 62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i kommuneloven

Vi går kvart år gjennom kommunale budsjett/økonomiplanar og rekneskap med sikte på å avklara om det er kommunar som skal inn (evt. ut) av ROBEK (Register over kommunar underlagt betinga kontroll). Mellom 2007 og 2010 var ingen kommunar i registeret. Haugesund blei meld inn i 2010 pga manglende inndecking av underskot. Rekneskapanane for 2011-2013 og budsjetta for 2011-2014 har ikkje gitt grunnlag for utmelding, men det er heller blei ikkje meld inn nye kommunar. Vi har i 2014 i tråd med dette gjennomført lovlegkontroll av budsjett og økonomiplan for Haugesund og vidare godkjent vedtak om låneopptak. På bakgrunn av at den økonomiske ubalansen i Haugesund snarare har auka enn minka, har vi i 2014 auka innsatsen gjennom hyppigare kontakt med kommunen, den økonomiske situasjonen var tema ved kommunebesøket og fylkemannen deltok i formannskapsmøte 22. oktober 2014. I tillegg har vi hatt møter med administrasjonen ved rådmann og

økonomiskjef to ganger i 2014. Vi har m.a. signalisert at terskelen for lånegodkjenning vil måtta hevast monaleg dersom ubalansen held fram.

Vi behandla i 2014 16 vedtak om å stilla kommunal garanti. Dei fleste gjaldt idrettsbygg/anlegg. For nokre av desse var det formelle manglar slik at det var nødvendig med ein ny runde.

IKS-lova blei endra f.o.m. 1.1.14 slik at lånevedtak nå berre treng godkjenning når ein eller fleire av deltagarkommunane er registrert i ROBEK. Vi har hatt to slike saker i 2014.

Det har ikkje vore saker om vedtekter for kraft/heimfallsfond i 2014.

## 62.2 Økonomiforvaltning - veiledning

Vi legg hovudvekta av arbeidet på økonomifeltet på informasjon og rettleiing. Vi har hatt få kommunar i ROBEK og har som mål å førebyggja at dei kjem dit.

I samarbeid med KS og NKK lokalt arrangerte vi to samlingar på dette feltet, eit KOSTRA-seminar, i april, og ein kommuneøkonomidag i begynnelsen der hovudtema er kommuneproposisjonen, men der også andre relevante tema blir tatt opp. Vi legg ned mykje arbeid i desse samlingane, men det har vore bra oppmøte, vi får positive tilbakemeldingar og legg også vekt på møteplassfunksjonen desse samlingane har.

Vi prøver å ha ei viss oppfølging av einskildkommunar også om dei ikkje er i ROBEK, hovudsakleg kommunar som kan vera i ”faresona”. Særleg gjeld dette kommunar som ligg særlig høgt i samla overslag på frie inntekter i høve til KS-modellen.

Den økonomiske situasjonen i kommunane i fylket samla sett er noko betre enn landet. Men inntektsveksten stagnerer og lånegjelda har auka meir enn landet dei seinare åra. Økonomistyringa i kommunane synest gjennomgåande å vera god. Stor folketilvekst gir økonomiske utfordringar, m.a. behov for investeringar, noko som kan forklara gjeldsveksten når inntektene ikkje aukar like mykje. Konjunkturane ser ut til å gjera noko større utslag for kommunane i Rogaland enn landet under eitt og utviklinga frå siste halvdel av 2014 kan gi grunn til ei viss uro.

Kwart år utarbeider vi ein rapport om kommuneøkonomien i fylket basert på rekneskapstal frå KOSTRA frå dei føregåande åra, med presentasjon av statistikk og gjennomgang av status og utviklingstrekk, og formidlar denne til kommunane.

Vi prøver å gjera aktuelt stoff tilgjengeleg via nettsidene i så stor grad som råd, informasjon om kommuneøkonomi, kommuneopplegget (kommuneproposisjonen og statsbudsjettet), lysark frå føredrag, statistikkoversyn for kommunane i fylket, skjønstildeling m.v. 20 artiklar blei lagt ut på sidene for Kommuneøkonomi, KOSTRA og kommunal fornying i 2014.

Vi har også i 2014 prøvt å følgja opp KOSTRA-rapporteringa i kommunane. Slik vi forstår det ligg kommunane i fylket relativt godt an på dette punktet. Vi har som ein viktig strategi for å sikra datakvaliteten å ta data i bruk på flest mogleg område. Vi legg ut ein del tabellar med fylkesoversikter, både på grunnlag av førebelse tal og dei endelige, poenget med dei første er m.a. kvalitetssikring ved å gjera tal meir synlege før fristen for retting. Det årlege KOSTRA-seminaret held vi av denne grunn i perioden mellom første publisering 15. mars og fristen for retting. Det blir også lagt ut oppslagstabellar for samanlikning av kommunar.

Vi har på KOSTRA-seminaret og via e-post prøvt å setja fokus på ein del område (funksjonar) der det er store variasjonar i tala som det er vanskeleg å finna forklaringar på. Gjennom eit internt statistikknettverk arbeider vi for å auka bruken internt, dette er også nyttig for kvalitetssikring.

Vi har i 2014 fordelt resten av skjønsramma for 2014, 8,7. mill kr til 7 kommunar for ekstrautgifter i samband med språkdeling, kr 1 922 000 til ekstraordinære utgifter i 5 kommunar og kr 5 530 000 til innovasjons- og fornyingsprosjekt, jf punkt 6.1.2. Av ramma for fylket for 2015 på 67,6 mill. kr er 49,5 mill. kr fordelt i samband med statsbudsjettet i haust, medan resten blir fordelt i år.

Hovudomsyna ved fordelinga av skjønstillskot er kompensasjon for omlegging av arbeidsgjevaravgift, kommunar med særleg høge utgifter til ressurskrevjande tenester, kommunar med særleg høge utgifter psykiatri/rus i høve til kommunestorleik, ekstrautgifter pga. språkdeling og skyss helsepersonell. Vi er her også nøyne med å ikkje gi signal om bruken av midla i større grad enn det som har dekning i departementets retningslinjer (jf.

prosjektskjøn), sidan dette i utgangspunktet er frie midlar og dei nemnde omsyna dermed er meint å utfylla kriteria i inntektssystemet og ikkje innebera former for øyremarking, jf. prinsippa elles.

## Resultatområde 63 Kommunalrett, forvaltningsrett, kommuneinndeling og valg

Dette er det gjort nærmere greie om nedanfor.

### 63.1 Kommunalrett

Fylkesmannen veileder særleg om tema knytt til habilitet og suppleringsval til faste utval. Vi har òg spørsmål knytt til interkommunalt samarbeid og lukking av møte.

Fylkesmannen har ikkje mottatt klager etter kommunelova § 60 d fjerde ledd.

#### Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighekskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighekskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMRO	4	4		1		1	1	0
<b>Sum</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>0</b>	<b>1</b>	<b>0</b>	<b>1</b>		

### 63.3 Kommuneinndeling

Fylkesmannen har i 2014 prioritert mye ressursar på å legge til rette for lokale og regionale prosessar knyta til kommunereforma, i god dialog med KS. Vi har besøkt alle kommunar gjennom året der kommunereforma har vore på dagsorden. Kommunereforma har også vore tema på fellesarrangement med KS under Høstkonferansen i november og møte for ordfører og rådmenn i desember der vi hadde besøk av statsråd Sanner og leiar av ekspertutvalet. Vi har elles hatt møte med alle regionråda, som er viktige forum i dette arbeidet. I tillegg har vi hatt eige møte med dei kommunar som ikkje er medlem av regionråd. Vi har hatt møte med toppleiringa i fylkeskommunen om reformarbeidet. Etter invitasjon har vi delteke på møte i kommunestyre og fleire ulike opne møte.

Vi har tilsett prosessretteiar frå 1. november 2014, og har organisert arbeidet med eiga intern styringsgruppe og ressursgruppe. Kommunereforma er tema på alle leiarmøte. I desember tok vi initiativ til etablering av ei regional ressursgruppe, med brei deltaking frå ulike sektorar. Det er tenkt 3-4 møte i denne gruppa i 2015.

Vi har i november send ut eit brev til alle kommunar, der vi m.a. ber om å få rapportert inn om status i arbeidet og vidare plan for prosessen innan 1. mars 2015. Vi annonserar også at vi er innstilte på å løyve inntil 100 000 frå skjønnsmidlar til det vidare arbeidet, og at det blir ei prosess-samling for alle kommunar den 17. mars 2015.

Alle kommunar i Rogaland utanom Bokn har vedteke å delta i reformarbeidet, men berre tre av kommunane har i 2014 kome til konkrete planar om samanslåing (Hjelmeland, Strand og Forsand). Mye av utgreiingsarbeidet med reforma er på ein god måte organisert gjennom regionråda. Fleire kommunar har hatt uformelle samtalar med nabokommunar om ulike modellar for ny kommunestruktur, men det har førebels ikkje ført til konkretisering av eit vidare samarbeid mot samanslåing.

Vi nyttar nettsida aktivt i informasjonsarbeidet om kommunereforma.

### 63.4 Valg

Det har ikkje vore aktivitet på dette området i 2014.

### 63.5 Forvaltningslovens og offentleglovas anvendelse i kommunesektoren

Fylkesmannen har i 2014 behandla 15 klagesaker på manglande dokumentinnsyn etter offentleglova og forvaltningslova. I tillegg har Fylkesmannen behandla flere spørsmål frå kommunar og publikum om forståinga av innsynsreglane i offentleglova og forvaltningslova.

## Resultatområde 66 Planlegging, bolig- og bygningsrett

Dette er det gjort nærmere greie om nedanfor.

### 66.1 Byggesaker

Det kom inn totalt 374 byggjesaker etter plan- og bygningslova. Ved utgangen av året var restansen 77 saker.

Det blei behandla 375 saker. 105 av dei påklagde vedtaka blei opphevd eller omgjort. 23 omgjort og 88 opphevet (30%).

Av dei 374 sakene ovanfor kom det inn 11 og blei behandla 13 setjfylkesmannssaker.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for heile året var 2,2 månader.

317 saker blei behandla innanfor fristen på 12 veker. Av dei resterande hadde 33 saker ei overskridning inntil 4 veker, 12 saker ei overskridning mellom 4 og 8 veker og dei resterande 13 saker hadde til dels betydelege overskridinger. I fleire av de sistnemnde sakene har det vore vanskeleg å få inn tilstrekkeleg dokumentasjon fra kommunane, sakene har vore behandla etter fleire lovverk (jordlov og plan- og bygningslov), og 3 av sakene har vore forlagt pga. feil registrering i arkivsystemet. Desse sakene har blitt behandla så snart som mogleg.

I dei 12 sakene med ei overskridning inntil 8 veker, var det nødvendig å innhente manglande dokumentasjon i 5 saker og i to saker blei det avholdt befaring. Det tok tid å finne eit passande tidspunkt for partane, sjølv om befaringa ikkje skulle avholdast på barmark. Det blei gitt informasjon til partene i desse tilfellene. Vi kan se at det burde vore sendt melding om forlenga saksbehandlingstid i ein del tilfelle. Dette gjeld først og fremst dei sakene kor overskridinga var inntil ein månad, men òg ved ein del lengre overskridinger. Fylkesmannen har innskjerpt rutinane med utsending av forlengingsmeldingar.

Det har blitt brukt ein del tid på å skrive høyringsfråsegner til endringar i plandelen, endringar i byggjesaksforskriften og forskrift om konsekvensutgreiingar.

Vi har ikkje avholdt kurs i byggjesaksbehandling dette året. Det er avholdt 4 møter med ulike kommuner om byggjesakstema.

7 personar deltok på landskonferansen i plan- og bygningsrett på Hamar.

### 66.2 Saker om ekspropriasjon

Det blei behandla følgjande saker:

1 samtykke til førehandstiltreding

1 klageavgjerd i ekspropriasjonssak

Restanse: Ein søknad om samtykkje til ekspropriasjon etter oreigningslova.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid har vore 7,5 månader

### 66.3 Klage etter eierseksjonsloven og lov om kommunal forkjøpsrett til leiegårder

Vi har ikkje behandla klagesaker innanfor dette området.

Det er skrive uttale til framlegg til ny eierseksjonslov.

Vi har deltatt med foredrag på NJKF sin konferanse om eierseksjonslova i Kristiansand

Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMRO	0	0	0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## 66.5 Planlegging og geodata

### Generelt om arbeid med uttale til kommunale og fylkeskommunale planar

Det er stort sakspress, mange kryssande samfunnsinteresser og kamp om areala i sentrale strok, men jamnt over godt arbeid både i kommunane og hos oss. Grenseflater mellom miljøvern, folkehelse, universell utfroming og omsyn til barn og unge, bør klargjerast og samordnast mellom fylkesmannen sine oppdragsgjevarar. Eigen rapport om talet på plansaker, motsegner, meklingar og oversendingar vil bli sendt separat etter modell frå halvårsrapport til KLD.

#### Intern samordning i planarbeid

Miljøvernavdelinga har koordineringsansvar for planarbeidet i embetet og arbeider tett med andre avdelingar på dette i ei felles tverrgående plangruppe. Det er miljø og landbruk som handterer dei aller fleste plansakene, medan beredskap, helse og utdanning bidrar med innspel på sine felt. Me arbeider med å få til ein enno betre fordeling av saksmengde ut frå stillingsressursar.

Rogaland er ein av 6 pilotfylke med omsyn til samordning av statlege motsegner til kommunale planar. Dette er eit svært viktig prosjekt for å få statleg konsistens og effektivitet inn i oppfølging av nasjonale mål og planar for berekraftig utvikling; td kollektiv, sykkel og gå-strategi i NTP, ny bærekraftig bypolitikk, omsyn til barn og unge i kommunal planlegging og ikkje minst oppfølging av nasjonale tverrfaglege miljømål i tråd med nasjonale forventningar, RPR og RPB. Prosjektet er hos oss tatt rett inn i det tverrfaglege planarbeidet i embetet. Det er utfordrande men det går bra. KS sitt rådmannsutvalg har eit observatørpunkt i referansegruppe med alle statlege motsegninstansar. Ingen andre statsetatar sine motsegner vart avskorne av Fylkesmannen i 2014. Me samordnar både faglege råd og motsegner og ser stor nytte og felles faglig statleg utvikling på området gjennom det.

#### Godt bymiljø

Gjennom midlar til eigen stilling innan storbyplanar, har Rogaland fått noko større kapasitet også til å følgje opp planar for tettstadsområdet i storbyområdet vårt. Tildlegare var dette prioritert ned i ei avtalt arbeidsdeling med Rogaland Fylkeskommune.

#### Oversikt saksmengde, bruk av motsegn og mekling

Totalt er talet på plansaker som har vore på høyring hos oss i 2014 1100. Totalt antall arealplaner sendt på høyring til oss i 2014 er 492, herav 8 kommunplanar, 11 kommunedelplanar og 473 reguleringsplanar. I tillegg kjem høyring av dispensasjon frå plan og frå plankrav.

Me gav motsegner til 9 overordna planar (kommuneplan/kommunedelplan) og til 51 reguleringsplanar, altså berre omlag 10 % av planane får motsegn i uttalen. Men det er oftast fleire motsegner til sam plan. Motsegnene fordeler seg i 2014 slik på dei ulike interesseområda ( ei motsegn er og ofte grunngitt i fleire forhold) : Naturmangfold inkl strandsone 22, Landskap 17, Friluftsliv 27 (herav 21 etter RPR barn og unge), Vatn og vassdrag 4, ; klima 0, universell utforming 0, grunnforureining 1, støy 6, ROS 11, ATP 12, anna: inkl Overordna grøntstruktur, jordvern, tekniske insigelsar m.m. 36

Me har fått 508 saker om disp frå kommuneplan på høyring og 100 frå reguleringsplan. Me har påklaga 45 kommunale vedtak om å gje disp frå kommuneplan og 7 frå reguleringsplan.

38 av desse gjeld dispensasjon frå regional grøntstruktur inkl jordvern og landbruk.

#### **Handsaming av klager på reguleringsplanar**

Det kom 47 og blei behandla 46 klager på reguleringsplanar i 2014. Restanse ved utgangen av året var 16 saker.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 2,8 måneder. Klageren fekk heilt eller delvis medhald i 6 saker.

Det blei behandla 6 klager etter matrikkellova i 2014. 5 vedtak blei stadfesta og 1 blei oppheva. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 4,5 månader.

Det er halde ein dags intern opplæring i matrikkellova i samarbeid med Statens kartverk.

## **Geodata**

Rogalandskommunane har god tilgang på offentleg kartverk og dette under stadig utvikling.

Naturtypedata og naturvernområdedata er send til Miljødirektoratet for kvalitetssikring og importering i Naturbase.

Fylkesmannen i Rogaland bidrar ikkje direkte til kompetanseutvikling i kommunene innan geodata ut over det som er naturlig å ta med i kurs og samlinger i td naturmangfald, planlegging, landbruk og samfunnsikkerhet.

Vi ser fram til at ny GIS-strategi for embetene skal ferdigstilles og implementeres. Vi samarbeider aktivt med andre fylkesmenn om egen GIS-utvikling, og særlig med dei andre som har samme programvare for kartportar (Adaptive)

Samarbeidet med Fylkeskommunen, Kartverket og kommunane i Temakart Rogaland-prosjektet dekker de andre faste oppdraga under kart og geodata i embetsoppdraget. Temakartportal Rogaland er i stadig oppdatering og positiv utvikling.

## **Resultatområde 68 Samepolitiske hensyn**

Ingen merknader

## **Resultatområde 69 Partistøtte**

I tillegg til ordinær godkjenning, har Fylkesmannen hatt 5-6 særskilde henvendelasr frå partia, som har gitt frunnlag for oppfølging og rettleiing. Elles ikkje særskilde merknader til dette resultatområdet

## **Ressursrapportering**

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 0525</b>	<b>Fagdep.</b>
Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift	kr 32 209 485,28	kr 0,00
Embetsspesifikke landsdekkende oppgaver (f.eks. FRI og trippelnett)	kr 400,00	kr 0,00
62 Kommuneøkonomi	kr 735 273,70	kr 0,00
66 Planlegging, bolig- og bygningsrett	kr 7 369 801,16	kr 1 377 676,85
Konsultasjoner mellom statlige myndigheter og Sameting	kr 0,00	kr 0,00
Andre oppgaver under KMD	kr 467 765,46	kr 125 864,55
Sum:	kr 40 782 725,00	kr 1 503 541,00

## **Arbeids- og sosialdepartementet**

## **Resultatområde 73 Sosiale tjenester**

Rogaland fekk i 2013 tilskott til eit 4-årig FOU-prosjekt: Praksis - og kunnskapsutvikling i NAV-kontora. Forsøket omfattar to NAV- kontor og Universitetet i Stavanger. Fylkesmannen og NAV Rogaland er prosjekteigarar, og dette er med på å styrke samarbeidet om å betre kvaliteten på tenestene i NAV-kontora. Prosjektet skal identifisere gode modellar som kan hindre at unge fell ut av arbeidslivet.

I 2014 har dette prosjektet vore i ein stabil driftsfase.

Sjå elles rapportering på punkta under.

### **73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen**

Fylkesmannen mottok 266 klagesaker etter lov om sosiale tjenester i Nav i 2014. Dette er ei vesentleg auke frå 2013, då mottok vi 186 klager. Fylkesmannen behandla 230 klagesaker, der 83 % blei stadfesta. Tretten prosent blei endra heilt eller delvis, og 4 % blei oppheva. I 2013 blei ca. 91 % av sakene stadfesta.

88 % av sakene blei behandla innan 3 md

Alle nyttilsette i NAV-kontora har fått tilbod om opplæring i sosialtenestelova, forskriftene og rundskrivet. Fylkesmannen har gjennomført tre slike kurs over to dagar.

### **73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen – formidlingstiltak og kompetanseutvikling**

Det er ei utfordring å få til god samordning av dei ulike satsingane på sosialtenesteområdet og tilgrensande område. Dette gjeld både internt hos Fylkesmannen og i samarbeid med NAV fylke. Mellom anna organiseringa av satsinga på arbeidet med utsette barn og unge har betra den interne saomordninga og samarbeidet på tvers av avdelingane.

Samordninga med NAV fylke har omfatta utveksling av informasjon om satsingar og kompetansetiltak og felles planlegging og gjennomføring av ei leiarsamling. Her har og utsette barn og unge vore hovudtema.

Fleire nye nav-leiarar har blitt tilsett det siste året. Fylkesmannen lagde ei samling for desse, med generell informasjon om Fylkesmannen, internkontroll, tilsyn og lovverk på sosialtenesteområdet. Dette blei godt mottatt, og vil bli teke opp att ved behov.

Fylkesamnnen og NAV Rogaland er prosjekteigarar for FOU-prosjektet Praksis- og kunnskapsutvikling i NAV-kontora. Dette har ført til fleire felles møtepunkt og auka samarbeid om tenesteutvikling i NAV-kontora. Prosjektet omfattar og Universitetet i Stavanger, noko som gjer at samarbeidet med denne institusjonen blir vidareutvikla.

Fylkesmannen i Rogaland er også med på eit toårig forsøk med utvida informasjon og rettleiing til søkerarar og mottakarar av sosiale tenester i NAV-kontora. Ein sentral del av forsøket, er å registrera alle henvendelsane Fylkesmannen får fra brukarar, slik at ein betre kan få oversikt over behov og omfang av tenesta. I 2014 registrerte vi 131 henvendelsar fra brukarar. Fylkesmannen har også utarbeidd eit lokalt skjema for registrering av henvendelsar fra NAV-kontor for å få ei betre oversikt over omfang og kva område henvendelsane gjeld. Vi har registrert 109 henvendelsar fra Nav-kontora i 2014. Tal frå desse registreringane og klagesakene vil bli brukt som grunnlag for opplærings-, rettleatings-, og eventuelle tilsynsaktivitetar overfor kommunane/Nav-kontora framover

### **73.3 Kvalifiseringsprogrammet**

Kvalifiseringsprogrammet er eit viktig tiltak i kampen mot fattigdom. Det har likevel vært vanskeleg for mange av NAV-kontora å prioritere dette arbeidet i tilstrekkeleg grad. Fylkesmannen har i eigen årsrapport til direktoratet i 2014 rapportert om kva for kjenneteikn som ser ut til å vere avgjerande for kvaliteten på dette tenesteområdet:

- God ledelsesforankring
  - Både i leiinga ved kontoret og i kommunen

- Prioritering av arbeidet med KVP
- Tilsette som har eit hovudsak for KVP, enten som si «eineste» arbeidsoppgåve, eller som eit tydeleg ansvar i tillegg til andre oppgåver
- Tilgang til kommunale lågterskeltiltak/aktivitets-avklaringstiltak
- Fleksibilitet i tiltaksbruk og tiltakspllassar, god arbeidsmarknadskontakt
- God kunnskap om KVP i heile kontoret og ei forståing av kva tjenesten inneber

Samarbeidet med Nav Rogaland på dette området handler i hovudsak om samarbeid om til nettverkssamlingar. Vi har halvårlege samlingar for dei som jobbar med KVP, og har i 2014 hatt ein dagssamling og ein todagarssamling. Tema på desse samlingane har mellom ann vært bruk av statlege tiltak i KVP, motivasjon – med utgangspunkt i arbeidet med ungdom, og arbeidet med inkludering og arbeidsretta tiltak for flyktninger.

### 73.4 Økonomisk rådgivning

Rundskrivet til sosialtenesta har sett fokus på råd og rettleiing i NAV kontora, medrekna økonomisk rådgjeving. Dette er ei krevjande oppgåve, og det er viktig at Fylkesmannen underbyggjer dette, mellom anna ved å gje tilbod om kompetanseheving. Det er ulikt korleis Nav kontora har vald å organisera denne tenesta. For å nå ut til flest mogleg er alle som arbeidar med økonomisk rådgjeving og ikkje berre gjeldsrådgjevarar inviterte til samlingar og nettverk.

Halvårleg nettverk på området er ei innarbeidt ordning med god deltaking. I 2014 har vi gjennomført to nettverksamlingar, vår og haust. Namsmenene i regionane har vore representerte både som deltakarar og føredragshaldarar. Dette skapar eit tettare samarbeid mellom namsmenn og gjeldsrådgjevarar i kommunane. Kommunetilsette har gitt positiv tilbakemelding på dette. I løpet av 2014 blei det etablert ei arbeidsgruppe med deltakarar som representerer alle regionane, for å planlegge fagleg innhald i samlingane. Dette bidreg til å sikre at ein når kommunane der dei er i arbeidet sitt.

Grunnkurs innan økonomisk rådgiving blei arrangert våren 2014. Ein åpna her opp for at tilsette i rusomsorgen og helsesektoren kunne delta. Bakgrunnen var for å gje kunnskap om kva ein kan gjere av førebyggjande tiltak i andre instansar når ein blir kjend med tap av inntekt.

Fylkesmannen har gitt tilskott til at tilsette i Nav som arbeidar med økonomisk rådgiving kan delta på den årlege konferansen "Penger til besvær" i regi av Arbeids og velferdsdirektoratet.

### 73.5 Boligsosialt arbeid

Fylkesmannen bistår Arbeids - og velferdsdirektoratet med å forvalte øyremerka tilskot til bustadsosialt arbeid. I 2014 blei kr. 5 987 568,- fordelt på 13 kommunar. Det blei informert om ordninga på nettstaden til Fylkesmannen og i eige seminar der kommunane blei invitert.

Fylkesmannen har i samarbeid med Husbanken, region vest fulgt opp og rettleia kommunar som tek i mot tilskot. Dette for å sikre forankring, framdrift og kvalitet samt vidareføring. Ordninga er sett i samanheng med andre tilskotsordningar frå Arbeids- og velferdsdirektoratet og Helsedirektoratet.

I 2014 har Fylkesmannen og Husbanken sitt regionskontor gjennomført bustadsosial konferanse og nettverksamling for kommunar. Det var god oppslutnadt med omkring 70 deltakarar på denne konferansen/samlinga.

Målet har vore å auke den faglege kompetansen for tilsette i kommunane som arbeidar med bustadsosialt arbeid. Hovedtema var "Bolig for velferd" og Barnekonvensjonen. Temaene omhandla Barnekonvensjonen som ramme for det bustadsosiale arbeidet, barnefamiliar med ustabile buforhold, og bruk av privat leiemarknad i busetting av flyktningar. Kva bustad betyr for brukerane sitt funksjonsnivå blei sett i samanheng med brukarplan. I tillegg vart det presentert ulike metodikk for oppfølging som til dømes Housing First og Oppgave orientert meistringstilnærming.

Utdringar i det bustadsosiale arbeidet er å skaffe rimelege bustadar til ei differensiert gruppe vanskelegstilte på bustadmarknaden. Fleire kommunar har potensiale for å bruke dei moglegheiter Husbanken har i denne samanheng. Både fylkesmannen og Husbanken har fokus på dette i kontakt med kommunane.

Det er ei kjelde til uro at bruken av hospits framleis aukar og at fleire og ventar på kommunal bustad. Fleire blir

busette, men samstundes ser ein ei auke i talet bustadlause. Det er særleg urovekkjande at barnefamilier bur på mellombelse bustadar over lengre tid.

I pressområda er prisane på privat bustadmarknad svært høge, noe som innverkar på moglegheita til vanskelegstilte for å etablere seg i eigen bustad. Det blir meldt om at eit langsiktig arbeid med "Fra leie til eie" begynner å gje positive utslag. Dette er noko fleire kommunar har potensiale for å utnytta betre.

Kommunane rapporterer om utfordringar knytta til disponeringsproblemer. Tidlegare var det mogleg å inngå delvis trygd til forvaltning. Dette er no ikkje ein mogleheit og gir nye utfordringar for kommunane. Full forvaltning av inntekt er meir inngripande for den enkelte brukar.

Husbanken, region vest starta i 2012 starta arbeidet med å utvikle eit bustadsosialt velferdsprogram i samarbeid med nokre utvalde kommunar og involverte statelege aktørar i region vest. Programmet er eit av fleire nye strategiske tiltak for å sette kommunar best mogleg i stand til å gjennomføre ein heilsakleg og lokalt tilpassa politikk for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Deltaking i programmet vil normalt ha ei varigheit på 3-5 år. Stavanger, Sandnes, Karmøy, Egersund og Haugesund er med frå Rogaland i 2014.

Fylkesmannen er ein viktig bidragsutøvar i dette arbeidet både i samarbeidsmøter med dei andre aktuelle statlege aktørane (2-4 gonger årleg) og i programrådet som har ansvar for framdrift av programmet og utveljing av kommunar til programmet. (2-3 gonger årleg).

Ein viktig del av det bustadsosiale velferdsprogrammet er å sjå planlegging og framskaffing av bustadar saman med behov for tenester og kompetanse i tenestene. Det har vore felles møter med kommunane som er med i programmet, saman med Husbanken og Fylkesmannen. Dette har vore formålstjenlig for alle partar.

Tilbakemeldingane frå kommunane er positive då Husbanken og Fylkesmannen kan supplera kvarandre på dei ulike tenesteområda innanfor det bustadsosiale feltet.

Fylkesmannen i Rogaland, Arbeids - og velferdsdirektoratet og Diakonhjemmet Høgskule starta hausten 2012 opp ein pilot i vidareutdanning i metodisk bustadsosialt arbeid. Utgreiingar gjort i fleire kommunar synte at oppfølgina av ulike brukarar ikkje var god nok, og gjennom utdanninga var ynskje å gje eit felles sett med metodar for oppfølging. Studiet var ferdig våren 2014 og 21 deltakarar fullførte. Utdanninga er eit ledd i ein heilsakleg auke av kompetansenivået i kommunane. Tilbakemeldingane frå studentane var ynskje om møtepunkt for å halde metodikken ved like etter endt utdanning. Fylkesmannen følgjer dette opp. Studiet blir evaluert av FAFO. Delrapporten blei publisert i 2014 og sluttrapporten føreligg februar 2015.

Delrapporten viste at det er eit uttalt behov for kompetanseheving innanfor bustadsosialt arbeid, særleg innan praktisk boligsosial oppfølging av brukere med rusproblemer og/eller psykiske problemer. Det var eit praksisnært studie kor faglig refleksjon og fagutvikling lokalt blei vektlagt. Eit tema i evalueringa er om eit slikt studium og den pedagogiske tilnærminga kan vere eit bidrag til å fange opp og vareta taus kunnskap i det bustadsosiale praksisfeltet, og bidra til kompetanseutvikling på eit meir overordna nivå.

Fylkesmannen i Rogaland fekk i 2014 kr. 175 000,- i ekstra tilskot frå Arbeids - og Velferdsdirektoratet for å ta hand om dei administrative oppgåvene knytta til studiet. Det blei heldt ein avsluttande samling for rettleiarane til studentane. Rettleiarane blei av studentane omtalt som ei uvurderleg ressurs. Dette kan ha samanheng med vektinga av faglig refleksjon og lokal fagutvikling i studiet. Rettleiarane uttalte at metoden OOMT er strukturert, målretta og korttid, men samtidig veldig relasjonell. Det vart vidare trukke fram av rettleiarane betydninga av at studentane hadde erfaring med relasjonsarbeid. Kartleggingsverktøyet i OOMT skapte meir ein systematikk i det praktiske arbeidet.

Arbeidet med å prøve ut modellen "Housing first" er igang i Rogaland. Modellen har som mål at personar med rus og/eller psykiske lidinger skal få bustad, utgreiing og nok tenester inn i bustad samstundes. Sandnes og Stavanger er dei kommunane i Rogaland som som har starta dette arbeidet. Sandnes kommune har busett 10 personar. Ein har sett at metodikken gir ein samhandlingsgevinst med styrka heilsakleg tilnærming og raskare avklaring. Moglegheita for å sende elektroniske meldingar bidreg og til dette. Av risikoområder kan det nemnast, store utfordringer knyttet til framskaffing av bustader, uro i nabolag og negativt nettverk som er på besøk i bustadane.

## 73.6 Barn og unge

Fylkesmannen bistår Arbeids - og velferdsdirektoratet med å forvalte øyremerka tilskot til styking av innsatsen

mot barnefattigdom. I 2014 blei kr. 3 062 313,- fordelt på 10 kommunar. Det blei informert om ordninga på nettstaden til Fylkesmannen og i direkte kontakt med kommunane.

Kommunane er blitt fulgt opp gjennom rapportering, tilskotsforvalting og råd og rettleing. Fylkesmannen har vore på besøk/befaring i 7 av kommunane for å følgje opp dei ulike tiltaka.

Fylkesmannen i Rogaland har etablert ei gruppe på tvers av avdelingane for å samordne dei ulike oppdragene og satsingane knytt til utsette barn og unge.

Det vart arrangert oppvekstkonferanse/inspirasjonskonferanse, "Sjumilssteget- for god oppvekst i Rogaland", kor 24 av kommunane deltok. Det var breidde i deltakinga frå kommunane. Ungdomsråd var representert. Hovudtema var Barnekonvensjonen og betydinga av at kommunane satsar på barn og unge og at dette er god samfunnsøkonomi. I tillegg har det vore fleire interne fagsamlingar med fokus på å auke kompetansen om barnekonvensjonen til tilsette på embetet.

11 kommunar deltek i satsinga sjumilssteget og er igang med å gjennomføra kartlegginga. Alle kommunane har oppnemnt koordinator og det blir heldt jammleg kontakt. Fylkesmannen si samanstilling av kartleggingane skal etter planen vere klar innan mars 2015.

Fleire NAV kontor er innvilga tilskotsmidler til arbeidet med å auke barneperspektivet. Det er eit område som er krevjande for NAV å prioritere. Fylkesmannen følgjer med på dette.

Fylkesmannen har i all opplæring og samlingar med NAV tilsette streka under ansvaret for utsette barn og unge og familiene deira, og korleis dette er gjort tydeleg i rundskriv til Lov om sosiale tjenester i NAV.

Stavanger kommune er ein av pilotkommunane for prosjekt "Forsøk med NAV-rettleiar i videregående skule". Fylkesmannen deltar saman med representantar frå Stavanger kommune, dei fire NAV kontora i Stavanger, og Fylkeskommunen i styringsgruppa. Fylkesmannen er også representert i den nasjonale referansegruppa for dette prosjektet.

NAV rettleiarane gav i 2013 tilbakemelding om at ein stor del av elevane dei var i kontakt med har psykiske helseutfordringar. Ein må sjå på korleis ein kan få til gode overganger til helseesyster og eventuelt kommunepsykolog ved behov. Stavanger har tilsett kommunepsykolog. Det er tett samarbeid mellom psykolog og den vidaregåande skulen. Det er låg terskel for tenesta og psykolog er tilgjengeleg på skulen ein dag i veka. Stavanger kommune i samarbeid med Godalen vidaregående skule skal prøve ut konseptet cafèdialog utarbeidd av "Ungdom i svevet" for å få ungdommane sin stemme tydelegare fram. Fylkesmannen har ytt tilskot til dette prosjektet.

Fylkesmannen deltek i arbeidsgruppa for unodata i Rogaland som skal bli gjennomført i 2016. Fylkesmannen ser nytta av at kommunane ser dei ulike kartleggingane saman. Kartlegginga til sjumilssteget avdekkjer kommunane sitt utfordringsbilete knytt til tenestetilbodet til barn og unge. Saman med mellom anna ungdommane sin eigenrapportering i Unodata kan dette vere eit godt grunnlag for vidare planlegging for ein heilsakeleg og samordna innsats til barn og unge i kommunane.

Ei av utfordringane som det vert rapportert om frå kommunane er det tverrfaglege samarbeidet. Fylkesmannen har arrangert kurs i samarbeid med Korus "Tverrfaglig samarbeid og taushetsplikten" og dette vil bli vidareført i 2015. Fylkesmannen har også vore i dialog med Haugalandsløftet kor 10 kommunar på Haugalandet samarbeider om eit kompetanselyft for betre oppvekst for å samordna ulike satsingar.

## Ressursrapportering

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 0525</b>	<b>Fagdep.</b>
73.3 Kvalifiseringsprogrammet	kr 2 360,90	kr 669 673,16
73.9 Andre oppgaver – Sosialtjeneste (rest 73)	kr 55 119,42	kr 1 881 413,99
Tilsyn etter lov om sosiale tj. i NAV	kr 467 595,83	kr 0,00
Andre oppgaver under ASD	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 525 076,00	kr 2 551 087,00

## Helse- og omsorgsdepartementet

### **Resultatområde 76 Samhandling, kvalitet og helseberedskap**

Sjå punkta under

#### **76.1 Samarbeid mellom kommune- og spesialisthelsetjenesten**

Arbeidet med samhandlingsreformen er hos Fylkesmannen i Rogaland organisert som eit regionalt prosjekt, der dei tre embeta i vest ved fylkeslegane har vore styringsgruppe.

Prosjektet starta ved tilsetting av koordinator for samhandlingsreforma frå 1.januar 2012. Viser til prosjektmandat og prosjektbeskriving for detaljert omtale av prosjektet sin innretting og målsetningar.

I prosjektplanen sitt avsnitt 4.3 er det laga ein oversikt over hovedmilepæler og leveransar for prosjektet. Milepæl M4 fastset det første av fire årlege rapportpunkt i prosjektet, med rapportering av status for prosjektet til styringsgruppa og eventuell justering av prosjektplan.

Prosjektet dekker 3 fylker med til sammen 85 kommunar, 4 helseføretak, 2 universitet, 3 høgskular og ei rad private ideelle aktørar. I tillegg kjem ulike samarbeidsprosjekt, brukarorganisasjonar og tilsette sine organisasjonar. Koordinator har kontorstad i Bergen, men har ved ein rekke anledningar vore til stades ved ulike møter og arrangement i alle tre fylka. I 2014 har koordinator og hatt til ca 2 kontordagar i Stavanger kvar månad. I samråd med styringsgruppa har oppgåvene vorte innretta noko ulikt i dei tre fylka. Hovudvekt i har vore på deltaking på felles arrangement for kommunane og helseføretaka, samtalar med prosjektleiarar for interkommunale samarbeid knytt til samhandlingsreforma, samtalar med einskildkommunar og undervisning.

I tillegg til det regionale fokuset deltek koordinator/prosjektleiar og i nasjonalt nettverk for samhandlingsreforma på jamlege møter (8 gonger år). Som ein del av engasjementet i det nasjonale nettverket bidreg koordinator i rapporteringa til departementet frå nettverket. Det utarbeidast rapport kvar veke med samanstilling av dei viktigaste nyhende frå massemedia og frå aktørane i reforma i dei tre Vestlandsfylka.

Jamlege møter i dei fylkesvise arbeidsgruppene, styringsgruppa, og jamvel eit fellesmøte med alle gruppene har vore viktige arenaer for diskusjon av framdrift i reforma, men og for organisering av arbeid i regionen, konkrete oppgåver og som kopling til det nasjonale nivået.

Styringsgruppa for prosjektet har hatt 3 møter i 2014 Temaet som øyeblinkleg hjelp døgnlasser – organisering, fagleg forsvarlege løysingar og interkommunalt samarbeid har vore diskutert ved fleire anledningar.

Dei tre Vestlandsfylka samsvarar med utbreiinga til det regionale helseføretaket. KS Vest og RHFet har inngått intensjonsavtale knytt til samhandlingsreforma. Fylkesmannen er invitert inn i dette samarbeidet. FL Hordaland (kontaktfylkeslege for RHF) og koordinator deltek på desse møta. Direktør for KS-Vest, og direktør for RHF representerer dei to aktørane i møtet. Det har vore arrangert to møter i dette samarbeidet i 2014. Jamfør avtalen mellom KS og RHF er eit av møta utvida til å omfatte sjukehusdirektørar, samhandlingssjefar, fylkes-/fylkesstyreleiarar frå KS og dei tre fylkeslegane. Alle føretaksområda har organisert konferansar knytt til samhandling i 2014. For Helse Stavanger og Helse Fonna har desse møta vore lagt opp som del av regelmessige toppleiararsamlingar.

Det er gjennomført eit føretaksvise fellesarrangement i 2014, med tema forsking og innovasjon

#### **76.3 Kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenesten**

Fylkesmannen har i 2014 gjennomført fleire tilsyn etter "spreiingsmetoden, og dermed involvert fleire kommuner i læringssirklar rundt kvalitetsarbeid og opplæring i internkontroll. Vi har utanom dette halde foredrag i fleire kommunar om internkontroll.

IPLOS -konferanse vart halden i samarbeid med Helsedirektoratet hausten 2014.

## **76.5 Felles digitalt nødnett**

Fylkesmannen i Rogaland har i 2014 ikkje vore involvert i førebuinga til innfasing av felles digitalt nødnett.

## **76.6 Helseberedskap og smittevern**

Fylkesmannen har i 2014 i samarbeid med RVTS-vest hatt regelmessige møter med leiarar av kommunale kriseteam for kompetanseutvikling innan helse- og sosial beredskap.

Smittevern har vore jamleg tema på møter med kommuneleger ( Samfunnsmedisinsk forum)

Fylkesmannen planla og gjennførte seks øvingane for kommunane i 2014: kommunane Finnøy, Gjesdal, og Hjelmeland fekk table-top øvingar. Hå kommune: Speløving, Samvirke. Haugesund og Vindafjord blei øva i fullskala samvirkeøvingar.

Fylkesmannen sin beredskapsorganisasjon øvar årleg. Sist øvelse var september 2014.

I 2014 starta vi eit arbeid med å lage ein HelsefylkesROS i embete. Her er begge helseføretaka og 3 kommunelegar involvert i arbeidet. DSB sin rettleiar for fylkesROS blir fulgt så langt den passar

Fylkesmannen ved fylkeslegen sit i den kollektive redningsleiinga ved HRS-sør, og deltek der både i aksjonar, øvingar og evalueringar.

Fylkesmannen har i 2014 tatt imot varsel om smittsom sjukdom frå helsetenesta, og gitt generell rettleiing til helsetenesta/kommunane ved varslingspliktige utbrøt

CIM og Atomberedskap er rapportert under Justisdepartementet, beredskap.

## **76.7 Personell og kompetanse**

Kommunane i Rogaland rapporterer at tilskot er eit viktig og naudsynt tiltak for å auke kompetansen i tenesta. I Rogaland har talet på personell i brukarretta teneste i pleie og omsorg auka med 18.5 % i perioden 2007 -2013. Dette er 4.4 % over landsgjennomsnittet. Endringane i den einskilde kommune er derimot varibel og i 7 kommunar er det ei nedgang i same periode. Andelen med relevant utanning har auka jamt i alle kommunane og i fylket samla sett er det ei auke på 37.2 %. Dette er 3 % over landsgjennomsnitt.

Erfaringar frå tilsyn syner at tenestene er svært pressa. Antall personell er fleire stader på eit minimum og gjer at tenestene mange stader balanserer på grensen til det forsvarlege

### **Turnustenesta**

Fylkesmannen har per i dag 33 turnusplassar for legar i kommunane. 01.03.2014 gjekk 34 turnuslegar ut i kommunehelsetjeneste og 01.09.2014 gjekk 33 turnuslegar ut. Våren 2014 måtte det difor opprettas ein midlertidig kommunepllass. Vi prøvar å sikre at utkantkommunane får turnuslege i kvar runde.

Vi har 11 plassar for turnusfysioterapeutar.

Implementeringa av den nye turnusordnigna for legar har bydd på utfordringarmed omsyn til ansvarsfordeling mellom Fylkesmann og kommunane. Fylkesmannen har delteke på eit samarbeidsutvalg starta i regi av turnuslege koordinator på Stavanger universitetssjukhus. Det er også oppretta ein turnuslegekoordinator for kommunane i fylket. Fylkesmannen har to representantar som fungerar som fylkesveiledere for turnuslegane i kommunane.

Fylkesmannen avholder to kurs for turnuslegane kvart halvår;

- Kurs i legevakts- og akuttmedisin, som arrangeras i samarbeid med SUS (Stavanger universitetssjukhus) og SAFER (Stavanger Acute medicine Foundation for Education and Research).
- Kurs i offentleg helsearbeid og samhandling i helsetjenesta. På deler av dette kurset deltek og turnusfysioterapeutar og –kiropraktorar.

I tillegg arrangeras tre samlingar med gruppebasert rettleiing.

I 2014 har vi og hatt ei samling for turnuslegerettleiarane i kommunane, der temaet var den nye turnusordninga. Omrent halvparten av rettleiarane møtte opp.

## 76.8 Rettsikkerhetsarbeid

### Lov om pasient- og brukarrettar kapittel 4A

Fylkesmannen i Rogaland fekk i 2013 inn totalt 212 vedtak om bruk av tvang etter lov om pasient- og brukarrettar kapittel 4A. Vedtaka blir registrert i Nestor fortløpende. Vi ser at vi har hatt lite ressursar i forhold til ein stadig aukande saksmengde. Dette har ført til i ei saksbehandlingstid på 5-6 månadar for 2. gjennomgang av vedtak. Saksbehandlingstida på 1. gjennomgang er på under ein månad.

Etter ein gjennomgang av vedtaka i samsvar med retningslinjene frå Statens helsetilsyn ser vi at vi ikkje har fått inn vedtak frå alle kommunar i Rogaland, få vedtak frå einskilde kommunar og få vedtak frå spesialisthelsetenesta. Dette kan tyde på at det framleis blir brukt meir tvang enn det som det blir rapportert om. I følgje *helsetilsynloven* har vi ei plikt til å ha oversikt over helsetenestane i fylket. Vi har ikkje hatt ressursar til kartlegging for vidare overvakning og tilsynsaktivitet. Vi sit på mykje kunnskap om kommunar og verksemder, men kunnskapen er fragmentert. Kunnskapen må bli meir systematisk og nytta for at vi i større grad skal kunne sikre oss at regelverket er kjend og etterlevd.

I 2013 kom det inn ei klagesak relatert til eit vedtak etter lov om pasient- og brukarrettar. Klaga gjaldt avslag på permisjon i samband med etterhald i helseinstitusjon. Fylkesmannen i Rogaland stadfestar Sandnes kommune si avgjerd. Fylkesmannen si avgjerd er klagt inn til Sivilombudsmannen.

Vi har i 2013 deltatt på føljande arrangement:

- 16. januar      Regionalt nettverk for 4A i Leikanger
- 3. oktober      Regionalt nettverk for 4A
- 23. oktober      Tematime om 4A arrangert av Stokka undervisningssykehjem

Vi har ikkje hatt eigeninitierte kurs/opplæringsaktivitet, men mye av rådgjeving går over telefon.

### Rettstryggleik ved bruk av tvang og makt ovafor einskilde personar med psykisk utviklingshemming, helse- og omsorgstenestelova kap 9

I 2014 har det vore betydeleg aktivitet på dette feltet. Det er registrert inn over 160 vedtak med heimel i § 9-5 tredje ledd bokstav b og /eller c, og Fylkesmannen har overprøvd 124 av desse. I tillegg har Fylkesmannen registrert 7165 einskildmeldingar om nytta tvang etter § 9-5 tredje ledd bokstav a. I dette høge talet er innbefatta protokollar og bruk av tvang i omsorgssituasjonar der det ikkje er noko vedtak. Fylkesmannen mottekk dagleg ei rekke henvendingar frå kommunar og tvang- og maktpålematikk, og ein nyttar mykje ressursar på slik form for vegleiing.

Fylkesmannen har i 2014 ikkje prioritert å gjennomføra så mange dagskurs i kap 9 for kommuner i fylket. I dei seinaste åra har svært mange fått ei grundig gjennomgang av lovverket. Dette er ei hovudårsak til større grad av bevisstgjering på kor grensene går, og kva som er fagleg og etisk forsvarleg tenesteyting. Ei slik bevisstgjering har ført til meir fokus på tvang- og maktbruk, og er nok ei årsak til at antallet vedtak og meldingar fortsatt er rimeleg høgt. I samarbeid med Stavanger kommune og spesialisthelsetenesta arrangerte Fylkesmannen i 2014 ein fagdag med psykologspesialist frå universitetet i Kent England. Fokus var andre løysingar til tvang- og maktbruk, og samarbeid med fagfolk frå universitetet i Kent er i etterkant etablert med både einskildkommunar og diakonhjemmet høgskole på Sandnes i samband med nytt vidareutdanningstilbod.

Eit fleirtal av kommunane synes i liten grad sjølv å driva systematisk opplæring på dette området. Det er difor fortsatt ei stor utfordring å sikra fagkompetanse i tiltaka. Behovet for dispensasjonar frå utdanningskravet er fortsatt regelen og ikkje unnataket. Det er særleg utfordrande for kommunane å rekruttera vernepleiarar til bufellesskap for utviklingshemma, særleg i mindre utkantkommunar.

Fylkesmannen har gjennomført 12 stadlege tilsyn i 2014, og det er avdekkja avvik i fleire av desse. Dette tyder at merksemnda kring tvang og makt ovafor utviklingshemma fortsatt er eit viktig fokusområde, og at mykje fortsatt står att. Arbeidet med lukking av avvik som vert avdekkte i tilsyn krev mykje ressursar.

Sviktande kvalitetssikring av tenestene i kommunen synes å vera ei utfordring, og tilsyn avdekker at overordna fagleg ansvarleg ikkje alltid er kjend med dei utfordringane ein står ovafor i omsorgen for utviklingshemma. Særsmange kommunar fornyar ikkje vedtak tidsnok, slik at det i mange tilfeller vert eit "hol" mellom to vedtaksperiodar. Dette utgjer i mange tilfelle eit problem for rettstryggleiken. Ein konsekvens er då at det må nyttast protokollar etter a-bestemmelsen, og omlag 95% av alle registrerte einskildmeldingar i 2014 er slike protokollar.

Vi har hatt to nettverkssamlingar for kommunar i nordfylket, og to for kommunane i Jærgregionen. Fylkesmannen har regelmessige samarbeidsmøter med spesialisthelsetenesta.

I fleire tiltak ser vi ei positiv utvikling ved at bruken av tvang og makt er mindre. Systematisk arbeid med andre løysingar ser ut til å ha verka bra. Dei mest inngripande tvangsformane, som t.d. nedleggingsprosedyrer, finn ein framleis, men dei er no i stor grad ersatta av andre, mindre inngripande og verksame løysingar.

Vi erfarar fortsatt ein tilvekst av særleg vanskelege saker knytt til personar med lett utviklingshemming i kombinasjon med rus- og psykiatri, i tillegg til fleire unge med alvorleg sjølvskadingsproblematikk. Desse sakene set kommunane ovafor store utfordringar. Også for spesialisthelsetenesta gjev desse brukarane utfordringar. Tiltak, som ofte syner seg naudsynte, kjem gjerne i eit skjeringspunkt for kor langt ein kan "strekkja" helse- og omsorgstenestelova kap 9. Korleis ofte forekomande sjølvskadingsvanskar kan handterast i t.d. skolen på eit systematisk vis er juridisk utfordrande, sidan kap 9 berre vert heimla i helse- og omsorgstenestelova og ikkje opplæringslova.

Fylkesmannen har i 2014 vore med på ei landssamling om kap 9 i regi av Helsedirektoratet. I tillegg har vi hatt ei todagars samling med 5 andre embete i vest-Noreg og Trøndelag, og her har nytt forslag til rundskriv vore hovedfokus.

## Resultatområde 77 Andre oppdrag

Sjå punkta under.

Prioritering har i 2014 vore i samsvar med oppdraget.

### 77.2 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Sjå også rapp pkt 45.2.

Fylkesmannen gjev ein fellesrapport for alle sakane om fritak for teiepliktplikt. Det sorterast ikkje mellom kva departement sakane sorterer under.

Fylkesmannen behandla totalt 47 saker om fritak frå forvaltningsmessig teieplikt i 2014.

Mange av sakene har kome inn same veke som saka skal opp for retten, ofte same dag som fritaket er nødvendig. Dette skuldast som ofta at søker ikke er merksam på at det er behov for fritak for teieplikt i saka, eller at det er gløymt å søker om fritak. Vidare er det stadig mange søkerarar som er svært usikre på kva som skal stå i ein søknad om fritak for teieplikt. Hovuddelen av Fylkesmannens assistanse på dette saksfeltet består av saksbehandling og rettleiing til advokatar eller vanlege personar over telefon om lovene og søknadsprosessen.

#### **Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt**

<b>Embeter</b>	<b>Antall</b>	<b>Gjennomsnittlig saksbehandlingstid</b>
FMRO	47	5
<b>Sum</b>	<b>47</b>	

### **77.3 Særfradrag**

Vi har hatt ei markant nedgang i talet på saker i 2014. Grunnen til dette er avgjerda om utfasing av ordninga som skjer i perioden 2013-2015.

Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

<b>Embeter</b>	<b>Antall</b>	<b>Gjennomsnittlig saksbehandlingstid</b>
FMRO	5	45
<b>Sum</b>	<b>5</b>	

### **77.4 Førerkortsaker**

Fylkesmannen i Rogaland har motteke 1867 søknader om dispensasjon i 2014. I saksgongen er det 5142 inkomne brev og 5120 utgåande brev. Gjennomsnittlig saksbehandlingstid er ca 3 veker.

Vedtak om oppfylte helsekrav	226	( 2013: 231)
Vedtak om vanleg dispensasjon	837	( 2013: 841)
Vedtak om avslag på søknad om dispensasjon	333	( 2013: 291)
Oppmoding om inndraging av førarkort	473	( 2013: 607)

Andre aktivitetar:

Rettleiing av helseforetak, helsepersonell og søkerarar på telefon.

Møteverksemد:

07.01.14 Møte med psykiatrisk ungdomsteam

23.01.14 Møte med politiet om samarbeid på førerkortfeltet

12.03.14 Trafikksikkerhetskonferanse i samarbeid med Trygg Trafikk

04.04.14 Undervisning av turnuslegar

10.06.14 Seminar Trygg Trafikk

17.10.14 Undervisning av turnuslegar

02.12.14 Undervisning på Funkishuset om rus og førarkort

04.12.14 Deltakere på Helsedirektoratet sitt førarkortmøte i Oslo

**Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO	1867	3
<b>Sum</b>	<b>1867</b>	

## 77.5 Pasientjournaler

Fylkesmannen har i 2014 gitt rettleiing til verksemder som har hatt spørsmål om avhending av journalarkiv etter opphør. Fylkesmannen har teke i mot 3 journalarkiv til arkivering.

Dei tre journalarkiva som me tok i mot i 2014 har ført til ein del ekstraarbeid med innsyn/kopi av pasientjournlar.

**Pasientjournaler. Antall saker.**

Embeter	Antall
FMRO	3
<b>Sum</b>	<b>3</b>

## 77.9 Petroleum - Rogaland

Helsedirektoratet har i brev av 02.10.2013 bede Fylkesmannen i Rogaland om å utarbeide ein særskilt årlig rapport til Helsedirektoratet innan 15. februar. Rapporten følgjer malen som Helsedirektoratet har godkjent. Vi viser derfor til rapporten som er sendt til Helsedirektoratet.

## Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

Ei hovudutfordring for kommunane og fylkeskommunen sitt folkehelsearbeid, er å syte for at eit systematisk oversiktsarbeid over folkehelseutfordringar vert fulgt opp i praktisk politikk og handling. Planmedarbeidarane må få meir kunnskap om målet for folkehelsearbeidet (folkehelselova) slik at folkehelseperspektivet blir integrert og forankra i overordna planverk.

### 83.1 Folkehelsearbeid

#### Generelt

Fylkesmannen har ein formell **samarbeidsavtale med fylkeskommunen** om folkehelsearbeid i fylket. Avtalen skal sikre at folkehelsearbeidet blir fremja i regionen, at kommunane får råd, rettleiing og auka kompetanse på området. Det er halvårlege møter mellom direktørane og eit utstrekkt løypande samarbeid mellom sakshandsamarane. Samarbeidet fungerer godt og det har utvikla seg ei klar forståing for våre ulike rollar i folkehelsearbeidet i fylket.

#### Planarbeid

I 2014 har det vært eit særleg fokus på kommunane sitt planarbeid. Me fekk 13 kommuneplaner til høyring i 2014. Folkehelsethensyn vart vurdert i adle planane. Kvaliteten på kommunane sine planar varierer mykje når det gjeld folkehelsetema. Mindre kommunar har ofte problem med å halde på medarbeidarar med plankompetanse noko som igjen går ut over kvaliteten på planane; - struktur, målsettingar, strategiar, tiltak og samordning med kommunens ulike tema/delplanar.

Gjennomgang av innsende planar syner at fleire kommunar endå ikkje har kome i gong med det jamlege oversiktsarbeidet. I tilbakemeldinga til kommunane sitt planarbeid har me peikt på, - og gitt rettleiing om at det jamlege oversiktsarbeidet må prioriteras. Eit anna svakt punkt i planane har vore at dei i for liten grad nyttar kunnskapen dei allereie har til konkrete målsettingar og strategiar i folkehelsearbeidet. Kommuneplanen vert i for liten grad nyttta som arena for samordning av underliggjande planar. Dermed vert det og vanskeleg å få til samordna innsats for folkehelsa på tvers av sektorar.

I kommunane sitt planarbeid er merksemda primært retta mot areal- og transportplanlegging. Generelt har me inntrykk av at kommuneplanen sin samfunnssdel er lågare prioritert og mindre forpliktande. For folkehelsearbeidet er dette ei stor utfordring. Ei større vekt på-, og høgare prioritering av kommuneplanen sin samfunnssdel må til for å kunne fremje det systematiske og langsiktige folkehelsearbeid. Derfor bør også myndigheter (Helsedirektoratet, Miljødirektoratet og ev. andre som har føringer til planarbeidet) vera endå klarare og koordinerte i sine forventningar til embeta, kommunane og fylkeskommunane sitt arbeid med kommuneplanens samfunnssdel.

Me har ikkje arrangert eigne kurs eller seminar om oversiktsarbeid for kommunane. Men, krav i regelverket om å ha oversikt over helsetilstanden og kva som påverkar denne, har vore formidla i ulike møter med kommunane: Fylkesmannen har deltatt aktivt i fylkeskommunen sitt arbeid med å arrangere nettverkssamlingar for deira partnerskap for folkehelsearbeid i fylket. Det vart halde fire regionale samlingar og ein fellessamling. I samlingane som me har delteke på har me mellom anna informert om folkehelselova og krav til oversiktsarbeid.

I 2014 vart det og ført tilsyn med kommunane sitt oversiktsarbeid. Resultata frå tilsynet syner at det er behov for ei ytterlegare satsing på å auke kommunane sin kompetanse på dette området. Embetet vil fylgja dette opp i 2015 med å satse på ei breiare kunnskapsspreiing som famnar fleire tilsette i kommunane som har oppgåver med relevans for folkehelsearbeidet.

Fylkeskommunen har kome godt i gong med det jamlege oversiktsarbeidet. Det er avsett ressursar til arbeidet og datamateriell vert tilgjengelige for kommunane etter kvart som arbeidet går framover.

Saman med fylkeskommunen arrangerte me i 2014 eit fagseminar for planmedarbeidarane i embetet og i fylkeskommunen. Kommuneplanens samfunnsdel var tema for seminaret og hadde som mål å styrke den delen av kommunane sitt planarbeid og betre samarbeidet med fylkeskommunen på dette området. Fagsamlinga vil bli fulgt opp med nye samarbeidsmøter i 2015.

## Anna

Skulane si elevdeltaking i **Fri-programmet** har dessverre ikkje auka. Per 31.12 er berre 52% av ungdomskulelevane påmeldt. I nettverkssamlingar for kommunane sine folkehelsemedarbeidarar og på avdelinga sin nettstad vert det jamnleg informert om FRI og samstundes oppmoda dei til å få programmet inn som eit tiltak i kommunane sine overordna planar for å styrke folkehelsa. Det vert og jamleg informert om programmet i fylkeskommunen sine kvartalsvise nyheitsbrev for folkehelsearbeid.

## Alkohollova

I 2014 mottok Fylkesmannen 2 klagesaker etter alkoholloven og ein av desse blei ferdigbehandla. Vi har merka eit auka behov for rettleiing om alkohollova frå kommunar og næringa per telefon og e-post.

Vi har behandla 3 søknader om statleg skjenkeløyve til skip (ferger i rutegående trafikk og cruisebåt). Vi har også behandla 2 søknader om utviding av skjenkeareal for eksisterande skjenkeløyve for befallsmesse.

Vi har fastsette omsetningsgebyr for statlege skjenkjeløyve til ferjer og befallsmesser i 2014.

Fylkesmannen har i 2014 ikkje utført kontroll av statlege skjenkjeløyve.

Arbeidet med alkohollovsnettverket og satsinga på ansvarleg alkoholhandtering har fortsatt i 2014. Vi har avholdt 2 møter i styringsgruppa og 2 møter i ressursgruppa for alkohollovsnettverket. Vi har avholdt to nettverkskonferanse for kommunane, politi og bransjen ein i Stavanger og ein i Haugesund, for å styrke kompetansen på alkoholloven og ansvarleg alkoholhandtering.

## Resultatområde 84 kommunale helse- og omsorgstjenester

Sjå punkta under

### 84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen

Allmennlegetenesta har vore tema i møte med fleire kommunar. Aktuelle lover og forskrifter har vore tema i møte med kommunane.

Vi har gjennomført besøk i kommunar som har etablert KAD-senger, og der tatt opp utfordringar knytt til fastlegenesta.

Fleire av kommunane rapporterer store rekrutteringsvanskår kva gjeld fastlegar.

Ingen kommunar har hatt behov for å søke mellombels dispensasjon frå fastlegeordninga.

Fylkesmannen har organisert egne nettverk for kommuneoverlegar, for fengselshelsenesta og for helsestasjonsverkksemda i fylket

Fylkesmannen gjennomførte i 2014 ei eiga kartleggioing av kommunale legevaktstenester.

Kartlegginga var eit samarbeid mellom dei tre embeta i vest.

Kartlegginga syner stor variasjon i organisering, utstyrsnivå og kapasitet for dei kommunale legevaktstenestene.

## 84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Fylkesmannen har i 2014 oppretthalde samarbeid med Helse Vest RHF og Kriminalomsorgen, region sørvest. Det har i 2014 vore to møter med tema opplæring spesielt retta mot fengselshelsetenesta, samt behov for opplæring i eit større perspektiv der kommunal helseteneste, spesialisthelseteneste og kriminalomsorga er involvert.

Fylkesmannen tok i 2013 initiativ til å etablera nettverk for fengsleshelsetenesta. Målsetjinga var at nettverket skulle møtast to ganger i året. Ein har revurdert målsetjinga, og bestemt at det skal haldast årlege møte.

I September 2014 arrangerte Fylkesmannen sitt andre nettverk for fengselshelsetenesta. Målgruppa for samlinga var sjukepleiarar og legar i Rogalands fire fengsel. Tema var tverrfaglig samarbeid omkring barn som pårørande, bruk av B preparat i fengsel, ivaretaking av framandspråklege og dei ulike fengsla sine rutinar i forhold til samhandling, teieplikt, individuell plan, samarbeid med fastlegar og utdeling av legemiddel. Tema blei utarbeidd i samarbeid med leiarane for helsetenesta i fengsla. Foredragshaldarane var tilsett hos Fylkesmannen og ein leiar frå helsetenesta.

I prosessen med planlegginga av nettverket blei tannhelsetenesta i Rogaland invitert til å delta. Tannlegane som gjev tenester til innsette i fylket sine to største fengsel, samt overtannlegen deira deltok på nettverkssamlinga.

Fylkesmannen får forståinga av at fengsla framleis har ei rekke utfordringar i samband med oppfølging av innsette som er under LAR behandling. Det er òg fleire problemstillingar kring forsvarleg nedtrapping av vanedannande medikament som må jobbast vidare med. Fylkesmannen såg i 2014 særlege utfordringar i samarbeidet mellom fengsleshelsetenesta og andre kommunal helse- og omsorgsteneste ved to av fengsla. Dette er fulgt opp i møte med aktuelle kommunar.

## 84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn

Fylkesmannen har i møte med helseleiarar i kommunane bedt om tilbakemelding på om kommunane har særskilde utfordringar knytta opp mot dette tema. Me har ikkje fått melding om slike utfordringar, men at kommunane ivaretar dette på ein god måte. Fylkesmannen har heller ikke fått klagar eller anna informasjon som tyder på særskilde utfordringar på området.

Bjørgene utviklingsenteret for sjukeheim og heimetenester og Haugesund kommune har fått tildelt tilskudd via midler frå omsorgsplanen til eit prosjekt retta mot sjukepleiarar utan norsk autorisasjon. Det er eit prblem å få desse til å bli verande i tenestene. Ved å auke kompetansen gjennom veiledning så ønskjer ein å halde på denne kompetansen.

## 84.8 Forebyggende helsetjenester

### Frisklivs- og mestringsarbeid i kommunane

I fylket har berre ni av 26 kommunar i fylket ein frisklivssentral i drift. Seks kommunar til fekk tildelt tilskot til å etablera frisklivssentralar i løpet av 2014. Rapporteringa frå kommunane tydar på at etableringa går treigare enn planlagt. Fleire har meldt om vanskar med å setja av eigne midlar til etablering og drift og at etableringsprosessen difor tek lengre tid.

I 2014 vart også tilskotsordninga for oppfølgingstilbod til personar med kroniske lidningar forvalta av Fylkesmannen. Fem kommunar søkte på ordninga og av dei var det berre to som fylte kriteria. Sjølv om tilskotsordninga vart utlyst to gonger vart berre ein mindre halvdel av ordninga tildelt.

I fylket er det eit nettverk for frisklivssentralar. Det vert arrangert regelmessige samlingar med ulike faglege tema og erfaringar frå arbeidet vert delt. Samlingane er opne for alle kommunane og så nær som alle deltek.

Fylkesmannen fylgjer med på nettverksarbeidet, men har dessverre ikkje kunna prioritera deltaking. Hausten 2014 vart Stavanger kommune sin frisklivssentral utpeikt som utviklingssentral for Helseregion vest. Dei skal mellom anna arbeide med å styrke det faglege nettverket for friskivssentralene i regionen.

Fortsatt er det eit visst atterhald i kommunane mot å etablera ei teneste som ikkje er lovpålagt sjølv om det vil vera økonomisk svarande i lengda.

## **84.11 Tannhelse**

Fylkesmannen har etablert eit fast samarbeid med Rogaland fylkeskommune ved fylkestannlegen, samt Rogaland og Haugaland tannlegeforening.

Fokus har i 2014 vore

Klager og tilsyn mot tannleger

- Saker behandla av tannlegeforeninga si klagenemnd.
- Saker behandla av Fylkesmannen i Rogaland

Tilbod via TOO-team i Stavanger, Sandnes og Haugesund (TOO =Tortur- og Overgrepsofre og Odontofobipasienter).

Endring i tannhelsetenesteloven fra 1.1.2015

Kommunereformen og utredning av regionalt folkevalgt nivå

Tannlegevakt og akutthjelp

Tannhelsetenester til utsette pasientgrupper

## **84.12 Habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator**

Habilitering/ habilitering har vore fokusert på i fleire møte med tenestene. Fylkesmannen har deltatt i møte mellom spesialisthelsetenesta og kommunane der rehabilitering/ habilitering var tema. Eit sentralt tema har vore grenseoppgangen mellom kommunehelsetenseta og spsielaisthelsetenesta.

Det er grunn til å tro at fleire pasinetgrupper ikkje får eit godt nok rehabiliteringstilbod i kommunane og Fylkesmannen vil kartlegge dette nærmare i 2015.

Ikke alle som har krav på individuell plan får ein slik plan. Dette er det truleg fleire grunnar til, mellom anna manglande samhandling mellom tenestene og ulike verktøy,

3 kommunar er med i den nasjonale satsingen på kvardagsrehabilitering. Stavanger kommune har allereie etablert ordninga. Fleire andre kommunar ynskjer å starte opp og det er stor interesse for ordninga.

Det har vore gjennomført kartleggingstilsyn der fysioterapitenestene i kommunane har vore tema. Endelege resultat er ikkje klåre

Fylkesmannen har på bakgrunn av henvending frå Rogaland ME forening nedsatt ei arbeidsgruppe som har laget ein plan for ei prosjekt for å kartlegge situasjonen til barne og unge med denne sjukdommen.

Fylkesmannen har i to år gitt tilskot til 1/2 prosjektstilling ved SUS. Stillingen er nytta til koordinator for pasientar med alvorlege progredierande nevrologisk liding. Prosjektperioden er over i 2014. Tilbakemeldingane har vore positive.

Fylkesmannen har i 2014 delteke i arbeidsgruppe i regi av regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering. Det er arrangert 4 samlingar for tilsette i kommunane og spesialisthelsetenesta med fokus på

## 84.13 Omsorgsplan 2015/2020

Fylkesmannen har eit tett samarbeid med utviklingssentra for sjukeheim og heimetjenester i fylket og SESAM (seksjon for eldremedisin og samhandling ved SUS) Samarbeidet omfatter både arrangement av konferansar og iverksetting av prosjekt. Ved hjelp av økonomiske midler frå Omsorgsplanen har Bjørgene utviklingssenter i Haugesund starta eit vegleatingsprosjekt for sjukepleierar med utanlandsk bakgrunn i Haugesund kommunen. Det er gitt tilskot til opplæring av terapihund til bruk i demensomsorga. Fylkesmannen har også bidratt både økonomisk og ved deltaking på samlinga til gjennomføring av pasientsikkerheitsprogrammet.

### Demensplan 2015:

Sjølv om det er stor interesse for demens så er det grunn til å stille spørsmål om dette i seinare tid druknar i arbeidet med samahndlingsreforma og dei utfordringane som er knytt til utskriving av pasientar frå sjukehus. Det har vore problem med rekruttering til ABC opplæring i nordfylket. Arbeidet har gått noke lettera i sørfylket.

7 av 26 kommunar har utarbeidd eigen demensplan. Nokre kommunar omtaler demens i dei øvrige planane. Dei fleste kommunane har oppretta eigne demensteam. Teama sine oppgåver er i hovedsak å identifisere pasientane. Få har oppgåver utover dette.

### Pårørende

Kommunane i Rogaland er dårlegast i landet når det gjeld tilbod om pårørenadeskular. Dette vert tildels kompensert ved at spesialisthelsetenesta i sørfylket gir tilbod om pårørendeskular. I nokre kommunar gir dei lokale demensforeningane slikt tilbod. Fylkesmannen har gitt tilskot til Pårørendesenteret for å etablere eit nettbasert undervisnings og veiledingstilbod for pårørenade til personar med demens. Det viste seg at det var liten interesse for dette, men nokre av deltara har fortsatt i eiga vegleatingsgruppe i regi av Pårørendesenteret.

Arbeidet med å opprette dagaktivitetstilbod går trått. Fylkesmannen har informert om tilskotet, men så lenge dette ikke er i lovpålagt teneste så melder fleir kommunar at dette ikkje blir prioritert.

### Velferdsteknologi.

Det er stor interesse for dette i fylket. Fleire kommunar har starta små prosjekt. Det er særleg fokus på alarmsystem. Fleir kommunar vil og prøve ut journalsystem på nettbrett. Nokre kommunar planlegg å bygge demoleiligheter. Det er behov for å samla og spreie erfaringer om dette. Fylkesmannen samarbeider tett med utviklingssentrene som her har ei viktig oppgåve.

### IPLOS

Det har vore gjennomført IPLOS konferanse med god oppslutning frå dei fleste kommunane.

## 84.14 Psykisk helse og rus

Fylkesmannen har i samarbeid med KoRuS Vest Stavanger utarbeida felles Regional kompetanseplan for rus og psykisk helse. Ei eiga gruppe med representantar frå kommunar, helseføretaka, brukarorganisasjonar, utdanningsinstitusjonane, KORFOR, KoRus, NAPHA og Fylkesmannen har tatt del i arbeidet. Psykisk helse kom inn i planen for første gong i 2014. Representantar frå Mental helse, psykiatrifeltet i kommunen og NAPHA har styrka gruppa sitt fokus på dette området. Mandatet til gruppa er å gje Fylkesmannen og KoRus gode innspel i arbeidet med kompetanseplanen og bidra til å implementera rettleiarar og faglege retningslinjer. Å dele røynsler og informasjon for å sikra at innsatsar blir samordna og koordinert, samt vera forum for å kunne gje orientering

om aktuelle tilskotsordningar er og viktig. Gruppa har 4 møter årleg.

Opplæringstiltaka i kompetanseplanen for 2014 er gjennomført. Fylkesmannen har vore medarrangør på kurs om tverrfagleg samarbeid, jubileumsseminar innan rusbehandling, grunnkurs og vidaregående kurs i rus, rusdagar med presentasjon av resultata frå Brukerplan, konferanse om barn som pårørande og opplæring i rettleiar for lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for vaksne, IS 2076. Det har vore stor oppslutning om alle tiltaka, mengda deltagarar har variert frå ca. 150 - 370 personar.

Når det gjeld rettleiar for lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for vaksne, er denne og blitt trekt fram under dei fleste nettverk Fylkesmannen har arrangert. Fleire kommunar har hatt eigen gjennomgang av rettleiaren.

Fylkesmannen i samarbeid med RVTS, oppretta etter 22.7.2011 nettverk for dei psykososiale kriseteama i fylket. Nettverket fungerer no som forum for fagleg påfyll og erfarringsdeling for leiarane av kriseteama i Rogaland. Nettverket gjennomfører to møte i året.

Fylkesmannen har òg delteke i to årlege lokale møte, initiert av familievernkontoret, der fokus er oppfølging av krigsveteranar.

I 2013 gjennomførde Fylkesmannen i Rogaland tilsyn med LAR Helse Stavanger og LAR i Stavanger kommune. Det blei konkludert med alvorlege manglar i tilbodet til pasientane. Tilsynet med LAR Helse Stavanger er per dags dato ikkje avslutta, men helseforetaket er inne i ein endringsprosess. Fylkesmannen har i år arrangert nettverk for alle som arbeider med LAR. Manglane ein såg i tilsynet var utgangspunkt for tema i nettverket. Ein har det siste årete sett auka brukarmobilisering og blant LAR brukarar. Brukarorganisasjonane i tillegg til representantar frå helseføretak og kommunar var aktivt involverte i planlegginga og gjennomføringa av LAR nettverket.

Det kan òg trekkest fram at Helseforetakene har gjennomført forhandlingar med kommunane om utdeling av LAR medisin. Forhandlingane resulterte i at helseføretaket sjølv skal stå for utdeling av medisin i to kommunar.

Overgangen frå ramme til tilskotsordning for kommunalt rusarbeid vekte reaksjonar i kommunane. Dei etterlyser meir føreseielege vilkår og lengre plan for statlege overføringer. Halvparten av tiltaka som fekk tilskot til kommunalt rusarbeid i 2014, var vidareføringer frå opptrapningsplanen, 2007 - 12. Vi viser til spesifikk rapportering på tilskotsordninga for ytterlegare informasjon om fordeling.

Det har og i 2014 vore ein nedgang i kommunane sine søknadar om stimuleringstilskot til vidare- og etterutdanning i rusproblematikk, vidareutdanning i psykisk helsearbeid og vidareutdanning i psykososialt arbeid med barn og unge. Fylkesmannen har i 2014 fordelt 1,5 millionar kroner mindre i tilskot til vidareutdanning enn i 2013. Noko av utfordringane er at det i sør fylket ikkje er utdannings institusjonar som tilbyr tradisjonell vidare- og etterutdanningar. Private aktørar på marknaden har ofte høgare avgift for deltaking på studia, noko som ikkje blir dekt av tilskotsordninga. Dei to største kommunane i fylket etterspør tilskot som òg dekkjer kostnadane til studieavgift.

Når det gjeld den lokale tenesteutviklinga, er fleire av kommunane i Rogaland inne i prosessar der dei arbeider med å organisera psykisk helse og rustenester saman.

I fylket har ein vore oppteken av å fylge opp implementeringa av Nasjonal fagleg retningslinje for utgreining, behandling og oppfølging av personar med samtidig rusliding og psykisk liding - ROP-lidingar, IS 1948. KoRus Vest Stavanger har teke initiativ til ei arbeidsgruppe som har fokus på at retningslinja blir brukt. Fylkesmannen har delteke i gruppa. Ein ser at både kommunar, DPS og TSB har arbeidd aktivt for å ta retningslinja i bruk, men at den ikkje er tilstrekkeleg implementert.

Ein ser og utfordringar når det gjeld heimebaserte tenester til pasientar med rusproblematikk. Manglande tenester blir forklart med mangel på tryggleik og kompetanse i fleire kommunar. Dette har vore tema i møte med kommunane.

Fylkesmannen har innleia eit samarbeid med kompetansemiljøa på rus og eldremedisin for å sjå nærmare på tilbodet til eldre med rusproblem. Vi har òg fokus på å sjå tilskotsordninga til kompetansehevande tiltak i samanheng.

Bustad er framleis ei utfordring, både når det gjeld bruk av mellombels bustad og mangel på kommunale bustader og utleigebustadar. For brukarane der funksjonsnivået er så lågt at det er behov for omfattande oppfølging er utfordringa særleg stor.

Fylkesmannen har starta prosjektet Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland. Arbeidet overfor barn og unge blir koordinert i prosjektet. Viser til eiga rapportering. Når det gjeld området rus og psykisk helse er det urovekkande at ei gruppe ungdom tidlig har utvikla ein alvorleg og omfattande bruk av rusmiddel, og at desse ikkje får tilstrekkeleg behandling for rusproblematikken sin.

Fylkesmannen har ikkje motteke klagar som gjeld tvangsbruk i institusjonar for personer med rusmiddelprobleme.

## **Resultatområde 85 Spesialhelsetjenesten**

Sjå punkta under.

### **85.1 Abort og steriliseringsnemndene**

Fylkesmannen i Rogaland mottok ein søknad om sterilisering i 2014. I saksgangen kom det inn eit brev og gjekk ut to . Saksbehandlingstida var 4 uker. Søknaden vart innvilga.

Vi har ikkje hatt søknadar om godkjenning av private sjukehus, kirurgiske poliklinikkar eller annan spesialistpraksis utanfor sjukehus til å utføre sterilisering.

Andre aktivitetar:

Rettleiing av søkerar og helsepersonell per telefon

### **85.3 Lov om transplantasjon**

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje hatt saker på dette resultatområdet i 2014.

**Antall saker**

<b>Embeter</b>	<b>Antall</b>
FMRO	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>

### **85.5 Kosmetisk plastiskkirurgiske inngrep**

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje hatt saker på dette resultatområdet i 2014.

**Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid**

<b>Embeter</b>	<b>Antall saker</b>	<b>Gjennomsnittelig saksbehandlingstid</b>
FMRO	0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

### **85.8 Behandling av klager etter psykisk helsevernloven**

Fylkesmannen har i 2014 utan forsinking vurdert alle mottekte klager på vedtak om undersøking og behandling utan eige samtykke etter psykisk helsevernlova § 4-4. Vi har vurdert dei formelle og materielle vilkåra og fatta vedtak om stadfesting eller oppheving. Desse sakene vert rapportert særskilt i NESTOR.

Vi har i 2014 bidratt til Helsedirektoratet sitt arbeid med ein rettleiar for Fylkesmennene sin handtering av desse sakene og ventar no på å få den på høyring. Etter vår vurdering er ein slik rettleiar naudsynt for at pasientane skal ha lik rettstryggleik i heile landet.

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje motteke kopiar av kontraktar om eller klagar på kontraktar om privat forpleiing som nemnt i psykisk helsevernforordninga § 37.

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje motteke klagar på tvungen legeundersøking i kommunen etter psykisk helsevernlova § 3-1. Vi er bekymra for at pasientane si rettstryggleik kan vere svekka på dette området, fordi vi ikkje mottek klagar på slike vedtak.

## 85.9 Øvrige oppgaver knyttet til det psykiske helsevernet

Fylkesmannen har i 2014 ein gong gitt innstilling til Helsedirektoratet om godkjenning av institusjonar som skal ha ansvar for tvunget psykisk helsevern. Det gjaldt institusjonar i Helse Stavanger.

Vi handsama seks søknader om dispensasjon frå forskrift om fagleg ansvarleg for vedtak i det psykiske helsevernet. Årsaka til at det blir søkt om dispensasjon er som oftast at dei ventar på godkjenning frå Helsedirektoratet samt at det er ein generell mangel på spesialistar innan psykisk helsevern. Kopi er sendt til Helsedirektoratet i tråd med oppdraget.

Fylkesmannen har rapportert kvart halvår til HELFO om stillingar ved psykiatriske poliklinikkar og samstundes vurdert om poliklinikkane oppfyller krava til bemanning etter forskriftena.

Vi har og godkjent 3 nye poliklinikkar og utviding av talet på stillingar på nokre eksisterande poliklinikkar.

## 85.10 Kontrollkommisjonsoppgaver

Fylkesmannen har i 2014

- \* forvalta tilskotsmidlar til dekning av driftsutgifter til kontrollkommisjonane i psykisk helsevern.
- Oppnemnt medlemmer til kontrollkommisjonane i det psykiske helsevernet og sendt kopi av oppnemningane til Helsedirektoratet.
- Innstilt til Helsedirektoratet korleis fordelinga av institusjonar mellom kommisjonane bør vere.
- Hatt faste samarbeidsmøte med leiarane av kontrollkommisjonane og gjennomført felles opplæringsdag for legar med kompetanse til å fatte tvangsvedtak i det psykiske helsevernet.
- Motteke meldingar der kontrollkommisjonane avdekkjer systematisk svikt i gjennomføring av tvang. Dette er følgt opp regelmessig.

## 85.11 Hjemsendelse, hjemhenting og gjennomføring av tvungen psykisk helsevern for pasienter som ikke har bosted i riket

Ansvaret for transportering av psykisk sjuke til og frå utlandet er etter regional samarbeidsavtale overlate til Fylkesmannen i Hordaland.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven	kr 9 770 868,19	kr 4 281,03
83 Folkehelsearbeid	kr 300 449,86	kr 0,00

83.1 Folkehelsearbeid generelt	kr 58 885,34	kr 0,00
83.2 Tilsyn etter folkehelseloven	kr 18 365,00	kr 0,00
84 Kommunale helse- og omsorgstjenester	kr 1 253 646,29	kr 3 720 424,10
85 Spesialhelsetjenesten	kr 8 145,00	kr 31 830,48
76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag	kr 3 227 093,47	kr 0,00
Andre oppgaver under HOD	kr 468 299,95	kr 200 868,83
Sum:	kr 15 105 753,00	kr 3 957 404,00

## Samferdselsdepartementet

### **Resultatområde 91 Oppdrag for Samferdselsdepartementet**

Sjå under.

#### **91.1 Avkjørselssaker etter vegloven**

Fylkesmannen har ikke behandla klagesaker etter veglova i 2014.

#### **91.2 Konsesjon til anlegg og drift av taubaner**

Ingen saker

## Utenriksdepartementet

### **Resultatområde 92 Oppdrag for Utenriksdepartementet**

Sjå under.

#### **92.1 Apostiller**

Vi har handsama 4181 apostiller i 2014.

#### **92.2 Forberedelse av saker om honorære konsuler**

Fylkesmannen har mottatt 2 saker i 2014. Ein av desse er behandla, medan den andre, som vart motteke like før årsskiftet, er under behandling.

Etter at utsteding av politiattestar vart sentralisert hos Politiets enhet for vandelskontroll og politiattester i Vardø, har det teke tid å få inn desse grunna ei estimert behandlingstid på 4 veker, i tillegg kjem postgang. Fylkesmannen har difor teke kontakt med politienheten i Vardø og bede om prioritering i desse sakene.

## **Kulturdepartementet**

### **Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn**

I 2014 var det 62 trussamfunn som søkte om statsstøtte. Av desse fikk 59 samfunn innvilga søknaden. Fylkesmannen utbetalte i 2014 til saman kr 7.716 228,- i statsstøtte og gjeld 17.186 medlammar.

Det er eit aukande tal personar av utanlandsk opphav som søker om å få registrert trussamfunn. Det fører med seg noko meir råd og rettleieng då nokre av desse personane har vanskar med å lese norsk.

Vi har i år invitert trussamfunna ved representanter til orienteringsmøte om statstilskotet hvor det også var moleleg å ta opp andre tema dei hadde behov for og 12 trussamfunn deltok i møte.

Utfordringane Fylkesmannen står overfor er ofte at prest/forstandar for nokre trussamfunn ikkje har gode nok kunnskaper og slit med å forstå pliktar ein prest/forstandar har for å kunne sökje om statstilskot, samt ha kontroll på medlemslistene. Som en konsekvens av dette gjennomfører vi møter med utvalde trussamfunn.

Tidsfristane som er sett opp av Kulturdepartementet, er for nokre av trussamfunn vanskelig å halde, og dei greier ikkje å sende inn rekneskap innanfor fristane. Dei søker heller ikkje om utsetjing av fristen, slik at når fristen for Fylkesmannens utbetaling nærmar seg er det fleire trussamfunn som enda ikkje har sendt inn rekneskap. Dette kan medføre at Fylkesmannen også oversit utbetalingsfristen som er gitt av Kulturdepartementet.

Fylkesmannen merke ei aukande interesse for desse sakene frå bl.a. media. Vi har fått nokre spørsmål frå journalistar som ønskjer innsyn i enkeltsaker som gjeld søknad om statstilskot frå ulike trussamfunn.

### **Resultatområde 96 Gravferdsloven**

Vi har motteke 49 søknader om oskespreiing i 2014.

Av desse fekk 3 avslag.

34 vart godkjend.

12 er framleis under handsaming eller er avslutta då det manglar opplysningar.

Fylkesmannen har laga eit kart over Rogaland kor alle bygningars, hus, hytter, og turstier er avmerka. Desse punkta kjem fram på kartet med raud sirkel dersom dei ligg mindre enn 500 meter frå staden det er søkt om oskespreiing. Det gjer det lettare å sjå på kartet kor langt det er til nærmeste bygning eller tursti.

### **Resultatområde 97 Lov om helligdager og helligdagsfred**

Fylkesmannen mottok tre søknader om søndagsopent i 2014.

Det blei gitt dispensasjon i to av sakene som gjaldt Jærdagene i Bryne og Klepp 24-arrangementet.

Det blei gitt avslag på ein søknad frå Madla AMFI i samand med ONS-messen.

Fylkesmannen mottok ingen søknader om godkjenning som typisk turiststad.

## **Andre**

### **Ressursrapportering**

#### **Resultatområde**

	<b>Kapittel 0525 Fagdep.</b>
91 Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk.	kr 160 985,62 kr 0,00
92 Andre faglige oppgaver for ikke-statlige virk.	kr 0,00 kr 0,00
Sum:	kr 160 985,00 kr 0,00

#### **Kapittel 0525 Fagdep.**